

# Folk om forskjellar mellom folk

Oppfatningar av kulturelle praksisar og sosiale hierarki,  
og deira sosiale tydingar

Merete Jonvik

Avhandling for graden  
PHILOSOPHIAE DOCTOR  
(PhD)



Universitetet  
i Stavanger

Samfunnsvitenskapleg fakultet  
Institutt for medie-, kultur- og samfunnsfag  
2015

Universitetet i Stavanger  
N-4036 Stavanger  
NORWAY  
[www.uis.no](http://www.uis.no)

© 2015 Merete Jonvik

ISBN: 978-82-7644-630-2  
ISSN: 1890-1387

Doktorgradavhandling Nr. 277

<b>FORORD .....</b>	<b>VII</b>
<b>1 INTRODUKSJON .....</b>	<b>1</b>
1.1 Problemstillingar og avhandlinga si oppbygging.....	5
1.2 Bakgrunn for studien.....	7
<b>2 EMPIRI .....</b>	<b>9</b>
2.1 Personane .....	9
2.2 Staden.....	10
2.3 Samleportrett.....	14
2.3.1 Person A - siviløkonom på innsida av oljeverksemda.....	15
2.3.2 Person B - litteraturvitar i skulen.....	18
2.3.3 Person C - kontordame og tidlegare heimeverande .....	19
2.3.4 Person D - banktilsett med tre års utdanning.....	21
<b>3 TEORETISK LANDSKAP .....</b>	<b>24</b>
3.1 Innleiing.....	24
3.2 Ulikskap og hierarki.....	26
3.2.1 Klasse .....	27
3.3 Bourdieu sitt omgrepsunivers .....	31
3.4 Lamont sitt grensedragingsperspektiv .....	40
3.5 Smak.....	45
3.5.1 Smak som konsum og forbruk.....	45
3.5.2 Smak som preferanse, praksis og kunnskap.....	46
3.5.3 Smak og identitet.....	49
3.5.4 Smak og makt .....	51
3.6 Oppsummering.....	54
<b>4 METODEREFLEKSJONAR OG FRAMGANGSMÅTE .....</b>	<b>56</b>

4.1	Innleiing.....	56
4.2	Vitskapsteoretisk forankring.....	57
4.2.1	Abduktive slutningar.....	64
4.3	Kvalitative tilnærmingar og intervjuet spesielt .....	67
4.4	Vitskapskrav i kvalitativ metode.....	70
4.5	Framgangsmåte og metodiske problemstillingar.....	72
4.5.1	«Prisme-prosjektet» .....	72
4.5.2	Rekruttering og endeleg utval.....	74
4.5.3	Anonymitet.....	78
4.5.4	Refleksjonar kring intervjuet.....	79
4.5.5	Framsyning av bilete i intervjusituasjonen .....	82
4.5.6	Om eiga rolle og påverknad.....	84
4.5.7	Analyseprosessen.....	87
<b>5</b>	<b>BETRAKTNING OG VERDSETJING AV KULTUR OG ESTETIKK: BILETKUNST OG HEIMEINNREIING .....</b>	<b>91</b>
5.1	Innleiing.....	91
5.2	Del 1 - Biletkunst .....	92
5.2.1	Teoretisk og empirisk landskap .....	93
5.2.2	Tre identifiserte betraktningsmåtar .....	97
5.2.3	Legitim kunstsmaak og legitime betraktningsmåtar .....	105
5.2.4	Samtidskunsten si særneigne knyting til kunnskap.....	106
5.3	Del 2 - Heimeinnreiing.....	110
5.3.1	Hus og heim som mangesidige fenomen .....	110
5.3.2	Orienteringar til heimeinnreiing i Stavanger og omegn på 2000-talet.....	113
5.3.3	Frå eit praktisk til eit estetisk rasjonale .....	120
5.3.4	Estetisk hegemoni innan heimeinnreiing .....	123
5.3.5	Oppsummering.....	126
<b>6</b>	<b>ANDRE SIN SMAAK .....</b>	<b>129</b>
6.1	Innleiing.....	129
6.2	Sosiologisering om smaa.....	131

6.3	Eit Block Watne-hus frå ca. 1980.....	135
6.3.1	Sosiologisering om arkitektur.....	138
6.4	Komposisjon av Jan Groth .....	147
6.4.1	Variasjonar av blikk «nedanfrå» og «ovanfrå».....	150
6.5	Kompani Orheim av Tore Renberg.....	160
6.5.1	Sosiologisering om litteratur.....	164
6.6	Litterær kvalitet.....	167
6.7	Kulturell domfelling og legitimitet .....	175
6.8	Rangeringsvegring.....	178
6.9	Oppsummering.....	184
<b>7</b>	<b>OPPFATNINGAR AV FORSKJELLAR OG SOSIALE HIERARKI</b> .....	<b>186</b>
7.1	Innleiing.....	186
7.1.1	Oppbygging av kapittelet .....	187
7.2	Grensedraging i tale om sosiale hierarki.....	189
7.2.1	Moralsk grensedraging.....	189
7.2.2	Moralsk grensedraging.....	191
7.2.3	Kulturell grensedraging .....	194
7.2.4	Sosioøkonomisk grensedraging.....	196
7.2.5	Samanfatting.....	198
7.3	Oppfatningar av spesifikke sosiale kjennemerke .....	201
7.3.1	Utdanning.....	201
7.3.2	Rikdom.....	209
7.4	Kva er opp og kva er ned?.....	214
7.4.1	Sjølvplassering.....	216
7.4.2	Midtplasseringar .....	217
7.4.3	Høge plasseringar.....	221
7.4.4	Fråskiljing av økonomi og kultur.....	224
7.4.5	Sosioøkonomi og moral .....	227
7.5	Oppsummering.....	229
<b>8</b>	<b>DISTINKSJONAR OG SOSIALE TYDINGAR.....</b>	<b>232</b>

8.1	Innleiing.....	232
8.2	Differensiering vs. hierarkisering.....	234
8.3	Hovudfunn.....	239
8.3.1	Variasjon.....	240
8.3.2	Kulturell verdsetjing.....	242
8.3.3	Oppfatningar av sosiale hierarki.....	245
8.4	Eit diskursivt gap.....	247
8.4.1	Fråverande grenser.....	247
8.4.2	Sosial gruppedanning.....	248
8.4.3	Sosial stadsans og sosial samanlikning.....	251
8.4.4	Eit diskursivt gap.....	256
8.4.5	Underkommunisering av (sterke) kulturelle grenser.....	260
8.4.6	Age nedanfrå? .....	267
8.4.7	«Sense of one's place».....	273
8.5	Konklusjon.....	274
<b>9</b>	<b>ENGLISH SUMMARY .....</b>	<b>284</b>
<b>10</b>	<b>APPENDIX .....</b>	<b>289</b>
10.1	Appendix 1: Tabelloversikt sosiale kjennemerke.....	289
10.2	Appendix 2: Informantane i det sosiale rommet .....	291
10.3	Appendix 3: Bilete brukt i intervju.....	292
10.3.1	Litteratur.....	292
10.3.2	Biletkunst.....	293
10.3.3	Arkitektur .....	295
10.4	Appendix 4: Intervjuguide.....	300
10.5	Appendix 5: Informasjonsbrev og samtykkeerklæring.....	305
<b>11</b>	<b>KJELDER.....</b>	<b>307</b>

## Forord

Det er ikkje sjeldan eg spør meg sjølv når eg går forbi bustadhus – anten eg er i heimlege eller fjerne trakter – Kven bur i dette huset? Korleis lever dei? Kva kvardagsmiddagar et dei? Har dei det godt? Kva kranglar dei om? Korleis ser det ut der inne? I arbeidet med hovudfagsoppgåva mi fekk eg sjansen til å studera korleis provençalarar organiserer måltida sine og kva oppfatningar dei har om eigen matkultur, gjennom feltarbeid i Provence. No har eg fått gjera det igjen, denne gongen i Stavanger. Når folk skal takkast vil eg difor aller først retta ein stor takk til personane som har stilt opp i denne studien. Det har vore eit privilegium å møta og koma heim til dykk, og å få lov å forsøka å setja i saman eit heilheitleg bilete av forteljingane dykkar.

Ei rekkje personar har bidratt i prosessen fram mot ei endeleg avhandling. Først vil eg takka mine to rettleiarar Lennart Rosenlund og Annick Prieur, som har vore særst inkluderande, intellektuelt stimulerande, og konstruktive og pragmatiske. For ei glede det har vore å ha tilgang på dykk!

Eg vil takka resten av miljøet i forskingsprosjektet «Rapid Social Change, Value Transformation and the Field of Culture. Stavanger seen as a prism» (NFR, FRISAM), for diskusjonar og tilbakemeldingar på ulike tidspunkt i prosessen. Takk til prosjektleiar Nils Asle Bergsgard og kvalitetssikrar Hilmar Rommetvedt for innspel på tidlegare utkast av avhandlinga. Ein særleg stor takk til kollega og prosjektdeltakar Anders Vassenden for kyndige, entusiastiske og retningsgivande diskusjonar og tilbakemeldingar, og ikkje minst for oppmodingar om å gje empirien den tyngda den fortener.

Ein stor takk òg til Erik Fossåskaret for gjennomlesing og årvakne kommentarar og verdifulle innspel. Takk til Marte Mangset for kommentarar på kapitla om heimeinnreining og biletkunst i samband med bokutgjeving. Takk til kollega Katrine Skoland for innspel i innspurten. Takk til gode kollegaer og ypparlege skriveforhold på IRIS, og til Einar Leknes og deltakarar i sosiologisatsinga spesielt. Takk til

fakultetsadministrasjonen ved det Samfunnsvitenskapelige fakultet ved Universitetet i Stavanger, og for skriveseminar på Utstein især.

Vidare takk til engasjerte familiemedlemmer og venner, - for barnevakt, for oppmuntring og for at de heier på meg, Øyvind og Sonja for tilgang på luksuriøs skrivestova, og sist, men ikkje minst, takk til Øystein, Fred og Valter.



## 1 Introduksjon

Ingvild og Jesper er i midten av 30-åra, Ingvild er sjukepleiar og Jesper arbeider som utøvande kulturarbeidar i kultursektoren. Peter og Arne er høvesvis siviløkonom og elektrikar med eige firma, begge i midten av 60-åra. Alle har dei vorte intervjuva i denne studien, og på ulike måtar gitt innblikk i korleis dei oppfattar forskjellar mellom folk.

*Ingvild: Altså det...det er jo veldig mykje økonomi, føler eg, i forhold til korleis du ser på dei...altså hierarkia då, det er jo ikkje til å koma vekk ifrå. For i dagens samfunn så er det...du blir målt i pengar. Det er jo det som er status.*

*Jesper: Eg likar folk som er smarte og som ...på ein måte òg er ... altså, både opplyste, men òg, altså, at dei på ein måte har sett litt av verda, og liksom på ein måte har... ja forståing for andre kulturar (...) folk som oppriktig bryr seg om ting. Folk som er ..., ja sterke folk... talentfulle folk.*

*Peter: Ja, vi kjem jo begge to (han og kona) frå høgst ordinære kår. (...) Så (det) er klart at igjennom utdanninga vår, så har vi jo fått over tid jobbar, posisjonar, som...som...har gitt oss ein økonomisk handlefridom ...som held...som våre foreldre jo ikkje hadde. (...) Så kan du seia at...det er ikkje nok å definera seg som ein annan klasse berre fordi om du får mykje...får meir inntekt.*

*Arne: Vi høyrer nok til middelklassa, kanskje litt over middelklassa. Vil eg tru i alle fall. I alle fall sann generelt, sann økonomisk og sånne ting, så gjer vi nok det. Og det gjer vel òg kanskje våre omgangsvennar, dei ligg på same nivå. (...) Og ingen av dei er nokre sånne ...personar, altså materialistiske personar som strever etter å køyra rundt i Porsche eller Mercedes eller...sånne ting, sjølv om dei alle har...kunne ha råd til det.*

Informantsitata illustrerer at ulike folk legg vekt på ulike sett forskjellar og sosiale kjennemerke i si omgang med den sosiale verda og i si forståing av sosial ulikskap. Utdraga gjeld forhold som: Kva har status, kva definerer sosiale posisjonar, kva eigeskapar set ein pris på i andre menneske,

og kva plassering tenkjer ein at ein sjølv har i samfunnet sin lagdelte struktur.

Alle desse forholda er interessante for sosiologien, mellom anna fordi dei er knytt til korleis folk forstår seg sjøve, og fordi oppfatningar av forskjellar ligg som grunnlag for korleis enkeltpersonar navigerer og orienterer seg i den sosiale verda, dei ligg som grunnlag for handlemåtar. Når Arne seier at ingen av vennane hans er slike som køyrer rundt i Porsche og Mercedes, sjølv om dei alle kunne hatt råd til det, navigerer han verbalt i livsstilsforskjellar, i tillegg til at livsstilsforskjellane er med og fortel og definerer kven han er vis-a-vis andre.

Det empiriske materialet som ligg til grunn for analysane i avhandlinga skriv seg frå kvalitative intervju med 39 personar fødte og/eller oppvaksne i Stavanger og omegn. Utvalet består av både kvinner og menn, og dei er fordelt på to alderskohort (fødte mellom 1945-50 og 1975-80). Vidare representerer dei variasjon kva gjeld inntektsnivå, yrkesposisjon og –sektor, utdanningsnivå og –type. Det er slik eit utval som eignar seg godt for å studera forskjellar.

Avhandlinga er ei utforsking av korleis folk oppfattar, konstruerer og kommuniserer sosiale forskjellar. Kva er det som skil folk og kva er det som foreiner dei? Her er spesielt fokus på kulturelle og økonomiske forskjellsmekanismer, og på sosial posisjon og sosial bakgrunn, eller klasse om ein vil, og på alder og kjønn der dei viser seg å vera relevante. Det tyder at ikkje alle moglege og relevante forskjellar og skiljelinje er inkludert i studien. Etniske forskjellar vert til dømes ikkje belyst. Materialet kan ikkje seia noko om kva etniske grenser som vert trekt, og om korleis hudfarge og opphavsstad til dømes vert vurdert som relevante sosiale grenser for folk. Avhandlinga er difor ikkje ei utforsking av kva forskjellar som utgjer ein forskjell for folk av alle moglege, men ei utforsking av oppfatningar av sosial ulikskap og sosial likskap, med spesiell vekt på utdanning, sosioøkonomiske forhold, kultur og livsstilsforskjellar. Avhandlinga er tredelt i det den fokuserer på 1) kulturell verdsetjing, estetikk, smak og livsstil, 2) oppfatningar av sosiale hierarki, og 3) sosiale konsekvensar av variasjonar i 1) og 2).

Når det gjeld det første punktet – kulturell verdsetjing, estetikk og smak – så ligg det i estetisk teori ei spenning mellom smak som noko

«opphøgd» og smak som evne til å «skjelne» (Bale, 2009, s. 65). I avhandlinga, og gjengs for storparten av sosiologisk og antropologisk forskning om temaet, vert ikkje smak og estetikk nytta i tydinga noko opphøgd eller forfina. Antropologen Daniel Miller skriv til dømes:

«By choosing this term (aesthetic) I don't mean anything technical or artistic, and certainly I hope nothing pretentious. It simply helps convey something of the overall desire for harmony, order and balance that may be discerned in certain cases – and also dissonance, contradiction and irony in others» (2008, s. 5) (mi understreking).

Det engelske ordet «discern» som Miller nyttar, er same ordet Kjersti Bale nyttar for å definera omgrepet smak, nemleg «å skjelne» (Bale, 2009, s. 65). På nynorsk har ein orda å skilja eller skilnad. Andre etymologiske tydingar av det engelske ordet «discern» er å dømme, merka, oppdaga, skilja frå, innsjå, erkjenna, skjønna og bli var (clue 9.0). Eit anna ord for å skilja noko frå kvarandre, er distinksjon eller å distingvera, omgrep som òg kan nyttast i tydinga eigenart og «æresbevisning», eller det å setja grenser og skiljelinjer mellom noko. Smak og estetikk handlar i så måte om korleis vi «skjelner» eller skil mellom, dvs. ser forskjell på noko, og om korleis sansane opplever, oppfattar og tek til seg omgjevnadane. Alle orda peikar mot menneske sine behov for å namngi og forstå (om)verda.

Fordi det å skilja frå kvarandre og sjå forskjell er sosiale prosessar, er smak og estetikk sosiologiske relevante tema. Ein person som verkeleg har skapt og fått gehør for at smak er eit sosialt fenomen, og at smak og kultur er interessante og vesentlege forskingsfelt, er antropologen og sosiologen Pierre Bourdieu. Bourdieu argumenterer i sitt meste kjende verk *Distinksjonen – en sosiologisk kritikk av dømmekraften* (1984) mot Immanuel Kant som ser smaksdommar som ei kjensle som fantasien og fornufta skapar saman i subjektet, som noko som ikkje følgjer spesifikke reglar, og *for* tanken om at smaken er fullstendig sosialt bestemt og gjennomsyra av maktrelasjonar.<sup>1</sup> Avhandlinga rører seg innanfor forståinga av at smak,

---

<sup>1</sup> Smak har i fleire hundre år vore gjenstand for meir eller mindre filosofisk refleksjon, men det vert gjerne hevda at Kant i *Kritikk av dømmekraften* sette dagsorden for den moderne forståinga av omgrepet (Scott Sørensen et al., 2008). Kant var oppteken av kva som skjer i dømmekrafta, når ein dømmer og bedømmer, og såg for seg at smaksdommen vert utøvd når fornufta og fantasien spelar

estetikk, kultur og livsstil er sosiale fenomen, og at det å skilja og å sjå forskjell er sosiale sanseprosessar som alle gjer, men som fordi det er sosiale prosessar ikkje fortone seg likt mellom folk.

Når det gjeld oppfatningar av sosiale forskjellar generelt, og av sosiale hierarki, er eg i avhandlinga oppteken av korleis folk konstruerer og oppfattar sosiale forskjellar. Forskjellsskapande mekanismar i samfunnet vårt er til dømes inntekt, yrke, kjønn, alder, sosial bakgrunn, utdanning og etnisitet. Desse forholda spelar saman og påverkar folk sine liv på ulike vis. For å eksemplifisera dette samspelet rekk det å visa til at verda sannsynleg ikkje fortone seg likt om ein er ung kvinne i lågare lag, og eldre mann fødd inn i ein bemidla familie rik på innverknad, - eller omvendt. Spørsmål eg stiller når det gjeld oppfatningar av sosiale hierarki, er: Kva sett forskjellar er relevante, for kven, på kva måtar og i kva situasjonar? Kva forhold er utslagsgivande for kva posisjon ein har i samfunnet sin lagdelte struktur? Inntekt, sosial bakgrunn, å vera på rett stad til rett tid, utdanning, sosiale nettverk? Ein grunnleggjande premiss er at ikkje alle forskjellar og særtrekk vert like høgt akta og anerkjend på eit kollektivt nivå i samfunnet.

I kultursosiologien er ein oppteken av å studera korleis kultur- og livsstilsforskjellar potensielt er ein forskjellsskapande mekanisme, og korleis livsstilsforskjellar spelar saman med andre forskjellar som til dømes økonomiske forhold, kjønn og alder. I tillegg til å *skildra* forskjellar er ein oppteken av å analysera moglege sosiale konsekvensar og verknadar av forskjellar i livsstil og kulturelle orienteringar. For ein kan spørja seg: Kva gjer det egentleg at folk oppfattar kulturelle forhold ulikt? Kva har det å seia at folk vektlegg ulike sosiale kjennemerke i sin omgang med den sosiale verda? Tydinga av desse forholda skal ikkje overdrivast, men på den andre sida skal dei heller ikkje underdrivast eller tolkast som dei er overflatiske tilfeldige fenomen.

---

saman i tileigninga av objekt. Denne smaksdommen er ifølgje Kant både privat, fordi sansestimuli er knytt til den enkelte sin private smak, og universell, fordi evna til å kjenna skjønnheit er noko som kjem forut for erfaringa og slik er felles for alle (Bale, 2009, s. 70). Det som er skjønt er det som vekker velvære på subjektivt nivå, men denne kjensla er lik for alle. Kant si smaksforståing er slik ikkje sosial, men «reint estetisk» i det smaksopplevinga ligg i ei framkalla lystkjensle som er subjektiv, men samstundes felles. Estetikken vert for Kant ein subjektiv storleik (ibid), og det er dette Bourdieu motseier i *Distinksjonen*.

### **1.1 Problemstillingar og avhandlinga si oppbygging**

Spørsmål som vert reist i avhandlinga er: Kva ulike former for verdsetjing er å finna innan ulike kulturelle estetiske felt? Korleis vert ulike verdsetjingsmåtar rangordna, og korleis oppfattar ulike folk denne rangordninga? Korleis talar folk om sosiale forskjellar og likskapar, og korleis reflekterer dei over sine eigne posisjonar i samfunnet? Og ikkje minst, kva sosiale konsekvensar kan variasjonar innan desse forholda ha? Spørsmåla er konkretisert ned til følgjande problemstillingar:

- Kva verdsetjingsformer og betrakningsmåtar fins innan heimeinteriør, biletkunst, litteratur og arkitektur?
- Korleis vert det trekt grenser mellom eigen og andre sin smak, og korleis varierer dette mellom ulike sosiale grupper?
- Kva sosiale kjennemerke og forskjellar vert vurdert som relevante av kven?
- Kva oppfatningar fins om kva som konstituerer sosiale hierarki?

I forsøket på å svara på problemstillingane har eg vald ei form for induktiv framstilling og forteljarteknikk. Avhandlinga er bygd opp som ei forteljing som byrjar med kultur og estetikk som noko som «skjer» mellom enkeltperson og objekt. Det første analysekapittelet (kap. 5) omhandlar verdsetjing og betraktning av kulturelle uttrykk som eit møte mellom person og objekt. Objekt kan vera til dømes kunst, bøker, hus og møblar. Nærare bestemt kartlegg og analyserer eg i dette kapittelet verdsetjingsformer innan heimeinnreiing og biletkunst – som er vald ut som døme på kulturelle uttrykk – ved å ta utgangspunkt i informantane sine blikk, sine måtar å tilnærma seg og måtar å snakka om desse felta på. Informantane *sin eigen smak* og deira oppfatningar av heimeinnreiing og biletkunst er i fokus, og eg analyserer variasjonar og likskapar i deira relasjonar til desse to felta. Vidare drøftar eg kjenneteikn ved dei to kulturelle uttrykka som i sin tur påverkar verdsetjinga: som til dømes samtidskunsten sin særeigne kopling til kunnskap, og framveksten av eit estetisk hegemoni innan heimeinnreiing.

Deretter rører forteljinga seg i noko grad vekk frå enkeltpersonar sine betraktningar omkring *eigen* smak, til å handla om deira oppfatningar av *andre sin smak*, eller til det eg kallar sosiologisering omkring smak. Som del av intervjuar har informantane vore «kvardagssosiologar» med livsstilsforskjellar og kultur som tema. I kapittel 6 analyserer eg informantane sine oppfatningar av *forskjellar i smak*, altså det at andre likar andre bilete enn ein sjølv, har innreia heimane sine på andre måtar, les andre bøker, brukar pengane sine annleis, går i andre klede osv. Det forteljartekniske grepet i dette kapittelet er at eg tek utgangspunkt i tre konkrete visuelle objekt: eit bilete, eit hus og ei bok. Nærare bestemt: Jan Groths *Komposisjon* frå 1980, eit Block Watne hus frå 1980-talet og romanen *Kompani Orheim* av Tore Renberg frå 2005. Desse objekta har alle vore gjenstand for samtale i intervjuar og har vore synt fram på bilete (papirkopiar av bilete) i intervjusituasjonane (ref. «photo elicitation») (Harper, 2012; Vassenden & Andersson, 2010). Variasjonar mellom ulike måtar å sosiologisera kring desse objekta på dannar utgangspunkt for diskusjon av oppfatningar av forskjellar i smak, og i forlenginga av dette: analysar av forholdet mellom høg og låg i kulturen, av kulturelle domfellingar og det vanskelege kvalitetsomgrepet i litteraturen, og av sosiale konvensjonar for korleis det er akseptert å tala om smaksforskjellar.

Oppfatningar av smak- og livsstilsforskjellar skal sjåast i samanheng med oppfatningar av sosial ulikskap og sosiale hierarki. Sjølv om variasjonar i smaksforskjellar kan vera interessante i og for seg sjølv, støttar eg meg på Faber og kollegaer si vektlegging av at smakspreferansar først blir sosiologisk interessante, når det viser seg at dei er relatert til andre vesentlege forskjellar og ulikskapar i samfunnet (2012, s. 122). I kapittel 7 utforskar eg informantane sine oppfatningar av sosiale forskjellar og sosiale hierarki. Kva konstituerer sosiale hierarki? Korleis plasserer dei seg sjølv hierarkisk, og kva karakteristikkar ligg til grunn for desse posisjonane? Kan smaks- og livsstilsforskjellar gi fordelar på nokre måtar? Kva mekanismar verkar til å ekskludera og inkludera? Dette er spørsmål eg søkjer svar på i denne delen. Den canadiske sosiologen Michèle Lamont sitt grensdragingsperspektiv (1992) er sentralt i dette kapittelet ved at eg her utforskar korleis informantane legg meaning til og vurderer folk, objekt, og praksisar i måten dei talar om sosial ulikskap på. Måten informantane

vurderer seg sjølve og andre, grensene dei trekk mellom attråverdige og ikkje attråverdige sosiale trekk, mellom underordna og overordna, er i fokus i dette kapittelet.

I siste kapittelet i avhandlinga – *Distinksjonar og sosiale tydingar* – diskuterer eg moglege sosiale konsekvensar av variasjon i smakspreferansar, oppfatningar av livsstilsforskjellar og hierarkiforståingar. Delar av kapittelet er førekjensler om og drøftingar av i kva grad informantane spelar ut oppfatningar og grenser dei føregåande kapitla har synt at dei har, - altså i kva grad og i kva situasjonar dei gjer grenser og forskjellar sosialt tydingsfulle. Som ei samanfating og syntetisering av hovudfunna i avhandlinga lanserer eg konseptet om «eit diskursivt gap». Det diskursive gapet angir ei kløft i oppfatningar av kva forskjellar det er som utgjer ein forskjell, og det peiker på at det eksisterer ei diskursiv (kommunikativ) spenning knytt til denne kløfta. Men som vi skal sjå, gjeld denne spenninga berre for nokre. Det diskursive gapet er ei omgrepsfesting av variasjonar i kor tydingsfulle ulike typar forskjellar og distinksjonar er for ulike sosiale grupper, og av variasjon i måtar å kommunisera om desse forskjellane på, samt konsekvensar som tilsløring av forskjellar. Konseptet fangar motstridande tendensar i materialet og foreinar ulike perspektiv.

## 1.2 *Bakgrunn for studien*

Avhandlinga er del av eit større prosjekt som har tittelen «Rapid Social Change, Value Transformation, and the Field of Culture – the city of Stavanger as a Prism», òg kalla Prisme-prosjektet. Prosjektet er finansiert av Norges Forskingsråd (FRISAM), og professor Nils Asle Bergsgard, tilsett ved Høgskulen i Telemark og ved International Research Institute of Stavanger (IRIS), har vore prosjektleiar. Underteikna har vore stipendiat i prosjektet. Prosjektet i sin heilskap studerer verknadar av dei raske økonomiske, sosiale og kulturelle endringane Stavanger og innbyggjarane har vore gjennom dei siste 40 åra.<sup>2</sup>

At locus for studia er den vestnorske byen Stavanger, er på ingen måte tilfeldig. Alle stader har sine særdrag, og eit av Stavanger sine særdrag

---

<sup>2</sup> For meir informasjon om prosjektet (samansetnad av prosjektgruppe og referansegruppe, arbeidsfordeling m.m.), sjå metodekapittelet.

– eit særdrag som påkallar sosiologisk merksemd – er at endringane byen har vore gjennom dei siste 40 åra, har skjedd raskt samanlikna med andre og liknande byar (Rosenlund, 2009). Mykje av dette handlar om olje og om oljeverksemda sitt nærvær. I perioden frå byrjinga av 1970-talet har Stavanger vore hovudsete for Noregs oljeverksemd, og i dette tidsrommet – frå 1970 og fram til i dag – har det skjedd store og omveltande endringar med og i byen. Velstandsvekst, vekst i fysisk utbreiing, auke i talet på folk som tek høgare utdanning, tilflytting, sekularisering, auke i tilgang av kulturelle tilbod, er nokre av endringane (sjå Bergsgard & Vassenden, red., 2015). Endringane har både globale og lokale trekk. Desse omfattande og raske endringsprosessane ligg som historisk bakteppe for analysen i avhandlinga.



## 2 Empiri

### 2.1 Personane

39 kvinner og menn er intervjuet i denne studien. Utvalssamansetnad var delvis bestemt av prosjektet.<sup>3</sup> Utvalet består av personar fødde og/eller oppvaksne i Stavanger og omegn, fordelt på to alderskohort, fødde mellom 1945-50 og 1975-80. Den eine alderskohorten er vakse opp før Stavanger fekk status som oljehovudstad og den andre etter. Dei har alle vekse opp i Stavanger og omegn, men i to forskjellige tidsepokar, høvesvis på 1950-talet og på 1980-talet. Kjenneteikn ved dei to spesifikke tidsepokane kan antakast å ha påverka dei på ulike vis gjennom at spesifikke historiske tider har varierende verdisett og «tidsånd» ved seg.

Utvalet består av 19 kvinner og 20 menn. 18 av dei er fødde mellom 1975-80, og 21 mellom 1945-50. Vidare er utvalet spreidd når det gjeld utdanningsnivå, utdanningstype, bydelstilhøyrslø, yrkesposisjon, inntekt og sektor dei arbeider i. I Prisme-prosjektsøknaden var det definert at utvalet skulle spegla Stavanger si befolkning på den måten at alle fire kvadrantar i eit bourdieusk sosialt rom skulle dekkjast (Bourdieu, 1984; Rosenlund, 2009).

Intervjupersonane er kort presentert med anonymiserte namn, fødselskohort, kjønn, utdanningsnivå, utdanningstype, yrke og bydelstilhøyrslø i Appendix 1. Yrke og bydelstilhøyrslø er i somme høve anonymisert (sjå 4.4.3). I Appendix 2 er personane ved hjelp av korrespondanseanalyse projisert inn i eit eige sosialt rom av posisjonar (utført av Lennart Rosenlund). Dette vart gjort med grunnlag i at informantane i etterkant av intervjuet fylte ut eit kort spørjeskjema om inntekt, formue, eigen utdanning, foreldre si utdanning og yrke, utdanning blant næraste vennar m.m. Dette svarar til spørjeskjemaa som Rosenlund har nytta ved tidlegare utførte surveyar.

Måten eg refererer til informantane i avhandlinga er stort sett ved å gi opplysingar om tre kjennemerke i parentes bak namna. Først alder: anten ca. 35 år eller ca. 65 år. Dette skil dei to alderskohortane frå kvarandre,

---

<sup>3</sup> Sjå metodekapittel for refleksjonar om storleik og samansetnad på informantutvalet.

samstundes som eksakt alder er anonymisert. Informantane i den yngste alderskohorten var mellom 32-37 på intervjutidspunktet, og informantane i den eldste alderskohorten var mellom 62-67. For lesbarheita vert ordet ca. ikkje nemnd i alle parentesane. Deretter utdanningsnivå/lengde: her skil eg mellom ungdomsskule, vidaregåande skule, 1-4 UH (universitet og høgskule) og >5 UH (over 5 års høgare utdanning). For lesbarheita vert ikkje UH inkludert i alle parentesane. Til sist i parentesen vert yrke angitt, anonymisert eller ikkje anonymisert alt etter kva som er vurdert som naudsynleg.

## 2.2 Staden

Den vestnorske byen Stavanger har hatt mange identitetar dei siste hundreåra, initiert mellom anna av at byen har opplevd mange ervervsmessige opp- og nedturar. Stempelet byen i dag er kjend for er utan tvil som *oljeby*. I hundreogfemtiårsperioden før «oljå» levde Stavanger av sildefiske, skipsbygging og hermetikkindustri (hermetisering av brisling). Sildefiske var viktigaste ervervskjelde på store delar av 1800-talet, men fekk ein brå slutt rundt 1880, først og fremst fordi silda tok slutt. Etter dette opplevde byen ei 20-årig krisetid der dei fleste handelshusa gjekk konkurs og fattigdomen blant arbeidarane auka (Rosenlund, 2009). Utover byrjinga av 1900-talet spelte etter kvart ein annan fisk hovudrolla i ervervslivet, denne gongen ei litt mindre sild, nemleg brisling. Brislingen vart konservert og hermetisert, og dette sat i gong ein hermetikkindustri i byen. Hermetikkindustrien nådde sitt høgdepunkt i 1930-åra, då hadde byen ca. 60 hermetikkfabrikkar. Knytt til denne industrien var det òg ein stor grafisk industri, mellom anna forsynte den grafiske industrien hermetikkindustrien med etikettar, eller «iddisar» som dei heiter lokalt. Før andre verdskrig dalte hermetikkproduksjonen, men ved inngangen til 1960-åra var her framleis aktivitet i hermetikken og i dei tradisjonelle støttenæringane grafisk industri, trevare og blikkemballasje (Roaldkvam & Gjerde, 2012, s. 21).

Desse forskjellige næringsvegane – eller beina å stå på – har vore med å gi Stavanger sin identitet. Eit særdrag ved byen si arbeidslivs- og næringslivsorientering er at den stort sett har hatt berre eitt bein å stå på om gongen. Ein har gått «all in» i ei verksemd. Ikkje noko unntak i dag slik sett.

Eit anna særdrag ved byen si historie er at havet har spelt og speler ei heilt sentral rolle for ervervslivet: frå havet som matkjelde, til havet som transportveg og til havet som «hus for energikjelde».

Stavanger, og ikkje minst regionen rundt, har historisk sett vore kjend som ein religiøs region, religiøs i ei lågkyrkjeleg pietistisk forstand. Gullestad nemner at sørvestlandet i Noreg av og til vert omtala som «det mørke fastland» (første gong av forfattaren Arne Garborg om det pietistiske Jæren), fordi området tradisjonelt har vore karakterisert av «strong adherence to pietist religion, to total temperance and to missionary work» (Gullestad, 1993, s. 132). Garborg skriv i boka *Fred* om det jærskje folk, at: «Det er eit sterkt, tungt folk, som grev seg gjennom livet gruvling og slit, putlar med jordi og granskar skrifti, piner korn av aur'en og von av sine draumar, trur på skillingen og trøystar seg til Gud» (Garborg, 1998[1892]).

Lågkyrkjeleg religionsutøving er knytt til kvardagsleg folkeleg religionsutøving og til sterke og mange bedehus. Det lågkyrkjelege står i kontrast til det høgkyrkjelege som viser til ei praktisering av høgtideleg og liturgisk kristendom, forenkla sagt. Sterke lokale (perifere) lågkyrkjelege subkulturar representerte slik ei motmakt i Stavanger, ein motkultur til det høgkyrkjelege religiøse livet i hovudstaden (sentrum) (Roaldkvam & Gjerde, 2012). Sjølv om Stavanger og regionen har vore gjennom ei (markant) sekularisering (ref. Vassenden 2015), noko som kjenneteiknar overgangen til moderne/seinmoderne tider generelt, var det i byrjinga av 1960-åra fortsatt eit rikt og mangfaldig og vel respektert kristenliv i byen (Roaldkvam & Gjerde, 2012, s. 127). «Bedehusgata» Bergelandsgata husa i inngangen til 1970-åra eit gedigent tal religiøse grupperinger<sup>4</sup> (ibid), og sterke avhaldsrørsler følgde hand i hand med dei lågkyrkjelege rørsleane. Trass i dette har regionen vore gjennom omfattande sekularisering og har ei vesensulik religiøs orientering i dag samanlikna med til dømes 1960-åra.

Sjølv om den nære historia til Stavanger og omegn viser mange glidande overgangar, verkar 1970-åra å representera fleire former for vegskilje. Ein ting er at ein fann olje i Nordsjøen rundt desse tider, og byrja

---

<sup>4</sup> St. Petri menighetshus, Jesu Kristi Kirke av Siste Dagers Hellige, bedehuset Bethania, Santalmisjonen, Misjonssambandet, Pinsemenigheten Apostolisk Tro, Baptistmenigheten, Metodistkirken, Adventistsamfunnet, Frelsesarmeen, Pinsemenigheten Zion, Den Evangelisk Lutherske Frikirke, Indremisjonens bedehus, Blå Kors, Maran Ata i Samhold og Kameratklubben i Understøttelsen.

å posisjonera seg som mogleg oljehovudsete, men fram til denne tida hadde Stavanger lenge hatt omdømme som motkulturane sin by (ibid), noko som altså bleikna utover 1970-talet. «Den nye tida» svekka avhaldsrørsla. Fleire tok høgare utdanning, noko som svekka posisjonane til motkulturelle autoritetar og meiningsdannarar. Det same gjorde meir velferd, auke i velstand, betre buforhold, og nye og større reisemoglegheiter (ibid). I 1970 var det 1032 personar i Stavanger (av begge kjønn) som hadde meir enn 4 års universitets- og høgskuleutdanning, i 2013 var talet stige til 13.580 (Stavanger-statistikken). Men 1970-åra er òg, som nemnd, tida då byen og innbyggjarane prøvde å finna sin plass i relasjon til den nye næringsvegen oljeutvinning. Og det er ulike meiningar om kor vidt ein skal sjå oljefunnet og vedtaket om at Stavanger vart hovudsete for oljeutvinning, som eit skifte og eit brot i historia, eller om dette meir er for ei fortsetjing og vidareføring av utbygd næringsutvikling og ei tilpassa kremmarånd å rekne. Eg vil kalla dette eit av byen sine sentrale identitetsmessige forhandlingspunkt. Nokre meiner det er flaks, nokre gir æra til Arne Rittedal og Konrad B. Knudsen, og andre talar om ei servicenæring som på dette tidspunktet var klar for nye oppgåver og som var tilpassingsdyktige.

Det er vanskeleg å stadfesta kva som er olja sin påverknad på byen og regionen, og kva som er del av ei generell vestleg og/eller nasjonal velstandsutvikling. Prosessar som utbygging av den norske velferdsstaten (Sejersted, 2013), generell sekularisering og verdsleggjering, utdanningsrevolusjon, individualisering (Giddens, 1991) og globalisering (Scott Sørensen, et al., 2008), er fletta saman med lokale stadar sine særdrag. For Stavanger sin del har oljenæringa sitt nærvær i alle høve vore med å gi ekstra kraft til, og forsterka, allereie eksisterande endringstendensar, særleg når det gjeld velstandsvekst. Byen er i dag på mange måtar kjend for velstanden som følgjer denne veksten (Rosenlund, 2009).

At 1970-åra representerer eit vegskilje kjem fram i Rosenlund si sosiologiske utforsking av byen. Han skriv at byen haldt på strukturen og atmosfæren av ein småby fram til 1970-åra (Rosenlund, 2009), men at tida etter dette er prega av store og omveltande endringar.

«This picture of a poor and backward laying community changed dramatically during the last quarter of a century. Stavanger is

undoubtedly the Norwegian city that has undergone the most profound processes of change. The city has been subjected to the same overarching forces of change as the rest of Norway: rapid urbanization, expansion of the educational system with an increased level of schooling among its population as a consequence, emergence of a large public sector, re-structuring of the industrial sector: it shrinks relatively and converts from low-productivity canning industry to a high tech one, adapted to changing needs of the oil industry. Further, this is the period when women massively enter the labour market. In addition, the city has been exposed to the establishment and the massive presence of the oil industry for almost four decades. It has become embedded in the most international, capital-intensive, and technological industry there is, which includes managerial cultures with influences far beyond the offices of the oil companies» (Rosenlund, 2015, *under arbeid*).

Ifølge Rosenlund var det ingen andre norske byar som gjennomgjekk så radikale endringar som Stavanger i perioden frå 1970-1990 (Rosenlund, 2009). Etter at oljeverksemda etter kvart fekk hovudsetet sitt på Forus mellom Sandnes og Stavanger, har regionen vore ein region i vekst (med unntak av nokre få nedturar). Vekst både når det gjeld utbygging og utbreiing, i talet på innbyggjarar, når det gjeld verdiskaping og næringsutvikling og når det gjeld kulturelle tilbod og kulturelt mangfald. I norsk målestokk ligg Stavanger i dag på fjerdeplass i storleik, med 130.754 innbyggjarar (pr. 1 jan. 2014, Stavanger-statistikken).

Byen har på sett og vis skifta identitet opp gjennom tidene, i takt med endringar i ervervs- og næringslivet. Kva som kjennemerkar byen ein bur i er noko som både formar og vert forma av personane som bur der. Vi kan slik anta at byen og regionen sine til ulike tider karakteristikkar og kjennemerke spelar inn på innbyggjarane si sjølvforståingar og – kjensler. Samstundes vil dagens ideologiar sannsynlegvis gje dei nye synsvinklar på livet sitt og på oppveksten sin (ref. Gullestad, 1996).

Det empiriske materialet i den føreliggjande studien skriv seg frå intervju med to alderskohort (fødde mellom 1945-50 og 1975-80). Dei har vekse opp og hatt sine formane år då byen deira hadde ulike identitetar og særdrag. Den eldste alderskohorten (f. 1945-50), generasjonen som gjerne

vert kan kalla etterkrigsgenerasjonen eller babyboomarane – ikkje fordi dei hadde sine formingsår og ungdomstid i tidleg etterkrigstid – men fordi dei er fødte i dette tidsrommet og fordi det var oppgang i fødselstala rett etter 2. verdskrig. Denne generasjonen hadde si oppvekst før oljetida. Fordi samfunnet heile tida endrar seg, har desse vekse opp i og blitt sosialisert inn i eit samfunn med andre normer og verdsett enn den yngste alderskohorten har (f. 1975-80). Desse kan vi kalla oljeborna, dei er fødte og hadde sin oppvekst etter at Stavanger var blitt ein oljeby. Dei yngste informantane kunne i alder vore dei eldste sine born. Då den eldste generasjonen var i slutten av 20-åra, og haldt på å entra arbeidslivet og stifta familie, var gjennomsnittleg inntektsnivå og utdanningsnivå svært lågt i Stavanger (Rosenlund, 2009). Dei var born på 1950-talet, rett etter krigen og før velstandseksplasjon og kvinnefrigjerung, - og har som samla gruppe opplevd store hopp i velstand i løpet av si levetid og sitt arbeidsliv. Dei har – i motsetnad til oljeborna – opplevd heimbyen sin som både religions- og misjonsby, og i det seinare som oljeby. Oljeborna var born på 1980-talet, og dei har ikkje sjølvlevde erfaringar frå eit Stavanger utan oljestempel. Dei vart fødd etter avhaldsrørsla hadde stilna og når dei motkulturelle strøymane ikkje lenger var tydingsfulle. Når desse var små hadde inntektsnivået i byen avansert til førsteplass blant norske byar (Rosenlund, 2009).

Nedanfor skal eg presentera informantane i såkalla samleportrett. Dette gjer eg fordi med 39 personar vil det bli for omstendeleg og ta for mykje plass å presentera kvar og ein. Samleportrettframstillinga er òg vald for å gi smakebitar av vesentlege forskjellar mellom informantane og for å samanfatta likskapstrekk som fins.

### ***2.3 Samleportrett***

Samleportrett er ei form for konstruerte informantportrett (Vassenden & Bergsgard, 2011; Vassenden et al., 2012). Portretta er ikkje i seg sjølv verkelege enkeltpersonar, snarare konstruerte «idealtypar» som baserer seg på og er sett saman av fleire informantar. Samleportretta er reelle på den måten at dei har sine utspring i verkelege informantforteljingar, men dei er sett saman av fleire livshistorier og

ståstader. Intensjonen med desse fortetta samleportretta er å inkludera og å visa fleire typar personlege biografiar, førestellingshorisontar og estetiske orienteringar, og samstundes illustrera og trekkja saman typiske trekk i materiale. Samleportretta – i alt fire skal presenterast – baserer seg på *personar som liknar kvarandre* i sosial bakgrunn og personleg biografi.

Konstruksjonen av dei fire portretta lener seg på perspektivet om at den sosiale verda kan sjåast som eit sosialt rom av posisjonar og relasjonar (Bourdieu, 1984). Eit rom som i visuell framstilt form er delt inn i fire ruter, og der posisjon er utleia av dei to formene for kapital: økonomisk kapital og kulturell kapital. Desse formene kan ein ha mykje eller lite av (kapitalvolum), og ein kan ha meir av den eine eller meir av den andre (kapitalsamansetnad) (sjå 3.3. i teorikapittel for nærare gjennomgang).

Portretta er slik sett saman av verkelege personar som liknar kvarandre både sosioøkonomisk og i livsskodingar. Men sjølv om dei liknar kvarandre er det variasjon mellom historiene deira. Noko av denne variasjonen vil gå til spille når ein lagar idealtypar som samleportretta er. Det ein får tilbake er reindyrking av nokre vesentlege trekk og karakteristikkar ved informantgrupper, og derav moglegheit for å – i denne studien – visa typiske livshistorier og posisjonar frå Stavanger frå dei siste tiåra. Dei fire samleportretta som vert presentert her ser verda frå ulike situerte ståstader i det sosiale rom. A har høgt volum overvekt økonomi, B har høgt volum overvekt kultur, C har lågt volum blanda kapital og 3-årig profesjonsutdanning og D har lågt volum blanda kapital inga utdanning. Nedanfor følgjer presentasjonen av dei fiktive, men typiske personane, namngitt som A, B, C og D.

### 2.3.1 *Person A - siviløkonom på innsida av oljeverksemda*

A er fødd i 1949 og oppvaksen på Randaberg, ein av nabokommunane til Stavanger. Han har ei søster og ein bror, og alle bur i dag i Stavanger. Foreldra til A var bønder, eller som ein ofte seier, far var bonde og mor var husmor. Dei hadde gard i utkanten av det som i dag er Randaberg sentrum. A sin far døydde for 15 år sidan, medan mora vart gravlagd for eit halvt år sidan. På byrjinga av 1960-talet flytta A til Stavanger for å ta realskulen. Han fortel at då han veks opp på 1950-talet var det å bli med mor eller far inn til byen ei stor hending. Det var ei lengre både fysisk



og mental reise. Difor opplevde han det som veldig spanande å flytta på hybel i byen, det var mykje som var annleis samanlikna med kva han var vane med frå Randaberg. Han seier ikkje mykje om incentiva for å studera, om foreldra hans var opptekne av at han skulle ta utdanning, eller om det var eit slags brot med verdiar han fekk formidla heimafrå, men etter kvart reiste han til Oslo for å studera økonomi. Nettopp i tida då han studerte skjedde det mykje heime i Stavanger. Han seier sjølv at «når eg reiste til Oslo for å studera, så var Stavanger ikkje ein oljeby, då eg kom tilbake igjen, var det blitt ein oljeby». A fekk sjølv moglegheiter innanfor oljebransjen, og har i heile sitt yrkesliv vore tilsett i denne sektoren, men innanfor fleire ulike selskap. Han fortel om ei lang og suksessrik yrkeskarriere, og flettar si eiga personlege arbeidslivshistorie saman med endringshistoria til Stavanger og omegn. Historia – slik A fortel den – startar med ei utprøvande tid: ei tid for idear, visjonar, snarvegar og pragmatiske løysingar. Den endar opp i ein bransje og ein by som har vekse seg fram til å vera kjenneteikna av eit kunnskapsbasert, teknisk avansert og internasjonalt arbeids- og næringsliv. Han er glad for å ha vore «med på ei tid i den bransjen kor... (vi) hadde litt friare hender».

Kona til A er lærar og underviser i ungdomsskulen. Saman har dei to gutar. Dei er stolt og glad over dei liva borna har skapt seg, og trekk spesielt fram det faktum at dei begge har teke høgare utdanning (ein er siviløkonom og den andre er sivilingeniør), har arbeidssituasjonar dei synes å trivast med og at dei har gitt dei fem barnebarn. Spesielt glad er A òg for at dei har skaffa seg bustader, rett nok med noko hjelp frå foreldra, men sidan høge bustadprisar og ein regionsspesifikk galopperande bustadmarknad er noko som engasjerer han, er han glad for dette fråveret av problem i borna sine liv.

Når det gjeld barnebarna, seier A at han er glad for å sjå at borna hans stiller opp 100% for familien, og at jobb ikkje ser ut til å definera fullt så mykje som det gjorde for han då han var på same alder. Samstundes synes han dei er for ettergivande, og lar borna få sleppa for mykje til i diskusjonar. Det er for mykje som er på barna sine premiss, men «om dette er ei god eller dårlig utvikling det får tida visa».

Han veit ikkje mykje om kva foreldra meinte om hans eige liv. «Det er sånn at i staden for at eg kan fortelja kva far og mor meinte, så må eg



gjetta meg til kva dei meinte. Fordi at det...det var meir deira emosjonelle reaksjonar til ting som fortalde meg kva dei meinte, enn at dei greidde å verbalisera det». Men han trur dei var stolte, han seier at mora i alle fall verka stolt når ho fortalde at ho hadde lese om han i avisa. Foreldra til A var opptekne av «hus og varme og heim og mat», av konkrete ting, og A meiner blant anna at «tilfang av moderne utdanning» har spelt ei viktig rolle for kvifor hans generasjon er så forskjellig frå sine foreldre. Sjølv er han oppteken av utdanning og fagleg kunnskap, og nyttar orda kompetanse og kunnskap om kvarandre.

A har høg inntekt og formue. Han har hatt innverknad på næringsutviklinga i regionen gjennom at han har vore (og til ein viss grad er det framleis fordi han både er og ikkje er pensjonist, så å seia) ein av dei sentrale avgjerdstakarane og premissleverandørane i ulike avgjerdsoverordnede organ. Framleis kan han «ha møte med ordføraren når som helst». Han trer lett inn i både dei økonomiske og dei kulturelle kretsane i byen, og saman har han og kona eit stort sosialt nettverk.

A ser på seg sjølv som ganske kulturinteressert. Når det gjeld kulturåret 2008 tenkjer han at det viktigaste med det var positive ringverknadane slike eksepsjonelle satsingar skapar for ettertida, «(...)det blir eit anna medvit i forhold til...kultur som er eit viktig konkurranseelement i framtidens samfunn». Han er oppteken av kultur både for eigen del og i eit samfunnsmessig perspektiv, sistnemnde fordi «Stavanger er på jakt etter flinke folk, og flinke folk vil etterspørja kulturtilbod». Konserthuset vurderer han på same måte, flott for han sjølv og viktig for byen.

For tre år sidan selte kona og han einebustaden sin på Eiganes og flytta inn i ei stor leilegheit nærare sentrum i Stavanger. I leilegheita deira er det kvite veggjar og parkett på golvet, nokre av møblane har dei med seg frå gammalt av, men det meste er relativt nytt. A og kona er opptekne av kvalitet og design, av at «det skal vera både funksjonelt og det skal vera pent». Bustaden deira er teikna av eit av dei lokale arkitektkontora, og dei har lagt ein god del pengar i kunst, som heng både i leilegheita deira og på hytta. På veggane i stova har dei få og store bilete: blant anna er biletkunstnarane Kjell Pahr-Iversen, Inger Sitter, Kjell Nupen og Nico Widerberg, representert. I leilegheita står eit langbord i glas med plass til 12 personar,

og i vindaugskarmar og på bord og hyller står små skulpturar og kunstgjenstandar.

### 2.3.2 Person B - litteraturvitar i skulen

B er fødd i 1977, bur saman med sambuar på Vestre Platå, ein bydel i sentrum av Stavanger. B er oppvaksen på Våland, ein annan sentrumsnær bydel, og har ein bror. Mor og far hennar er skilde, mor bur framleis i barndomsheimen på Våland. Mor er arkitekt og far arbeider med HMS i ei oljerelatert bedrift. Bror er utdanna grafisk designar og arbeider i eit reklamebyrå. Sjølv har B utdanning på hovudfagsnivå innan litteraturvitskap frå Universitet i Bergen. For tida arbeider ho med undervisning i vidaregåande skule. Ho har ikkje born, men er tante til to gutar. Sjølv om ho sjølv ikkje har opplevd Stavanger før oljetida, tenkjer ho at det at store delar oljenæringa ligg her har hatt ein enorm påverknad på byen og «byen sin mentalitet». Både byen sin og folk sin velstand heng tett saman med olja, og på nokre vis har det sikkert drypt på ho sjølv òg, meiner ho. Men ho nyttar ordet *velstand* i både positive og negative vendingar. Negative aspekt ved olja sin påverknad er, slik ho ser det, at ein har fått ein «falsk økonomisk tilstand», store inntektsskilnader, og med «heilt absurd latterlege prisar på...kvadratmetre». B hadde gjerne sett at den «kreative motpolen til oljenæringa» hadde meir gjennomslagskraft og var meir synlege i byen, og ho synes det er trist at økonomiske omsyn veg tyngst i politiske avgjerder og i byutviklingssamanheng.

Ho har slik eit noko ambivalent forhold til både byen og til velstandsutviklinga. Sambuaren til B er kunstnar, og ho fortel at nettopp denne ambivalente relasjonen til byen er noko dei ofte diskuterer seg i mellom og med venner. Dei kjenner seg tvungne til å anerkjenna og gle seg over at med olja så drypp det pengar på andre område, som til dømes på kunst- og kultursektoren. Samstundes, sjølv om «olja på ein måte...sprøyter eit eller anna slags liv inn i kunsten, så er jo likevel desse oljepengane og oljeindustrien med på å pressa alle kunstnarane ut av byen». Det er «veldig få kunstnarar som har ei lønn som gjer at dei kan bu i denne byen». Om B sjølv vert beden om å trekkja fram noko frå den kulturelle scena i Stavanger nemner ho alltid Tou Scene, eit nedlagt bryggjeri som er gjort om til eit (low-fi) kulturhus. Ho synes «Nils Henrik Aasheim burde gullforgyllast for

det han har gjort». Nils-Henrik Aasheim er komponist og primus motor for oppretting og oppliving av Tou Scene, og ein sentral kulturskikkelse i byen.

Når B samanliknar seg med sine egne foreldre fortel ho at ho ser på seg sjølv som meir impulsiv og ikkje så rutinstyrt. Dette er òg faktorar som er med å forklara kvifor ho ikkje er så nære fleire av barndomsvennane sine, sjølv om ho framleis omgås dei. Ho skil, noko uvillig, mellom «ei lita og ei stor verd» når ho skal forklara skilnadane. Personar som lev i ei lita verd møter dei same menneska og lev etter dei same rutinane, i ei form for einsformigheit som samstundes er grunnen til at «små ting blir store». I ei stor verd er horisontane vide og ein er oppteken av noko «utover seg sjølv og sin kvardag». På spørsmål om kven ho går godt i lag med, svarar ho at «interesse for en eller annen form for kultur» er viktig, og engasjement. Ho kjenner seg framand frå «dei som...styres veldig av pengar. Og materielle verdiar. Og dei som har eit radikalt annleis menneskesyn enn det eg har».

Bustaden B bur i er ei leilegheit i øvre del av ein horisontaldelt tomannsbustad. Både ho og sambuaren er opptekne av fotokunst, så veggane deira inneheld fleire innramma foto, i tillegg til nokre grafiske trykk i ulike storleikar. Tregolvnet i stova har dei mala mørkegrått. Møblane er blanding av nytt og gammalt, dyrt og billig: ein designsofa, eit arva spisebord med seks spisestolar, ein arva lenestol som B har trekt om, eit IKEA-teppe og ei glaslampa som ho har laga sjølv. Dei har ein liten og usentralt plassert TV. Dei brukar tid på å leita etter møblar før dei skaffar seg nye, anten det er på loppemarknad eller på Internett. «Eg er veldig opptatt av ting, men på ein annan måte så prøver eg å... distansera meg frå det òg».

### *2.3.3 Person C - kontordame og tidlegare heimeverande*

C er fødd i 1950 og oppvaksen i sentrum av Stavanger. Mor hennar arbeidde delar av livet sitt i hermetikkindustrien og far hennar var blekkslagar. Ingen av dei lever i dag. C har ei søster som arbeider som sekretær i eit oljefirma. Sjølv har ho vore pensjonist i to år. Før ho vart pensjonist arbeidde ho med ei rekkje forskjellige ting, blant anna i kolonialbutikk, som resepsjonist i eit forsikringsselskap og som det ein gjerne kallar kontordame i diverse føretak. I tillegg var ho heimeverande i tolv år då dei tre borna hennar var små. I motsetnad til A, som òg eigentleg

er pensjonist men som har fleire styreverv i tillegg til eit enkeltmannsføretak registrert på seg sjølv, synes C det er godt å ikkje arbeide lenger, og ho trivst med å vera pensjonist.

Ho er gift med X som arbeider som tømrrar. I inngangen til 1970-talet prøvde X seg nokre månader i Nordsjøen, men likte seg ikkje. C fortel at mannen var ukomfortabel med at han måtte arbeida «med livet som innsats», og at han fort fann ut at i den bransjen ville han ikkje vera. Derimot har C to søskenborn som har nytt veldig godt av oljerikdommen, dei har «nokre jobbar og formuer som ikkje liknar noko som helst», og han eine har «ingenting anna enn sikkert nesten ut niande!».

Samstundes med at oljeverksemda har gjort nokre få folk veldig rike, erkjenner C at velstandsutviklinga og Stavanger sin status som oljeby òg har kome ho og hennar familie til gode. Men ho synes det er vanskeleg å skilja kva som er oljerelatert og kva som er ein del av den generelle utviklinga i Noreg: «fordi du får jo noen andre lønningar enn du hadde hatt viss ikkje det hadde vore olje». Ho synes samstundes det er dumt at høge lønningar pressar prisane opp på andre ting og meiner at lønnsnivået gjer at ein verdset ting annleis: «ein tenkjer etter lønninga».

C nemner Arne Rettedal og Konrad B. Knutsen sine aktive rollar for få oljeverksemda til å etablere hovudsete i Stavanger. «Eg trur vi kan takka dei for mykje, for alt som har skjedd i Stavanger, som var ein så fattig by før», «vi har fått det utrolig godt». Av andre endringar dei siste tiåra nemner ho den utstrakte utbygginga, både generelt i byen og i hennar eige nabolag på Hundvåg, som er ei brufast øy utanfor Stavanger.

C og X har tre døtrer. Den eldste dottera bur i Oslo og har utdanna seg til jurist, dei to andre døtrene bur i Stavanger og er begge sosionomar. C er veldig glad for at borna har «fått seg hus, eller plass å bu, sjølv, som dei eig, og at vi slepp å hjelpe dei». Vidare er ho nøgd med at dei har fått seg «gode jobbar». For når ho sjølv tenkjer tilbake på tida som småbarnsforeldre med det ho veit i dag, tenkjer ho at dei sjølv var for lite flinke med å støtta opp om skule og skulearbeid, «vi har prøvd i alle fall, men akkurat det å sitte med bøker og læra dei tal og bokstaver og såne ting, det var sikkert vi ikkje flinke nok til». Dette veit ho sjølv dei set pris på, eldstedottera talar ofte om at ho er glad for at ho i større grad enn foreldra sine kunne velja frå eit breitt spekter av moglegheiter for utdanning

og arbeid (og fritid for den del), og at hennar generasjon i større grad har kunne velja noko dei interesserer seg for.

C er mykje saman med borna og barnebarna (ho har fire), og har ofte eit eller fleire av barnebarna på middag eller overnatting. Men familiane er travle synest ho. Dei er opptekne på alle frontar, med to som er i full jobb, trening, venner, reising og born. Det er trist at dei er så travle og det er «trist at dei blir litt bundne i den der TV'en». Dette er noko ho snakkar engasjert om og som ho kontrasterer opp mot eigen barndom. «Som ungar fant vi på mykje», ho fortel om leiking i gatene, sykling, bading og teikning. Ein viktig forskjell mellom hennar eigen barndom og dagens born slik ho ser det er «vi sa aldri, kva skal vi gjera no, vi har ingenting å gjera». I dag, seier C, «skal (dei) ha alt oppi nevane».

Einebustaden til C og X er eit kvitt trehus med to etasjar og garasje, bygd i 1942. I tillegg har dei bygd på huset ved fleire høve på 1970- og 80-talet. Stova deira har fleire sittesonar, to svarte Stressless 'ar framfor ein flatskjem på fot i ein del, ei sofagruppe i skinn i ein annan ende, eit spisestovebord i tre, og i eit anna hjørne ein lenestol i tekstil dei har arva. Stova er maksimalistisk på den måten at det er mange ting og møblar i rommet, og i tydinga mange ulike fargar (på veggjar, møblar og objekt) og mange ulike former (på møblar og objekt). C pleier å «kjøpa litt til heimen når vi er ute og reiser» og har vore med i kunstforeininga på den siste arbeidsplassen sin ei rekkje år. Men no synes ho sjølv ikkje det er plass til meir i stova: «(no) har vi ikkje veggjar meir».

#### *2.3.4 Person D - banktilsett med tre års utdanning*

D er ca. 35 år, er gift og har to jenter, ei på tre og ei på fem år. Saman bur familien i ein vertikaldelt tomannsbustad på Mariero, ein av utkantbydelane utanfor Stavanger. D har tre års økonomiutdanning og arbeider i ein bank. Kona er sjukepleiar og arbeider turnus på Stavanger Universitetssjukehus. D har to søstrer, som begge bur i Stavanger, den eine er byggingeniør og bur på Tasta saman med mann og born, den andre er førskulelærer, aleinemor til to jenter og eig ei leilegheit i Kvernevik, ein av bydelane utanfor Stavanger, og ein av dei som kjem dårlegast ut i levekårsundersøkinga kommunen gjennomfører.

Foreldra til D bur i andre enden av tomannsbustaden deira. Dei er ivrige besteforeldre, men synes dei ser dei vaksne litt lite, dei poengterer ofte at dei synes D og kona lever travle liv. Samstundes er dei stolte av dei. Far til D er byggmeister og mor arbeider med administrasjon i offentlig sektor. Mor til D seier til stadigheit at han burde vera glad for alle moglegheitene tida han lev i gir han, om hennar eiga tid og livssituasjon seier ho: «eg skulle berre bli kontordame, eg».

D anerkjenner at velstandsutviklinga og Stavanger sin status som oljeby er noko som òg har kome han og hans familie til gode, sjølv om han synes det er vanskeleg å skilja kva som er oljerelatert og kva som er ein del av den generelle utviklinga i Noreg. Han synes det er dumt at høge lønningar pressar prisane opp på det meste, til dømes bustadsektoren. Pengar har litt for mykje å seia i regionen, tenkjer han. Sjølv verkar han ikkje til å vera desillusjonert når det gjeld kvar hans eige forbruk skal liggje, men han er oppteken av at borna «ikkje får alt i fanget», som han trur mange gjer i denne byen. D og kona er opptekne av å læra borna måtehald, særleg fordi dei veks opp i ein så rik by som dei gjer. D tenkjer at Stavanger i dag har ein høg andel av øvre middelklasse, og at det er «stort sprik mellom dei som er fattige og dei som jobbar i oljå og har høge inntekter». Det er høge bustadprisar, tett trafikk, men lite arbeidsløyse. Baksida av velstandsveksten er at «ungar får normalt det dei peikar på. Og, ja, foreldra kjøper nye bilar, dei bygg nye hus, dei pusser opp gamle hus, for store beløp». Han meiner det er ein tendens i dag til at «status og materielle ting kjem foran kva ein faktisk føler, og treng», og det er i denne samanhengen han er oppteken av å kommunisera dette vidare til neste generasjon.

Han eksemplifiserer velstandsutviklinga og forskjellar mellom generasjonar gjennom å visa til tekniske artefakter, «eg er vakse opp med at du fikk Nintendo til jul og så fikk du spelet til bursdagen. Kontra i dag der dei har kvar sin iPad, kvar sin TV, kvar sin laptop». I dette biletet ønskjer han å avgrensa bruk av både tid og pengar overfor døtrene, sjølv om han samstundes er glad dei har alt dei treng.

Sjølv om han ikkje synes hans eigen familie har eit høgt forbruk (når han til dømes samanliknar med delar av vennekretsen sin), veit han at foreldra hans syns at dei sløser litt. Foreldra til D synes blant anna D og

kona har for høge lån, og dei uttrykte si otte i klartekst då D og familien valde å ta eit halvår fri for å reisa.

Vennegjengen til D er samansett: frå «oljefolk» til ein «surfeboms» som han seier. Omgrepet «oljefolk» nyttar han fleire gonger, noko som i seg sjølv tyder at han definerer «dei» som annleis frå seg sjølv. Han erkjenner at dei som arbeider oljerelatert har langt betre økonomiske vilkår enn hans familie til dømes, men viktig for han er det at folk kan få ha så mange pengar dei vil, berre dei ikkje «spring rundt og snakkar om det».

D og familien bur i Bekkefaret, nokre få kilometer frå sentrum av Stavanger. Husværet deira er ein halvdel av ein vertikaldelt tomannsbustad. Ifølgje D sjølv er han ikkje veldig oppteken av korleis dei har dei heime, det er kona som er både mest interessert og som bestemmer på det området. Han har likevel nokre klare meiningar og kontrasterer eigen heim med ein av vennane sin kor «alt er kvitt og...lite...eitt maleri på ein vegg». Ein slik heim er for kald for D seier han sjølv. Han er oppteken av å «ha det litt heimekoselig», og vil for all del ikkje ha eit hus «der du ikkje kan henga opp ein barneteikning og...for då øydelegg du greiene».

## 3 Teoretisk landskap

### 3.1 *Innleiing*

I dette kapitlet skal eg gjera greie for det teoretiske landskapet avhandlinga opererer i og lener seg mot. Kapitlet skal handsama teoretisk dei tema som står sentralt: på den eine sida smak, estetikk og kultur, og på den andre sida ulikskap, hierarki, klasse og forskjellsskapande mekanismar generelt. Forskingsinteressa i avhandlinga senterer rundt sosial likskap og ulikskap, rundt enkeltpersonar sine konstruksjonar og oppfatningar av desse, og rundt livsstilsforskjellar som ei spesifikk form for ulikskap. Ikkje minst diskuterer avhandlinga lenka mellom desse, altså kva det kan ha å seia at her er forskjellar i smakspreferansar og kulturell verdsetjing. For, som nemnd innleiingsvis, smakspreferansar vert sosiologisk interessante når det viser seg at dei er relatert til andre vesentlege sosiale forskjellar og ulikskapar i samfunnet (Faber, et al., 2012, s. 122).

Den teoretiske ramma avhandlinga hovudsakeleg opererer innanfor, refererer til Bourdieu sin kultursosiologi, smaksforståing og sine perspektiv på sosiale hierarki (1984, 1993, 1995, 1996b), og Lamont sitt kultursosiologiske perspektiv og forståing av korleis ulikskap vert skapt og reproduisert (Lamont, 1992, 2000; Lamont & Fournier, 1992; Lamont & Molnár, 2002). Dei sosiologiske teoretiske apparata desse to nyttar for å gripa om røynda, er på nokre måtar motsetnader, men på mange måtar like. I tillegg pregar Gullestad sine antropologiske vinklingar på ulikskap og likskap analysen (Gullestad, 1992, 1996, 2001a).

Bourdieu og hans etter kvart velkjende omgrep som habitus, kapitalformer, sosialt rom og livsstilsrom og felt, skal gjerast greie for. Sidan hans hovudverk *Distinksjonen* første gong kom ut i 1979, har Bourdieu meir eller mindre dominert forskingsfeltet om smak, især diskusjonen om grensene mellom høg og låg, anerkjend og ikkje anerkjend (Scott Sørensen, et al., 2008). *Distinksjonen* understreker at kulturell praksis, kulturelle preferansar og smak må forståast i relasjon til sosial differensiering, og at kulturell praksis er ein av fleire faktorar som skil folk frå kvarandre, og som har sosiale konsekvensar som til dømes å reprodusera ulikskap (Bourdieu, 1984).



Lamont nyttar ordet grense snarare enn distinksjon. Grense og distinksjon er ikkje semantisk identiske omgrep, men dei tyder begge å *skilja noko frå kvarandre*. Lamont står på Bourdieu sine skuldrer, sjølv om ho både kritiserer og vidareutviklar teoriane hans. Ho (2010) har sjølv hatt Bourdieu som lærar og rettleiar ein periode, og bygg på teoriane og ideane hans, men det kan argumenterast for at ho gjennom grensedragingsperspektivet har sterkare fokus på individ si meningsdanning på mikronivå. Hennar forståing av symbolske grenser – der grenser er symbolske og konseptuelle distinksjonar folk gjer for å kategorisera og leggja mening til objekt, personar og praksisar (Lamont, 1992; Lamont & Molnár, 2002) – vil bli gjort greie for.

Teorikapittelet er tematisk organisert i motsett rekkjefølgje av det avhandlinga er. Kapittelet startar ut med teoretiske refleksjonar kring sosial ulikskap generelt, og rører seg deretter vidare mot teoretiske perspektiv på smak og livsstilsforskjellar, som ei «undergrein» av ulikskap. Analysekapitla i avhandlinga startar ut med smak og livsstilsforskjellar, og rører seg deretter mot ulikskap og hierarki generelt. Når teorikapittelet handsamar temaa i motsett rekkjefølgje er det fordi det vert vurdert som mest oversikteleg å starta med det generelle – med ulikskap, hierarki og forskjellar – og deretter røra seg «nedover» mot spesifikke sett av forskjellar eller «del-område» av ulikskap. Når eg i analysekapitla går motsett veg, er det grunna i mål om å lesa og framstilla empirien induktivt.

Teorikapittelet byrjar med ei avklaring av omgrep knytt til ulikskap og likskap. Omgrepet *klasse* og forholdet mellom subjektivt opplevd ulikskap og objektiv ulikskap, vert belyst. Deretter følgjer gjennomgangar av Bourdieu sitt omgrepsunivers og Lamont sitt grensedragingsperspektiv, før eg kjem nærare inn på teoretiske inngangar til å forstå smak, livsstil og kultur: både som konsum, som preferanse og praksis, som identitet, som ei inndeling mellom høg og låg, og som makt. Eg rundar av med å seia nokre ord om korleis eg sjølv skal nytta meg av dei forskjellige teoretiske perspektiva.

### **3.2 Ulikskap og hierarki**

Innanfor sosiologien nyttar ein omgrepet hierarki om grupper sine sosiale rangorden.<sup>5</sup> Rang tyder plass i ei rekkjefølgje. Implisitt i dette ligg at det ikkje er best å vera nedst eller bakarst. Hierarki kan vera formelle (t.d. byråkratisk organisering) eller uformelle. I sistnemnde er det ikkje offisielt vedteke eller kunngjort at hierarkiet eksisterer. Hierarki heng tett saman med omgrepet ulikskap, - hierarki er rangert ulikskap. Ulikskap, og nærare bestemt *sosial* ulikskap viser til ulik fordeling av godtgjersler og livssjansar, av gode og byrder blant samfunnet sine medlemmer.

Sosial stratifikasjon viser til samfunnet si vertikale organisering i ulike under- og overordna relasjonar mellom klassar og sjikt, eller strata. Altså den hierarkiske strukturen av posisjonar som menneske er å finna i og som dei (i somme høve) flyttar seg mellom. Forsking på klasse, lagdeling og sosial stratifikasjon handlar om å skildra korleis moglegheitene for å tileigna seg samfunnsmessige gode er ulikt fordelt. Det er derimot ikkje semje om kva som skapar ulikskapen, samfunnsbestemt ulikskap vert forklart som konsekvens av samfunnet si strukturelle oppbygging, og meir individbestemte forklaringar fokuserer på ulikskap som konsekvens av forskjellar i individ sine evner, karaktertrekk og motivasjon.

Men samla sett altså handlar dette om korleis ulemper og fordelar, privileger og onder, er ujamt fordelt i befolkninga. Denne ujamne fordelinga vert forsterka ved at «mykje får meir», eller gjennom regelen om den kumulative opphopinga av godar (Eriksen, 1998). Denne inneber at har ein mykje pengar er det stort sannsyn for at ein òg har god helse, høg utdanning, ein utviklande trygg jobb og ei variert fritid. Likedan kan ein tala om regelen om den kumulative opphoping av byrder, eller på engelsk, «reproduction of advantages» og «reproduction of disadvantages» (Devine, 2010, s. 155).

Anten ein tenkjer ulikskap er samfunnsbestemt eller individbestemt, er sosiologisk forskning på ulikskap oppteken av å forklara og avdekkja ulike former for sosial ulikskap og dominans. Sosial ulikskap kan vera grunna i etnisitet, alder, inntekt, kjønn, yrke/klasse, geografisk opphav m.m. Dette er sosiale kjennemerke som ikkje berre pregar konkrete liv, men som òg

---

<sup>5</sup> Omgrepsavklaringa i dette avsnittet er henta frå Sosiologisk Leksjon (O. Korsnes, 2008).

strukturerer ideologiar, mentalitetar og organiserande verdiomgrep (Gullestad, 1996, s. 229). Det er vanskeleg å ta høgde for alle kjelder til sosial ulikskap når ein forskar på ulikskap, - kjennemerka påverkar, utliknar og forsterkar kvarandre på mangesidige måtar.

I denne studien, fordi eg studerer ulikskap og kulturell verdsettjing og fordi eg relaterer meg til Bourdieu og etterføljarar sine ontologiske røyndomsoppfatningar, er sosial posisjon og sosial bakgrunn vesentleg. I så måte er *klasse* eit omgrep og konsept som kallar på nærare avklaring.

### 3.2.1 *Klasse*

Klasse som differensieringsprinsipp angir livsvilkår. Det er eit omgrep som i sosiologisk forstand viser til strukturar av maktforskjellar og ulikskap. Ei klasse er karakterisert av felles objektive livsvilkår som genererer strukturerte og systematiske ulikskapar (O. Korsnes, 2008, s. 139). På systemnivå refererer klasse til strukturell ulikskap og skeivfordeling av gode og byrder. På individnivå kan klasse fortona seg som både moglegheitsopphopning og inkludering, og som avgrensing og utestenging frå livssjansar og samfunnsområde. Både Fraser (2001) og Lawler (2005) understreker at klasseforskning har ei utfordring i motsetninga som ligg mellom sosialt system og sosial aktør. Som Fraser uttrykker det: «Class inequalities, which might be thought of as ‘large scale’ issues of social and economic justice (or injustice), give rise to ‘real’ social effects, one which is classed subjectivities» (Fraser, 2001, s. 120).

Nokre slike skildringar av reelle sosiale effektar og klassa subjektivitetar sett frå dei lågaste posisjonane i samfunnet, har vi fått frå skjønnlitteraturen. Bøkene i *Malmö-trilogien* av Kristian Lundberg (Lundberg, 2011, 2012, 2013) og *Farvel til Eddy Belleguelle* av Édouard Louis (2015), skildrar kjensler av utestenging og fornedring der klasse står fram som daglege kroppslege erfarte avgrensingar og undertrykkingar. I den andre ytterkanten av den sosiale rangstigen finn vi Torstein Veblen si «leisure class» (2014[1899]). Veblen skildrar ei fritidsklasse som har så mange livssjansar at dei står i posisjon til å velja fritid framfor arbeid. Desse døma synleggjer at klasse både handlar om *fridom til* og *fridom frå* (ref. Berlin, 1961). Fridom *til* å t.d. meina det ein vil, velja kva ein vil, ta plass sosialt,

gjera sine egne val osv. Fridom *frå* å t.d. verta undertrykt, fornedra, «knebla» etc. Er det noko som ikkje går i hop er det fridom og avmakt.

Eit av dei mest kjende bidraga til forståing av samfunnssklassar, er Karl Marx sin «Kapital» som vart gitt ut på midten av 1800-talet (Marx, 1983[1867]). Marx definerte klassar ut frå tilgang på produksjonsmiddel, og såg det som ein essensiell forskjellsskapande mekanisme kor vidt ein eigde produksjonsmidla sine eller ikkje. Dei som eigde produksjonsmidla var i posisjon til å kjøpa arbeidskraft, dei som ikkje eigde, måtte selja si arbeidskraft. Marx presiserte at desse *økonomiske forholda* skapar ulike klassar som står i ein maktrelasjon til kvarandre gjennom at den eine er utnyttar og den andre er utnytta (to klassar). Max Weber utvida seinare denne todelte klasseforståinga ved at han inkluderte fleire grupperingar og nivå, så å seia, i si forståing av klassar, stratifikasjon og makt: som livsstilsgrupper (eller stender) og parti (Weber, 1971[1922]). Ifølgje Weber skapar materielle eigedomar forskjellige livsvilkår og livssjansar, men i tillegg er klassar definert av evner og ressursar som kan omsetjast til økonomiske ressursar (Harrits, 2014, s. 28-34). Klassar kan vera definert av både eigarskap av pengar, reiskapar, jord og varer m.m., men òg særlege evner og utdanningar, som sikrar privilegerte posisjonar på arbeidsmarknaden. Her kan òg nemnast at Weber skil mellom klassar som reiskap til undersøking av maktfordelinga i den økonomiske orden, og stender til undersøking av den sosiale orden. Vesentleg er det òg – og her er påverknaden tydeleg hos Bourdieu – at stendene vert vurdert etter sosial ære eller prestisje frå resten av samfunnet, og denne æra er knytt til bestemte måtar å leva på, til bestemte livsstilar, og at stendene og den sosiale orden vert sett som sjølvstendige kjelder til makt og privilegerte posisjonar i samfunnet (ibid).

I forsøk på å strukturera ulike sosiologiske bidrag og tradisjonar av klasseforskning – spesielt forstått som effektar klasse har på folk sine livssjansar – skil Erik Olin Wright mellom klasse som individuelle attributtar og ulikskap, klasse som moglegheitsopphopning og sosial lukking, og klasse som utbytting og dominans (2010, s. 336-348; Wright & Rogers, 2011, s. 195-201). Klasse som ulikskap femnar om studiar som fokuserer på ulike individuelle attributtar og deira konsekvensar for livsvilkår.

«People have all sorts of individual attributes, such as sex, race, religion, intelligence, income, wealth, education, and geographical location. They have some of these attributes from birth: other attributes are acquired but once acquired are very stable, and still others are quite dependent upon a person's specific social location at any given point in time and may accordingly change. These attributes are consequential for various things we might want to explain, from health to voting behavior to child rearing practices. 'Class' then, is a concept that covers one of these attributes or a cluster of them» (ibid, s. 337).

Klasse som sosial lukking vektlegg mekanismar for eksklusjon og lukking, eller korleis opphoping av moglegheiter skapar ulikskap. Wright poengterer at Bourdieu sitt konsept om kulturell kapital og klassa distinksjonar fundamentalt sett er oppteken av sosial lukking og opphoping av moglegheiter. Klassestudiar i denne retninga fokuserer gjerne på korleis prosessar av sosial lukking vert skapt og forsterka gjennom sosiale nettverk.

«Social networks, and the closely connected idea of social capital, confer advantages to people in the network precisely because they give their members privileged access to resources and information. In all these cases, class generates its effects not simply through the attributes of individuals but also through the social relations within which those individuals live and interact (ibid, s. 340-341).

Den tredje greina av klasseforskning Wright nemner, er klasse som utbytting, der utbytting vert sett som ei supplerande årsak til at ulikskap vert generert. Her fokuserer ein på at relasjonar av makt mogleggjer dominans, utbytting og utnytting av arbeidsrelaterte aktivitetar. I så måte at nokre personar tener på å vera i posisjon til å *kontrollera* andre sine aktivitetar. Amerikansk stratifikasjonsforskning er nært knytt til den første tradisjonen, Weber-inspirerte tilnærmingar til klasse og ulikskap til den andre, og marxistiske klasseanalysar til den tredje (Wright, 2010, s. 336).

Når det er sagt, er det òg samfunnsvitskaplege stemmer som meiner at omgrepet sosial klasse er mindre relevant i dag samanlikna med ulike epokar på 1900-talet, nokre meiner til og med at klassesamfunnet ikkje fins, både for å fanga og forklara ulikskap, og i folk sine liv. Lawler (2005) viser

til dømes til at i britisk forskning så vel som i det politiske liv, er det personar som har annonsert «the death of class», anten i tydinga at klasse ikkje lenger er ein nyttig analytisk kategori eller i tydinga at klasse har forsvunne som empirisk fenomen. Utgjevnader som *The Death of Class* (Pakulski & Waters, 1996) og *The Classless Society* (Kingston, 2000) illustrerer desse posisjonane. Sjølv om ikkje alle går så langt som desse, er det fleire samfunnsforskarar som peikar på ulike sosiale prosessar som er sterkare til stades i dagens seinmoderne samfunn enn tidlegare, som dei hevdar verkar mot klasse: til dømes individualisering (Giddens, 1991), frigjering og fragmentering. Men her er forskjellige oppfatningar av kor vidt desse sosiale prosessane «utkonkurrerer» eller tilslører klasse.

Van Eijk er ein av dei som diskuterer korleis omveltande prosessar som individualisering og frigjering har prega og pregar samfunnet i dag, og korleis desse både verkar mot klasse og/eller skjuler classeskilnadar (Van Eijk, 2013). Individualisering er ein prosess som strider mot klassehierarki, og ifølgje van Eijk har individuell fridom teke noko av plassen for institusjonar som familie, kyrkja, nabolag og klasse. Konsekvensen er mellom anna at dei sistnemnde institusjonane er mindre sentrale komponentar når det gjeld kva som definerer kven ein er, og dei er mindre avgjerande for folk sine livsløp i dag. I tillegg har ulike typar frigjering utfordra «tradisjonell» hierarkisk tankegang (ibid). Frigjering av tidlegare avmektige grupper som kvinner, arbeidarar og etniske minoritetar har over tid resultert i demokratisering av sivile og politiske rettar og i utjamning av makt. Frigjeringa støtta og fremma egalitær tenking. Ein tredje type endringsprosess, som fleire reknar som eit produkt av den moderne samfunnsorden, som står i kontrast til den tradisjonelle og verkar mot klasse, er fragmentering. Simmel omtalar moderniteten som ein tilstand der individ rører seg mellom ulike sosiale sirklar som berre involverer delar av eins person (i K. Danielsen, 2013). Dette kan føra til fragmentering av erfaring og av sosiale relasjonar, og til at ei form for heilskap går tapt for folk (K. Danielsen, 2013).

Men, samstundes som det er mange som er kritiske til og endåtil har avvist at klasse er ei essensiell kjelde til sosial ulikskap, er det andre samfunnsforskarar som meiner både at strukturell ulikskap i høgste grad varar ved, og at på tross av endringar og omveltingar i samfunnet som

tilsynelatande verkar mot klasse, så er klasse eit analytisk omgrep som evner å fanga mekanismar som skapar ulikskap i dagens samfunn. Eg kan her leggja til at kor vidt forskarar omfamnar eller støyter frå seg omgrepet og konseptet klasse, dels finn si forklaring i omgrepet si historiske knyting. Klasseomgrepet har ei historisk kopling til marxisme og til politisk venstreside, og difor – i takt med kva politiske vindar som til ein kvar tid blåser (både i akademia og i det politiske liv) – blir omgrepet tillagd ulike tydingar og fell eller klatrar i popularitet.

Innan samfunnsvitskapleg forskning på klasse av i dag, kjem ein ikkje utanom Bourdieu sitt klasseperspektiv. Sjølv om dei som høyrer heime på denne greina har noko ulike perspektiv og i varierende grad er kritiske til Bourdieu sitt teoriapparat og klasseomgrep, er alle sams i at klasse er ein relevant kategori i forskning på sosial ulikskap (sjå t.d. Bennett et al., 2009; Dahlgren & Ljunggren, 2010; Faber, et al., 2012; Flemmen, 2013; Harrits, 2005; Jarness, 2013a; Korsnes et al., 2014; Prieur & Savage, 2013; Rosenlund, 2009; Savage et al., 2005; Sayer, 2005; Skoland, 2014b). Bourdieu-inspirerte klassestudiar er opptekne av klasse både som individuelle attributtar, sosial lukking og moglegheitsopphoping, og som utbytting, - men hovudtyngda av forskinga denne avhandlinga rettar seg mot er opptekne av klasse som ekskludering frå eller inkludering i moglegheiter/sosial lukking. Fordi Bourdieu sin «grand theory», og spesielt hans forståing av ulikskap og smak, er sentral i avhandlinga – slik den er det i Lamont sin kultursosiologi – skal eg nytta ein del plass på gjennomgang av hans omgrepsunivers.

### **3.3 Bourdieu sitt omgrepsunivers**

Bourdieu har med sin kultur- og smakssosiologi laga eit nytt omgrepsunivers. Det dekkjer etter kvart kjende omgrep som *habitus*, *felt*, *sosialt rom*, *livstilsrom*, og omgrepa for ressursar: *kulturell*, *økonomisk* og *symbolsk kapital* (Bourdieu, 1977, 1984, 1996b; Bourdieu & Passeron, 1990). Vidare har han både i og utanfor akademia knytt sitt eige namn svært tett til sjølve ordet *distinksjon*.

Når det gjeld klasse, er her to forhold som kan nemnast spesielt, som er relevante i denne samanheng: 1) premissen om at ulike livsvilkår formar



ulike folk, og 2) poengteringa av at kor vidt folk sjølve opplever vilkåra (strukturane) som klasse som eit empirisk spørsmål.

At ulike livsvilkår formar ulike folk (og til ein viss grad motsett) er i Bourdieu sitt perspektiv fanga i mellom anna omgrepa habitus og sosialt rom (1984). Habitus er skjema for persepsjon og handling, som er forma av personar sine posisjonar i ein sosial struktur. Konseptet om eit sosialt rom er ein form for struktur. Skjemaet over det sosiale rommet «kan leses som en nøyaktig tabell over de historisk konstituerte og ervervede kategoriene som organiserer samfunnsforståelsen til alle individer som hører til dette samfunnet og er formet av det» (Bourdieu, 1995, s. 222).

Bourdieu talar om at det sosiale rommet av posisjonar har ein «objektivitet av første grad» og ein «objektivitet av andre grad» (Bourdieu & Wacquant, 1992; Rosenlund, 2009, s. 28). Objektivitet av første grad går ut på at rommet har ein objektiv eksistens i form av fordeling av ulike former for kapital (økonomisk, kulturell og symbolsk) – som relasjonar mellom objektive kjennemerke. Objektivitet av andre grad handlar om mentale strukturar og klassifikasjonar, om korleis menneske dømmer og bedømmer, klassifiserer og tolkar, utviklar vanar og uvanar, sympatiar og antipatiar (Faber, et al., 2012). Altså korleis dei objektive kjennemerka vert oppfatta. I same forståing skriv Marie R. Haug at biologiske distinksjonar som alder, kjønn og etnisitet, og erverva distinksjonar som makt, formue og prestisje alle er «subject to socially developed hierarchies of worth», og at «all these distinctions are invidious: not intrinsic to the category, but extrinsic, located in the eye of the beholder» (Haug, 1977, s. 52). At distinksjonane og kjennemerka ikkje er egentlege og sanne, men snarare kjennemerke som må tolkast «utanfrå», lokalisert «in the eye of the beholder», illustrerer dualiteten mellom det objektive og det subjektive nivået når det gjeld ulikskap og hierarki. Gitt denne sanninga, kan heller ikkje den eine eksistera utan den andre.

I Bourdieu sitt perspektiv er ikkje objektive sosiale forskjellar og subjektive opplevingar av desse eitt og det same, men dei står i uløseleg relasjon til kvarandre. Referansar til mellom anna inntekt, utdanningsnivå, alder, bydelstilhøyrse, politiske verv, kjønn og yrke er objektive storleikar. Dei kan målast og sjåast gjennom skattelister, lønsutbetalingar, utdanningspapir, stillingstitlar, bustadadresser osb. Kva desse objektive



storleikane *tyder* – korleis dei vert subjektivt konstruert – er noko anna. Det kan vera meir eller mindre samsvar mellom objektive forhold og dei subjektive oppfatningane av desse, men det treng ikkje vera det. Dei objektive forholda treng altså ikkje vera identisk med korleis desse forholda vert *oppfatta* (sjå t.d. Gullestad, 1996; Korsnes, et al., 2014). Til dømes kan eg visa til inntekt, ein i utgangspunktet objektiv storleik. Kva som vert oppfatta og opplevd som høg og låg inntekt kan variera med referanse til kva inntekt ein sjølv har og har hatt opp gjennom tidene, kva ein evner å sjå for seg, og kva inntektsnivå ein har erfaring med frå personar rundt seg, osb. Erfaringar av inntekt vil vera med å påverka korleis ein person vurderer inntekt og inntektsnivå til ei kvar tid. På same vis – korleis den objektive eigenskapen kvinne/mann spelar seg ut i ulike situasjonar er det òg som kjend varierte og mangfaldige praksisar på og oppfatningar av. Folk legg ulike tydingar til forskjellar og likskapar, og difor vert objektive forhold oppfatta og opplevd ulikt.

Av dette følgjer at objektiv ulikskap mellom folk kan vera stor sjølv om den ikkje vert oppfatta som det. Det tyder samstundes det motsette, at oppfatningar om forskjellar kan vera store sjølv om dei objektivt sett ikkje er det. Slik kan ein tala om både objektiv og subjektiv ulikskap, og objektiv og subjektiv (følt) likskap. Gullestad talar om at vi i Noreg er prega av eit «førestelt likskap» (Gullestad, 2001a, s. 35). Denne går ut på at vi har ei førestelling om at vi er likare enn vi reint faktisk er. Gitt dette har ein å gjera med oppfatningar av likskap som ikkje samsvarar med den objektive likskapen. I tråd med dette er det fleire studiar som finn mismatch mellom objektive livssjansar og subjektivt medvit om klasse og sosiale posisjonar (sjå t.d. Sennett & Cobb, 1977; Skeggs, 1997).

Kor vidt folk opplever seg som del av ei klasse vert i så måte eit empirisk spørsmål. Dahlgren og Ljunggren refererer til dette forholdet slik: «På den ene siden skal sosiologiens behandling av klassesmatikken fange sentrale sider ved samfunnet, men på den andre siden kan det ikke uten videre ses bort fra folks egne erfaringer som levd klassetilhørighet (...). Et fag som studerer samfunnet kan ikke hevde ubetinget definisjonsmakt over sine forskningssubjekter – det er ikke fagets rolle å fortelle folk hvem de egentlig er – men sosiologiens kan bidra til å øke folks forståelse, forutsatt at denne forståelsens røtter er å finne i de samme menneskenes opplevelser»

(Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 15). Ei «klasse på papiret» - ein analytisk storleik - kan verta reelt eksisterande berre såframt ei gruppe oppfattar seg som ei klasse (Faber, et al., 2012).

Samanliknar ein Noreg med andre land, kjem det fram at norske respondentar skil seg ut over tid med å oppfatta sitt eige land som langt meir egalitært enn det ein gjer i både Sverige, Storbritannia og på kontinentet (Hjellbrekke & Korsnes, 2012; Korsnes, et al., 2014, s. 56). I ein studie frå 2009 om oppfatningar av kva samfunnstype eins eige land er, med respondentar frå fem land, går det fram at fleirtalet av dei norske respondentane (56,4) har ei oppfatning av Noreg som eit samfunn der dei sosiale skilja er små («dei fleste er å finna midt på samfunnsstigen, og berre eit fåtal er å finna på botnen») (Hjellbrekke & Korsnes, 2012, s. 20). Til samanlikning er det 12,1 i Frankrike som meiner det same, og 37,9 i Sverige. Sistnemnde er gjerne mest overraskande all den tid Noreg og Sverige ofte vert gruppert saman som «like land», mellom anna i kraft av å vera skandinaviske velferdsstatar. Det fins altså klare samfunnsspesifikke forskjellar i oppfatningar av kva type samfunn det er ein lever i. Hjellbrekke & Korsnes visar òg til at same yrkesposisjonar vert ulikt oppfatta og ulikt plasserte med omsyn til status i ulike land, og at det rår samfunnsspesifikke forskjellar både med omsyn til kva ein oppfattar som avgjerande for å koma seg fram i eins eige samfunn og kva prinsipp for påskjøning ein meiner er mest verksame til det (ibid, s. 21-22). Til dømes står oppfatningar om at ambisjonar og hardt arbeid er viktig for å koma seg fram i verda, særleg sterkt i Noreg (utdanning er ikkje vurdert som viktig av like mange). Det er slik tydeleg at kva som vert forstått og tolka som likt og forskjellig, varierer (Gullestad, 1996, s. 225).

Når det gjeld Bourdieu sin kultursosiologiske forskning, og *Distinksjonen* spesielt, gir til kjenne i første avsnitt i *Distinksjonen* kva han er oppteken av og kva boka skal ta for seg. Det er 1) kva forhold som skapar smak, og forskjellar i smak, 2) skildring av ulike måtar kulturelle gode og kunstverk vert tileigna på, og 3) maktforholda som ligg bak det at visse former for tileigning vert rekna som legitim, eller meir anerkjend (Bourdieu, 1984, s. 1). Her er altså snakk om bakanforliggjande årsakar til variasjonar i smak, skildring av variasjonar i *måtar* å ta til seg kultur på, og erkjenninga av at smaksfeltet ikkje er urangert og tilfeldig organisert.

Slik eg ser det, er dei tre mest grunnleggjande erkjenningane i Bourdieu sin kultursosiologi, som følgjer: for det første at det ikkje berre er skilnadar som går på økonomiske ressursar og økonomisk kapital som skil oss. Kultur, forstått som utdanning, viten, evner og danning, skapar òg forskjellar og har reelle effektar som forskjellsskapande. Reelle effektar som til dømes: at dei som har foreldre med utdanning i langt større grad får hjelp heimanfrå og vert fortruleg med «kultur» i oppveksten, og at dei gjennom dette får fordelar i skulesystemet (Bourdieu & Passeron, 1990), at sosiale nettverk spelar ei rolle for inkludering og ekskludering, gjennom jobbtildeling, og generelt for tildeling av privileger og samfunnsmessige gode. Bourdieu set «kulturell makt» ved sida av økonomisk makt. Den andre grunnleggjande erkjenninga er at det er mønstre i våre såkalla frie val, og erkjenninga av at desse mønstra finn sine forklaringar i bakanforliggjande strukturelle forhold. Det som står fram som personleg individuell smak, er de facto kollektive mønstre, - altså er dei sosialt bestemt. Den tredje erkjenninga er at det til ein kvar tid er visse typar smak som gjeld som legitime, som er meir anerkjende enn andre, og som det følgjer privileger med om ein meistrar. «Bourdieu beskriver ikke kulturen med begrepene høyt og lavt, men skjelner isteden mellom legitim og illegitim, noe som framstår som konsekvent på bakgrunn av at han interesserer seg for den kulturen som anerkjennes, og som på grunn av anerkjennelsen utøver symbolsk makt» (Scott Sørensen, et al., 2008, s. 215). Kort sagt: smak er sosialt skapt, viser seg kollektivt, og er knytt til makt.

Dette er sjølvsagt svært forenkla, og for å forstå Bourdieu si smaksforståing og kultursosiologi, må vi ytterlegare inn i omgrepsuniverset hans. Eg byrjar med det sosiale rommet, eller det å sjå den sosiale verda som eit sosialt rom av posisjonar, eit rom av *relasjonar mellom posisjonar*. Det sosiale rommet er – slik det står fram grafisk – delt inn i fire ruter og utleia av dei to formene for kapital: kulturell kapital og økonomisk kapital. Kulturell kapital og økonomisk kapital er former for ressursar som ein anten kan ha mykje av eller lite av (kapitalvolum, eller kapitalmengd), og ein kan ha meir av det eine eller meir av det andre (kapitalsamansetnad). I tillegg kjem folk sine løpebanar, eller deira mobilitetshistorie. Grafiske framstillingar av det sosiale rommet, som ei firedelt flate med prikkar i, er forsøk på framstilling av eit fleirdimensjonalt rom, - for her er sentralt at

Bourdieu forstår samfunnet si oppbygging som fleirdimensjonalt og meir komplekst enn eindimensjonale hierarkiske bilete som til dømes ein pyramide gir grunnlag for. Men det firedelte rommet er likevel ei forenkla framstilling, redusert ned til dei to viktigaste dimensjonane for romkonstruksjonen (Faber, et al., 2012, s. 77).<sup>6</sup>

Når det gjeld korleis ein reknar ut personar sine posisjonar i det sosiale rommet, vert dei gitt av summen av – eller relasjonen mellom – svar på spørsmål om eiga utdanning, type utdanning, fars utdanning, yrke, fars yrke, inntekt, fast eigedom, aksjar, og verdi på diverse utstyr som bil og båt (Faber, et al., 2012; Rosenlund, 2009). Her er noko ulikt kva spørsmål Bourdieu og forskjellige etterføljarar vel, fordi det ikkje er gitt korleis ein skal operasjonalisera kapitalformene. Men uansett, gjennom definering av verdiane på dei ovannemnde analyserte variablane, og med basis i summen av personar sine verdier og svar, får personar eigenskapsprofilar i rommet (Rosenlund, 1998, s. 49). I nærleiken av kvarandre i det sosiale rommet vil det slik opptre eigenskapsprofilar som liknar kvarandre med omsyn til dei nemnde variablane (spørsmåla). Det tyder at avstandar «på papiret» - altså i rommet si grafiske framstilling – kan tolkast som sosiale og kulturelle avstandar «i røynda» (Rosenlund, 1998, s. 50). Nærleik og avstand mellom posisjonar er difor sentrale omgrep.

Når Bourdieu nyttar omgrepa kapitalvolum og kapitalsamansetnad, er det ein måte å sjå, definera og forklara sosial ulikskap på. Kapitalvolumet skil samfunnet sine medlem grovt sett i ulike sosiale klassar eller fraksjonar, og kapitalsamansetnadsprinsippet skil mellom overvekt av kulturelle orienteringar og økonomiske orienteringar.

Ved sida av det sosiale rommet av posisjonar fins livsstilsrommet (Bourdieu, 1984; Rosenlund, 2009). Livsstilsrommet bygg på svar på spørsmål om kulturelt forbruk, preferansar og kompetansar i tillegg til moralske og politiske haldningar, og er organisert etter same prinsipp og motsetnader som det sosiale rommet (Faber, et al., 2012, s. 78). Livsstilsrommet refererer til ein kontekst som eigentleg består av eit

---

<sup>6</sup> Her kan nemnast som eit apropos at den grafiske framstillinga av det fleirdimensjonale rommet, som vert todimensjonal på papiret, har utbetringspotensiale kva gjeld formidling. Bourdieu meinte at samfunnet sin struktur og oppbygging kan samanliknast med ein uro, altså eit fleirdimensjonalt objekt i konstant rørsele (ibid), og dette evner ikkje eit grafisk to-dimensjonalt stillbiletet med fire ruter å fanga.

uendeleg tal komponentar: aktivitetar, vanar og uvanar, interesser, preferansar, verdiar, orienteringar osv., av denne grunn er det umogleg å gjengi rommet i si totalitet (Rosenlund, 1998, s. 51). «Livsstilsrommet er eit 'system av distinktive (særskillende) tegn', der disse tegnene ikke har noen mening i seg selv, heller ikke i relasjon til en bestemt sosial posisjon, en bestemt klassefraksjon. I stedet må man undersøke den bestemte livsstilen i relasjon til alle andre livsstiler, i system av livsstiler» (ibid, s. 51). Nok eit poeng hos Bourdieu er at her er homologi mellom dei to romma, noko som tyder at det er dei same logikkane gjeld.

Av gjennomgangen så langt kan vi skimta at røynda sin relasjonelle karakter er vesentleg for Bourdieu. Alle Bourdieu sine konsept er relasjonelle (Prieur & Savage, 2013, s. 4). Han er sentral i utviklinga av ein «relational approach to the analysis of social and cultural practices, which stressed the respect in which their meaning and effects depend on the complex, dynamic and shifting systems of relations of which they form a part rather than on any inherent or intrinsic properties» (Bennett, et al., 2009, s. 24). Den relasjonelle tilnærminga til røynda vektlegg at meining som vert tillagt sosial og kulturell praksis, likedan som objekt, og effektar dette måtte ha, avhenger av slik dei står i relasjon til andre praksisar og objekt (heller enn av ibuande eigenskapar). Eksemplifisert gjennom smaksfeltet: ein kulturell praksis eller ei smaksmessig ytring står i relasjon til andre praksisar og ytringar, og får sine eigenskapar gjennom nettopp korleis dei står sosialt i relasjon til andre eigenskapar.

Vidare er habitus ein sentralt omgrep i Bourdieu sin sosiologi. Habitus kan definerast som eit sett av tilbøyelegheiter eller veremåtar, eit system av disposisjonar som tillèt menneske å handla, tenkja og orientera seg i den sosiale verda (Faber, et al., 2012, s. 48). Habitus gir ei kjensle av å høyra til i bestemte miljø og ei kjensle av framandheit i andre (ibid). Som eit sett av disposisjonar som genererer regelmessig praksis, persepsjonar og holdningar, gir habitus veg til handlingar og tilbøyelegheiter utan at dei på ein streng måte determinerer dei, dei er ein form for praktisk sans («practical sense») (Bourdieu, 1977, 1984).<sup>7</sup> Habitus kan definerast som

---

<sup>7</sup> Disposisjonane som utgjer habitus er 1) innprenta (gjennom eit vell av verdslege trenings- og læringsprosessar får individet eit sett av disposisjonar som formar kroppen, tidlege erfaringar å barndomen er spesielt viktige), dei er 2) strukturerte (disposisjonane reflekterer dei sosiale forholda

kroppsliggjorte skjema som er danna i løpet av den kollektive historia, og som er erverva i løpet av den individuelle historia, og som verkar i ei praktisk form og for eit praktisk formål (Bourdieu, 1995, s. 219). Vidare: «skjemaene for habitus (...) virker under bevissthetens og språkets terskel, og derfor er hinsides det en kan granske og styre med viljen. Disse skjemaene er en praktisk orientering av praksis (...) (ibid, s. 217). Ved å verka gjennom habitus, står sosialt etablerte forskjellar på denne måten fram som personlege preferansar.

Når det gjeld omgrepet *felt*, viser det til ein marknad eller eit strukturert rom av posisjonar, eit sosialt univers (Bourdieu, 1993). Det er eit autonomt sosialt univers der det i samsvar med bestemte lover samlar seg spesifikke former for kapital (ibid, s. 164). Bourdieu hevdar at eit felt alltid er ein stad for kamp, der individ søkjer å oppretthalda eller auka/endra distribusjonen av formene for kapital, - altså å endra livsvilkåra til sine fordelar. Ein kamp om kva ord og kven sine ord som skal få definera verda, eller avgrensa delar av verda. «Stridens eple i kampene om den sosiale verdens mening er makten over de klassifikasjonsskjemaene og det klassifikasjonssystemet som ligger bak forestillingene om ulike grupper – og dermed også bak mobiliseringen eller demobiliseringen av dem» (ibid, s. 239).

At kapitalformene er feltspesifikke tyder at ressursane er relative og avhengige av kva som til ein kvar tid og i kvar spesifikk kontekst vert verdsatt og høgt akta.

Omgrepet kulturell kapital er Bourdieu sitt eige omgrep og teoretiske konstruksjon, og spelar ei sentral rolle i hans forskingsarbeid (Rosenlund, 1998, s. 47). Den viktigaste måten å tileigna seg kulturell kapital på er i familien, gjennom sosialisering. I tillegg er skule- og utdanningssystemet ein viktig arena. Konseptet kulturell kapital var originalt utvikla som eit verkty for å forklara at born sin suksess i skulen avhang av utdanningsnivået til

---

dei er erverva under, det vil seie at likskapar og skilnadar som karakteriserer dei sosiale forholda, reflekterast i habitus, dei er 3) haldbare (disposisjonane er haldbare på den måten at dei er inngrodd i kroppen på ein måte som gjer at dei varar gjennom livsløp, og dei opererer på ein umedvite måte, og er dermed som oftast ikkje gjenstand for refleksjon eller modifisering), dei er 4) generative og transporterbare (disposisjonane evner å generera eit fleirtal av praksisar og persepsjonar i andre felt enn dei originalt var skapt i), og dei er 5) kroppsliggjorte (disposisjonane er innprenta og inngrodd i kroppen gjennom erfaring og gjer at ein handlar, svarar, tenkjer slik og slik. Dei står dermed fram som naturlege) (hexis).

foreldra (Prieur & Savage, 2013, s. 2). Born av utdanna foreldre nyt fordelar, ikkje berre i kraft av at dei får praktisk hjelp til skularbeid i heimen, men òg gjennom at dei tidleg vert familiære med høgkultur og kultur (ibid). Omgrepet kulturell kapital har hatt ei enorm utbreiing, og det er stor variasjon i korleis omgrepet og konseptet vert forstått og brukt (sjå t.d. Holt, 1997; Lamont & Lareau, 1988; Prieur & Savage, 2013). Gitt dette er det essensielt å understreka at konseptet ikkje viser til noko statisk og uforanderleg, men til noko flytande, fleksibelt og relasjonelt (Prieur & Savage, 2013, s. 4). På same måte som at *Distinksjonen* ikkje gir størst utbytte om den vert lest som ei analyse av korleis det moderne samfunnet *er*, men som korleis det moderne samfunnet kan analyserast (ibid), bør heller ikkje konseptet kulturell kapital forståast som «det det var» i Frankrike på 1960-70-talet, men som eit konsept som kan vera med å forklara kva kulturelle privilegerer som gjeld i ulike kontekstar til ulike tider, og kva sosiale konsekvensar dette har.

Siste bourdieuske konsept som skal nemnast i denne gjennomgangen, er symbolsk makt, - eit konsept som er sentralt i avhandlingen. Symbolsk makt er ifølgje Bourdieu makt til å konstruera røynda (1996b, s. 40). Bourdieu ser for seg at alle klassar og undergrupper deltek i ein symbolsk kamp for å påtvinga den definisjonen av den sosiale røynda som best svarar til deira egne interesser. Sosial dominans handlar i så måte om herredøme over persepsjonskategoriar: måten verda vert oppfatta, inndelt, vurdert og framstilt (Faber, et al., 2012, s. 49). Symbolsk makt er ei usynleg makt som berre kan utøvast med delaktigheit av dei som ikkje veit at dei ligg under for den, eller endåtil ikkje veit at dei utfører den (Bourdieu, 1996b, s. 38). Sentralt er det difor at utøving av makt gjennom symbolske bytte alltid kviler på ei stilleiande godkjenning av maktas legitimitet. I dette ligg det at enkeltpersonar ikkje maktar å sjå eller avdekkja at hierarkia og makta er sosiale konstruksjonar som tener interessene til nokre grupper meir enn andre. Til dømes: i det låge klasselag tek for gitt visse aspekt ved det etablerte hierarkiet, støttar dei samstundes eit evalueringssystem som jobbar mot dei sjølve. Dei dominerte oppfattar dei dominerande gjennom kategoriar som dominansforholdet har brakt fram, og som følgeleg er i samsvar med dei dominerande sine interessert, skriv Prieur om Bourdieu si forståing av symbolsk makt (Prieur, 1998, s. 141).



Utdanningssystemet er for Bourdieu ein effektfull vidareformidlar av symbolsk makt, fordi forskjellar her vert reproduisert utan at det vert stilt spørjeteikn ved dei (Bourdieu & Passeron, 1990).

Med dette innsynet i Bourdieu sitt teoretiske omgrepsunivers, går eg vidare til den canadisk-franske sosiologen Michèle Lamont si forståing av kultur og ulikskap.

### ***3.4 Lamont sitt grensedragingsperspektiv***

Lamont har vorte kjend for sin bruk av omgrepet grenser («boundaries»), og spesifikt for det ho kallar symbolske grenser (Lamont, 1992, 2000; Lamont & Fournier, 1992; Lamont & Molnár, 2002). Symbolske grenser definerer ho som konseptuelle distinksjonar og skilje folk lagar for å kategorisera andre personar, objekt og praksisar (Lamont, 1992, s. 9). Dei er tankemessige og *symbolske* i motsetnad til konkrete, synlege og manifesterte. Desse tankemessige skiljelinjene tyr enkeltpersonar til når dei gjer slutningar om kven dei er lik og ulik, kva dei likar og ikkje likar, kven dei inkluderer og kven dei ekskluderer, - altså når dei vurderer og evaluerer omverda. Prosessen av kategorisering kallar Lamont *symbolske grensedraging*. Grensedraging vert slik ein del av prosessen der folk skapar og definerer seg sjølve, og innsyn i enkeltpersonar sine måtar å trekkja grenser, indikerer korleis dei forstår, snakkar om, tenkjer om, evaluerer med og gjennom kategoriar og skiljelinjer.

“Boundary work is an intrinsic part of the process of constituting the self: they emerge when we try to define who we are: we constantly draw inferences concerning our similarities to, and differences from, others, indirectly producing typification systems. Thereby we define our own inwardness and the character of others, identity being defined relationally» (Lamont, 1992, s. 11).

Grensedragingsperspektivet set fokus på folk sine egne kategoriar og klassifikasjonar. «The boundary approach» er ein framgangsmåte for undersøking av korleis ulike folk set opp grenser og skiljelinjer når det gjeld til dømes kva type folk dei likar, og ikkje likar, kva dei reknar som god og



dårleg åtferd, god og dårleg smak, låg moral og høg moral, ønskjeleg og forkasteleg, kven dei ser på som lik seg sjølv og forskjellig frå seg sjølv osb.

For å eksemplifisera konseptet om symbolsk grensedraging, kan eg visa til spørsmålet: kven er betre enn deg? Vi kan tenkja oss at vi stiller dette spørsmålet til ulike personar med ulike sosiale kjennemerke (alder, utdanningstype, yrkesposisjon m.m.). Kva mønster fins i korleis ulike personar svarar rundt dette spørsmålet? Grensedraging handlar om ulike tydingar som vert tillagd ordet *betre*. Koplar folk det til moral, og viser til at nokon er snillare og lever meir verdimesig rett enn dei sjølve, eller koplar dei det primært til at nokre veit meir enn seg, altså til kunnskap, eller koplar dei det til andre aspekt, eller ein kombinasjon av fleire. Koplingane som vert gjort, er grensedraging.

Om vi løfter denne prosessen opp frå enkeltindividet, er grensedraginga òg ein måte å danna formar for gruppedlemskap på. Når fleire personar trekk liknande grenser, er det med å forma gruppelikskap. Nokre deler slik fellestrekk i måten dei tenkjer omkring, klassifiserer og set karakteristikkar til personar, folk og praksisar. Slik produserer grensedraginga både likskap og ulikskap.

«(...) boundaries not only create groups: they also potentially produce inequality because they are an essential medium through which individuals acquire status, monopolize resources, ward off threats, or legitimate their social advantages, often in reference to superior lifestyle, habits, character, or competence» (Lamont, 1992, s. 12).

Delte oppfatningar og overtydingar gir spesifikke definisjonar av røynda, oppfatningar og overtydingar som er «sanningar» for dei som deler dei. Sanningane er skiftande eller endrar seg, og det som er ei sanning for ein, treng ikkje vera det for ein annan. Sentralt er det òg at desse grensene for ein stor del vert tekne for gitt, dei er ikkje noko folk går og reflekterer over og tenkjer medvite om. Folk posisjonerer seg og handlar ut frå grensene utan å tenkja over det.

Sjølv om grensene er konseptuelle distinksjonar som vert trekt på det mentale plan, konstituerer dei eit system av reglar som styrer interaksjon, ifølgje Lamont (1992). Grensene ligg som grunnlag for

handling og interaksjon. Grensene utgjør «a system for rules that guide interaction by affecting who comes together to engage in what social acts» (Lamont, 1992, s. 12). Dette er ikkje anna enn å seia at enkeltpersonar sine førestillingsverder er med å styra deira handlingar og opptredener. Overgangen der grensene går frå mentale skiljelinjer til å bli sosiale grenser med sosiale konsekvensar, omtalar Lamont og Molnár som at symbolske grenser *blir* sosiale grenser. Begge er like reelle, men der symbolske grenser «exist at the intersubjective level», så manifesterer dei sosiale seg «as groupings of individuals» (Lamont & Molnár, 2002, s. 169). Om det er mange nok som deler symbolske grenser kan dei bli til sosiale grenser gjennom eksklusjon og inklusjon. Symbolske grenser er på denne måten «a necessary but insufficient condition for the existence of social boundaries» (ibid, s. 168).

I si mest kjende bok *Money, Moral and Manners* (1992), nyttar Lamont mykje av Bourdieu sitt teoretiske apparat som utgangspunkt, og diskuterer, utfordrar og kritiserer ut frå det. Boka er ei kvalitativ undersøking av korleis den mannlege øvre middelklassa i Frankrike og USA gjer vurderingar av den kulturelle verda rundt seg, og korleis høg status vert oppfatta. Lamont fann at middelklasserepresentantane gjorde bruk av tre former for symbolske grenser i si forståing av kultur og smak og av markørar på høg status. Dei tre standardane for grensedraging og hierarkisering kallar ho moralske, sosioøkonomiske og kulturelle grenser. Moralske grenser vert trekt når moralske standardar vert nytta for å evaluera folk, objekt og praksisar. Desse grensene sentrerer rundt kvalitetar som ærlegdom, arbeidsetikk, personleg integritet og omtanke for andre. Sosioøkonomiske grenser blir trekt når folk evaluerer objekt, folk og praksisar med referanse til sosial posisjon, til velstand, yrkesmessig suksess og makt. Kulturelle grenser vert trekt når kulturelle standardar vert nytta for å evaluera folk, objekt og praksisar. Kulturelle standardar er til dømes utdanning, intelligens, danning, manerar og meistring av høgkultur. Ho fann vidare at det er forskjellar mellom dei to landa når det gjeld kva hyppigheit og styrke dei legg til dei ulike grensene (1992, s. 130-134). Ho finn at moralske grenser vert like hyppig trekt i begge land. Samstundes spelar moral ei sekundær rolle for begge grupper. Sosioøkonomiske grenser er meir framstående i USA, medan dei kulturelle grensene er skarpast i Frankrike. Mønstra i dei

to landa er slik omvendt frå kvarandre: i Frankrike er kulturelle grenser den mest framstående type gresnedraging, medan sosioøkonomiske grenser er minst framstående. I USA er både sosioøkonomiske og moralske grenser meir hyppige enn kulturelle grenser. Dette tyder at standardar for prestisje og status har nasjonale variasjonar, og det er samstundes verd å understreka at kulturelle grenser og kulturelle hierarki generelt sett, er meir framstående blant den franske middelklassa. I forlenginga av desse mønstra sluttar Lamont at ulike grupper har lettare for å kritisera og motsetja seg gresnene som ikkje er framstående hos dei sjølv (t.d. at franskmenna har mykje lettare for å kritisera og motsetja seg sosioøkonomiske grenser, medan amerikanarane har lettare for å motsetja seg for eksempel intellektualisme).

Når det gjeld forklaringsar på kvifor ho finn systematiske forskjellar i gresnedraging i dei to landa, visar Lamont til fleire kulturelle og strukturelle forklaringsfaktorar. Ho hevdar at sjansane for at individ trekk ei type grense framfor ei anna mellom anna er strukturert av det ho kallar nasjonale kulturelle repertoar. Gjennom historia har eit sett med moglege måtar å fortolka og gje meining til verda på, manifestert seg i kulturelle repertoar, visse kulturelle repertoar er til gjort tilgjengeleg i ulike kontekstar, og desse repertoara vel folk aktivt frå. Dei kulturelle repertoara er altså kulturelt tilgjengelege vurderingsmåtar, forma av den historiske utviklinga til eit land eller ein kontekst og kjenneteikn ved institusjonar som media og utdanningssystem. Vidare er det fleire strukturelle faktorar som påverkar kva typar gresnedraging det er sannsynleg at ulike folk dreg: karakteristikkar ved det samfunnet kvar og ein er ein del av («remote environmental factors», som t.d. nærværet eller fråværet av offentleg sektor, nivået av etnisk mangfald og kjenneteikn ved lagdelingssystemet), og personar sin strukturelle situasjon («proximate environmental factors», som sosial posisjon, kjønn og alder). Med hennar eigne ord: “(...)The relative salience of moral, socioeconomic, and cultural boundaries, varies with the cultural resources that individuals have access to and with the structural conditions in which they are placed» (Lamont, 1992, s. 6).

Det er altså ikkje tilfeldig kva grenser ein grip tak i:

“Individuals do not exclusively draw boundaries out of their own experience: they borrow from the general cultural repertoires supplied

to them by the society in which they live, relying on general definitions of valued traits that take on rule-like status» (Lamont, 1992, s. 7). «(...) determined by available cultural resources and by spatial, geographic, and social-structural constraints (Lamont, 1992, s. 11).

Noko av kritikken Lamont rettar mot Bourdieu (som ein stor del av hennar akademiske virke dreier seg rundt) ligg mellom anna i at ho hevdar hans perspektiv ikkje evner å forklara krysskulturelle eller kryssnasjonale variasjonar. I den samanhengen meiner Lamont at Bourdieu legg for mykje vekt på enkeltpersonar sin strukturelle posisjon. Grensedragingsperspektivet opnar for, hevdar ho, fokus både på enkeltpersonars strukturelle situasjon, men òg nasjonale kulturelle repertoar, og strukturelle karakteristikkar ved kvart land/kontekst, - og saman: korleis desse påverkar sannsynet for at individ og grupper trekk nokre former for grenser framfor andre. I tillegg er spørsmålet om moralen si rolle sentral i kritikken hennar av Bourdieu, ho meiner moralske grenser er «one of the blind spots in Bourdieu's theory» (ibid, s. 184). Sjølv finn ho som nemnd grunnlag for å vektleggja tre former for grenser: kulturelle, sosioøkonomiske og moralske. Desse er sett av forskjellar som har varierende tydingar for folk. På sett og vis kan dei to førstnemnde sjåast som høvesvis kulturell og økonomisk kapital (eller kulturelle og økonomiske orienteringar), sjølv om Lamont sjølv ikkje set likskapsteikn mellom desse. Og så hevdar ho altså at moralsk grensedraging er like så sentrale som dei to andre. Ho skriv: «while he (Bourdieu) is very concerned with symbolic capital which he defines as a power of consecration, or a credit that one has because one has a legitimate social position, he grounds this authority in economic and cultural capital, and not on moral purity or esteem» (ibid, s. 277, fotnote 54).

Etter å ha gått gjennom dei to hovudperspektiva avhandlinga lener seg mot, og med dette ha presentert nøkkelomgrep, skal eg gå vidare til kort å omtala ulike teoretiske perspektiv på smak (som identitet, som høg og låg kultur, anerkjend og ikkje fullt så anerkjend, som makt).

### **3.5 Smak**

#### *3.5.1 Smak som konsum og forbruk*

Smaks- og livsstilspreferansar – innan til dømes heimeinnreiing, klede, musikk og kunst – dreier seg om forbruk og konsum. Konsum og forbruk er, ikkje overraskande, ein sentral del av samfunnsvitskapen i dag. I ein vestleg kontekst der enkeltpersonar er langt frå sjølvforsynte, vert konsum – altså måten vi skaffar oss, forbruker og lever med ting – eit sentralt aspekt ved våre liv. Zygmunt Bauman nyttar til og med merkelappene «konsumsamfunnet» på samtida vår, i ei form for namngjeving av samfunnet i noet som skil det frå jordbruksamfunnet, industrisamfunnet, eller kunnskapssamfunnet for den del (sjå Aakvaag, 2005). Som modernitetskritikk er dette ein påstand om at industrisamfunnet sin produksjonslogikk har blitt erstatta av konsumsamfunnet sin forføring- og konsumlogikk (ibid, s. 2). Merkelappene vert gitt i forsøk på å fanga fellestrekk ved spesifikke tider som forklarar særdrag ved produksjon, arbeid, identitet, sosial omgang osv. Men fordi merkelappene er så generelle kan ein diskutera kva dei i det heile teke fangar. Det er vidare grunn til å vera kritisk til ideen om konsumsamfunnet med grunn i at dette er ein bindestrekkssosiologi som projiserer og generaliserer utviklingstrendar innanfor enkelte sektorar, til å vera gjeldande for samfunnet i stort (ibid).<sup>8</sup> Likevel er det ikkje tvil om at konsum er sentralt i dagens vestleg-moderne samfunn, at det har vorte viktigare dei siste tiåra, og at ting vi har og omgir oss med, er sentrale for vår livsførsel og praksis (måten vi lev våre liv), og for identitet og sjølvkjensle (måten vi tenkjer om oss sjølve og «vår gruppe»). Velstandsutviklinga dei siste tiåra er mellom anna med på å gjera at konsum stadig flyttar meining frå sin misjon om å fylla spesifikke praktiske behov, til sin misjon om å kommunisera symbolske aspekt ved identitet og tilværet.

Konsum og materiell kultur handlar om både produksjon, anskaffing, bruk og kast, men òg om meningsdanning. Don Slater skil mellom tre forhold (Slater, 1997, s. 4-5): for det første dreier konsum seg om produksjon: om teknologiske moglegheiter, arbeidsrelasjonar, eigedom

---

<sup>8</sup> Konsum kan ikkje bere eit heilt samfunn på sine skuldre, skriv Aakvaag i sin argumentasjon mot Baumans konsumsamfunn.

og distribusjon. Forholdet mellom produksjon og konsum er med å indikera kva type samfunn vi er, - korleis er tilgjengelegheita til konsum regulert, kva kjenneteiknar førestellinga mellom kvardagslivets varer og eit godt liv osv. (ibid). For det andre handlar konsum om (sanninga om) at alle objekt, eller alt konsum, er meningsfulle og dermed knytt til eit vidare felt av kulturell reproduksjon. «(I)n consuming we do not – ever – simply reproduce our physical existence but also reproduce (sustain, evolve, defend, contest, imagine, reject) culturally specific, meaningful ways of life. In mundane consumption we construct social identities and relations out of social resources with which we engage as skilled social agents» (ibid, s. 4). For det tredje er konsum knytt til identitet og etikk, og til etiske spørsmål omkring sosiale, moralske og religiøse reguleringar av sjølvet. Som generelle fenomen, er ingen av desse forholda nye. Så når namngjevinga konsumsamfunnet vert vurdert som ein relevant samtidsdiagnose for nokre i dag, viser det at *intensiteten* rundt desse forholda har auka.

Avhandlinga refererer til Slater sine to sistnemnde forståingar av konsum: objekt som meningsfulle og konsum som knytt til identitet. Om vi tenkjer oss ei «linje» frå produksjon til innkjøp/val, til bruk/eigarskap, til kast/gjenbruk, - ligg avhandlinga sitt fokus på bruk og eigarskap, på det folk har eller kunne hatt, og kva det folk har eller kunne hatt tyder for dei sjølve og for andre.

### 3.5.2 *Smak som preferanse, praksis og kunnskap*

Interaksjon mellom menneske og den materielle verda er relasjonar mellom subjekt og objekt. Objekt er både noko enkeltpersonar likar og har preferansar knytt til, skaffar seg (eller ikkje), brukar og/eller viser fram, har kunnskap om og glede av, - noko som kan kallast kulturell praksis. Bennett og kollegaer poengterer (med referanse til eit studium av tilnærming til biletkunst i England) viktigheita av å kombinera både «taste, knowledge and participation in the classification of cultural practices in the field of visual art and their relations with cultural distinction» (ibid, s. 115), altså eit fokus på både preferanse, praksis og kunnskap (eller liking, having, doing og knowing) (Bennett, et al., 2009, s. 114-115).

Som *preferanse* og betraktning er smak ei form for «skjelning», ei sansing av sanslege visuelle omgjevnader. Det er noko ein «tek inn», noko

ein kan ha tankar om og opplevingar av. Ein ser på ei statue, les ei bok, står framfor eit maleri, sit på ein stol, skjærer med ein kniv, dekkjer eit bord, vurderer arkitektoniske uttrykk osv. Dette er skjelneprosessar i individa, men skjelneprosessar som (med ref. til forskjellen mellom Kant og Bourdieu nemnd i introduksjonen) ikkje av den grunn er reint individuelle. Blikket ein har og måtane ein sansar eller nyttar seg av objekt, er sosialt skapt. Smak som *praksis*, refererer til handlingsnivået, - til korleis enkeltpersonar praktiserer smak og stil og nærmar seg den materielle og estetiske verda gjennom handling og deltaking. Det er preferansar spilt ut i livet, så å seia. Til dømes kan ein person ha preferansar for naivistiske bilete, utan å ha naivistiske bilete i sin eigen heim, og utan elles å vera vidare interessert i biletkunst. Smak som *kunnskap* handlar om kva ein veit, meiner, kan, har lært, og har erfaring med når det gjeld smaksmessige, kulturelle og materielle uttrykk.

I tillegg til å vera noko vi «tek inn», femnar omgrepet smak òg om det vi «sender ut». Smak er kommunikasjon på den måten at alle sender vi ut informasjon om oss sjølve gjennom kledda vi går i, sveisen vi har, husværa vi bur i, bilen vi køyrer, maten vi et, osv. Dette gjer vi anten vi vil eller ikkje, og om vi er medvite omkring det eller ikkje. “The ‘language of goods’ allows us to communicate with each other – most obviously about social status, but also about identity, social affiliation, and even – through giving and receiving gifts for example – about our feelings for each other» (Jackson, 2009, s. 9). Som noko vi sender ut, og uttrykker, kan smak sjåast som «stil» (Bjurström, 1997, s. 153). Erling Bjurström skil mellom tre måtar å uttrykka smak på: 1) diskursivt – det vil seia gjennom språket, 2) gjennom ikkje-språklege handlingar og praksisar, og 3) gjennom kulturelle artefakter, det vil seia gjennom materielle objekt som formidlar kulturelt bestemte meiningar (ibid). Sagt med Goffman er smak både «sign given» og «sign given off» (Goffman, 1992[1959]). Førstnemnde er dei verbale og ikkje-verbale uttrykka som kvar og ein tek i bruk med føremål om å gi eit bestemt inntrykk av seg sjølve til andre, «signs given off» er dei uttrykka kvar og ein sjølve ikkje har kontroll over, men som andre framleis kan og vil lesa. Desse understreker at sjølv om enkeltpersonar ikkje legg bestemte og medvite tydingar i kva dei sender ut, er det ei omverd som tolkar det. Det er fordi materielle objekt og smak har symbolsk verdi.



Smak som både *preferanse* (tileigning av kulturelle og estetiske objekt, preferansar for ulike former for kultur, variasjonar i *måtar* å like/mislike kunst og kultur på), *praksis* (deltaking innan ulike kulturelle felt og retningar, kven les kva, kven går kor ofte på kunstutstilling osv.), og *kunnskap* (kjennskap til, viten om) fins det mykje forskning på og teoriar om. Kultursosiologien, som i seg sjølv er ein bindestreksdisiplin, har fleire bindestreksdisiplinar under seg igjen, som til dømes kunstsosiologi, litteratursosiologi og arkitektursosiologi. Kunstsosiologien er oppteken av å forstå den større sosiale samanhengen som betraktning, formidling og produksjon av kunstverk inngår i (Solhjell & Øien, 2012, s. 11). Kunstsosiologi går ut på å studera korleis enkeltindivid sine handlingar ikkje skjer tilfeldig, men snarare kjem til uttrykk gjennom bestemte sosiale, økonomiske og kulturelle mønstre (ibid). Liknande interesser har ein innan litteratursosiologi (Andreassen, 2006), arkitektursosiologi (Østerberg, 1998), mediesosiologi (sjå O. Korsnes, 2008, s. 189-190) og når det gjeld sosiologiske og antropologiske blikk på heimeinnreiing (Gullestad, 1996, 2001a; Rolness, 1995). Sosiologisk forskning på spesifikke kulturelle uttrykk handlar slik sett om å søkja forståing for den sosiale samanhengen betraktning, tilnærming, formidling, produksjon og resepsjon inngår i. Altså både korleis folk tek til seg, skapar og lagar, og formidlar til omverda det dei har skapt, sett, lest, utført, stilt til skode, og forstått. Og som alltid er ein i sosiologien oppteken av kva variasjon som fins, kvifor nokre folk gjer det slik og andre folk på ein annan måte, og kva forklaringar dette kan ha.

Og når det gjeld smak som preferanse og orientering, er det mykje av den Bourdieu-inspirerte forskinga som senterer rundt koplinga mellom kulturorientering og ulike sosiale kjennemerke (alder, kjønn, klasse, etnisitet m.m.). For «det er velkjend at kulturbruk varierer mykje med sosiale kjennemerke» (Hovden & Knapskog, 2014, s. 282), og det er velkjend at i Bourdieu sin kultursosiologi (som hos etterføljarane hans), så har kjennemerket utdanning, både eigen utdanning og foreldre si utdanning, stor merksemd. Mykje forskning innan dette landskapet vektlegg difor koplingane mellom kulturelle preferansar og utdanningsnivå/sosial bakgrunn (sjå t.d. Bennett, et al., 2009; Bourdieu, 1984; Dimaggio, 1987; Faber, et al., 2012; Halle, 1992; Peterson & Kern, 1996; Solhjell, 1995). Mange argumenterer for at formell utdanning er ein markør for grad av



involvering i kultur (Newman et al., 2013, s. 478). Desse perspektiva forfektar alle den Bourdieuske erkjenninga av folk er ulikt disponert for å ta til seg kulturelle uttrykk og at dette varierer med utdanning og sosial posisjon/bakgrunn (1984).

Trass si breidd rører dei ovannemnde forskingsområda og perspektiva seg innan det Håkon Larsen kallar den smale kultursosiologien (2011). Han skil mellom smal og brei kultursosiologi og forklarar forskjellen med referanse til dei engelske omgrepa «sociology of culture» og «cultural sociology» (og med ref. til Jeffrey Alexander sine bidrag til kultursosiologien). Forskjellen ligg ifølgje Larsen i at i førstnemnde vert kultur rekna som avhengig variabel, i sistnemnde som uavhengig, og han hevdar kultur og mening kjem forut for studieobjektet i sistnemnde. Larsen meiner, med Alexander, at «cultural sociology» av den grunn opnar for eit langt vidare spekter av studieobjekt (ibid, s. 18). Det ser ikkje ut til at Larsen sitt skilje mellom smal og brei kultursosiologi, har blitt teke opp som eit sentralt skilje i det norske kultursosiologiske landskapet, men det er tatt med i denne samanheng fordi det tydeleggjer at her er ulike perspektiv og posisjonar i den heimlege kultursosiologi. Eg kan elles seia at den føreliggjande studien opererer innanfor det Larsen kallar den smale kultursosiologien, men er i høgste grad oppteken av mening og meningskonstruksjon.

### *3.5.3 Smak og identitet*

Identitet handlar om menneske si oppleving av seg sjølv og andre. Oppleving av seg sjølv er knytt til ei rekkje aspekt og eigenskapar som: alder, kjønn, mote, livsstil, yrke, klasse, nasjonalisme, migrasjon, rase og etniske relasjonar (O. Korsnes, 2008, s. 118-119). Smak og livsstil er eit av mange aspekt som er med og formar identitet og sjølvopfatning.

Identitet og sjølvopfatning er ikkje statisk og fast, men noko som konstant vert skapt og omskapt. Identitet, eller identifikasjon, endrar seg avhengig av kva som utgjer identifikasjonen si referanse og samanhengen identifikasjonen oppstår i (Scott Sørensen, et al., 2008, s. 139), med sosiale kontekstar, krysskulturelt og over tid (Gullestad, 1996, s. 27), og identitet vert forma relasjonelt på den måten at vi forstår oss sjølve i lys av andre, vi forstår oss sosialt (Bourdieu, 1984; Gullestad, 1996).

Historisk sett har identitetsomgrepet og måten identitet vert forma på, endra seg. Sørensen et al (2008) viser til to ytterpunkt:

«I førindustrielle samfunn har sosial tilhørighet i en hierarkisk ordnet og religiøst begrunnet verden vært avgjørende. Identitet har handlet om hvilket kollektiv man er medlem av og hvilken funksjon man er tildelt. Slektskap har vært det grunnleggende prinsippet for tilhørighet og sosial kategorisering, mens kjønn og alder har vært de sentrale prinsippene i arbeidsdeling og rang innenfor den enkelte gruppe. Sosial tilhørighet har altså i liten grad vært et spørsmål om hva man selv velger. Sosial posisjon gis mening og innhold gjennom sin relative posisjon i det sosiale hierarkiet. Spørsmålet om hvem «jeg» er, framtrer dermed ikke primært som et eksistensielt spørsmål.

Forfattarane skriv vidare at i den andre enden finn vi moderne samfunn der stabile referansar for identitet ikkje lenger er til stades.

«Der blir spørsmålet «hvem er jeg» mye mer aktuelt og i mange sammenhenger akutt. Sett fra den enkeltes utkikkspunkt er samfunnet et åpent system der statuser tildeles i henhold til de valg man selv foretar gjennom livsløpet. På denne måten blir man stadig minnet om at selvidentiteten ikke nødvendigvis er det samme som ens posisjon i slekten og familien, i yrkeslivet og i fritiden. De sosiale omgivelsene framstår som et sett av arenaer og sfærer med ulike regler for tildeling av sosial identitet, og i hver og en av dem er den enkeltes ytelse det avgjørende kriteriet» (Scott Sørensen, et al., 2008, s. 142).

Sørensen og kollegaer nemner særleg tre konsekvensar av endringane i måtane identitet vert forma og forstått: For det første at identitet vert knytt til at livet er ei stadig pendling mellom statusar (religion, politikk, arbeid, familieliv osv. vert skild frå kvarandre). For det andre at sjølvet vert sekularisert og står åleine, dømt til å tolka verda gjennom egne erfaringar. Og for det tredje står livet fram som ei unik karriere der det sentrale er kven ein kan og ønskjer å bli, i motsetnad til noko førehandsdefinert. Sjølvidentitet vert slik i langt større grad gjenstand for folk sine egne refleksjonar og kultivering, og identitet vert ein mykje meir

presserande storleik (Gullestad, 1996). Som ein fjerde konsekvens vil eg leggja til at endringane i oppfatningar omkring identitet fører til at maktforskjellar og hierarki vert tilslørt. Når sosial tilhøyrse står fram som noko ein vel sjølv, er det sannsynleg at det bidrar til å dekkja over det faktum at nokre er i betre posisjonar til å velja enn andre.

Av det ovannemnde kan vi slutta at identitet, og forteljinga om individet, tek større plass i det seinmoderne samfunn enn det gjorde tidlegare, noko som gjer identitet til ein meir presserande storleik for folk i dag. Dette gjer igjen at smak og livsstil – som *eit sett av forskjellar* som dannar og uttrykker identitet – potensielt er meir vesentleg i folk sine liv.

#### *3.5.4 Smak og makt*

Kor vidt og på kva måtar smak er knytt til makt, og kva som i så måte kjenneteiknar forholdet mellom høg og låg kultur, god og dårleg smak, er det ikkje semje om (korkje i allmenne oppfatningar eller i sosiologien). Kva er det som skil den dårlege smaken frå den gode? Og kvifor så opptekne av å skilja høgt frå lågt? I Kant sin smaksfilosofi var ikkje forholdet mellom makt og smak eit tema, men det begynte det å bli innanfor både filosofien og innanfor den nye samfunnsvitskapen mot slutten av 1800-talet (Scott Sørensen, et al., 2008, s. 197). Torstein Veblen og Georg Simmel såg begge smakens rørsler som motivert av det som har fått namnet trickle-down-prinsippet. Dette tyder at smaken spreier seg nedover frå dei øvre samfunnslaga til dei lågare. «Denne teorien foreskriver også at det er streben etter sosial distinksjon (forskjell) som sammen med etterlikning (imitasjon) utgjør den vesentlige drivkraften bak smaken og dens forvandlinger» (ibid, s. 197). Dei lågare laga imiterer dei høgare og dei øvre lag må difor etter kvart endra smak, eller distingvera seg, for ikkje å bli forveksla med dei lågare lag, er logikken her.

På 1960-talet kritiserte Herbert Blumer trickle-down-modellen og argumenterte i staden for ein trickle-up-modell (ibid). Han la vekt på konsumentane si rolle i smaks- og moteindustrien, og meinte at konstruksjonen og spreininga av moten kvilte på konsumentane sin smak, altså ein påverknad nedanfrå snarare enn ovanfrå.

Relasjonen mellom smak og makt handlar om kva som skal reknast som bra og dårleg, høg og låg, kva som er anerkjend og kva som ikkje er

det. «High culture and popular culture are ideal types, or stereotypes» (Gans, 1974, s. 5), og tanken om at kultur og kulturelle uttrykk kan skiljast inn høgt og lågt er gamal. Heilt sidan romantikken har kategoriane populærkultur og massekultur fylt rolla som «‘art’s’ opposites», hevdar Gans (ibid). Ein kan slik setja opp ei rekkje motsetnadar mellom høgt og lågt i kultur- og smaksverda, som rett nok er bundne av sine historiske kontekstar, men som like fullt er motsetnadar. Tradisjonelt sett kan ein seia at i den eine enden ligg den såkalla massekulturen (folkekulturen, det «alle» likar) og i den andre enden det Humboldtske dannelsidealet, som ser danning i samband med oppseding, utdanning og utvikling av menneskelege sjelsevner generelt. Tilgjengeleg og utilgjengeleg. Sirkus og opera. Kioskitteratur og modernistisk prosa. Folkeleg estetikk opp mot kantiansk estetikk (Bourdieu, 1995, s. 50). Populærkultur og høgkultur. Mellom desse motsetnadane – kor no enn ytterpunktane og mellomposisjonane ligg – går det føre seg konstante forhandlingar om kva som er kva, og ikkje minst kvifor det bør vera slik (Bourdieu, 1996b; Larsen, 2013, s. 64-65). Grensene mellom høg og låg er slik ikkje dei same i ulike *kontekstar* eller til ulike *tider*, og det er *forskjellige oppfatningar* om grensene mellom høg og låg mellom folk.

Peterson & Kern si tese om ein framveksande omnivore-smak er eit døme på argumentasjon for at grensene mellom høg og låg i det seinare vert brote ned (1996). Dei hevdar at det har vekse fram ei altetandeheit (omnivore taste) innanfor smaksfeltet, spesielt hos dei dominerande klasselaga. Forfattarane har studert musikksmak hos høgstatusgrupper i USA, og har data frå nasjonale kartleggingar i 1982 og 1992. Empirien deira viser at høgstatusgruppene gjennomsnittleg i 1992 var meir altetande i sin musikksmak enn i 1982, og at høgstatusgruppene i 1992 omfamnar fleire låg- og middelkulturelle musikksgangrar samanlikna med ti år tidlegare. Med grunnlag i dette hevdar dei at den snobbete smaken har vorte meir altetande, og at dei dominerande laga i større grad enn tidlegare driv inklusjon i plassen for einsidig eksklusjon. For det som i stor grad definerer den snobbete smaken, eller smaken til dominerande klasselag – til det eksklusive kretsløpet – er nettopp avgrensing, utelukking og eksklusjon (Solhjell, 1995, s. 27). Peterson & Kern forklarar overgangen frå snobbete eksklusjon til altetande inklusjon, med at 1) ei rekkje endringar dei siste åra, som auke i levestandard, auke i talet på personar som tek høgare utdanning

og auke i mengd kunst som vert vist i media, gjer til at kunst og kultur vert tilgjengeleg for eit større segment av befolkninga. 2) Dei sporar ei trend mot større toleranse overfor ulike verdiar generelt. 3) Kunstverda sjølv har endra seg til at verdien i eit kunstverk ikkje ligg i det konkrete objekt, men i mottakinga dette får i kunstverda. 4) Det er ikkje like vasstette skott mellom generasjonar i dag som for 50 år sidan, noko som tyder at folk ikkje naudsynleg «veks frå» musikksmaken sin, og dermed femnar om og likar eit større tal sjangrar. 5) Høgstatusgrupper har til ein kvar tid definert lågkultur på måtar som tener deira eige interesser, - i seinare tid er det ting som tyder på at desse gruppene inkluderer heller enn støyter frå seg desse kulturelle formene (1996). Alle desse faktorane gjer ifølgje Peterson & Kern eksklusjon mindre gangbart. Medan snobbete eksklusjon var ein effektiv statusmarkør i ei relativt homogen smaksverd, verkar altetande inkludering betre tilpassa dagens situasjon, og til dagens globale og mangesidige verd, konkluderer dei.

Dette er eit av bidraga seinare år som utfordrar tradisjonelle oppfatningar om forholdet mellom høg og låg kultur (sjå òg t.d. Gripsrud et al., 2011; Prieur & Savage, 2013).

Med grunn i det ovannemnde er identifisering av preferansar, verdsetjingsformer og smakspraksisar, og særleg desse sine relasjonar til *det såkalla legitime*, eit ynda forskingstema i kultursosiologien. Kva som er legitimt er derimot ikkje statisk, men er noko som endrar seg, «it is not fixed but evolves over time with new work becoming popular while other work becomes less so» (Newman, et al., 2013, s. 460). Å finna stabile smaksmarkørar er vanskeleg, og noko av grunnen er at det ikkje berre er verdsetjing av type objekt som endrar seg, men òg prinsippa smak er basert på (Peterson, 1997, s. 71). Det er i denne samanheng ein kan forstå Bourdieu-orientert smaksforskning som legg stadig større tyngd på *korleis* ein tek til seg kultur, og ikkje utelukkande på kva ein tek til seg (Holt, 1997; Jarness, 2013a). Desse studiane antyder at spelet om distinksjonar delvis har flytta seg frå preferansar til praksis.

### **3.6 Oppsummering**

Gjennomgangen har gjort det klart at nøkkelomgrep i avhandlinga er smak og kultur, distinksjonar og grenser, sosial ulikskap og hierarki, og legitimitet og symbolsk makt.

Å lena seg mot perspektiva til Bourdieu og Lamont inneber ei avgrensing. Av dette følger ei anerkjenning av eksistensen av sosial posisjon og klasse, og desse spesifikke kjennemerka sin påverknad på ulikskap (noko òg Gullestad gjennomgåande har vore oppteken av når det gjeld norske forhold). I tillegg ligg det i desse perspektiva ei vektlegging av rolla kultur spelar i forming og vedlikehald av ulikskap, ved sida av økonomiske aspekt. Innebygd i perspektiva ligg vidare erkjenninga av at røynda er relasjonell, - at objekt, praksisar og identitet får meaning gjennom korleis dei står til andre objekt, praksisar og identitetar.

Eg meiner den bourdieuske romkonstruksjonen innehar potensial til å vera ein god analytisk reiskap i kvalitative studiar. Eg brukar rommet som eit kvalitativt tankeverkty, som ved sida av innsamla datamateriale (i dette høvet intervjudata), er med å illustrera informantane sine utsiktspunkt utover den sosiale verda. Å nytta det sosiale rommet som ein analytisk reiskap i kvalitativt orientert forskning kan hjelpe fram mot forståingar av korleis verda fortone seg «frå der folk står», gjennom mellom anna synleggjering av avstandar. Den bør ikkje nyttast «bokstaveleg», men som eit romleg tankeverkty som kan vera med å kasta lys over forholda som vert studert. Reint konkret nyttar eg tankeverktøyet på den måten at eg «stiller meg omtrentleg der folk står i rommet», og reflekterer over kva dei ser frå sine sosialt og historisk posisjonerte ståstader, kva dei ikkje ser, kva posisjonar som er nær dei og fjernt frå dei, kor lang avstand det er frå utsiktspunkta til for eksempel rikdom, fattigdom, høgare utdanning, til kultureliten, til den økonomiske eliten osv. Bourdieu (og mange med han) si vektlegging av posisjon handlar nettopp om at det ein ser ikkje er fråkopla frå den ein er, og om at ingen kan sjå verda frå ingen stad.

Sjølv om det sosiale rommet kan vera ein god reiskap for analyse av korleis ulike folk ser og forstår verda, er det ikkje vanskeleg å argumentera for at Lamont sitt grensdragingsperspektiv (1992) har eit forskingsdesign som noko lettare let seg tilpassa og bruka i kvalitative forskingsprosjekt.

Hennar perspektiv har ei meir makrososiologisk innretning, og det er eit perspektiv som evner å gripa meningsdanning på mikronivå studert gjennom intervju. Framgangsmåten hennar skisserer både tematiske og metodiske inngangar til tema som smak, status, hierarki, livsåskodingar og røyndomsoppfatningar (Lamont, 1992, 2000), den presiserer korleis grensedraging ligg som grunnlag for handling og samhandling, og den leiter etter forklaringar i historiske kulturelle faktorar og i strukturelle bakgrunnsvariablar. Eg kjem ikkje til å leggja mykje vekt på historiske og kulturelle bakgrunnsfaktorar, men meir på sjølve grensedraginga. Eg tek Bourdieu sitt arbeid som «a point of departure to analyze the impact of culture on class structuration (...)», som Lamont seier (2012), i tillegg til at eg har Lamont sitt grensedragingsperspektiv som utgangspunkt.

Gjennomgangen i kapittelet dannar det teoretiske bakteppet for avhandlinga, og utgjer ramma det empiriske materialet vert analysert innanfor, framfor og opp i mot. Før eg rører meg mot kva som syner seg i det empiriske materialet, skal eg gjera greie for og problematisera metodiske val som er gjort i eige prosjekt, og reflektera over det vitskapsteoretiske grunnlaget avhandlinga opererer i.

## **4 Metoderefleksjonar og framgangsmåte**

### **4.1 Innleiing**

I dette kapitlet skal eg diskutera ulike metodiske forhold som er relevante for avhandlinga. Når ein er del av eit større forskingsprosjekt som eg har vore (ref. 1.2 og 4.4.1), er visse føringar lagde på førehand og ein del er det ikkje. Ei metodeoppgåve vert i så måte å gjera greie for korleis eg forstår føringar som er lagde i prosjektet, og i tillegg gje til kjenne kva val eg sjølv har teke, for saman å gjera synleg dei metodeavgjersler som er tekne og grunngjevingar for desse. Mellom anna skal eg gjera greie for prosessen med rekruttering av informantar, reflektera over utval, intervju som metode, fotoframsying i intervjusituasjonen («photo elicitation»), samt gi innblikk i analyseprosessen.

Turid Rødne poengterer – i si doktorgradsavhandling som omhandlar kriterier for det vitskapslege i kvalitativt orientert forskning – at det i forskingsprosjekt bør vera samsvar mellom elementa vitskapsteoretisk forankring, tema, metodeverky og vitskapskrav (2009). Ho har bygd opp det ho kallar ei metodologisk matrise basert på desse elementa. Vitskapsteoretisk perspektiv viser til forskningstradisjon, tema forklarar seg sjølv, og metodeverky er teknikkane ein vel for innsamling av data, som til dømes intervju, deltakande observasjon og tekstanalyse. Vitskapskrav omhandlar dei vitskapslegitimerande aspekta ved kvart enkelt prosjekt, altså korleis forskinga vert forsøkt validert eller legitimert gjennom til dømes kategoriane generalisering, overførbarheit, utvalstorleik, validitet og reliabilitet (omgrep innanfor metodelæra som forskarar tek i bruk for å legitimera det vitskapslege i sine prosjekt). Rødne ser datautvikling som noko som vert til i dei argumenterte relasjonane mellom valt tema, problemstilling, forskningstradisjon, metodeverky og vitskapskrav, og poengterer at forskaren må gi desse fire elementa eit innhald som står i logisk relasjon til kvarandre (ibid). Det er eit mål for både metodekapitlet og avhandlinga i sin heilskap å gjennomgåande reflektera over relasjonane mellom desse elementa i eige prosjekt.

Strukturen i kapitlet er som følgjer: eg byrjar med å setja avhandlinga inn i ei vitskapsteoretisk ramme. Deretter reflekterer eg over



det å gjera abduktive slutningar, før eg diskuterer kvalitative tilnærmingar generelt og det kvalitative intervjuet spesielt. Sistnemnde skal sjåast opp mot ulike vitskapskrav eller gode mål innanfor kvalitative metodar. I den andre hovuddelen av metodekapittelet skal eg gjera greie for meir pragmatiske spesifikke metodiske forhold, som framgangsmåte og metodiske utfordringar som har synt seg relevante i denne studien. Mot slutten av kapittelet reflekterer eg over eigen analyseprosess, mellom anna gjennom å gi innsyn i korleis eg har gått fram for å meiningsfesta og systematisera informantane sine ytringar og utsegn. Etter mi meining vert det via for lite merksemd mot tolkings- og analysefasen i metodiske diskusjonar av kvalitativt orienterte prosjekt (i metodelitteraturen).

#### ***4.2 Vitskapsteoretisk forankring***

Tor Åge Bringsværd si novelle «Mannen som samlet på 1. september 1972», handlar om ein mann som set seg som mål å få oversikt over det fullstendige nyhendeilet. Hovudpersonen bestemmer seg derimot fort for at han må avgrensa seg, og konsentrera seg om nokre forhold, for alt kan han ikkje få med seg. Han vel ut ein spesifikk dag, 1. september 1972, og set seg føre å samla all informasjon i verda som fins om nett denne dato. Novella er på tre sider, men illustrerer biletleg at verda er kompleks og uoversiktleg, og at det ikkje er mogleg å gjengi den i sin heilskap. Det er ikkje mogleg å gjengi totale hendingssekvensar, fullstendige tankerekker, alt som skjedde i løpet av ein spesifikk dag, eller å ta omsyn til alle variablar. Sistnemnde er eit sentralt vilkår for vitskapen.

For å kunne forstå kva vi meiner med vitskap, er det i lys av det ovannemnde naudsynt å reflektera over at røynda, som er den vi ønskjer å forstå og forklara, ikkje opptre direkte framfor oss. For å evna å ta til oss røynda, er vi avhengige av noko som både strukturerer persepsjonen og avgrensar kompleksiteten. Dette vi er avhengige av kan vi omtala med ulike omgrep: som modellar, perspektiv, representasjonar, og konstruksjonar. Om vi kallar det perspektiv, kan vi seia at perspektivet utgjer ei ramme for forståinga og for sinnet, og styrer merksemda mot visse data og forbi andre, - perspektivet mogleggjer slik ei avgrensing av datamengda som er naudsynt

for å kunne ha overblikk over den (Eneroth, 1987). Vitskapsteoretisk forankring er ei form for val av perspektiv.

Vitskapsteoretisk perspektiv viser til den eller dei forskningstradisjonar forskarar relaterer til eller lener seg på (Rødne, 2009). Perspektivet har tyding for kva forskaren søker informasjon om, og er eit utgangspunkt for forståinga forskaren utviklar (Thagaard, 2013). Vitskapsteoretisk perspektiv har konsekvensar for kva kunnskap det er mogleg å få ut av forskning, kva vi kan vita noko om, kva samfunnsforhold den evner seia noko om, og kva metodisk tilnærming forskaren kan velja. Rødne hevdar mellom anna at det ikkje er enkelt å argumentera for at vitskapstradisjonen symbolsk interaksjonisme og metodeverktøyet intervju står i logisk relasjon til kvarandre, fordi intervju ikkje evner å studera interaksjon medan den står på (2009).

Vitskapsteoretisk perspektiv, eller forskningstradisjon, hjelper slik med å gi rammer for det som står i sentrum av kvalitative analysar, nemleg tolking. Innan kvalitative metodar er tolkande teoretiske retningar sentrale, dei omfattar ulike paradigme, men vektlegg alle mening og tyding (Thagaard, 2013). Av ulike vitskapsteoretiske perspektiv nemner Tove Thagaard mellom anna fenomenologiske retningar som symbolsk interaksjonisme og etnometodologi. Desse er empirinære retningar som baserer seg på fenomenologiske vitskapssyn. Forskingsinteressa i fenomenologien senterer rundt fenomenverda slik dei personar ein studerer opplever den, medan den ytre verda kjem i bakgrunnen (ibid). Thagaard nemner vidare hermeneutikk, ei retning som fokuserer på å tolka folk sine handlingar i lys av deira samanhengar, på jakt etter djupare meningsinnhald. Eit døme på ei hermeneutisk tilnærming er Clifford Geertz si «tjukke skildring» eller «thick description» (1973). Ifølgje Geertz står ei tjukk skildring i motsetnad til ei tynn skildring. Sistnemnde attfortel berre det som er observert, medan den tjukke skildringa inkluderer tolkingar om kva som er meint med kva som er sagt og gjort, både informantane sine tolkingar og forskaren sine tolkingar. Forholdet mellom dei sistnemnde har Geertz namngitt som eit forhold mellom erfaringsnære og erfaringsfjerne omgrep. Erfaringsnære omgrep er informantane sine egne, og erfaringsfjerne omgrep er forskaren sine eller teorikonstruerte omgrep. Det som avgjer om tolkinga forskaren kjem fram til er god, ifølgje

Geertz, er kor vidt den har overtydande kraft. I motsetnad til for eksempel «grounded theory» (Bryant & Charmaz, 2007), legg Geertz vekt på at idear til tolkingsprosessen vert henta frå eksisterande teori om temaet.

Thagaard nemner vidare fleire tolkande retningar som postmodernisme, sosialkonstruktivisme og feministisk teori (2013). I postmodernismen er språket av sentral tyding, og kunnskap vert oppfatta som kontekstbundne og derav avhengig av den samanhengen den vert utvikla i (noko som på mange vis er dårleg nytt for det kvalitative intervjuet). Sosialkonstruktivismen, som er i slektskap med postmodernismen, løftar fram at røynda vert forstått gjennom kategoriar, og gjennom den kultur kvar og ein lever i (ibid). Diskursanalysar er sentrale i sistnemnde forskingstradisjon, - diskursanalysar fokuserer på underliggjande reglar for korleis personar innanfor ein kultur snakkar om bestemte tema, og gjerne på motsetningar mellom ulike diskursar (ibid).

Desse retningane skriv seg på ulike vis tilbake til ontologiske og epistemologiske spørsmål som: kva er sanning, og kva kan vi få kunnskap om, og korleis kan vi gå fram for å få det. Aase & Fossåskaret skil i den samheng mellom to motstridande syn i europeisk vitskapstradisjon (2007, s. 51), mellom på den eine sida ein tradisjon som hevdar at tanke og fornuft er ei meir eller mindre korrekt spegling av ei ytre objektiv røynd (teori om «correspondence»), og på den andre sida ein tradisjon som hevdar at den ytre verda primært er ein mental konstruksjon, «ein projeksjon av vår mentale kapasitet og våre tankemønstre» (ibid) (teori om «coherence»). Forskingstradisjonar som positivisme og realisme ligg i den første samlenemninga, medan fenomenologi, konstruktivisme, hermeneutikk og postmodernisme høyrer til den siste. Til spørsmålet om dei to syna kan kombinerast svarar forfatarane, med antropologen Sahlins, at forskjellen mellom desse ikkje er triviell, ei heller kan den løysast med ein «happy academic conclusion that the answer lies somewhere in between, or even on both sides (i.e. dialectically)» (Sahlins i Aase & Fossåskaret, 2007, s. 51). Men til sjuande og sist, ytrar Aase & Fossåskaret, handlar dette om korleis vi som forskarar *trur* verda er konstituert, altså om ontologi.

Utan å setja likskapsteikn mellom forholdet mellom «coherence» og «correspondence» og forholdet mellom struktur og individ (eller metodologisk kollektivisme og individualisme, objektivisme og

subjektivisme), så er det slik at det vitenskapsteoretiske perspektivet avhandlinga støttar seg mot, nettopp er å finna ein stad i mellom, og det fokuserer nettopp på korleis desse to nivåa opererer saman. Perspektivet støttar tanken om at det fins ei objektiv røynd, men ikkje ei objektiv røynd som er mogleg å omgrepsfesta ein gong for alle og som gjeld som lik for alle, men ei objektiv røynd som fins, men som vert konstruert og forstått på ulike måtar, av ulike personar, til ulike tider, i ulike kontekstar.

Det leier meg vidare til det vitenskapsteoretiske perspektivet avhandlinga opererer innanfor. Bourdieu plasserer seg sjølv vitenskapsteoretisk som konstruktivistisk strukturalist eller i motsett rekkjefølgje, som strukturalistisk konstruktivist (Bourdieu, 1990, s. 123). Med strukturalisme siktar han til at det som del av den sosiale verda eksisterer objektive strukturar, som er uavhengige av medvitet til aktørane, men som like fullt påverkar og innskrenkar deira praksis. Eit døme på struktur er det sosiale rom. Ein reindyrka fenomenologisk ståstad der den ytre verda er i bakgrunnen, er det ikkje rom for i dette perspektivet, gitt vektlegginga av objektive strukturar. Med konstruktivisme siktar Bourdieu til at persepsjonar, tankar og handlingar er noko som vert skapt og re-skapt. Folk konstruerer oppfatningar. Dette handlar for Bourdieu om røynda sin «dobbelte natur». Rosenlund skriv om røynda sin dobbelte natur at: «On the one hand there is a 'hidden' social structure – objective if you like – into which the social agents as members of society are positioned. (...) On the other there is a 'lived' social life – subjective or symbolic – where people are giving shape, form, content and meaning to their lives and the social world in which they live» (Rosenlund, 2009, s. 28). Vidare: «A structuralism without an acting social agent will become sterile 'social physics', in the same way as a constructivist position eventually will lead to a kind of idealist fallacy: the secret of social reality is apprehended only in the interaction among people and their perception of it» (ibid, s. 28-29). Ut av dette vert det synleg at det ligg som premiss i denne vitenskapsteoretiske retninga at ein må inkludera begge dei to realitetane fordi dei to er avhengige av kvarandre. Det tyder at ein ikkje utelukkande kan retta seg mot subjektive oppfatningar utan å relatera til dei objektive handlingsgivande strukturane, og omvendt.

Sentralt i den vitenskapsteoretiske forståinga til Bourdieu, er premissen om den relasjonelle røynda. Relasjonismen gjeld både på den måten at

objekt, fenomen og personar «er det dei er» i kraft av korleis dei står til andre objekt, fenomen og personar. Men relasjonismen femnar òg om forholdet mellom teori, empiri og metode. Dersom ikkje teori, empiri og metode står i refleksive relasjonar til kvarandre, står ein att med ein «logologi», eller med «words about words» (Bruke i Bourdieu & Wacquant, 1992, s. 30) (teori for teorien sin skuld, metode for metoden sin skuld og empiri for empirien sin skuld).

Når det gjeld kritikk som har vorte retta mot Bourdieu sin strukturalistiske konstruktivisme, har den mellom anna gått ut på at Bourdieu sitt perspektiv legg for stor tyngd på bakanforliggjande strukturelle faktorar, og gjennom dette tildeler for lite handlingsrom til individa (sjå t.d. Larsen, 2013). Denne innvendinga går ut på at perspektivet er for deterministisk, eller for teoristyr, mellom anna gjennom at teoretiske prinsipp ligg fast a priori, og i for stor grad styrer tolkinga av empirien (Skarpenes, 2007).

For å gå i dialog med denne kritikken og som ledd i å søkja etter metodologisk transparens, skal eg koma med eit døme frå eigen empiri som illustrerer kva tyngd ein potensielt gir teoretiske forståingar i tolking av empirien med bourdieuske briller. Det skal leggjast til at dette dømet er det mest «ytterleggåande» døme kva gjeld teoretisk føring på empirisk tolking i eigen analyseprosess. Storparten av tolkingsarbeidet er gjort som abduktive slutningar, eller med induktivt tilsnitt, i vekselverknad mellom kva emiske forhold som syner seg empirisk og kva teoretiske omgrep som evner kasta lys over desse (ref. 4.2.1). Omgrepsparet emisk og etisk viser til høvesvis det å sjå fenomen innanfrå, frå dei studerte sine synsvinklar og med deira ord, og utanfrå gjennom faglege og teoretiske perspektiv og omgrep (Pike, 1990).

I intervjuet med Inger, som er i midten av 60-åra og har arbeidd som reinhaldar i over tretti av desse, fortel ho om korleis ho har opplevd endringar i reinhaldaryrket i si tid. Endringane gjeld både kva dei vaskar, kor mykje dei skal rekkja over i løpet av kva tidsrom, kva hjelpemiddel dei har tilgjengeleg, og det gjeld endringar i reinhaldarane sin status på hennar konkrete arbeidsplass (ho vaskar på ein skule). Status i denne samanheng er forstått som korleis Inger, kollegaene og yrket vert sett på av dei andre tilsette. Tidlegare snakka ikkje rektor eller lærarane til Inger og kollegaene

hennar, fortel ho, dei såg rett gjennom dei. På denne tida åt Inger og kollegaene hennar lønsj i trapper eller rundt omkring på skulen, medan lærarane åt på «lærarværelset». I dag derimot, og dette uttrykker Inger at ho er glad for, et alle tilsette lønsj på eit felles personalrom. Før var altså yrkesgruppa til Inger ikkje definert som del av personalet, det er dei i dag. Måten Inger talar om korleis ho har opplevd desse forholda, og spesielt det at ho ytrar former for takksemd overfor utviklinga, gir i bourdieuske tolkingstradisjonar assosiasjonar til omgrepet om kroppsleggjering av avgrensingar (1984). Med bourdieuske briller er ei nærliggjande tolking av det Inger seier, at dette er manifesteringar av hennar måte å tilpassa seg sitt moglegheitsrom. Inger forventar ikkje noko som er utanfor hennar moglegheitsrom, og ho verkar takksam overfor å bli inkludert heller enn opprørsk overfor å bli ekskludert. Ho er tvungen til å akta det som er innan hennar rekkevidde, kunne Bourdieu sagt. Dette er slik eit døme på korleis teoretisk forståing kan leia ein mot bestemte tolkingar av datamateriale med dette perspektivet, sjølv om det med dette sagt ikkje er gitt kva vekt ein legg på teoretisk forforståing og på fenomen som syner seg i empirien. Og igjen altså, i arbeidet med avhandlinga reknar eg dette for å vera eit av få døme med såpass stor avstand mellom det emiske og det etiske nivået.

Sett frå eit reindyrka fenomenologisk vitskapssyn<sup>9</sup>, der fokus ligg på fenomenverda slik den vert opplevd for dei som vert studert, vert tolkinga ovanfor på eit vis ei feiltolking eller ei overtolking med grunn i at den ikkje samsvarar med korleis Inger sjølv ser, forstår og talar om sine realitetar. Inger ser det ikkje sjølv som at ho har kroppsleggjort sine avgrensingar. Sett frå ein reindyrka fenomenologisk ståstad vil ein kunne hevda at eit reindyrka Bourdieu-perspektiv ser forbi eller ikkje ser fenomen som fins i empirien, fordi ein i for stor grad er oppteken av dei objektive forholda, av dei handlingsgivande strukturane, eller av teorien om desse. Ein ser ikkje individa for berre struktur. Dette har parallellar til konfliktlinjene Skarpenes sette opp i sin artikkel om den legitime kulturen sin moralske forankring, og ikkje minst til konfliktlinjene i debatten som følgde (Skarpenes, 2007; Skogen, Strandbu, et al., 2008). Skarpenes sitt vitskapsteoretiske argument i artikkelen er å tala for ei «grounded» tilnærming, der det empiriske

---

<sup>9</sup> Eller frå perspektivet «grounded theory».

materialet fungerer som utgangspunkt for utvikling av hypotesar og omgrep, og som unngår å leggja aprioriske teoristyrde førestellingar og tolkingar til grunn (Andersen & Mangset, 2012; Skarpenes, 2007). Bourdieu har i dette meiningslandskapet ytra at: «the so-called microsociological vision leaves out a good number of things: as often happens when you look too closely, you can't see the wood for the trees (...)» (1990, s. 131). Ein ser ikkje strukturen for berre individ. Omgrepsparet metodologisk kollektivism og metodologisk individualisme angir dette forholdet (Gilje & Grimen, 1993).

For eigen del er det i relasjon til kritikk mot Bourdieu sitt vitskapsteoretiske syn av typen «perspektivet ser ikkje trea for berre skog», at kopling med Lamont sitt teoretiske perspektiv og metodologiske perspektiv, kjennes fruktbart. Grensedragingsperspektivet til Lamont (Lamont, 1992, 2000; Lamont & Molnár, 2002) legg i sin framgangsmåte noko større vekt på enkeltpersonar sine eigne tolkingar enn Bourdieu sitt perspektiv intuitivt gjer mogleg (ref. 3.4). Lamont skjønar symbolsk grensedraging som tankemessige skiljelinjer, som individ både tenkjer etter og handlar etter, og desse symbolske grensene tek form som både ytringar og handlingar. I så måte let dei seg studera gjennom mellom anna intervju. Grensedragingstilnærminga «does not predefine symbolic boundaries but instead analyzes their multiple contents and variable forms» (Lamont, 1992, s. 188). Eg trur eg har fleire kvalitative forskarar med meg når eg hevdar at det er lettare å få individ til å tre klart fram og verta større del av analysane med Lamont sin framgangsmåte, samstundes som at individ sine koplingar til og påverknadar frå struktur, institusjon, samfunn, kultur – frå overordna strukturerande prinsipp – ikkje forsvinn.

Det å gi empirien større tyngd er noko Lamont medvite har arbeidd for, og ho seier om sin eigen bruk av «the boundary approach» i *Money, Moral and Manners* at ho håper ho har vist at hennar metodiske framgangsmåte er «(i)n some ways more empirically adequate than Bourdieu's approach, although that it is not entirely inconsistent with it» (Lamont, 1992, s. 188). Hennar perspektiv flyttar fokus noko lenger vekk frå strukturell posisjon og objektive plasseringar i samfunnets struktur av forskjellar, i det ho meiner Bourdieu legg for mykje vekt på nære strukturelle faktorar (strukturell posisjon, alder, kjønn), og for lite på fjerne strukturelle



faktorar (karakteristikkar ved det samfunnet ein er del av) (ibid, s. 134-148), og på historisk skapte kulturelle repertoar.

Sjølv hentar eg som nemnd påverknad frå begge desse. Eg nyttar det sosiale rommet av posisjonar som eit analytisk verkty – som ein «delpremiss» – som refererer til objektive bakanforliggjande strukturar (strukturelle posisjonar). I tillegg les eg og tolkar det kvalitative intervjumateriale med eit induktivt utgangspunkt – som ein annan «delpremiss». Saman vert dette eit samspel mellom emisk og etisk nivå i analyse av det empiriske materialet, eller ein vekselverknad mellom empiri, teori og metode, - eit forhold termen abduktive slutningar femnar om.

#### *4.2.1 Abduktive slutningar*

Abduksjon blir i metodelitteraturen skildra som ei form for slutning som skil seg frå deduksjon og induksjon, som baserer seg på slutningar høvesvis ovanfrå eller nedanfrå, gitt at teori er opp og empiri er ned. Deduksjon baserer seg på tanken om at sanne premiss fører til sann konklusjon, og induksjon er slutningar trekt ut av eit avgrensa tal på tilfelle som gjeldande for alle tilfelle av liknande type, - trekt frå eit tilfelle til det som best forklarar tilfelle (Døving, 2003, s. 339). Abduksjon er termen for den slutninga ein utleier av det ein finn i verda (ibid, s. 338). Døving peikar på at abduksjon til dømes kan vera eit første ledd i ei hermeneutisk tolkande undersøking og eit første skritt på vegen mot å finna nye empiriske fenomen, eller overraskingar i empirien. Abduktiv slutning antar ein teori som forklarar samanhengar mellom ulike fakta, med denne metoden søkjer ein å laga ein hypotese som søkjer å forklara det som er observert (ibid, s. 314). Den abduktive prosessen startar mellom teori/forforståing og det observerte, - mellom ei rekkje relevante teoriar og observasjon forsøker ein å finna tilfredsstillande hypotesar. Abduktive slutningar vert slik ei form for hopping fram og tilbake mellom teori og empiri.

«Abductive mode of inquiry is an approach to research where the researcher proceeds from his own preunderstanding and puts it into an active interplay with the data as well as with various theoretical frameworks with the aim of constructing the most trust-worthy and practically beneficial understanding of the phenomenon under scrutiny» (Martela, 2011, s. 3). I denne framgangsmåten erkjenner ein slik både nærværet og påverknaden



av forskaren sine forførestellingar, samstundes som ein gir erfaringa status som det primære nivået. «(T)he only natural starting-point, from which we can proceed in every direction is the world of man's experience as it has come to seem to him», understreker Schiller (i Martela, 2011, s. 3).

Eg skal gje eit døme på denne vekselverknaden mellom empiri, teori og metode frå eige arbeid. Dømet omhandlar analysen av informantane sine tilnærmingar til biletkunst. I arbeidet med å identifisera det som etter kvart viste seg å kunne kategoriserast i tre måtar å betrakta biletkunst på, arbeidde eg med tolking av det empiriske materialet gjennom å lesa og re-lesa intervjutranskripsjonane, gjennom å strukturera empirien ved å setja likskapar ved sida av kvarandre, gjennom å samanlikna forskjellar, - i forsøk på å identifisera nokre mønster. I denne prosessen stilte eg meg spørsmål som: er det mogleg å seia at mennene i studien har like måtar å tala om og sjå på biletkunst, og at denne skil seg frå kvinnene sine, altså at kjønn er relevant for korleis ein betraktar bilete? Er det slik at dei med høg økonomisk kapital, altså dei rike, har likskapar i måtar å betrakta bilete på? Er her aldersforskjellar? Og ikkje minst, gjennom å lesa informantane sine utsegn og tankerekker om biletkunst med tanke på kva dei ser, kva assosiasjonar vedkomande får av kunsten og liknande. Målet med denne prosessen var å søkja å forstå korleis informantane betraktar biletkunst, men samstundes å undersøkja korleis måtane å betrakta biletkunst på kan vera knytt til ulike sosiale kjennemerke. Om ein finn mønster i sistnemnde, vil det i så fall kunne ha status som forklaringsfaktor på variasjonen.

Samstundes var eg klar over at det er relativt mykje sosiologisk litteratur om «manners of appropriation» (Bennett, et al., 2009), om tilnærmingar til og resepsjon av biletkunst. Som del av tolkingsprosessen gjorde eg meg kjent med denne litteraturen, og las om klassifikasjonar for betraktning av biletkunst andre hadde forska seg fram til (ref. 5.2.1). Gjennom å hoppa fram og tilbake mellom empiri og teori innanfor dette avgrensa temaet, gjennom å vurdere andre sine klassifikasjonar opp mot eige materialet, fann eg ut at her var likskapar mellom egne og andre sine klassifikasjonar, men òg at her var forskjellar som gjorde at det ikkje var mogleg å referera til ei eller fleire av desse etablerte kategoriane som utfyllande for eige materialet. Om det hadde vore full overlapp, så å seia, ville mine data ha gitt validitetsstøtte til ei av desse forståingane. Eg fann at

det var mange likskapar mellom katagoriane eg vurderte det relevant å skilja mellom, og Bourdieu & Darbel si inndeling av korleis ulike folk møter kunst (1991), men samstundes at her var forskjellar i utvalsamansetnad og i kjennemerke ved betrakningsmåtane.

Kjennskap eg undervegs skaffa meg om eksisterande sosiologisk teori om betrakningsmåtar innan biletkunst, vart slik ein form for sparrepartnar og derav medskapar i eigen tolkings- og analyseprosess – eller eit «active interplay» mellom data, teori og forførestellingar, som Martela omtalar den abduktive prosessen som (2011). Sagt med andre ord: ein vekselverknad mellom å analysera det informantane faktisk seier, på deira eige grunnlag og tolkingar av kva dette tyder, og «diskusjon» med ulike teoretiske perspektiv for å undersøkje korleis desse eventuelt kastar lys over eller forklarar det som er kome fram av empirien. Slik vert både eksisterande teori og eg medskaparar i portrettet av informantane og av feltet, men utan at målet om å avdekka og framstilla informantane si meiningsdanning av den grunn vert redusert. Med Larsen kan vi omtala dette som eit forhold mellom å vera teoretisk inspirert og empirisk drive (2013, s. 392).

Når det gjeld termen abduktiv metode og abduktive slutningar, kan det likevel innvendast at det – sjølv om det gjerne er ei noko klårare omgrepsfesting av metodiske framgangsmåtar som er å finna mellom deduksjon og induksjon – synes å vera nye ord på tolkingspraksisar som ikkje er nye og framande, men som har vore praktisert på ulike vis utan å ha blitt namngitt som abduksjon. Eg tolkar abduksjon som ei understreking av at datautvikling skjer i vekselverknaden forskaren gjer mellom teori, empiri og metode (som slik sett liknar Rødne sin definisjon i innleiinga av kapitlet): vekselverknad mellom å la mønster og fenomen syna seg i eller ut frå empirien, og på den andre sida å sjå desse opp mot teori og forførestellingar, og med medvite refleksjonar kring korleis desse står til metodiske vilkår. Samstundes er det ei tydeleggjering av at forskaren vel dei mest rimelege tolkingar og forklaringar på det som er observert.

Etter denne vitskapsteoretiske refleksjonsrunden skal eg gå vidare til å seia noko om kvalitative metodar generelt og om det kvalitative intervjuet spesielt, sistnemnde spesielt i relasjon til vitskapskrav som er relevante å visa til i kvalitativt orienterte prosjekt. I andre del av metodekapitlet skal eg gå over til å diskutera framgangsmåte og metodiske utfordringar.

### **4.3 Kvalitative tilnærmingar og intervjuet spesielt**

Kvalitativ og kvantitativ orientert forskning interesserer seg for ulike sider ved sosiale fenomen, og evner å svara på ulike typar spørsmål ved dei same fenomen (Aase & Fossåskaret, 2007, s. 11). Ein skil gjerne mellom utbreiing og innhald når ein i generelle vendingar refererer til dei to forskingsmetodane. Om forskingstemaet er til dømes mobbing blant born, vil kvantitative metodar gripa om spørsmål som senterer rundt kor mange born som vert mobba, forskjellar mellom ulike grupper born som vert mobba, endringar i utbreiing over tid osv., medan kvalitative metodar vil gripa om korleis borna opplever å bli mobba, eller korleis mobbarane opplever sin situasjon. Vi seier gjerne at kvalitative metodar søkjer djupare forståing for samfunnsfenomen, djupare enn det som har med omfang og utbreiing å gjera (ibid, s. 13). I kvalitative forskingsprosjekt er formålet å identifisera samanhengar av mening, kva fenomen og utsegn tyder, snarare enn kor ofte dei inntreff (Nielsen & Rudberg, 2006, s. 32).

Fordi ein er på jakt etter kva fenomen og utsegn *tyder*, er tolking sentralt. Observasjonar og annan empiri tyder seg ikkje sjølve. Av denne grunn har tolking av observasjonar, handlingar og utsegn, stor plass i kvalitativ forskning, og viktige metodologiske utfordringar er knytt til nettopp korleis forskaren analyserer og tolkar fenomen som vert studert (Thagaard, 2013, s. 37) (ref. døme under 4.2 om teoretisk påverknad i tolking av data). Både symbolsk interaksjonisme, delar av etnometodologien, poststrukturalistisk inspirert forskning og strukturalistisk konstruktivisme (Bourdieu), har det til felles at dei går ut frå at tyding av handlingar eller fenomen vert skapt i interaksjon, og at tyding ikkje er ein uavhengig storleik som forskaren kan avdekkja (Järvinen & Mik-Meyer, 2005, s. 10). Tyding er derimot eit relasjonelt fenomen som vert bestemt situasjonelt. Mot slutten av kapitlet (4.4.8) skal eg gi innsyn i eigen tolkings- og analyseprosess, for å visa korleis eg sjølv har gått fram i jakta på kva fenomen og utsegn tyder.

Ved sida av deltakande observasjon er intervju ein vanleg metode å skaffa seg empirisk materiale gjennom i kvalitativt orienterte prosjekt. Intervju er eigna utgangspunkt for å få kunnskap om korleis enkeltpersonar opplever og reflekterer over sine eigne situasjonar, for å få tak i

enkeltpersonar sine opplevingar, synspunkt og sjølvforståing (Thagaard, 2013, s. 12-13). Deltakande observasjon på den andre sida er ein metode for å skaffa empiri der forskaren både observerer ansikt-til-ansikt samhandling, og deltek i miljøa til dei studerte med seg sjølv over tid, og der forskaren søker etter relasjonelle og prosessuelle forklaringar på menneskeleg åtferd (Wadel, 1991, s. 196). Karakteristisk for begge desse metodane er at det vert etablert direkte og/eller nær kontakt mellom forskar og informant, og denne kontakten er viktig for materialet forskaren får (Thagaard, 2013, s. 13). Det seier seg med dette ikkje sjølv *kor viktig* eller på *kva måtar*, men berre nærværet av forskaren som person i kontrast til eit spørjeskjema, indikerer kontakt og interaksjon mellom personar.

Når det gjeld forholdet mellom metodeval og vitskapsteoretisk ståstad i eige prosjekt, altså det kvalitative intervjuet og ei form for strukturalistisk konstruktivisme med induktivt tilsnitt, er det i lys av avsnittet ovanfor i utgangspunktet ikkje motsetnadar mellom dei. Men det ligg ei spenning i perspektivet sine grenseflatar til andre vitskapsteoretiske perspektiv, der Bourdieu og etterfølgjarar av somme vert kritisert for å gi for lite handlingsrom til individa (ref. diskusjon under 4.2) Dette handlar mellom anna om korleis ein vektar det informantane faktisk seier, tolkingar forskaren gjer, samt informantane sine utsegn sett i samanheng med bakanforliggjande strukturelle faktorar som forskaren trur legg føringar på ytringar og oppfatningar. Skilbrei skriv om dette i si doktorgradsavhandling – om kvinnelege reinhalds- og daglegvaretilsette – at ho set seg over informantane sine tolkingar på den måten at ho ikkje spør rett ut kva dei trur kjønn og klasse har hatt å seia for deira liv, og om ho spør tar ho heller ikkje naudsynleg orda deira for god fisk (2003, s. 54). «Når jeg leser eller hører gjennom intervjuene på jakt etter 'kjønn', betyr det at jeg tror kjønn er vevd inn i de hverdagslige sammenhengene de beskriver, og at det kan skje på måter som ikke er synlige for kvinnene selv» (ibid). Skilbrei har ei forforståing om at kjønn er relevant og vevd inn i kvardagslege samanhengar, samt ei forståing av at om kjønn viser seg relevant, så er det ikkje sikkert at dei ho studerer er klar over dette, eller ser det. Det same gjeld for sosial posisjon i eigen studie. Eg trur tydinga av sosial posisjon i samfunnet sine ulikskapsstrukturar er vevd inn i ei rekkje kvardagslege

samanhengar, og at desse samanhengane i nokre høve er kjende for folk sjølve og i mange høve ikkje er det.

I samband med denne diskusjonen kan det nemnast at det ligg som premiss i Bourdieu sitt vitskapsteoretiske perspektiv og ontologiske syn at makt opptrer i ulike former, - i mange høve verkar den bak ryggen på folk og er tilslørt, og folk kan støtta den utan å vita om det. Makt fins utan at folk som makta rår over sjølve har oversikt over eller innsikt om den.<sup>10</sup> Den metodologiske konsekvensen av dette er at prov på makt ikkje kan leitast etter utelukkande i folk sine medvitne erfaringar. Mykje av usemja i den såkalla Skarpenes-debatten handla nettopp om dette, om kor vidt ein som forskar skal tru på det informantane seier, og då i tydinga som meir eller mindre den einaste sanninga, - og vidare kor vidt legitim kultur kan studerast utelukkande som det middelklassa sjølve oppfattar er legitim kultur (Skarpenes, 2007), eller om legitim kultur er noko meir enn det personar sjølve oppfattar det som (Skogen, Stefansen, et al., 2008), mellom anna fordi enkeltpersonar ikkje har full oversikt og fordi det fins bakanforliggjande forhold som er utanfor medvite til kvar enkelt. Premissen om at makt verkar bak ryggen på folk og at folk difor ikkje sjølve har full innsikt i og oversikt over situasjonen sin og over kva som påverkar dei, ligg slik som ei føring i dette vitskapsteoretiske synet. Dette står tilsynelatande i motsetnad til det å ta informantane alvorlig og å la deira definisjonar få forma forskingsprosjekt (Skilbrei, 2003, s. 54), men sjølv om informantane sine definisjonar vert tatt på alvor, er det uansett i siste instans forskaren som har rett til å ta monopol på analysen av materialet (Fog, 2004).

Sentralt er òg medvitet omkring at intervjuet er ein konstruksjon. Dei spørsmål som vert stilt i eit intervju er avgjerande for kva det er for vitskapelege objekt forskaren konstruerer (Faber, 2008, s. 85). Det er her ikkje tale om konstruksjon i tydinga oppdikting, men konstruksjon snarare som kontrast til intervju som eit «gravearbeid», der den bærande tanken er at om ein berre grev nok, kjem ein fram til ei autentisk og fast sanning. I Bourdieu sitt perspektiv er teoretiske omgrep, teoriar og tenkjemåtar forskaren sine instrument til å konstruera sosiologiske objekt med (Prieur & Sestoft, 2006), og teoretiske perspektiv og reiskapar spelar ei sentral rolle

---

<sup>10</sup> Dette samsvarar med maktoppfatninga til Frankfurterskolen og til retninga kritisk teori, som m.a. Jürgen Habermas og Theodor Adorno høyrer til.

(Faber, 2008). Med dette brillesettet er kulturelle forhold, sosial bakgrunn og makt sentrale omgrep, og kva angår konstruksjon av objekt så er det ei kjensgjerning at forskarar i denne forskingstradisjonen bringer med seg forventningar om at desse forholda spelar ei rolle, forut for prosjekt dei går inn i. Altså om at til dømes sosial bakgrunn spelar ei rolle, sjølv om ein dermed ikkje har sagt i kva utstrekning og korleis.

#### **4.4 Vitskapskrav i kvalitativ metode**

Når det gjeld vitskapskrav og relevante mål i kvalitativ metode, kan her vera på sin plass å understreka at dei ikkje er dei same som i kvantitativ metode. Rødne peikar på at kvalitativ metode har utfordringar med omsyn til å lausriva seg frå etablerte omgrep innan kvantitative metodetradisjonar (Rødne, 2009, s. 165). Ho viser til dømes korleis generalisering, reliabilitet, validitet og utvalsstorleik vert nytta for å legitimera det vitskapslege i kvalitativt orienterte prosjekt, noko som viser ei ikkje gunstig spegling mot vitskapskrav i kvantitativt orienterte prosjekt. Om vitskapskravet generalisering, eller det å vurdera kvalitative forskingsprosjekt eksplisitt eller implisitt opp mot statistisk representativitet, påpeiker Rødne at dette vitskapskravet er eit vesentleg kriterium for at forskaren har lukkast innan den kvantitative tradisjonen. Om forskaren finn interessante og valide opplysningar om eit representativt utval, har ho skaffa fram rimeleg sikker kunnskap om ein heil populasjon. Men refererer ein til same vitskapskrav innan kvalitative metodar, kan det reknast som ei form for feilaktig argumentasjon av det vitskapslege som i for stor grad rettar seg mot kvantitative vitskapskrav (noko Rødne fann mange døme på i mastergradsoppgåvene og doktorgradsavhandlingane som utgjer datamaterialet i hennar studie).

Når eg først er inne på generalisering kan her nemnast at det ikkje er sjeldan ein høyrer innvendingar mot kvalitative studiar basert på oppfatninga om at kvalitative studiar ikkje gir materiale til å generalisera om dei samfunnsforholda som er studert, altså at ein slags mangel ved kvalitative studiar er at funna ikkje kan «løftast opp til å gjelda alle». Dette handlar i stort monn om kva omgrep og fenomen frå metodelæra som har status som legitimerande innan dei to metodetradisjonane, og om korleis

ein som forskar kan argumentera for at resultatata ein har kome fram til, har tyngd. Ein av grunnane til at kvalitative metodar har utfordringar med å lausriva seg frå dei kvantitative, har å gjera med dei to metodane sine historiske utviklingar, og kvantitative metodar sine koplingar til teknisk-naturvitskapslege fag som ei form for hard-core vitskap, som ein allment sett kan einast om *er* vitskap, sagt litt banalt. Men dette handlar òg om at ein innanfor kvalitativt orienterte prosjekt ønskjer å argumentera for at sjølv om ein med små utval jaktar i djupna etter enkeltpersonar sine særlege forståingar for ulike fenomen, så avgrensar ikkje tolkinga og analysane seg til å gjelda berre desse. Enkeltpersonar sine meiningar, opplevingar, fortolkingar, tankar, og erfaringar om ulike fenomen, er ofte delte. I så måte: «kvalitative data kan si noe om mulige måter å leve i en situasjon på som det er grunn til å tro gjelder andre enn intervjupersonen. Fordi vår egen historie inngår i og utgår fra en kultur som rommer flere enn oss selv, kan vår egen måte å leve i verden på si mye om kulturen vi lever i (Skilbrei, 2003, s. 66). Derimot er omgrepet som rommar dette vitskapskravet i kvalitativ metode, snarare overførbarheit enn generalisering.

Vitskapskravet om overførbarheit handlar om at resultatata ein finn sannsynleg er relevante og gjeldande for fleire enn dei konkrete informantane som har delteke i studien. Eit essensielt poeng er likevel at overførbarheit må operasjonaliserast og referera til eige prosjekt (Rødne, 2009). Altså at for at vitskapskravet om overførbarheit skal vera relevant, bør forskaren operasjonalisera og reflektera over *kva* forhold det er sannsynleg gjeld for andre: overførbart for kven, for kva situasjonar, når osv. Eit tenkt tilfelle: det vil ikkje vera nok å argumentera for vitskapskravet om overførbarheit gjennom å visa til at funn ein har i ei kvalitativ undersøking av forbruksmønster blant 40-åringar i Oslo, truleg gjeld andre 40-åringar i Oslo (utover dei tenkt sett 20 personane som er djupneintervjua). Dette er mellom anna fordi vi veit at forbruksmønster varierer mellom ulike klasselag/segment av befolkninga, mellom menn og kvinner, og fordi marknadssituasjonen på den aktuelle tida studien er gjennomført òg truleg vil spela inn på forbruksmønsteret. I eige prosjekt vil eg seia at det er sannsynleg at personar som er i nærleiken av kvarandre i det sosiale rommet, vil kjenna seg att i skildringa av dei som har posisjonar ikkje langt frå dei. Dette kan eg ikkje vita sikkert, men det ligg som premiss



i tanken om det sosiale rom at personar som har posisjonar nær kvarandre i det sosiale rom truleg liknar kvarandre langs ein del parameter. Eller sagt med Bourdieu sine eigne ord: «agents, groups or institutions that find themselves situated in it (the social space) have more properties in common the closer they are to each other in this space: and fewer common properties, the further they are away from each other. Spatial distances – on paper – coincide with social distances» (Bourdieu, 1990, s. 127). Så når utvalet i denne studien er etterstrevd å spegla befolkninga i Stavanger og omegn – gjennom spreining i utdanning, yrkesposisjonar, sektor, inntekt, kjønn, og alder (minus etnisk bakgrunn) – ligg det ikkje som mål at utvalet skal vera representativt. Snarare er det vitenskapskravet om overførbarheit som er relevant.

Av andre mål på kvalitet i kvalitativt orienterte forskingsprosjekt, nemner Rødne truverdige resultat, perspektivtruskap og metodologisk koherens og transparens, samt det Repstad kallar «overskridande erkjenning» (Rødne, 2009). Når det gjeld metodologisk transparens handlar det om at det skal vera mogleg for andre enn forskaren sjølv, å vurdera val forskaren har gjort undervegs i forskingsprosessen, og å kritisera med basis i desse. Til dette trengs det transparens, eller openheit og gjennomsiktighet omkring kva val som er treft og grunngevingar for desse.

Neste del i metodekapittelet søkjer å møta kravet om transparens gjennom å gjera greie for framgangsmåte i eige prosjekt. Eg skal gå over til å gjera greie for og diskutera pragmatiske metodiske forhold som er relevante for eige prosjekt: som informantrekruttering, anonymitetsomsyn, tematisk avgrensing av intervjumaterialet, det endelege informantutvalet, eigen person og rolle sin påverknad i prosjektet, «pressing» av grensedraging i intervju, samt at eg skal gje innsyn i analyseprosessen.

## ***4.5 Framgangsmåte og metodiske problemstillingar***

### *4.5.1 «Prisme-prosjektet»*

Prisme-prosjektet er eit treårig forskingsprosjekt støtta av Noregs forskingsråd (FRISAM). Prosjektet, som har tittelen «Rapid Social Change, Value Transformation, and the Field of Culture – the City of Stavanger as a Prism», utforskar verdiendringar og endringar i kulturell verdsetjing i



Stavanger dei siste 40 åra. Byen si omforming frå ein liten småborgarleg og religiøs stad på 1960-talet, til ein kapitalintensiv internasjonal oljeby på 2000-talet, er den historiske ramma rundt prosjektet, - og sosiale, kulturelle og økonomiske endringar som har følgd av denne historiske utviklinga, er prosjektet sitt studiefokus. Stavanger vert brukt som prisme for analysar av overgangen til det seinmoderne samfunnet.

Prosjektet som heilskap har triangulert mellom historisk materiale, kvantitative surveys og kvalitative intervju. På førehand var det definert at doktorgradskandidaten i prosjektet skulle ha ansvar for den kvalitative datainnsamlinga, og det har vore mi ramme. Prosjektet har vore aktivt frå 2011 til 2014, og inkludert ein svangerskapspermisjon har eige prosjekt gått frå 2011 til 2015.

Prosjektgruppa har bestått av Nils-Asle Bergsgard (prosjektleder og sosiolog, HiT og IRIS), Anders Vassenden (sosiolog, UiS og IRIS), Lennart Rosenlund (sosiolog, UiS), Heming Gujord (litteraturvitar, UiB), Nils Jacobsen (arkitekt, UiS), Nils Rune Langeland (historikar, UiS), Hilmar Rommetvedt (statsvitar og kvalitetssikrar, IRIS) og underteikna (antropolog, IRIS og UiS), samt ei internasjonal referansegruppe bestående av i tillegg Mike Savage (sosiolog, LSE), Annick Prieur (sosiolog, AAU), Caroline Knowles (sosiolog, Goldsmiths University of London), Frederic LeBaron (sosiolog, Université de Versailles Saint-Quentin-en-Yvelines) og Dag Solhjell (kunstsociolog, HiT). I løpet av den treårige prosjektperioden har prosjektgruppa hatt jamlege møte, og den internasjonale referansegruppa har vore samla ein gong i året. Forskingsopplegg, tentative funn og etter kvart ikkje fullt så tentative funn har vorte diskutert og kritisert i møta. For eigen del har prosjekttilknytninga gjort til at utover mine to rettleiarar (Rosenlund og Prieur), så har fleire personar vore reelt involvert i arbeidet med avhandlinga. Anders Vassenden, Nils Asle Bergsgard og Hilmar Rommetvedt frå prosjektgruppa har, på ulike vis, vore diskusjonspartar når det gjeld både utforming av intervjuguide, forskingsopplegg, rekruttering, gjennomføring og analyse. Anders Vassenden har sjølv lest heile det kvalitative materialet (samt utført to av dei), og har difor vore ein sentral part i arbeidet med analyse av intervju. At analysane som etter kvart har kome fram har vore diskuterte og kritiserte av fleire, styrkar tiltrua til det endelege resultatet.

Kjennskap til kontekst er i mange høve sentralt for å forstå empiri og analyse. I dette prosjektet er konteksten sentral på den måten at den historiske opptakten til staa i dagens Stavanger er relevant. Den sosiale ulikskapsstrukturen i byen, og særdrag ved byen generelt – som til dømes oljehovudstadstempleet – er tenkt å ha påverka innbyggjarane sine moglegheitsrom og førestellingsverder på ei rekkje måtar.

Intervjua i studien femnar om tema som erfaring med (rask) velstandsauke, sekularisering, oppleving av forskjellar mellom generasjonar, oppfatningar av sosiale hierarki, og verdsetjing av kultur, livsstil og estetikk. Fire kulturelle uttrykk representerer kulturfeltet: heimeinteriør, biletkunst, litteratur og arkitektur. Innanfor tema som intervjua dekkjer, avgrensar avhandlinga seg til forholda som omhandlar sosial ulikskap og kultur, livsstil og smak. Det er fleire grunnar til at avhandlinga vektlegg oppfatningar av sosiale hierarki og kulturell verdsetjing, og ikkje i så stor grad syn på endringar byen har vore gjennom og velstandsvekst. For det første er det fleire analysar av sistnemnde tema som vert belyst i utgjevnaden som kjem ut som felles publikasjon frå prosjektet (ref. Bergsgard & Vassenden, red., 2015). For eigen del gjeld dette kapitla *Synet på de rike og rikdommen* (Vassenden & Jonvik, 2015) og *Frå trongt til travelt – to generasjonar frå Stavanger fortel* (Jonvik, 2015b) (sjå òg Vassenden, 2015; Vassenden & Bergsgard, 2015). For det andre er her er eit ekstensivt og spanande datamateriale som kretsar rundt kulturell verdsetjing og hierarki. I tillegg viste det seg utfordrande å kople endringsdataene og generasjonsforteljningane som fins i intervjua, med «stillbileta» av kulturell verdsetjing og oppfatningar av sosiale hierarki.

#### *4.5.2 Rekruttering og endeleg utval*

Følgjande føringar for informantutval var definert i prosjektskissa: halvparten av personane skulle vera fødte mellom 1945-50 og den andre mellom 1975-80, dette for å ha ein alderskohort fødd på kvar side av byen si oljæra. I tillegg skulle det vera 50/50 fordeling mellom kvinner og menn. Utvalet skulle telje ca. 50 personar, og «spegla» Stavanger si befolkning gjennom å dekkja dei fire kvadrantane i Bourdieu sitt sosiale rom. Dette for å «capture both continuity and change over time (between two cohorts) and socio-spatial differences (within each cohort)» (ref. prosjektskissa).

Informantane er utvald gjennom strategisk utveljing ut frå nokre utvalde bakgrunnsvariablar (alder, yrke, utdanning, kjønn, sektor). Den konkrete rekrutteringa av informantar, gjekk i starten føre seg gjennom ulike nettverk to eller tre ledd frå personar i prosjektgruppa sine nettverk (personar i prosjektgruppa sine nettverk foreslo moglege namn, eller bekjente av personar i prosjektgruppa sine nettverk foreslo moglege namn). Her var tanken at ved å spørja bekjente frå ulike arbeidssektorar og med ulike klassetilhøyrse om å foreslå namn som kunne passa dei ulike profilane vi var på jakt etter (til dømes handverkarar i byrjinga av 60-åra, eller person med 3-årig profesjonsutdanning med arbeid i helsesektoren), så ville det sosiale rommet byrja å fylla seg opp. Rekruttering i starten var difor òg naturleg nok enklare enn mot slutten, fordi i starten var heile det sosiale rommet ope. Mot slutten vart det oftare til at vi kom i kontakt med personar som ikkje passa i profilane som mangla (t.d. at dei var i feil alderskohort, hadde feil yrke osv.). Parallelt med nettverksrekrutteringa sende vi difor ut førespurnadar om deltaking gjennom skriftleg informasjonsbrev (ref. Appendix 5) til foreldre i utvalde barnehagar i Stavanger, etter samtykke frå styrarar i barnehagane. Ca. 60 invitasjonsbrev vart delt ut gjennom barnehagar. Ingen av desse resulterte i respons. Ein grunn for den manglande responsen kan vera at personar vi søkte etter først måtte passa profilen vi leitte etter, og deretter, om dei var opne for å stilla til intervju, vart dei bedne om sjølve å melda seg. Dette kan vera terskelen som gjorde at denne forma for rekruttering vart mislykka. Vi gjekk då vidare til å søkja oss fram til skulekontaktar/foreldrekontaktar i utvalde bydelar frå barnehagar og skular sine nettsider, og å ta kontakt med potensielle aktuelle pr. telefon. Fleire profilar passa ikkje, så her vart det til at vi tok kontakt med langt fleire enn dei som til slutt vart utvalet.

Nokre personar som vart kontakta takka nei, anten med opplyst grunn om at dei ikkje var interessert, ikkje hadde tid, eller at det var gått for lang tid innan dei svarte på førespurnaden. Etter førespurnad gjennom telefon, fekk dei som passa profilane vi leitte etter, og som sa seg villige til å delta i studien, tilsendt eit informasjonsbrev og samtykkeerklæring (sjå Appendix 5). Ein konsekvens av forholdet mellom frivillig deltaking og temaet for studien (endringar i verdiar og kulturell verdsetjing i Stavanger og omegn dei siste 40 åra) er truleg at personar som «meiner noko om

Stavanger», som likar å fortelje, folk som i utgangspunktet ikkje er framand frå problemstillingane i prosjektet, kan ha blitt overrepresentert. Det er vidare sannsynleg at intervjupersonane sine svar på om dei ville delta i undersøkinga har blitt påverka av relasjonen dei har til personane som spurde, utan at dette vert vurdert til å ha påverka innhaldet i kva som er kome fram i intervjuet i nemneverdig grad.

Fordi prosjektet har fokus på Stavanger og omegn si historiske utvikling (frå religionshovudstad til å bli ein oljehovudstad og med ein snartur innom status som kulturhovudstad i 2008), søkte vi etter informantar som er fødd og/eller oppvaksne i Stavanger og omegn, og som har kjennskap til og eigne opplevingar frå denne utviklinga. Med grunnlag i dette er alle informantane etnisk norske, fødd og/eller oppvaksne i Stavanger og omegn, Stavanger og omegn definert til å gjelda kommunane Stavanger, Sola, Randaberg og Sandnes.

Det endelege utvalet består av 19 kvinner og 20 menn, 18 av informantane er fødte mellom 1975-80, og 21 mellom 1945-50 (sjå oversikt over yrke, kjønn, utdanning, alder/generasjon og bydelstilhørsle i tabell i Appendix 1). Dei bur spreidd i bydelar og område som Tasta, Kvernevik, Eiganes, Våland, Sentrum, Madla, Storhaug, Byøyene og Sunde, for å nemna nokre. Inntektsnivået mellom informantane spenner frå under låginntektsgrensa (50 % av medianinntekta) til årsinntekt på fleire millionar. Nokre er formuande, og andre er langt frå formuande og har midlertidige arbeidskontraktar og inntekter (t.d. student, frilans kulturarbeidar). Det er få som ligg i nedre sjikt, og ingen informantar er blant dei 10% fattigaste (ref. Vassenden & Jonvik, 2015). Når det gjeld yrkesposisjonar utgjer informantane ei spreing mellom yrke som: sjukepleiar, ingeniør, handverkar, lærar, reinhaldar, finansforvaltar og kulturarbeidar. I utdanningsnivå dekkjer utvalet spreing frå folkeskule til doktorgrad, og når det gjeld type utdanning er både profesjonsutdanningar, samfunnsfag og humaniora, økonomi og teknisk- naturvitskaplege retningar representert. Desse objektive kjennemerka syner spreinga mellom informantane, samstundes som dei indikerer at tilgangen deira på samfunnets gode og byrder er ulikt fordelt.

Utover kjennemerka som gjer informantane objektivt ulike, er det mange faktorar som etter objektive mål gjer dei like. Dei er som nemnd alle

etnisk norske og har hatt sine oppvekstar i Stavanger og omegn (to personar vik frå dette anten ved å ha budd andre stader i løpet av oppveksten og deretter flytta tilbake, eller ved å ha kome til byen i tidleg ungdomsalder). Slik er dei del av ein meir eller mindre felles ideologisk kulturell tradisjon. Fordi dei deler både nasjonale og regionale band, står dei i krysskulturell samanheng fram som like. Vidare er 36 av 39 bustadeigarar. Eigarandelen i Noreg i 2014 var på 80 % (Vassenden, 2014), slik sett er eigarskapsandelen i utvalet ein del høgare enn landet for øvrig. Sentralt i denne samanheng er at dei aller fleste av informantane høyrer til «eigarklassa». Ein annan objektiv likskapsfaktor mellom informantane er at 37 av 39 har born. Dette bidreg til likskap mellom dei på den måten at dei har organisert og organiserer tida si rundt foreldreskap, og at dei har emosjonelt og formelt ansvar for personar dei har sett til verda, sjølv om det sjølvsagt er store variasjonar i måtar å vera forelder på. Dei 39 personane er slik ulike langs nokre objektive parameter og like langs ein del andre. I ei avhandling som omhandlar oppfatningar av forskjellar, er desse objektive skilja sentrale å ha i mente.

Det er utført i alt 39 ordinære intervju (eit av intervju vart delt over to seansar). 37 av dei 39 intervju er utført av underteikna (dei to resterande av Anders Vassenden i prosjektgruppa). I to av intervju var ektefelle/sambuar til stades (gjeld for Arne og Truls). Tidleg i prosjektet vart det i tillegg gjennomført 3 pilotintervju for å prøva ut intervjuguiden (eit av Vassenden og to av underteikna). Til saman tyder dette at 44 personar er involvert i studien. Intervju er utført i perioden mellom hausten 2012 og hausten 2013, og med unntak av tre, er alle intervju gjennomført heime hos informantane. Når eg refererer til 39 informantar er dette rekna som primærrespondentane. Det er deira oppfatningar og røyster som utgjer datamaterialet.

Vurderinga om å stoppa datainnsamlinga etter 39 intervju vart gjort med basis i både faglege og praktiske grunngjevingar. Intervju viste seg å bli lange, og dei dekte mange og breie tematikkar og «ga mykje data». Lengda på intervju gjorde dei tidkrevjande både å gjennomføra, lesa, transkribera, og å ta høgdom for i analysearbeidet. Rundt desse tider gjekk òg underteikna ut i svangerskapspermisjon. Hadde vi fortsett opp mot eit utval på 50 ville vi fått tilgang til fleire erfaringar frå Stavanger si historiske

utvikling, fleire røyndomsoppfatningar og fleire syn på sosiale forskjellar, og kanskje ville variasjonen med dette har vorte større eller tydelegare. 39 ustrukturerte intervju, såkalla djupneintervju, representerer likevel eit stort utval og eit stort materiale for å vera eit kvalitativt orientert prosjekt. Fagleg sett vurderte prosjektgruppa og eg sjølv at materialet på dette tidspunktet var ekstensivt nok.

Undervegs i rekrutteringa av informantar systematiserte eg informantane, etter kjønn, alder, yrke, sektor, utdanningslengd, og utdanningstype, for å kunne vurdera kva profilar som mangla. Då det endelege utvalet låg føre, vart informantane projisert inn i eit sosialt rom for å vurdera spreinga til det strategiske utvalet (utført av Lennart Rosenlund). Spreinga synte seg å vera god (ref. Appendix 2). Sjølv om spreinga er god, synte det seg to former for skeivheiter, som er store nok til at dei skal nemnast. Det endelege utvalet kan argumenterast for å vera noko topptungt, det er ei ca. 14/25 fordeling mellom lågt og høgt kapitalvolum. Vidare viste det seg, etter at informantane vart projisert inn i det sosiale rommet, at det vart ei samanklumping av personar frå den yngste alderskohorten i øvre del av rommet på sida med kulturelle orienteringar, og ei overvekt personar frå den eldste kohorten i delen med høg økonomisk kapital. Dette kan ha å gjera med at jo eldre ein blir, jo meir velstand og egedelar opparbeider ein seg (t.d. hus, hytta, bil, båt).

At utvalet er spreidd er både ein styrke og ei utfordring. Spreidde utval får fram variasjon, medan avgrensa utval, eller det vi kan kalla avgrensa klassestudiar, kan få fram djupare informasjon om enkeltklassar eller – fraksjonar.<sup>11</sup> I spreidde utval vert gjerne variasjonen i seg sjølv eit sentralt funn.

#### *4.5.3 Anonymitet*

Anonymisering er sentralt for å sikra at personar som stiller opp i forskingsprosjekt ikkje skal kunne la seg identifisera. Personane som har stilt opp i denne konkrete studien, har sagt seg villige med dette som opplyst premiss. Gjennom informasjonsskrivet (sjå Appendix 5), og munnleg i

---

<sup>11</sup> Ref. avgrensa klassestudiar av eliten: t.d. Daloz (2007), Flemmen (2009), Korsnes, et al. (2014), av middelklassa: t.d. Skarpenes (2007), Lamont (1992) (berre menn), og av arbeidarklassa: t.d. Gullestad (2001a), Lamont (2000). Ref. spreidde utval: t.d. Faber (2008) (berre kvinner), Jarness (2013b).

intervjua, vart det formidla at intervjua og studien skulle resultera i ei doktorgradsavhandling og i fleire andre publikasjonar. Det har vore viktig for meg å forsøka å få dei som sa seg villige til å bli intervjua til å kjenna seg komfortable med og positive overfor si deltaking.

Anonymisering er løyst på den måten at alle informantane er gitt fiktive namn. Eg har ikkje lagt mykje vekt på å gi informantane namn som er tidstypiske for kvar enkelt alderskort. I tillegg til namn er bydelstilhørsle byta ut med ekvivalente bydelar i somme høve. Fordi både utvendig og innvendig utsjånad på informantane sine husvære tidvis vert utførleg skildra, er anonymiseringa av bydelstilhørsle gjort som eit ekstra ledd i arbeidet med å utelata detaljar som kan føra til at personane vert kjende att. Informantane sine yrke er òg, der det har blitt vurdert som naudsynt, blitt gitt ekvivalentar (t.d. gjennom å byta mellom likande handverkaryrke).

Prosjektet er meldepliktig etter Personopplysningslova, og har vore meldt til og godkjend av Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste (NSD).

Eg har anonymisert materialet etter beste evne, og håper dette er noko alle respekterer.

#### *4.5.4 Refleksjonar kring intervjua*

Intervjua varte frå 1 ½ til 3 ½ time. Eit intervju vart delt opp og spreidd over to seansar i over to timar kvar. Sjølv lengda på intervjua kjentes i starten ut til å henga saman med om intervjua var gode eller ikkje. Skilbrei skriv om at gode intervju er dei der ein ikkje sit og undrast over om det vert eit godt intervju, og kjenner på eiga rolle og dyktigheit til å stilla spørsmål osv., men der ein faktisk berre lyttar og stiller spørsmål som spring ut av det ein høyrer (2003, s. 45). Dette kjenner eg meg att i. Og nokre av intervjua kjentes intuitivt gode ut, anten fordi eg opplevde at det var god kjemi og ein god tone mellom informanten og meg, fordi samtalen flaut fint, eller fordi eg fekk lange og utfyllande svar, og av den grunn trudde eg fekk ei slags stadfesting av at spørsmåla var gode og relevante, og at eg gjorde noko rett. Etter slike intervju kjende eg det som eg hadde fått «mykje data». Men etter kvart som eg rørte meg inn i analysearbeidet, og etter kvart som dei konkrete intervjua vart lenger vekke i tid, skjønnte eg gjennom erfaring på kva måtar korte svar er like meiningsfylte, og at korte intervju ikkje naudsynleg er dårlegare enn lange. Skilbrei understreker i denne



samanheng at det er særleg viktig å respektera informasjonen som kjem ut av det ho kallar magre intervju, fordi forskjellen i befolkninga på kven som svarar langt og reflektert ikkje er tilfeldig (ibid, s. 44). Slik sett vert teiande informantar og magre intervju både noko ein som forskar må reflektera over, og eit potensielt funn. Fordi intervjuet går gjennom språket, og fordi nokon har språket i si makt som det heiter, vil nokre personar kjenna seg meir på heimebane enn andre i intervjusituasjonen. Den potensielle skeivheita som ligg i dette er ikkje noko ein som forskar ønskjer å vidareføra. Det er difor sentralt å erkjenne at desse forholda verkar på kvalitative intervju.

Det er eit metodisk forhold spesielt som det kan vera relevant å reflektera over i ein kvalitativ studie av grensedraging som denne studien er. Det angår framprovosering av grenser. I nokre intervju har grensedraging og avstandstaking vorte pressa fram, så å seia. Dette har skjedd gjennom at eg til dømes har spurt og grove frå ulike vinklar, stilt oppfølgingsspørsmål sjølv om det intuitivt verka som informantene ikkje hadde noko den ville seia om temaet, spurt eksplisitt etter kva informantane tenkjer det er akseptert å seia om andre personar sin (gode og dårlege) smak o.l. Ein konsekvens av dette kan vera at enkelte informantar har gitt til kjenne fleire grenser enn dei nyttar til vanleg. I nokre høve resulterte desse samtalepassasjane i innsyn i informantane sine tankar om kva type forskjellar dei talar fritt om og ikkje. I så måte talar vi om framprovosering av grenser som fins i deira repertoar, men som ikkje naudsynleg er aktive delar av repertoara, men som vert løfta fram gjennom mi framprovosering. I intervjuet med Oda (35, 1-4 UH, humanitær org.) til dømes, opplevde eg at ho hadde synspunkt på kva sosiale grupper som likar ulike typar kulturelle uttrykk, som ho ikkje intuitivt og utan oppmoding ga til kjenne, men som det viste seg absolutt var til stades i hennar repertoar. Etter at ho i intervjuet har gitt meg innsyn i distinksjonar og grenser ho opererer med knytt til eigen smak, må eg altså «pressa» ho noko i å gå over til å ytra seg om, ikkje berre kva «andre folk» likar, men òg kvifor. Ordet pressa står i hermeteikn fordi det ligg som premiss at ho let seg pressa, t.d. hadde ho tidlegare kome med indikasjonar på at ho har meiningar om kva andre folk likar, og at ho var open for å snakka om det. Eg tolka situasjonen som at ho syns det var greitt å prata om desse forskjellane, men at ho måtte reservera seg og



forklara seg før ho gjekk i gong med det. Ved eit høve i denne passasjen seier ho «no syns eg du pressar meg til å seia ubehagelege ting». Meir enn at dette er ein reell ubehageleg situasjon (ho smiler då ho seier setninga), angir dette at det er knytt nokre sosiale og moralske konvensjonar til det å uttala seg om smakshierarki for Oda. Denne forskjellen mellom å tala om eigen smak (som ikkje er vanskeleg) og om andre sin smak, viste seg dessutan å veksa fram til å bli eit sentralt funn (ref. kap. 6 og 8). Det at smaksforskjellar, livsstilspreferansar og forskjellar i utdanning faktisk er sensitive – noko ein ikkje berre kan uttala seg fritt om – er eit substansielt funn.

Det ovannemde døme kan samstundes tena til å illustrera korleis forskaren er med på å forma bilete av verda som deretter vert tildelt informanten. Det er Oda sine oppfatningar og sitt repertoar som kjem til syne, men det er lokka fram av meg i intervjusituasjonen. Om eg hadde unnlata å stilla spørsmål med fleire vinklingar om desse forholda, ville eg antakeleg i større grad fått fram kva som er informantane sine aktive repertoar, samstundes ville eg ikkje i like stor grad fått fram at det er knytt sosiale konvensjonar til kva som er greitt å uttala om desse forskjellane.

Eit anna forhold som kan vera relevant å nemna, som gjeld for studiar av grensdragning, er det at intervjuet – av informantane – kan sjåast som «frie» samanlikna med andre former for samhandling. Intervjusituasjonen er ein sær eigen situasjon som skil seg frå samhandling og samvær informantane har i sine ordinære sosiale kretsar og rørslemønster. Tanken om intervjuet som ein fri situasjon er kan hende meir presente hos enkelte enn hos andre, noko som kan antakast å henga saman med relasjonar som veks fram i intervjuet mellom informant og forskar. Om informanten kjenner på likskap og likeverd, kan det tenkjast at vedkomande slepp grensene friare ut, så å seia. I intervju der informanten kjenner likskap med forskaren (t.d. i alder, utdanningsnivå, utdanningstype, sivil status, kulturinteresser), kan det henda ein kjem tettare på folk sine grenser fordi det vert opplevd som om forskaren ikkje er langt frå eins eigen referansegruppe.

Intervjua har, med unntak av tre, gått føre seg i heimane til intervjupersonane. At intervjua er gjennomført *heime hos* er av sentral tyding i studien, det er ikkje berre «ein stad å vera under intervjuet». Dette er fordi studien omhandlar kvardagslege estetiske vurderingar, smak og livsstil, og

fordi heimeinnreiing spesifikt er eit av fire estetiske case som vert utforska. Gjennom at intervjuar går føre seg heime hos informantane har dei innslag av både observasjon og deltaking. Eg har observert personane i deira heimar, i nokre høve fått omvising, fått servering, møtt andre familiemedlemmer, og eg har observert og snakka med informantane om deira spesifikke innvendige heimar, om møblar, biletkunst, veggpryd, om kva dei er nøgd med, misnøgd med osv. Vassenden poengterer i doktorgradsavhandlinga si at metodar ikkje er reine former, og at skiljet mellom intervju og deltakande observasjon ikkje er eintydig (2008, s. 47). Heimeintervjuar i denne studien har innslag av observasjon gjennom at eg ikkje berre har møtt og samtalt med personane, men òg oppholdt meg i, og i nokre høve fått omvisning i, heimane deira. Intervjuar gjekk stort sett føre seg i stovene til informantane, nokre gonger på kjøkkenet. Nokre ga livlege og lange omvisingar og utgreiingar når det kom til husværa si innside, andre meir korte og avmålte.

Etter kvart intervju skreiv eg observasjonsnotat for å festa til minnet visuelle sider ved bustaden, kjennemerke ved personane, moglege relevante moment som kom fram før og etter bandopptakaren, samt eigne førstetolkningar og beinveges reaksjonar frå intervjuar.

#### *4.5.5 Framsyning av bilete i intervjusituasjonen*

«Photo elicitation is based on the simple idea of inserting a photograph into a research interview» (Harper, 2002, s. 13). Harper ser fotoframsyning som ein metode som potensielt leier til djupare nivå av medvitet: «photo elicitation mines deeper shafts into a different part of human consciousness than do words-alone interviews» (ibid, s. 23). «Photographs appear to capture the impossible: a person gone: an event past» (ibid). Fordi vi responderer ulikt på ord og på bilete, opnar framsyning av bilete for andre typar informasjon enn det ord opnar for. Potensielt kan bilete aktivera delar av minnet som ord ikkje klarar. I tillegg kan fotoframsyning ha den konsekvens at den peiker ut perspektiv og set forskarar på spor av moment dei ikkje var klar over i forkant, som til dømes taus kunnskap frå andre sosiale og kulturelle verder (Vassenden & Andersson, 2010, s. 159).

I denne studien er fotoframsying nytta for å gje fleire inngangar til forståing av subjektive oppfatningar av kulturelle og estetiske uttrykk. Bilete av forskjellige bustadhus vart synt fram i delar av intervjuar der arkitektur var tema, bilete av bokcover vart synt fram under samtale om litteratur, og bilete av maleri vart synt under samtalanane om biletkunst (sjå Appendix 3). Eg trur fotoframsyinga har gjort det lettare å få tilgang til (fleire) grenser og distinksjonar kring smak og kulturelle preferansar. Sjølv om oppfatningar av eit og same objekt kan vera ulik hos ulike personar, har det at informant og forskar har same visuelle objekta framfor seg, vore med å gi større forvissing om at ein talar om same type objekt, stil, motiv, farge m.m. Så sjølv om ein «kan sjå på det same og framleis ikkje sjå det same», så er ein nærare å sjå det same fordi ein tek vekk leddet der forskaren forklarar med ord kva den ønskjer synspunkt på. Det er større sjanse for å vita at ein talar om same type objekt om ein har bilete av objektet, enn om ein introduserer objekta med ord (t.d. «kva tenkjer du om slike låge funksjonalistiske hus som det vart bygd mange av på 1970-talet som gjerne har flate tak», eller «har du sett klovnebiletta til Marianne Aulie, kva synes du om dei»).

Det at vi i denne studien har vist fram fleire bilete samstundes, har òg mogleggjort ei form for kvardagssosiologisering. Informantane har hatt bileta av fleire bustadhus framfor seg samstundes, og samtalt om kven dei trur kan bu i husa, og om dei dei tenkjer seg bur i husa kan ha nokre meiningar om kvarandre. At dei har hatt bileta framfor seg kan gjera til at dei fekk ein visuell hjelpar gjennom samtalen, og at det vart fokus på forskjellar mellom husa og at desse forskjellane vart sett i ein samanheng. Bileta som er nytta av bustadhus i denne studien, gjer det samstundes tydeleg at her er variasjon i korleis folk bur, at her er sprik i velstandsnivå og arkitektoniske preferansar og sjansar for utfalding. Slik vert framsyinga av bustadbiletta godt eigna for å få fram grensedraging og forskjellsoppfatningar.

Fotoframsying av både bustadhus, biletkunstverk og bokcover har òg gjort til at vi fekk mykje data om smaks- og livsstilsforskjellar, og det gjorde det mogleg å – på systematisk vis – samanlikna ulike reaksjonar på kulturelle uttrykk og objekt, og å undersøkje korleis desse heng saman med enkeltpersonar sine sosiale posisjonar.

#### 4.5.6 *Om eiga rolle og påverknad*

Refleksjonar kring kven ein er som forskar i relasjon til dei ein studerer, er sentralt i kvalitativ forskning. Både når det er tale om intervju og deltakande observasjon *møter* forskaren og personane som er gjenstand for (ut)forsking kvarandre. I desse situasjonane *vert forskaren nokon* for dei som vert studert, og forskaren vert tolka gjennom munnlege og visuelle markørar vedkomande sender ut. Refleksjonar omkring kva ein som person (utsjånad, klassemarkørar, kjønn, alder, språk, framtoning og kroppshaldning) og i kraft av si forskarrolle (status, institusjonstilhøyrse) kommuniserer, er difor av tyding. Det er ikkje gitt kva det tyder, men ein bør reflektera over potensielle tydingar eigen rolle og kjennemerke kan ha, og korleis desse potensielt kan påverka analysen. Knytt til desse forholda ligg det ofte både tankar om at distanse til tema gir høgare objektivitet og nøytralitet og at nærleik kan gjera blind, men òg at nærleik i sosial status og kjennemerke mellom forskar og informant gjer kommunikasjon mogleg gjennom at ein deler «felles diskursivt univers» (ref. Danielsen 1998), medan avstand gjer kommunikasjon vanskelegare.

Etter inspirasjon frå, men ikkje like grundig som Gullestad i hennar bok *Hverdagsfilosofier* (1996), skal eg gi innsyn i kven eg sjølv er og kva det eventuelt kan ha hatt å seia at det er nett eg som har gjort denne studien.

Eg er fødd (1978) og oppvaksen i industristaden Odda i Hardanger, eller «feilstinget i Hardangersaumen» som forfattar Frode Grytten kallar Odda. Feilstinget fordi Odda, med sine fabrikkar, sin arbeidarkultur, sin livlege forteljar- og bannekultur, og med si historiske karbidluft, ligg dramatisk plassert mellom sine «objektivt sett» langt vakrare omgjevnadar av fjordar, fjell og frukttre. Sistnemnde så vakkert at det danna mykje av grunnlaget for sjølvaste nasjonsdyrkinga.

Far min arbeidde ved Smelteverket i Odda til dei stengde portane i 2003. Han er det ein kan kalla sjølvproletarisert fordi han i si ungdomstid valde å følgja sitt raude politiske engasjement og bevisst søkte seg arbeid på golvet i industrien, som det heiter, medan søskena hans alle tok lengre utdanningar. Mor mi har to års lærarutdanning, men har aldri arbeidd som lærar, men heller i ei rekkje midlertidige engasjement på mellom anna

bibliotek, museum og krisesenter for kvinner. Eg har både raude foreldre og ein raud oppvekststad.

Dette lille utdraget gjer det synleg at det er fleire i min familie som har rørt seg mellom ulike klassar. For mitt eige vedkomande, og mi eiga klassereise som det heiter (frå arbeidardotter til akademikar), er det å «reisa mellom klassar» på eit vis noko eg identifiserer meg med, men noko som i mange høve og situasjonar ikkje kjennes relevant eller særreige i det heile.

Etter eg flytta frå Odda, har eg studert i Bergen, Oslo og India, og eg gjekk ut med hovudfag i sosialantropologi frå Universitetet i Bergen i 2005. I 2008 flytta eg til Stavanger, og etablerte meg med familie. Ikkje lenge etter eg flytta til byen sat eg hos frisøren då han spør meg eit spørsmål som verkar vera ei av hans faste frasar: «So why did you move to Stavanger? Love or oil?». Eg smilte over at det ifølgje frisøren tydelegvis ikkje er mange andre tenkjelege grunnar for å busetja seg i byen, men så gjorde heller ikkje mi forteljing det relevant for han å leggja til fleire beveggrunnar.

Om eg oppsummerer statusane mine, i tydinga sosiale posisjonar det er knytt rettar og plikter til (ref. Linton, 1936), vert dei som følgjer: eg er i midten av 30-åra, kvinne, tilflyttar, høgt utdanna, eg snakkar Odda-mål, eg kjem frå raude og «leksikalske» arbeidarkår, og eg har born. Fordi utvalet i denne studien er spreidd og ikkje homogent, er det sannsynleg at kommunikasjon eg sender ut gjennom mine statusar og markørar, har vorte tolka på ulike vis av ulike informantar. For nokre av dei er eg jamgammal, for andre er eg del av deira born sin generasjon. For nokre er eg lik i kraft av å ha høgare utdanning, for andre representerer dette ein forskjell. Likedan med oppvekstkår. Det at eg er tilflyttar og gjennom dette har eit utanfråblikk, men samstundes er innbyggjar og borgar og slik deler eit samtidig innbyggjarblikk, er forsøkt utnytta på den måten at tilflyttarstatusen er forsøkt nytta for å få fram informantane sine eigne forståingar av erfaringar kring si eigen og byen si nære historie («eg er jo ikkje herfrå, men kan du fortelja meg» osv.). Når det gjeld utdanning og samtalar om utdanning i intervju, vil eg som doktorgradskandidat, og gjennom mi knyting til forskingsinstitusjonen IRIS og Universitetet i Stavanger, sannsynleg bli sett på som ein representant for ein som legg høg verdi til lang utdanning. Kan hende har dette skapt nærleik til dei som sjølve kjenner det slik, og avstand til dei som ikkje kjenner det slik. Widerberg

peiker til dømes på at kjønnsfellesskap kan vera medverkande årsak til at informantar fortel om opplevingar som ikkje ville kome fram om forskar og informant ikkje hadde same kjønn, men òg på at kjønnsfellesskap i intervju situasjonar kan føra til at sjølv sagde antatt underforståtte moment ikkje verdt nemnt i tru på at ein i kraft av å dela kjønn deler noko innforstått (Widerberg, 1992).

Det er logisk at det ovannemnde kan gjera seg gjeldande for klassemarkørar og klasseposisjon. Lik klasseposisjon kan vera både ei hindring og ei moglegheit for frambringning av oppfatningar og erfaringar. I tråd med dette opplyser Faber, frå sin studie av klasse- og kjønnsforståingar i Aalborg, at ho langt på veg hadde lettare for å identifisera seg med middelklassekvinnene enn med arbeidarklassekvinnene (2008, s. 93). Eg trur for eigen del at det at eg har erfaringar frå arbeidarklasseoppvekst i rurale strøk og ein notidig posisjon blant høgt samfunnsvitskapleg utdanna grupper i meir urbane strøk, gjer at det er fleire personar eg ikkje kjenner meg framand frå, enn eg hadde kjend meg framand frå om eg ikkje hadde klasserørt meg. Eg har sjølv erfart kjennskap til fleire miljø, eg er blitt eksponert for og har levd i og med fleire typar heimar gjennom å ha rørt meg mellom inntektslag og utdanningsbakgrunnar. Dei som er langt frå den rådande smaken, kjenner eg frå min bakgrunn.

Aldersmessig representerer eg den yngste alderskohorten og eg har felles erfaringar i tid med den yngste generasjonen i studien, og felles erfaringar med borna til dei i den eldste generasjonen. Sidan forholdet mellom generasjonar og syn på foreldre og born sine levevis og livsvilkår var tema i intervju, representerer alderen min slik både ein innanfor og utanforstatus i denne samanheng.

Kva gjeld materielle artefaktar og synlege preferansemarkørar, har nok òg dét eg ved kvart intervju har signalisert, blitt tolka som tilhøyrande nokre av dei sosiale gruppene informantane refererer til i si kvardagssosiologisering av smak- og livsstilsforskjellar. Dette har kome eksplisitt til overflata i eit par intervju, der informantane, før dei har rørt seg inn mot kven dei tenkjer bur i dei ulike bustadhusa, har forsikra seg gjennom latter om at eg ikkje bur i eit av husa som er lagt fram. Oppsummert sett vil eg seia at eg trur eiga rolle, status og sosiale markørar har verka gjennom språket for livsstil og smak, gjennom mellom anna at

informantane har gjort seg opp meiningar om meg knytt til det dei har samtalt om. Desse meiningane kan ha verka til å opna opp for informasjon i nokre høve, og til å ha lukka for informasjon i andre, fordi ein forskar si livshistorie kan både stengja og opna, og gi tilgang til nokre former for innsikt og utelukka seg frå andre (Aase & Fossåskaret, 2007, s. 87). Uansett om ein arbeider innanfor kjende eller ukjende omgjevningar, vil forskaren sine personlege vilkår ha tyding for kva ein får tilgang til, og kva problem ein kan støyta på (Paulgaard, 1997, s. 75). Når ein arbeider med eit spreidd utval personar – med spreining i utdanningsnivå, kjønn, alder og inntekt slik som i denne studien – vil ein gitt dette i nokre høve ha statusar og personlege vilkår som potensielt opnar for innsikt og i andre høve statusar og personlege vilkår som lukkar for deling av informasjon og tankar.

#### *4.5.7 Analyseprosessen*

I all forskning er det naudsynt å presisera og tydeleggjera prosessane som fører fram til funn, til resultat av forskinga. Når det gjeld korleis analysar av kvalitativt materiale skrid fram, kan ein ikkje seia at det fins mykje handfast i metodelitteraturen kring dette. Det er difor ikkje vanskeleg å sjå for seg at frå meir reindyrka kvantitative ståstader kan kvalitativ analyse stå fram som noko «ulne» og uangripelege. Eg skal etter beste evne gi innsyn i eige analysearbeid.

Alle intervjuar er tatt opp på band, og deretter transkribert av ein transkriptør. Eg har òg høyrte gjennom lydfilene av intervjuar med transkripsjonane framføre meg i etterkant. I tillegg til transkripsjonane, skreiv eg som nemnd observasjonsnotat etter kvart intervju. Intervjutranskripsjonane og observasjonsnotata utgjer råmateriale av data.

Fordi det ikkje er naturleg å venta med å tenkja over og byrja å analysera moment frå intervju ein har gjort, før alle intervjuar er gjort, går intervjufase og analysefase over i kvarandre. For eigen del vil eg seia at første steg i analysefasen var denne startfase-tenkjetida som stod på medan eg gjennomførte intervjuar. Neste ledd i analyseprosessen var å systematisera og strukturera data, observasjonar og tolkingar. I denne fasen las eg gjennom intervjuar med tanke på å finna særdrag ved kvar enkelt informant sine forteljingar (kva som kjenneteiknar kvar og ein av dei), samstundes som eg leitte etter kva tema og oppfatningar som gjekk att hos kven, altså formar



for mønster. Innanfor tema som eg visste uansett skulle handsamast, som oppfatningar av sosial ulikskap og hierarki på den eine sida, og kulturell verdsetjing innan ulike estetiske felt på den andre, - systematiserte eg svar, tankar, oppfatningar og ordval omkring ei rekkje spørsmål i excel-ark. Dette for å evna å sjå samanhengar, særdrag og mønster i materialet. Til dømes når det gjeld oppfatningar av sosiale hierarki og forskjellar generelt, systematiserte eg kvar informant sine ytringar om: kor vedkomande tenkjer dei er i ein lagdelingstruktur, kven er over og under, korleis tolkar vedkomande lagdelingsspørsmåla, ytrar dei kritikk mot samfunnet sin ulikskapsstruktur, kva syn har vedkomande på utdanning, kva syn har vedkomande på økonomisk ulikskap, kven reknar vedkomande som lik/ulik seg sjølve, kva eigeskapar likar vedkomande i folk, og kven i samfunnet får for lite anerkjening. I denne systematiseringsprosessen samanlikna og las eg informantane sine ytringar opp mot kvarandre, saman med kvarandre og leita etter mønster og spesielt interessante forhold. Kva som styrer om eg tenkjer at eg har funne spesielt interessante forhold går til dømes på korleis mønsteret står til eksisterande teori og om funna strid mot forventningar eg hadde med meg.

I det vidare arbeidet med systematiseringa av data, tolka eg informantane sine subjektive ytringar og tankar i samheng med objektive kjennemerke ved dei, som alder/generasjon, kjønn, inntektsnivå, utdanningsnivå, arbeidsstad. Dette er ein måte å leita etter mønster på, mønster i variasjonen i materialet. Samanlikning av subjektive oppfatningar og konstruksjonar opp mot objektive kjennemerke har vore eit viktig grep i analyseprosessen. Og, som nemnd, blant ulike sosiale kjennemerke har eg vore spesielt oppteken av sosial posisjon og sosial bakgrunn, og kjønn og alder til ein viss grad.

Som ledd i analyseprosessen har det vore naudsynt å reflektera over kva er detaljar, kva er generelle mønster, kva er særdrag, kva er mange og kva er få. Dette kan vera ei utfordring i både analyse og framstilling, spesielt om ein arbeider med spreidde utval der sosiale posisjonar samstundes vert vurdert som ein sentral forklaringsfaktor. Utfordringa for eigen del har i denne samheng gått ut på å vurdera korleis eg skal vekta det som står fram som utbreidde forteljingar og mønster – altså det som gjeld mange/fleirtalet og «det generelle biletet» - og på den andre sida korleis eg



skal vekta interessante funn som gjeld for enkelte/få/ein. Analyse av dataene som omhandlar verdsetjing av litteratur og oppfatningar av litterær kvalitet (ref. 6.5 og 6.6), er døme på ei slik utfordring. Det synte seg etter kvart i analysearbeidet at 3-4 personar i utvalet opererer med klare kvalitetskriterier innan litteratur, noko som er interessant å sjå i samanheng med andre studiar av litterær smak og grensedraging (t.d. Skarpenes 2007, Lamont 1992). Men det synte seg samstundes at desse 3-4 personane var ganske åleine i utvalet med sine tankar om ei form for objektiv litterær kvalitet, og vidare at det var fleire med nærleik til desse personane i det sosiale rom som ikkje delte deira syn. Snarare er det eit «demokratisk» syn på litterær kvalitet som er utbreidd blant utvalet sett under eitt (ref. Gujord & Vassenden, 2015, som baserer seg på same data). Eit demokratisk syn på litterær kvalitet handlar kort sagt om at det som er ei god bok for kvar enkelt, det er ei god bok. Sjølv om teljing ikkje er ei primæraktivitet i tolking av kvalitativt materiale, er det ønskjeleg å vekta desse forskjellige kvalitetsoppfatningane opp mot kvarandre, for ikkje å gi inntrykk av at den eine eller den andre er «større» enn dei er.

Ei anna metodisk utfordring eg kjende som relevant i analysefasen, eller snarare i forholdet mellom analyse og framstilling, går på det å få skildringa til å verta «tjukk» nok eller djup nok (Geertz, 1973). I starten av analyse- og skrivefasen (som òg går i kvarandre) kjende eg det som om eg skreiv ut «thin descriptions», som at informantane vart framstilt eindimensjonalt gjennom at dei hadde få kjenneteikn og gjennom at nokre analysespor vart reindyrka for å evna å få fram tankerekkjene. Dette var på eit vis «smertefullt» fordi eg var godt klar over at faktorane som påverkar korleis personar ser verda er langt meir komplekse enn det eg i starten av skrivefasen klarte å skildra. Etter kvart «tjukkar» det seg heldigvis til, og analysane opnar opp for meir kompleksitet. Det har vore eit gjennomgåande mål å yta kompleksiteten i datamaterialet rettferd, og eg håpar at eg har klart å få informantane til å tre fram som ekte, samansette, motsetnadsfylte personar, prega av fleire forhold.

Ei siste metodisk og framstillingsmessig utfordring har vore å illustrera såkalla fråverande grenser, altså grenser og skiljelinje som ikkje vert dratt, distinksjonar som ikkje vert sett. Så kan ein spørja seg kvifor ein skal skildra noko som ikkje vert gjort, noko som ikkje finst på sett og vis,

men nettopp dette synte seg etter kvart relevant. Og som Prieur & Sestoft poengterer: «fraværet af en egenskab er for en relationel betragtning lige så vigtig som besiddelsen af den» (Prieur & Sestoft, 2006, s. 223). Ei relasjonell tilnærming viser at grenser som nokre informantar ikkje trekk, er grenser andre informantar relasjonelt sett legg stor tyngd på. Grenser som ikkje vert trekt kan tolkast som informantar teier om smakskategoriar og grenser fordi dei ikkje har omgrep om desse, - i så måte er ikkje smaksgrensene del av deira mentale kart. Det kan òg henda dei ikkje rekna dei for relevante for samanhengen, eller at dei ikkje var langt nok framme i medvitnet til at dei vart nemnd i intervjuet. Uansett: det eg ikkje fann hos nokre, trer fram som noko eg *kunne* funne, gitt at dette vart vektlagd av andre.

Etter desse metodiske refleksjonane går eg vidare til analysekapitla, først skal det handla om verdsetjing av kultur og estetikk, nærare bestemt heimeinnreiing og biletkunst.

## **5 Betraktning og verdsetjing av kultur og estetikk: biletkunst og heimeinnreiing**

### ***5.1 Innleiing***

I dette første analysekapittelet skal eg kartleggja og analysera informantane sine blikk, sine tilnærmingar til, og sine måtar å relatera til biletkunst og heimeinnreiing på. Både heimeinnreiing og biletkunst er del av feltet vi kan kalla heimeestetikk, gjennom at biletkunst på eit vis er dekorasjon og er å finna i private heimar. Samstundes er biletkunst meir knytt til sitt institusjonelle felt enn heimeinnreiing, gjennom at kunst opptrer i galleri og museum, er underlagt offentlege støtteordningar osb. (sjølv om det i seinare tid òg har vorte etablert institusjonar som Norsk design- og arkitektursenter, DOGA, som angår heimeinnreiing).

Verdsetjing og betraktning innan dei to kulturelle uttrykka skal handsamast separat. Grunnen til at desse to kulturelle uttrykka er vald ut for å illustrera kulturell verdsetjing, er for det første fordi dei er to av fire case som i prosjektskissa er vald ut til å dekkja temaet kulturell verdsetjing (i tillegg til litteratur og arkitektur). Vidare er valet grunna i eit ønskje om å handsama nokre utvalde felt i sine djupner. Eg ønskjer å gå nært inn i to av uttrykka (heller enn meir generelt i alle), for å mogleggjera induktiv utforsking av kva det er som «skjer» mellom person og objekt, og for å gi nok plass til sjølvstendig handsaming av kvart enkelt felt.

Kapittelet er difor delt i to. I Del 1 tek eg for meg forskjellige måtar å betrakta biletkunst på, og identifiserer og diskuterer variasjonen som syner seg, og eg analyserer korleis betrakningsmåtane rettar seg mot det institusjonelle samtidskunstfeltet, og til tanken om både anerkjend kunst og anerkjende betrakningsmåtar. Korleis lek møter lærd, så å seia. I del 2 tek eg for meg korleis nokre av informantane har det heime, kva dei sjølv tenkjer rundt korleis dei har det, og korleis dei relaterer til heimeinnreiing generelt. Etter ei avgrensing av omgrep som heim, hus og heimeinnreiing illustrerer eg tre ulike orienteringar til heimeinnreiing som eg har identifisert: orientering mot det biografiske, det praktiske og mot estetisk posisjon. Vidare skal eg diskutera korleis desse rettar seg mot ideen om kva som har hegemoni i heimeinnreiingsfeltet i vår samtid. Relasjonar til

heimeinnreiing skal sjåast i samanheng med sosiale posisjonar (klasse), alder (generasjon) og kjønn, og funna skal diskuterast i lys av tidlegare forskning på nordmenn sine forhold til heimeinnreiing. I så måte er vektlegging av praktiske omsyn i heimeinnreiing på den eine sida, og ublyg vektlegging av estetisk posisjon, på den andre sida, sentralt.

## **5.2 Del 1 - Biletkunst<sup>12</sup>**

Biletkunst sine openbare visuelle sider gjer dette kulturelle uttrykket i utgangspunktet svært tilgjengeleg. Biletkunst er knytt til synssansen, alle som ser kan sjå bilete. Ein kan ytra seg om eit bilete ein aldri før har sett om ein får det synt for seg, i motsetnad til eit litterært verk. Samstundes som biletkunst i utgangspunktet er tilgjengeleg gjennom sin visuelle karakter, er den gjennom både prissetting og kunnskapstilknytning, utilgjengeleg for mange. Biletkunsten sin symbolske verdi ligg ikkje åleine i det ein kan sjå.

Bourdieu si forståing av økonomisk og kulturell kapital som sosiale distinksjonsmekanismer (1984) treff biletkunsten godt. Anerkjend kunst er både dyr og kunnskapstung. Gjennom at tilgangen til biletkunst er styrt både av økonomisk potensiale og kunnskap, kan biletkunst fungera som ein distinksjonsmarkør. I eit Bourdieusk rammeverk vert involvering i kultur, og under dette maleri som ein sentral del av den visuelle kunsten, tolka som indikatorar på sosial posisjon (Bourdieu, 1984; Silva, 2006). Dette fordi verdsetjing avhenger av «a trained capacity in the family and the educational system, which is often inaccessible to less powerful sections of the population» (Silva, 2006, s. 141). Biletkunst handlar slik om både sosial distinksjon og sosial posisjon. Kunst er vidare ein relasjon mellom to verder (Bourdieu & Darbel, 1991, s. 112), den allmenne verda og kunstverda, der sistnemnde er avbilingar og tematiseringar av førstnemnde. Menneskets møte med kunst handlar om måtar å forstå og sansa koplinga mellom desse to på, - om relasjonar mellom symbol, teikn, tydingar og konvensjonar.

Fordi utvalet er spreidd, og interessa for biletkunst er variert, er det her lekfolk sine betraktningar av biletkunst vi skal bli kjend med, altså ulike måtar lekfolk verdset og betraktar biletkunst på. Merksemda ligg på *den* som

---

<sup>12</sup> Analysane i dette kapittelet er óg å finna i (Jonvik, 2015a).

ser på og tek til seg kunst og på *måtane* kvar og ein gjer det – altså allmenne blikk på, ord for, erfaringar med, og relasjonar til biletkunst.

Eg startar med å setja betraktning av biletkunst inn i eit teoretisk og empirisk landskap. Deretter illustrerer og diskuterer eg dei ulike måtane å betrakta biletkunst på som syner seg i materialet: emosjonell spontan betraktning, kunnskapsorientert betraktning og eigarorientert betraktning. Desse rettar seg ulikt mot ideen om anerkjend og legitim biletkunstmak, og anerkjende og legitime betraktningsmåtar. Eit sentralt funn er at *kunnskap* om biletkunst trer fram som eit omdreingspunkt. Kunnskapsdimensjonen er sentral for å forstå forskjellar mellom dei ulike betraktningsmåtane, og dette vert truleg forsterka når vi ser kva som kjennemerkar samtidskunstfeltet.

### *5.2.1 Teoretisk og empirisk landskap*

Identifisering av ulike «manner of appropriation», og desse sine koplingar til sosial posisjon, er eit ynda forskingstema i kultursosiologien. Så òg i biletkunsten. Mykje litteratur om temaet vektlegg koplingane mellom preferansar innan biletkunst og utdanningsnivå/sosial bakgrunn (Bennett, et al., 2009; Bourdieu, 1984; Dimaggio, 1987; Halle, 1992; Peterson & Kern, 1996; Skjøtt-Larsen, 2012; Solhjell, 1995). I studiar av smak kan ein fokusera på både preferansar, kunnskap og praksis (Bennett, et al., 2009, s. 114), og på *kva* ein likar, *kvifor* ein likar det og *korleis* ein likar det (ref. Jarness, 2013a). Sistnemnde handlar om «patterns of appreciation» (Silva, 2006, s. 142) og «manners of appropriation» (Bennett, et al., 2009). Her er mange omfattande kvantitative studiar som argumenterer for at formell utdanning er ein sentral markør for graden av involvering i kunst og kultur (Newman, et al., 2013, s. 478), og som hevdar at biletkunst som eit av fleire kulturelle felt som bidrar til å reprodusera ulikskapen mellom folk (Bourdieu, 1984). «Visual art remains a strong field of classification of social position» (Bennett, et al., 2009, s. 131).

I ein studie av forholdet mellom kulturell kapital og ulike former for sosial ulikskap, har Bennett og kollegaer (2009) studert biletkunst som ein av fleire kulturelle praksisar i England. I denne studien brukte forskarane same metode som er nytta i eigen studie med framsyning av bilete i intervjusituasjonen («photo elicitation»). Informantane i studien frå

England vart vist eit bilete av Joseph Turner, «Fighting Temeraire» (frå før 1839) og eit av David Hockney, «Paper Pools», frå 1980 (Bennett, et al., 2009, s. 113-130). Med bakgrunn i informantane sine reaksjonar på og tankar om desse bileta, og deira «knowledge, having and liking» for øvrig, identifiserer Bennett og kollegaer tre betraktningsmåtar: 1) «relaxed consumers», 2) «defensive individuals», og 3) «confident amateurs». Dei «avslappa konsumentane» fortel gjerne historier triggja av bileta og bileta vekker leikent og kjenslemessig engasjement relatert til deira eige konsum av visuell kunst. Desse knyt bileta til kjensler, «seeking an enjoyable engagement with the colours and the shapes, without generally demonstrating knowledge of either these paintings or other similar works» (ibid, s. 118). Kunst som dekorasjon er ein dominerande referanse blant desse. Dei «defensive individua» uttrykker meir personlege og distanserte reaksjonar, ofte i retning likesæle, og/eller dei forsøker å skjula mangel på kunnskap. Dei «sjølvsikre kunstelskarane» er kunnskapsrike om biletkunstnarar og biletkunst, og uttrykker på ulike vis intens involvering i biletkunst. Oppsummert sett altså: avslappa og leikent engasjement, distansert likesæle og intens/kunnskapsrik involvering.

Med grunnlag i si forskning på biletkunstfeltet i Noreg, skil Dag Solhjell mellom tre typar blick på kunst som følgjer tre kretsløp (Solhjell, 1995; Solhjell & Øien, 2012). Kretsløp vert definert som delfelt innanfor kunstverda som har sine eigne verdiar og agentar, der agentane har ulike oppfatningar av kvifor kunst er viktig. Dei tre kretsløpa er det *eksklusive kretsløpet* (katedralen), det *inklusive kretsløpet* (rådhuset) og det *kommersielle kretsløpet* (børsen), og desse forvaltar høvesvis symbolsk kapital, politisk kapital og økonomisk kapital. Til desse kretsløpa følgjer tre ulike typar blick: 1) eit reint kritisk blick i det eksklusive kretsløpet, 2) eit velvillig ukritisk blick i det inklusive kretsløpet, og 3) eit ureint og økonomisk blick i det kommersielle kretsløpet. Det reine kritiske blikket er både eit avantgarde-blick og eit erfarent blick (der avantgarde-blikket er det blikket kunstteorien er oppteken av). Det velvillige politiske blikket vektlegg inkludering og kunstnarisk deltaking framfor høg kunstnarisk kvalitet, og det ureine økonomiske blikket vektlegg kunstens økonomiske verdi. Alle blicka Solhjell refererer til er *publikum* sine blick, dvs. personar som alle deltek i kunstfeltet. Publikum vert ein ved gjentekne gongar å erfare same type

oppleving på kunstutstillingar, på ein slik måte at dei òg kan dela sine opplevingar med andre ved å snakka om dei, òg med framande (Solhjell & Øien, 2012, s. 89).

Vidare har ein Bourdieu og Darbel som òg identifiserer tre hovudformer for relasjonar til kunstobjekt, museer og kunstgallerier (studert gjennom surveyundersøking av museumsbesøk) (1991). Skilja deira går mellom: 1) «those who buy art», 2) «those who know about art», og 3) «those who do not engage with art». Dei som kjøper kunst har høg økonomisk kapital, og har òg ofte høg kulturell kapital. Dei som har kunnskap om kunst har høg kulturell kapital, men manglar dei økonomiske midla til å skaffa seg kunsten. Det er desse som hovudsakleg oppsøker gallerier og museer, og som kjøper reproduksjonar. Siste gruppa er dei som ikkje involverer seg i, og slik heller ikkje oppsøker kunst i det offentlege rom.

Alle desse klassifikasjonane har parallellar til betraktningmåtene eg har identifisert i materialet frå Stavanger. Informantane i denne studien kan ikkje alle reknast som publikum etter Solhjell & Øien sin definisjon, fordi her er mange i utvalet som korkje er interessert eller som oppsøker kunst i museum og galleri. Både Bourdieu & Darbel og Solhjell & Øien studerer publikum, altså personar som allereie har eit visst nivå av interesse, i og med at dei faktisk oppsøker kunst. I så måte liknar utvals*sammansetninga* frå vår Stavanger-studie meir på Bennett og kollegaer sin studie (2009) frå England, som til liks med vår studie fokuserer på allmenne betraktningar av kunst, allmenne i motsetnad til lærde, - betraktningar òg frå dei som ikkje er interessert i eller som oppsøker kunst i det heile. Mange blant utvalet i Stavanger oppsøker ikkje kunstutstillingar, og kan heller ikkje dela sine kunstopplevingar eller erfaringar med andre, som er kriteriet for å vera publikum definert av Solhjell & Øien (2012).

Sidan intervjuar har gått føre seg i personane sine eigne heimar – som oftast i stovene – har det dei sjølv har på veggene vore synleg både for informant og intervjuar under samtalan. Dette kan, med grunn i biletkunstens openberre visuelle karakter, men ofte skjulte verdi, ha gjort det enklare å snakka om temaet. Informantane har vorte stilt spørsmål om kva dei sjølv har på veggene (veggpryd/biletkunst) og kvifor, generelt kva dei likar/mislikar av biletkunst/kunst, og deira tankar om kva andre

personar likar eller mislikar. Og, som i studien til Bennett et al. (2009), har dei som del av intervjuet blitt synt papirkopiar av konkrete maleri/verk, som ein av fleire inngangsportar til temaet. Under framsyninga av bileta vart dei spurde om kva dei ser, om det dei ser set i gong nokre tankar eller kjensler, om det er bilete dei vert trekt imot eller fråstøytt frå, i tillegg til om dei kan tenkja seg kva ulike typar folk som likar dei ulike bileta, altså som ei kvardagssosiologisering omkring biletkunst og folk sine kulturelle preferansar. Bileta dei vart synt skulle representera ei spreing i tid og kvalitet frå ein norsk kontekst, og dei fem bileta er difor alle norske, frå slutten av 1800-talet og fram til i dag, både figurative og non-figurative, nokre høgt prissatt, andre lågt. Bileta er: (nr. 1:) Marianne Aulie, *Mormor er best* (før 2007), (nr. 2:) Jakob Weidemann, *Skogbunn* frå 1960, (nr. 3:) Edvard Munch, *Løsrivelse* frå 1896, (nr. 4:) Jan Groth, *Komposisjon* frå 1980, og (nr. 5:) Odd Nerdrum, *Mor og datter* (ref. Appendix 3).<sup>13</sup>

Skal ein som forskar fanga lekfolk sine oppfatningar om kunst og forstå korleis lekfolk relaterer seg til kunst, kan det argumenterast med at ein må operera med eit vidt kunstomgrep, og søkja å unngå og køyra seg fast i ein diskusjonen om kva som får «lov» å vera kunst. Ein må inkludera det kvar og ein er og kan vera oppteken av, og måtar kvar og ein lever med kunstnariske objekt eller ikkje. «Kva har du på veggen?» og «Kva kunst likar du?» er to vesensulike spørsmål, først og fremst ved at dei skil mellom *har* og *likar*, mellom eigarskap og preferansar. Som (metodisk) spørsmål kan dei òg bera ulikt av stad. «Kva har du på veggen?» er kan henda enklare å svara på enn «Kva kunst likar du?» med grunn i at sistnemnde potensielt legg opp til tette band til det institusjonelle kunstfeltet og inneheld ei slags forventning om at ein kan svara med stil- og epokereferansar. Tanken om at det finst eit rett svar kan verka skremmande, og potensielt tilsløra personars eige forhold til og tankar om biletkunst. Eit medvit kring kva som kan stenga for emiske tilnærmingar er difor viktig.

---

<sup>13</sup> Som alltid er det ved slike utveljingar mange andre bilete som kunne vore vald. Dei ovannemnde vart vald ut fordi dei dekkjer ei lengre tidsperiode i norsk målarkunst, fleire kunstretningar og fleire typar statusar i kunstfeltet.



### 5.2.2 Tre identifiserte betrakningsmåtar

Gitt at «differences in social worlds relate to different engagements with the art» (Bennett, et al., 2009, s. 126), er det inga overrasking at det i dette spreidde utvalet kjem til syne varierte måtar å betrakta og snakka om biletkunst på. Informantane har ulik nærleik til kunstfeltet, ulikt kunnskapsnivå når det gjeld biletkunst og ulike økonomiske sjansar for å skaffa seg kunst. Det er mangfald i kva dei likar og avviser, korleis dei gjer det, kva assosiasjonar kunst vekker og kva ord og omgrep dei nyttar.

Betrakningsmåtane eg har identifisert blant informantane har parallellar til alle verdsetjingsformene nemnd i teorigjennomgangen, men finn flest likskapstrekk med Bourdieu og Darbel si inndeling (dei som kjøper, dei som veit, dei som ikkje er interessert). Sentralt er, ikkje overraskande, kunnskapen om og erfaringar ein har med biletkunst. Betrakningsmåtane som syner seg i materialet kan fordelast langs eit kontinuum, der inga eller lite kunnskap om biletkunst dannar den eine ytterkanten, medan høgt nivå av kunnskap om biletkunst er i den andre enden. Dei tre betrakningsmåtane er:

- Emosjonell-spontan betraktning: fokus på det auget kan sjå, leitar etter «svar» i biletkunst gjerne relatert til eige liv, lite kunnskap om biletkunst
- Eigarorientert betraktning: midtposisjon, biletkunst som eigarskap, kunnskap som stør opp om eigarskapen
- Kunnskapsbasert betraktning: fokus på det auget ikkje kan sjå, leitar etter «spørsmål», fortolking og refleksjon, heller enn klangbotn i eige liv, mykje kunnskap om (eller aspirering mot mykje kunnskap om)

Den emosjonelt-spontane betraktninga er ei emosjonell verdsetjingsform på den måten at ein her gjerne vil sjå kva bileta er, tyder, førestiller, og dette er samstundes vilkåra for at kunstverk «gjer noko med ein sjølv» eller vert positivt vurdert. Her stiller ein ikkje primært spørsmål til og om bileta, men ein leitar etter og ønskjer seg svar i dei, gjerne i *relasjon til sitt eige liv*. Og, - ein grip tak i det auget kan sjå.

I den kunnskapsbaserte betraktninga er blikket og relasjonen – møtet mellom bilete og person – tydeleg ramma inn av kunnskap. Her stiller ein spørsmål til kunstverka, heller enn å søkja etter svar i dei. Spørsmåla senterer rundt kva kunstnaren vil eller ville med verket, korleis verket står til kunstnaren sin øvrige produksjon, til andre kunstverk, kunstnariske periodar, kva det er appell til, teknikkar som er nytta o.l. Her ligg forventning eller ønskjer om at biletkunst skal opna opp for spørsmål og refleksjon. Der den emosjonelt spontane betraktninga i stor grad fokuserer på det auget kan sjå, er den kunnskapsbaserte langt på veg oppteken av alt auget ikkje kan sjå. Ikkje så å seia at ein her ikkje rettar seg mot det ein reint faktisk ser, men ein rettar merksemda i stor grad mot det som ikkje er visuelt synleg, til det som er bak og rundt bileta, så å seia.

Den siste verdsetjingsforma, kunst som *eigarskap*, er ein betraktningssmåte som senterer rundt personane sine eigarskap til kunst. Denne plasserer seg på sett og vis mellom dei to andre betraktningssmåtene, fordi ein her har meir kunnskap om og interesse for biletkunst enn i den emosjonelt spontane betraktninga, men mindre kunnskap enn i den kunnskapsbaserte. Sentralt er at ein har den kunnskapen ein treng for å vera kunsteigar.

*Kunnskap om og erfaring med* representerer vesentlege forskjellar mellom betraktningssmåtene. Eg skal i det følgjande gå nærare inn på dei tre betraktningssmåtene, og illustrera kva som særmerker dei.

### **5.2.2.1 Emosjonell-spontan betraktning**

Den emosjonelt-spontane betraktninga er kjenneteikna av at møte mellom bilete og person er ei slags leiting etter svar, leiting etter motiv, etter noko begripelig, noko som gir mening. Den legg si tyngd på det auget kan sjå. Felles referansepunkt er det visuelt synlege i bileta (tydeleggjort både gjennom dei framsynte bileta og det personane sjølv har på veggen). Kor vidt ein likar eller mislikar biletkunst handlar om kor vidt det faktisk er mogleg å sjå kva noko er, og kva klangbotn dette måtte ha i ein sjølv. Finn ein ikkje noko begripelig, noko å relatera til, nokre former for «svar», er dette i seg sjølv grunn til å mislika eller avvise bileta. Einar (65 år, vidaregåande skule, handel) til dømes seier «eg vil gjerne sjå det som eg ser, (...) eg synes det er greitt å ... la auget falla på noko som eg gjerne ser kva

er». Birger (65 år, vidaregåande skule, tømrar) avviser bilete gjennom å seia at han ikkje likar bilete han ikkje ser kva skal *forestilla*. Kenneth (65 år, vidaregåande skule, industriarbeidar) seier: «viss eg skulle kjøpt noko, så må ... for det første så må eg sjå kva det er for noko». Inger (65 år, ungdomsskule, reinhaldar) tenkjer på abstrakt kunst når ho ser bilete «Skogbunn» av Weidemann framfor seg, og utbryter «det seier meg *ingenting* (...). Altså det må gi meg noko, sant. Eg *kan* ikkje stå og sjå på noko berre med sånn ... sånn abstrakt der». Frank (35, 1-4 UH, banktilsett) likar bilete som «gir meg noko, i form av farge, eller uttrykk». Av dei fem synte bileta likar Frank best Aulie og Nerdrum, Aulie på grunn av fargevalet og Nerdrum på grunn av at det er «dyktig malt, flott malb».

I denne betraktningmåten får den private potensielt emosjonelle opplevinga det er å sjå på eller ta til seg eit bilete større plass, samanlikna med dei to andre. Det er ei spontan og emosjonell form for tilnærming til biletkunst. Denne tilnærminga samsvarar med det Newman et al. fann i ein studie av eit spreidd utval eldre vaksne si tilnærming til samtidskunst i England: «the object of interpretation was the respondents' life experience rather than the artwork» (Newman, et al., 2013, s. 467). Møte med kunst handlar om eige liv heller enn om kunstverda. I denne betraktningmåten kjem ein raskt til kor vidt ein sjølve likar det ein ser, til spørsmålet om personleg smak eller avsmak, biletkunst vert i større grad noko privat, noko enkeltpersonar (spontant) kan sansa, sjå, lika, avvisa. Signe (65 år, vidaregåande skule, heimeverande) til dømes seier momentant då ho får dei fem bileta synt for seg, at ho likar Nerdrum-biletet. «Min smak ville vore det», seier ho medan ho peiker på biletet utan å namngje Nerdrum. På spørsmål om kvifor ho likar nettopp dét biletet, svarar ho: «Eg har vel litt tendens til å lika akkurat sånn som er nesten fotografi». Ved at ho seier min smak *ville vore*, i staden for *er*, uttrykker ho samstundes stor avstand til biletkunstheltet. Det er nesten som ho seier at ho ikkje har ein kunstsmaak, men om ho hadde hatt det, ville ho likt Nerdrum. Eit anna døme er Ingvild (35 år, 1-4 UH, sjukepleiar) som, då ho får synt Weidemanns «Skogbunn» framfor seg, seier: «ja, det er sånn 'kunst', som eg seier», og som – medan ho seier ordet kunst – gestikulerer hermeteikn med fingrane. På spørsmål om kvifor ho set ordet i hermeteikn, svarar ho: «I hermeteikn, for det er sånn ... kva *er* det eigentleg?». Ho ytrar avstand til

dette konkrete verket med grunn i at ho ikkje ser kva det er, at det ikkje gir ho noko, og ho set det i samanheng med liknande former for kunst som ho har ein eigen kategori for, nemleg kunst i hermeteikn.

Ikkje slik å forstå at variasjonen mellom betrakningsmåtarne kokar ned til forholdet mellom abstrakt og figurativ kunst, eller til kor vidt ein avviser eller omfamnar abstraksjonen. Det er noko variasjon i måtar dei som er kategorisert til å ha emosjonelt-spontane betrakningsmåtar omfamnar eller avviser abstrakt kunst. Forholdet mellom abstrakt og figurativ kunst er likevel eit motsetnadspar som er eit skilje informantane relaterer til og har ulike oppfatningar om, og tendensen er klart at den emosjonelle betraktninga i stort monn favoriserer figurasjon.

### **5.2.2.2 Kunnskapsbasert betraktning**

Spørsmålet Ingvild stiller i møte med Weidemanns «Skogbunn», «kva er det egentleg?», leier vidare til den kunnskapsbaserte betrakningsmåten, der kunst i langt større grad handlar om å opna opp for spørsmål. Liv (65 år, >5, humanistisk utdanning) til dømes ville aldri funne på å nemna Weidemanns kunst med hermeteikn. For ho er ikkje «Skogbunn» ein gong abstrakt.

*Liv: Altså, det blir så mye jord. (...) Men altså, det ser jo ut som ein klippe og eit landskap med vatn og ... Noko grotteaktig med ... for meg så er det ikkje abstrakt, det er ... det er ganske landskapt. (...)*

*Merete: Du ser landskap?*

*Liv: Ja. Heilt heilt klart og tydelig. Dei kallar det jo nonfigurativt, men for meg så er det veldig klare figurar. No er jo eg veldig veldig glad i geometri og sånt, så det er ... eg festar meg ved dei ulike geometriske figurane og korleis dei spelar mot kvarandre. Vil eg seia. Og i og med at det er så veldig avgrensa, då, den vannlege forma der, så mot resten så vert det med ein gong ... det vert straks eit landskap altså (...).*

Sett gjennom sitatet frå Liv er det kanskje ikkje så slåande likevel at over halvparten av dei New York-baserte kunstinteresserte personane i David Halle sin studie ser landskap i abstrakte bilete (1992). Sverre (65 år, >5, leiar) som òg er rekna for å ha verdsetjingsforma som stiller spørsmål,

fokuserer i stor grad på det auget ikkje kan sjå og jaktar ulike fortolkingar. Han snakkar om biletkunst som noko som potensielt opnar opp refleksjonsrom. Om Weidemanns «Skogbunn» seier han:

*Sverre: (...) for meg, så når eg ser på bilete ... og det at skal likna på noko, det er heilt uvesentleg, det er ... heldt på å seia fargen og rytmikken og komposisjonen og sånn. Eg pleier å seia til mine venner at: tenk om det du høyrde i konsertsalen var ... elvevatn som tusla nedover ei elv og kyr som rauta, det det ... det hadde jo ikkje vore noko spanande det heller. Altså kvifor skal det vera likt ... (...) Altså, det er fantasi.*

Det essensielle er ikkje det Sverre faktisk ser, men kva fantasien kan gjera med det han ser. Han ønskjer ikkje at kunsten – forstått som ei kopling mellom allmenn røynd og kunst-røynd – skal vera den same, eller naudsynleg lett å gripa tak i. Dette tyder ikkje at Sverre ikkje gjer koplingar til den allmenne røynda i møte med abstrakt kunst, som jo er det Liv ettertrykkeleg gjer i møte med «Skogbunn», men Sverre legg trykk at han sjølv ikkje leiter etter motiv, etter noko figurativt som korresponderer med den allmenne røynda. Ved å seia dette gir han samstundes tydeleg til kjenne at han veit at andre gjer det. Vi kan slik ana ei fortrulegheit med forholdet mellom moderne kunst som representasjon og den mimetiske kunsten (den realistiske representasjonen, avbildinga av røynda), og gjennom å seia det han seier posisjonerer han seg – om ikkje i kompaniskap – så i alle fall i relasjon til kunsteliten sin forakt for figurasjon (Solhjell & Øien, 2012, s. 302).

Personar med kunnskapsbaserte verdsetjingsformer – som stiller spørsmål omkring det auget ikkje kan sjå – refererer gjerne til historie, kontekst og teori, og indikerer på mange ulike måtar at desse forholda tyder noko for verdsetjinga av kunst. Betraktning av biletkunst handlar om kunstverda i langt større grad enn om eige liv. Her har ein lettare for å spesifisera når ein talar om *eigen* personleg smak, og når ein *ikkje* talar ut frå eigen smak. Her gir ein i så måte til kjenne at eigen smak er ein liten del av eit mykje større heile, noko som står i kontrast til den emosjonelt spontane tilnærminga til kunst.

Marit (65 år, dagleg leiar i kultursektoren) snakkar på oppmoding om kva *kunnskapen om* gjer for hennar vurdering av kunst. Ho seier at: «kunnskap som du har, påverkar igjen oppfatningar av det du ser». Ho vert tydeleg engasjert då ho får spørsmål om kor vidt kunnskap om kunst kan gjera ein meir positiv til kunstverk.

*Marit: ... eg vil påstå det. Sjølv om vel ... men det kan vi diskutera, det har eg diskutert mange gonger med all slags folk, kunstnarar og det beile. Og nokre kunstnarar er absolutt einige med meg at jo meir du veit om det, jo meir kan det gi deg på forskjellig vis. Mens andre seier det er heilt irrelevant. Betyr ingenting. Men eg, ja eg meiner det. Sjølv sagt kan du bli gripe av noko sånn berre ved å sjå. Og fola og sjå ting. Men når du veit noko om kunstnaren, eventuelt kunstnaren sin motivasjon, teknikk osv., så får du ... får du nye dimensjonar. At det det gir nye dimensjonar til opplevinga, faktisk. (mi understreking)*

Oda (35 år, 1-4 UH, med biletkunst i fagkrinsen) uttrykker seg på liknande måtar i det ho snakkar om Aulie sitt bilete «Mormor er best»:

*Oda: (...) det er jo ikkje så veldig spanande og interessant, det er ikkje så veldig utfordrande, det er dekorativt, på ein måte er den ... eller ikkje i min personlige smak, men som verk, så er det på ein måte først og fremst dekorativt. (...) stiller ikkje så mange spørsmål. Det ein kan bruka tid på viss ein absolutt skulle det, er jo sånne ting som på ein måte fargeval og penselstrøk og liksom prøver, altså man kan jo prova å insistera (på) at der er meir meining og (...) Altså viss eg ikkje hadde visst at det var ho (Aulie), så ville eg jo kanskje i større grad tenkt sånn: ah, kven er desse her to liksom og kva har skjedd og kva er det ho meiner med å ... liksom ... eller kunstnaren meiner med å framstilla akkurat klovnar, skal det ... seier det noko om ho, seier det noko om samfunnet?*

Både kunnskap om kunstnar og verk, og fortolkingsmoglegheiter i kunstverk er essensielle for kunstopplevinga og betraktninga til Oda og Marit. «Å se noe som kunst krever noe utover det øyet kan skjelne – et kunstteoretisk tankesett og kunsthistoriske kunnskaper: en kunstverden», er filosof og kunstkritikar Arthur Danto sitert på hos Solhjell og Øien (Solhjell & Øien, 2012, s. 87). I ulike variantar er det slik personar med den

kunnskapsbaserte betraktningsmåten nærmar seg kunst. Verk gir for dei meining gjennom ei rekkje andre faktorar enn si konkrete visuelle framtoning, og den meir eller mindre skjulte verdien er noko dei relaterer til (og ikkje fryktar, kritiserer, ler av eller avviser). Personane som er kategorisert under denne betraktningsmåten har nærleik til eller aspirerer mot kunstsynet som, ifølgje Bjørn Vassnes (2013) har prega det institusjonelle biletkunstfeltet sidan Danto i artikkelen «The Artworld» opna for at definisjon av kva som er kunst ikkje ligg i kunstverket i seg sjølv, og heller ikkje i kunstnaren sine intensjonar, men i *kva enkelte kretsar definerer som kunst*. Dei leitar etter meininga der, og ikkje naudsynleg i det konkrete verket eller i kva det konkrete verket «gjer» med dei sjølv.

### **5.2.2.3 Eigariorientert betraktning**

Denne betraktningsmåten kan plasserast i ein mellomkategori mellom dei to andre, fordi ein induktiv-abduktiv gjennomgang av informantane sine tilnærmingar til biletkunst, syner at nokre av dei korkje har emosjonelt-spontane betraktningar eller utprega kunnskapsbaserte betraktningar. Det som foreinar personane kategorisert under denne betraktningsmåten er at dei sjølv eig eit meir eller mindre stort utval kunst. I heimane deira heng kunst av til dømes Håkon Bleken, Frans og Nico Widerberg, Jan Groth, Pia Myrvold, Inger Sitter, Terry Nilssen-Love, Vebjørn Sand, Jakob Weidemann, Craig Flannagan, Kenneth Blom, Kjell Nupen og Ellen Kalvig. Eigaranne ga alle «ein guida tur» i heimane under intervjuet, medan dei viste fram, namngav, og fortalde korte historier om korleis dei ulike bileta var kome dei i hende. Anten med stoltheit eller reint deskriptivt. 3-4 informantar reknar eg for å vera i denne kategorien.

I kraft av deira eigarskap kunne ein kanskje forventast at dei hadde liknande måtar å tilnærma seg biletkunst som dei med kunnskapsbaserte betraktningsmåtar, for eigaranne har openbert meir kunnskap om biletkunst enn personane med emosjonelt-spontane betraktningar. Men eigaranne relaterer seg til kunst på ein annan måte enn dei som stiller spørsmål og jaktar på fortolking. Eigaranne uttrykker kunnskap om kunstnarar og er tydelege på kva dei likar og ikkje likar, men dei går ikkje inn i kunnskapsbaserte refleksjonar eller relaterer verka til breiare kunstfaglege diskusjonar (historie og/eller teori).



Eigarane har openbart ei kopling til det hierarkisk oppbygde institusjonaliserte biletkunstfeltet gjennom sitt eigarskap til kunst. Gjennom deira meir eller mindre nærleik til definisjonsmakta (nærare enn dei med lite kunnskap om) kunne ein difor gjerne forventa ei form for age overfor røystene innan dette hierarkiet, eller ei slags anerkjenning av rangert eller såkalla legitim smak. Noko som kunne tenkjast å ha gitt seg utslag i opp- og nedsnakking av bilete dei sjølve har på veggen, relatert til korleis desse til ulike tider har vorte vurdert, eller som referansar til «nokre relevante andre» ved framsyning av dei fem bileta. Dette er ikkje særleg framstående. Meir framstående er det autonome blikket, og ei vektlegging av at betraktning av kunst handlar om trening og øving. Eigarane verkar autonome i si tilnærming, på den måten at det personlege blikket har ei form for autonom status, utan at bileta dermed berre handlar om deira individuelle smak.

Peter (65 år, >5, siviløkonom) til dømes får spørsmål om kva hans auge ser då han får lagt fram dei fem bileta framfor seg. Han svarar med å – utan tanke på om han snakkar ned nokre andre sin smak, som mange andre er opptekne av – rangera dei fem bileta med det som verkar som eit ubunde blikk. Han uttrykker positive ord om «Mormor er best» (Aulie), «Skogbunn» (Weidemann) og «Løsrivelse» (Munch): Aulie fordi det er eigna til å setja ein i godt humør og har eit fint fargespel, Weidemann sitt bilete er «all-right», litt meir krevjande i den forstand at ein kan bruka «litt tid på det», og Munch fordi «det er jo Munch» og fordi sinnstemninga mellom dei to personane i biletet er eigna til å pirra nysgjerrigheita. Groth sin *Komposisjon* likar han for så vidt, men han likar betre «vår Groth som heng der oppe». Nerdrum si «Mor og dotter» avviser han som «litt for enkelt, sjølv for meg». Det verkar ikkje viktig for Peter å relatera til kva kunstverda for øvrig meiner om Aulie og Nerdrum, slik det er for mange av dei med ei kunnskapsbasert betraktning av biletkunst. Han er heller ikkje tilbøyeleg til å avvisa abstrakt minimalisme (som dei med emosjonelt-spontane betraktningar gjer), for dette er jo noko han sjølv har på veggen. Den eigarorienterte betraktninga plasserer seg slik i midten i eit kunnskapskontinuum. Desse tre betraktningmåtar rettast seg ulikt mot det ein kan kalla ein legitim kunstmak, til definisjonsmakta i biletkunstfeltet og til legitime betraktningmåtar (det vert diskutert under 6.4.1).



I det vidare skal eg diskutera kjennemerke ved biletkunstheltet i vår samtid fordi dei påverkar verdsetjinga.

### *5.2.3 Legitim kunstsmaek og legitime betraktningssmåtar*

Biletkunst er del av eit institusjonalisert felt, eit felt med utøvande aktørar, publikum, støtteordningar, visningsrom, kuratorar, kritikarkorps, eit institusjonelt felt som har ein eigen intern maktstruktur der ulike former for anerkjenningar følgjer ulike verk og kunstnarar. Feltet har ei særmerkt historisk utvikling og kan studerast med ulike teoretiske inngangsportar. Mellom anna har ein bindestreksdisiplinen kunstsosiologi som «forsøker å forstå den større sosiale sammenhengen som betraktning, formidling og produksjon av kunstverk inngår i» (Solhjell & Øien, 2012, s. 11). Definisjonsmakta for kva som vert rekna som legitimt i samtidskunstheltet «is defined by those who have dominant field positions, such as certain artists, curators and critics» (Newman, et al., 2013, s. 460). Kva som vert rekna som legitimt er likevel noko som endrar seg, «it is not fixed but evolves over time with new work becoming popular while other work becomes less so» (ibid).

Sett frå det institusjonelle biletkunstheltet sin ståstad, frå det Solhjell og Øien kallar det eksklusive kretsløpet (2012), er det ei kjensgjerning at ikkje alle betraktningssmåtar er like mykje verdt. Gitt samtidskunstens særeigne knyting til kunnskap og teori, er det dei *med* kunnskap om, den kunnskapsbaserte tilnærminga, som har status som «den rette betraktningssmåte». Bourdieu seier det slik:

When faced with a legitimate work of art, people most lacking the specific competence apply to them the perpetual schemes of their own ethos, the very ones which structure their everyday perception of everyday existence. (...) The result is a systematic 'reduction' of the things of art to the things of life, a bracketing of form in favour of 'human' content, which is barbarism par excellence from the standpoint of the pure aesthetic (1984, s. 44).

Utdraget peiker på at det krev ein spesifikk kompetanse, eller type kunnskap, for å ta til seg legitime kunstverk, og at om ein ikkje har denne kunnskapen, er ein tvungen til å relatera kunst til sitt eige liv og sin eigen

kvardag.<sup>14</sup> Personar utan kunnskap om og erfaring med biletkunst er tvungne til å setja form i parentes til fordel for menneskeleg innhald, hevdar Bourdieu, implisitt altså at dei ikkje veit *at* og *korleis* dei skal hylla form og kontekst. Men det å nærma seg kunst gjennom å relatera til eige liv og lagnad, er òg ein *måte*, og ein måte som like fullt kunne vore omtalt som ei glede. Likevel peikar presiseringane til Bourdieu på forskjellar mellom den emosjonelt-spontane private betraktninga og den ikkje så private kunnskapsbaserte betraktninga. Desse variasjonane kan vi ha i bakhovudet når eg no skal gå over til å diskutera særtrekk ved samtidskunstfeltet, som må forståast i lys av si historiske utvikling.

#### *5.2.4 Samtidskunsten si særreigne knyting til kunnskap*

Det har skjedd radikale endringar i kunstverda frå 1800-talet og fram til i dag. For halvtanna hundreår sidan stod ein (sjølv om det var stridigheter internt då som no) saman i trua på at det var *ein* standard, ein felles kvalitetsstandard (White & White i Peterson & Kern, 1996). Kunstnariske uttrykk som ikkje falt innunder denne standarden representerte vulgaretar. Frå midten av 1900-talet og utover skjedde radikale endringar. Marknadskreftene som feide over kunstfeltet i desse tidene bar med seg nye estetiske entreprenørar som forfekta avantgardistiske teoriar, teoriar som ga positiv valør til det å søkja nye og eksotiske uttrykksformer. Avantgarden sin eksistens kviler nettopp på at dei stadig skal søkja nye måtar å uttrykka seg kunstnarleg på. På biletkunsten si ferd bort frå ein felles kvalitetsstandard til at «the sanctification of the ‘new’» (Collins, 2002, s. 192) vart den berande tanken, - har ulike forhold vore i sentrum. Frå fokus på sjølvve biletet og på naturtro attgjevingar av røynda, til fokus på kunstnaren si rolle, til leiking med former og uttesting av kor lite er kunst og kor mykje er kunst, til å fram til i dag i stor grad handla om *betraktaren sitt møte med kunst* (foredrag Gunnar Danbolt 05.12.12: Tendenser i moderne kunst). «Det er betrakterne som lager maleriene», skal kunstnaren Marcel Duchamps ha sagt (Solhjell & Øien, 2012, s. 90), og markerte med dette – sett i retrospekt – eit før og etter-skilje i kunsthistoria.

---

<sup>14</sup> Noko som slett ikkje høyrer ut som ei kjip tvang, men som likefult peikar på forskjellar mellom emosjonelt-spontane private betraktningar og den ikkje så private kunnskapsbaserte betraktninga.

Den historiske utviklinga har påverka til at kunstverk på eit tidspunkt lausreiv seg frå avbildinga, og i staden la vekt på form og konsept, altså ei utvikling mot at kunstverk ikkje lenger ser ut som kunstverk (ibid). Idé står slik i forgrunnen. Ein konsekvens av dette, understreka av Solhjell & Øien, er at når verk ikkje er meir eller mindre direkte representasjonar av røynda, eller noko folk flest kan kjenna att, og når innhaldet i budskapet til kunstnaren vert meir uklår, - så treng ein hjelp til dekodning og fortolking. Om ikkje ein får denne hjelpa kan kunsten stå fram som meningslaus. Ifølgje dei same forfattarane er mykje av kunsten som vert presentert i dag avhengig av denne dekodingshjelpa. Dette er samstundes grunnen til at det formidlande og forklarande mellomledet mellom verk og betraktar og deira særeigne former for tolkingskompetanse, har fått stadig sterkare posisjonar i framveksten av den moderne kunsten. «Uten en kunnskap om kunstens utvikling blir mye moderne kunst ubegripelig» (Røed, 2013, s. 116).

Denne særeigne historiske opptakten har òg ført til endringar i synet på kunstnarisk kvalitet. Ein har i tida frå 1950 fått eit skifte i synet på kvalitet i kunst. I dag vurderer ein det som at kvalitet i kunst ikkje ligg i dei konkrete objekta, i arbeida i seg sjølve, men i mottakinga og verdsetjinga desse får i kunstverda (Zolberg, 2000). Med Peterson og Kern kan ein seia at den vedvarande jakta på *det nye* etter kvart har inkludert så mange nye uttrykk, i eit felt som tidlegare var lukka, til at det på eit tidspunkt vart umogleg å gå tilbake til kriteria om ein felles standard: «(...) the candidates of inclusion where so numerous and their aesthetic range so great that the old criterion of a single standard became stretched beyond the point of credibility» (Peterson & Kern, 1996, s. 905).

Dette syner at samtidskunsten har tyngd på *idé*, noko som forklarar kvifor kunnskapsdimensjonen er sentral i betraktninga. Samtidskunstens verdi spring ein ikkje naudsynleg i augo, verdien er ofte skjult. Verdien kan skjula seg i kva kunsten eller verket relaterer til, er motsvar mot, er appell til, kva den tematiserer, kven den portretterer, kunstepokar/retningar/teknikkar den vender ryggen osb. Kor vidt ein møter eit bilete eller biletkunstfeltet med innsikt omkring denne utviklinga, gir store utslag for korleis ein tek til seg kunstverk, - det påverkar betraktninga. Når samtidas kunstfelt er uløseleg knytt til kunnskap,

kontekst og teori, når moderne kunst har rørt seg vekk frå avbilding og inn i konseptkunsten (ref. refleksiv, retrospektiv og relasjonell kunst), vert utfallet som Solhjell & Øien påpeikar, at betraktaren i stor grad treng kunnskap og informasjon å relatera kunstoplevinga til. Betraktaren treng tolkingshjelp, i alle høve ser det slik ut frå det eksklusive kretsløpet. Det sterke kravet til kunnskap gjer både bejublingar, reservasjonar og tankar om bedrag forstålege.

Men, - kan ein tenkja seg andre moglege utviklingsvegar biletkunstheltet kunne hatt? Det å sjå ulike estetiske felt i samanheng, kan potensielt kasta lys over det særigne ved biletkunsten. Biletkunst, resepsjon av biletkunst og den historiske utviklinga til biletkunstheltet har interessante koplingar til litteratur, til resepsjon av litteratur (lesing) og til den historiske utviklinga innan dette kulturelle feltet i Noreg. Gujord & Vassenden viser at tanken om at lesaren sjølv har definisjonsmakt for kva som er god og dårleg litteratur, står sterkt i Noreg (2015). Verdien har over tid flytta seg eller vert forsøkt flytta frå det estetiske objektet, altså boka, til lesaren eller til den som møter det estetiske objektet. Dette fører Gujord & Vassenden tilbake til litteraturens rolle i nasjonsbygginga og til litteraturen sin plass i skulen («enhetsskolen»). Og dei finn historiske og litteraturdidaktiske vilkår som er med å forklara kvifor vi i Noreg ender opp med egalitære lesarar, egalitære i den forstand at folk ikkje vil diktera kvalitet eller gi seg inn på objektive vurderingar av kva som er god litteratur. Gujord & Vassenden vektlegg òg at modernisme som litterær retning ikkje har hatt ei (sentral) rolle i den norske gullalderlitteraturen, noko som kan vera med å forklara kvifor forfattarar som Øyvind Rimbereid og den litterære høgkulturen verkar eksistera i ei eiga sfære, og *utanfor* svært mange si sfære. Det at modernistisk kunst er ei retning ein ikkje kjem utanom i tale om kunst, medan den modernistiske litteraturen går under radaren til mange, syner interessante forskjellar.

Og då står eg tilbake ved den historiske utviklinga innan biletkunstheltet, og til skiftet i synet på at verdien i biletkunsten ligg i kva mottaking den får. På sett og vis kan ein seia at biletkunsten og litteraturen har vore del av same utvikling, på den måten at verdien vert skyvd frå å liggja i det estetiske objektet i seg sjølv, til å bli skyvd til *møtet mellom lesar/sjåar og objekt*. Men for biletkunsten gjeld altså ikkje dette i tydinga

*allmenn sjåar* eller betraktar. Det gjeld mottakinga kunstverket får i kunstverda, i det eksklusive kretsløpet. Men - kanskje kunne ein tenkje seg at endringane i kunstfeltet frå 1950-talet og utover, som la større og større tyngd og tolkingsmakt hos sjåaren eller publikum (Zolberg, 1992), ville ha demokratisert feltet og verdsetjinga på liknande måtar som for litteraturen, at *subjektive* tankar om kvalitet fekk større tyngd? At dette gradvis ville føra til at den symbolske definisjonsmakta innan biletkunstfeltet forvittra eller vart stykka opp? At dette var vegen fram mot at verdien skulle enda opp som eit spørsmål avgjort av sjåar – som i den egalitære sjåar – altså på sett og vis der litteraturen er å finna? Kunne ein ikkje tenkja seg at desse tendensane opna opp kunstfeltet og kunstresepsjonen? Spekulasjonane er meint å tydeleggjera det faktum at dette nettopp ikkje er vegen biletkunstfeltet har utvikla seg (men som det, kontrafaktisk, gitt andre vilkår, kanskje kunne gjort).

Oppfatningar om at betraktaren eller sjåaren av biletkunst er den som har definisjonsmakt, fins det lite av i materialet vårt (tillaup til det måtte i så fall vera hos enkelte med emosjonelt spontane betraktningar). Fellestrekk mellom litteratur og biletkunst er at betraktning og resepsjon vert tillagd stor tyngd, medan noko av det som skil dei to estetiske felta, er at innan biletkunsten ligg makta i «eit visst publikum» sine hender, medan innan litteraturen er den gjennom skuleverket, lagt (eller forsøkt lagt) i «alle lesarar sine hender». «Eit visst publikum» angir, sagt med Vassnes, kunstteoretikarar samt kunstnarorganisasjonar og bransjeorganisasjonar, godt støtta av byråkratar og journalistar (2013). «I en verden der Teorien rå, er det teoretikerne som blir de viktigste aktørene. De har skjøvet både kunstnere og publikum ut i periferien» (ibid, s. 103). Redefineringa av kunst som følgjer med den moderne kunsten sitt inntog endar med at kunst er det kunsteliten meiner er kunst. Dette lar seg spora i materialet frå Stavanger på den måten at innsikt i og erfaring med kunstfeltets historiske utvikling er utslagsgivande for betraktninga. Er ein utan referansar og overlata til å kommentera det ein ser, kan det heile stå fram som ein bløff, som keisarens nye klede (ein idé ein for øvrig sjeldan høyrer knytt til litteratur). Personar utan mykje kunnskap om biletkunst er avhengig av at kunstens verdi openberrar seg i verket, og konsekvensen av manglande kunnskap, så å seia, er at den subjektive sansemessige opplevinga det er å sjå på kunst får større

autonomi. Eg kan difor konkludera, som Bennett og kollegaer gjer i sitt studium frå England, med at «the grip of legitimate culture remains firm» (2009, s. 131).

### **5.3 Del 2 - Heimeinnreiing<sup>15</sup>**

#### *5.3.1 Hus og heim som mangesidige fenomen*

Heimen kan, gjennom si knytning til det familiære og det private, stå fram som tilsynelatande triviell ved sida av tydingsfulle institusjonar som Storting, Børs, Katedral og Skule. Men heimen er ikkje eit trivielt sosialt felt, det er eit mangesidig omgrep og eit mangesidig fenomen, og innehar stort potensial for kulturell analyse (Gullestad, 1993). Heimen er ein fysisk bustad, den kan vera ei trygg eller utrygg hamn, den er familie, kjønn og identitet, den er noko materielt og konkret, samstundes noko immaterielt og kulturelt. Som sistnemnde: ein stad der vi ønskjer å kjenne oss heime òg i overført tyding. Når folk seier «no var det godt å koma heim», tyder det noko meir enn at dei er nøgd med å ha fysisk kome seg over dørstokken. I sistnemnde tyding handlar heimen om ein psykisk og sjeleleg stad der vi kan kjenne ei ro, eller ein backstage som representerer ein kontrast til arbeidslivets og offentlegheitas frontstage (jfr. Goffman), «a place and/or space where people can retreat and relax (Moore i Mallett, 2004).

Svært mange av våre daglege aktivitetar relaterer seg til hus og heim: anskaffing, oppussing, ommøblering og omplassering, reingjering, og for ikkje å gløyme meir nyttingsrelaterte aktivitetar som eting, leiking, soving, underhaldning og samliv. Heimen er der vi lever, der vi skapar familieliv og oppdrar born, der vi er personlege og intime, men òg sosiale, og der vi kreerer ein plass vi kan vera oss sjølve og uttrykka oss. Heimen er viktig for både velferd og sjølvidentitet, og den er ein av faktorane som skil oss sosialt sett. Gjennom val av møblar, egedelar og dekor uttrykker vi, medvite eller umedvite, verdiar, relasjonar, økonomisk potensiale og avgrensingar, identitet, idear og interesser. Ting vi omgir oss med er slik med å uttrykka våre verdiar, vi gjer synleg kva ting vi set pris på. Heimen har mange aspekt og tydingar ved seg, og kan difor fagleg sett sjåast som: «a tool with practical

---

<sup>15</sup> Analysane i dette kapittelet er òg å finna i (Jonvik, 2015c).

utility, and with economic, social, aesthetic, cosmological and symbolic aspects» (Gullestad, 1993, s. 129).

Gullestad skil mellom «den norske heimen» som eit delt kulturelt symbol – som noko *likt* – og som eit instrument i skaping og oppretthalding av kulturelle (klasse)skilnadar – som noko *ulikt* – (ibid). Som eit delt kulturelt symbol er norske heimar rekna for å vera mykje brukt. Som folk reknar vi oss for å vera heimekjære og heimesentrerte (Gullestad, 2002; Rolness, 1995), og vi har klare avgrensingar mellom korleis vi forvaltar backstage og frontstage i ulike sonar av heimen (t.d. stova, finstova, foreldresoverom, bad). Hagen, som omringer mange hus, kan vi sjå som ei slags forlenging av eller ei medierande sone mellom det private og det offentlege. Ser vi heimen som eit instrument i skaping av identitet og (klasse)forskjellar, er det derimot forskjellane mellom alle variantane av «den norske heimen» som spring oss i møte, altså ikkje det som er delt kulturelt som ein del av det norske, men det som skil heimane våre frå kvarandre. For sjølv om vi deler fellestrekk gjennom organisering og bruk av heimen som eit kulturelt symbol, er det store skilnadar og variasjonar i korleis vi gjer det.

I *The Comfort of Things*, ei antropologisk utgjeving som omhandlar relasjonar mellom objekt og folk, studert gjennom 30 husvære i ei gate i London, skriv Daniel Miller: «I feel I am paying proper respect to that which some people have themselves crafted as patiently as any artist, as an outward expression of themselves» (Miller, 2008, s. 3). Som «an outward expression of self», er heimen eit *uttrykk* som kan tolkast. Ein stad der ein med nokre utvalde materielle reiskapar kommuniserer til omverda, eller til eit publikum om ein vil. Heimen som eit uttrykk fortel om den eller dei som bur der, og gjer innblikk i deira identitet. Samstundes som vi er einige om nokre basiskrav som må vera oppfylt i ein god bustad, skil vi oss frå kvarandre når det gjeld kva tyding bustaden har i våre liv, skriv Nyström (Nyström, 2007, s. 57). Med åra formar vi våre bustadar til heimar som er nær knytt til vår identitet som menneske (ibid). Sitatet understreker bustaden si knyting til identitet (sjå òg Vassenden, 2014), og at både bustad og identitet er i endring med alder, inngang og utgang av livsfasar, arbeid, status, og lønn.



At heimen er eit uttrykk treng derimot ikkje tyda at heimen i sin heilskap er skapt som eit *medvite* signal frå avsendaren, men at den uansett er eit uttrykk andre kan lesa. Med Goffman kan vi seia at heimen fungerer både som eit «sign given» og eit «sign given off» (Goffman, 1992[1959]). Førstnemnde er dei verbale og ikkje-verbale uttrykka som vi tek i bruk med føremål om å gi eit bestemt inntrykk av oss sjølv til andre, «signs given off» er dei uttrykka vi sjølv ikkje har kontroll over, men som andre kan lesa (og som ulike publikum vil lesa ulikt). Alle bur vi ein stad, og vi har fylt bustaden med møblar og ting, og det er ikkje tilfeldig kva vi har teke med oss og sett ved sida av kvarandre, sjølv om det heller ikkje treng vera usedvanleg godt gjennomtenkt. Møblar, bilete og andre objekt vi har i heimen tyder noko på den måten at det ville tyda noko anna om vi hadde hatt andre objekt der. I mylderet av objekt det går an å velja, fell kvar og ein ned på *noko*. «Stedet får sin identitet fra beboeren og, og beboeren får styrket sin identitet fra stedet. Slik fungerer hjemmet både som lerret og speil» (Rolness, 1995, s. 28).

Ingen har likevel uavgrensa med pengar, tid og viten, ei heller full «inntrykkskontroll» (Goffman, 1992), til å investera i å oppnå fullt samsvar mellom det dei ønskjer å kommunisera og det dei faktisk kommuniserer (medvite og umedvite: som «sign given» og «sign given off»). Vala våre når det gjeld hus og interiør er avgrensa av ei rekkje faktorar. Følgjer ein Bourdieu er avgrensingane (eller moglegheitene) gruppert i økonomiske og kulturelle avgrensingar (1984). Enkelt sagt tyder dette at tilgang på økonomi og kunnskap påverkar dei val vi tek, og evner å ta, knytt til heimeinnreiing. Innreiinga kan difor sjåast på som ein type signalement: av kven vi er (og ikkje er), kven vi vil vera (og ikkje vil vera), kor vi kjem frå (og ikkje kjem frå), og kor vi vil hen (og ikkje vil hen). Bustad og heim er eit av verktya vi nyttar for å kommunisera kven vi er, og som andre les som det. Gitt kombinasjonen av den tradisjonelt kulturelt forankra norske heimesentrismen (Gullestad, 2002) og velstandsauka dei seinaste tiåra (som er sær merkbar i Stavanger), er det òg grunn til å hevda at heimen som et slikt verkty står sær sterkt i dag. I moderne hus er talet på og variasjonen av artefaktar større enn nokon gong (Gullestad, 1993).

Fordi omgrepet og fenomenet «heim» er komplekst og stundom motsetnadsfylt, meiner Mallett at forskarar som studerer heimen «need to



be clear and transparent about the motivation behind and purposes for their own research», og gjera avgrensingar av kva aspekt ved det mangesidige fenomenet «hus og heim» som er under lupa (Mallett, 2004, s. 84). I avhandlinga er heim avgrensa til å gjelda den fysiske innvendige bustaden, til det vi vil kalla heimeinnreiing eller heimeestetikk. Eg er oppteken av korleis informantane rettar seg ulikt mot den innvendige fysiske og materielle heimen, og kva dette mogleg uttrykker om dei sjølve, om regionen, og om landet.

### *5.3.2 Orienteringar til heimeinnreiing i Stavanger og omegn på 2000-talet*

Ein induktiv gjennomgang av informantane sine relasjonar til heimeinnreiing, skaffa fram gjennom heimebesøk, samtalar om deira egne stover og innvendige heimar, relasjonar til heimlege objekt, likar og ikkje likar, og tankar om kvifor dei har det slik dei har det, syner tre former for *orienteringar til heimeinnreiing*:

1. Orientering mot det biografiske
2. Orientering mot estetisk posisjon
3. Orientering mot det praktiske

Orientering mot det biografiske inneber at den innvendige heimen har tett knytning til eigen biografi og livshistorie, og at denne vert kommunisert og stilt til skode gjennom interiøret. Her vil heimen vise kven ein har vore, og korleis den ein har vore konstituerer den ein er. Orientering mot estetisk posisjon handlar i større grad om det visuelle ved objekt, utsjånad og form, og om objekt sine sosiale posisjonar. Orientering mot det praktiske vektlegg heimeestetikken sine funksjonelle sider, og liknar «the emphasis on practicality» som Gullestad talar om (1993). Omgrepet orientering – det ein vender seg mot – kan forståast som kulturelle repertoar (jfr. Swidler, 1986) som folk hentar påverknad frå, som «cultural schemes of value» (Gell i Garvey, 2003), eller «cultural schemes of classification» (Bourdieu, 1984). Orienteringane kan vera sterke eller svake, og ein har ikkje naudsynleg berre ei orientering, men ei blanding av fleire eller alle. Likevel vil gjerne ei av orienteringane vera meir framståande hos kvar enkelt, og dei ulike orienteringane kan vera gode å tenkja med.

Orienteringane er med å indikera kva tydingar heimeinnreiing har for folk, kva verdiar som er sentrale, kva objekt som vert vurdert som attråverdige, og kva typar publikum dei vender seg mot. Eg skal i det vidare illustrera dei tre orienteringane, som har synt seg etter induktivt-abduktivt analysearbeid. Liv (65 år, >5, lærar), Truls (35 år, vidaregåande skule, oljesektoren) og Ingvild (35 år, 1-4 UH, sjukepleiar) (og innforstått familiane deira) sine husvære, som alle viser ulike måtar å ha dei heime og å relatera seg til innvendig heim og interiør, tener til å illustrera dei tre orienteringane.

### **5.3.2.1 Orientering mot det biografiske**

Orientering mot det biografiske har som nemnd ei tett knytning til personar sin eigen biografi. Objekt og møblar viser til og uttrykker ei slags livsskildring. Heimen er eit slags «livets arkiv» (Nyström, 2007). Heimen er arkivet som samlar og tek vare på det som er samleverdige i følgje arkivaren. Arkivaren er vedkomande som bur der, og det er vedkomande sitt liv arkivet omhandlar, i tillegg til at det peiker bakover eige liv, til tidlegare generasjonar. Attråverdige objekt er dei som sjølv *har* eller *er* historie, eller som *representerer* historier om noko frå livet til vedkomande som bur i heimen. Opplevingar, reiser, minner, relasjonar, markeringar, og viktige hendingar i vedkomande sitt liv – som til saman er med å utgjera livshistoria – er samla og stilt ut. Arkivet samlar *inntrykk*. I dette livets arkiv kan møblar og objekt gjerne vera gamle og slitte, det viser tinga sine eigne levde liv. Arva møblar er verdifulle gjenstandar, dei representerer ikkje berre levde liv, men samlar saman ei familiehistorie. Dei materielle reiskapane og objekta ein er tilbøyeleg til å stilla fram i desse heimane er ofte personlege. Dei uttrykker anten ei historie i seg sjølv, gjennom kor dei er frå, kven som har gitt dei frå seg, laga dei eller liknande, eller dei minner arkivaren om ei historie frå vedkomande sitt eige liv. Tinga viser og forsterkar òg gjerne arkivaren sine sosiale relasjonar, og uttrykker og skildrar livet og historia fram til (den ein er) i dag. Ein kan seia at interiøret i den biografiske orienteringa primært vender seg mot arkivaren sjølv. Likevel vender heimen som eit livets arkiv seg òg mot bebuarane sine kjende og kjære som kjem på besøk. Til desse viser arkivaren sitt liv og sine relasjonar, men sentralt er det at den biografiske orienteringa vender seg mot eit *kjend* publikum.

Eg reknar Liv for å ha ei biografisk orientering. Ho bur i ein einestad på Våland, ein av dei sentrumsnære bydelane i Stavanger, med bustadbygging primært frå mellomkrigsåra. Liv er i ca. 65 år, har seks års utdanning innan humanistiske fag, og er gift med Håkon, som er kunstnar. Liv er oppteken av husets karakter. Ho veit ikkje kor mange kvadratmeter huset er på, «det er kva du får plassert i romma som er viktig», seier ho. Heimen til Håkon og Liv er fylt med masse ting. Når Liv fortel om heimen og om tinga i den, refererer ho til hendingar, relasjonar, og markeringar som fødsel, bursdagar og jubileum. Gjennom møtet med Liv, måten ho snakkar om tinga ho omgir seg med på, og gjennom å ta heimen i eige augesyn, kjem ulike karakteristiske trekk ved og sentrale verdiar for Liv fram. Heimen viser stor kreativitet og verketrong i familie og blant venner. Den visar at Liv har fascinasjon og interesse for eit stort spenn tema, stader, folk og kulturar. Store delar av verda er representert gjennom tinga dei har framme, mellom anna Russland, Japan, Mosambik, Sognefjorden og Spania. Gjennom ting og tale uttrykker ho sans for det upolerte, det skakke, og det som er annleis. Til dømes heng det eit bilete på veggjen med motiv av blomane løvetenner. Ho likar det andre ser på som ugras. Gamle og slitte bruksgjenstandar har plass framme, mellom anna symaskiner, vaskefat og strykejern. Det er planter, kunst og figurar, anerkjend og ikkje anerkjend, stort og smått, i vill foreining. Hennar eige og familiemedlemmene sine levde liv trer opp og ut frå objekta i huset, så å seia, og måten ho og Håkon har innreidd huset uttrykker opplevingar dei har hatt, reiser dei har vore på, viktige relasjonar i liva deira og kulturelle haldningar – samla i eit arkiv, for dei sjølve og for besøkande.

Om vi ser alle biografiske orienteringar under eitt, så er det objekt som får ein til å tenkja på store og små hendingar og minne, som portretterer relasjonar ein har eller hadde til folk rundt seg og relasjonar til eins eiga livshistorie, som får plass. Her er det «lov» å henga opp eit maleri av ei bru med ukjend opphav, kjøpt på ei familiereise i Italia eller Hellas. Det minner ein om noko fint og godt, og denne hyggelege reisa tenkjer ein på kvar gong ein ser maleriet. Gåver og heimelagde ting frå folk ein likar, invitasjonskort, fødselsband (slike babyar får på sjukehuset etter fødsel der det står «ei jente, 03.05.1974»), suvenirar, kan stå synlege framme i stova. Eller ein skulptur som tidlegare stod i farmor si stove. Keramikkrukker ein

kjøper kvar gong ein er ute og reiser. Ein stol som var god å sitja i då ein var gravid, - for 30 år sidan. Det attråverdige ved objekta er kva minner, hendingar og folk dei får ein til å tenkje på.

Samla sett, for dei som i utvalet vert rekna for å ha framståande biografiske orienteringar, er det flest frå den eldste generasjonen (f. 1945-50), og det er både personar med og utan høgare utdanning. At det er flest frå den eldste generasjonen kan ha den enkle grunn at dei har meir «levd liv å ta av», men det kan òg vera med å indikera endringar i korleis vi relaterer oss til interiør. Det skal eg koma tilbake til.

### **5.3.2.2 Orientering mot estetisk posisjon**

Orientering mot estetisk posisjon har svak biografisk knytning, den vender seg utover mot eit globalt estetisk felt heller enn mot eigen biografi. Reiskapane som vert nytta i desse heimane er i langt større grad henta frå og vender seg mot ein global arena, samanlikna med orientering mot det biografiske. Heimen er eit *uttrykk* for kven ein er, ikkje i form av kva som har ført ein fram til den ein er i dag, men meir som eit samtidig symbolsk uttrykk for ein ståstad og posisjon. Kort fortalt: Der den biografiske orienteringa handlar om person, handlar den estetiske om *posisjon*.<sup>16</sup> Objekt sine sosiale posisjonar vert slik òg sentrale. Ulike objekt sine plassar i eit smaksfelt er her gjerne noko bebuaren/bebuarane sjølv har medvite forhold til, altså at dei er innforstått med at interiør er symbolsk kommunikasjon (t.d. at ei lampe frå IKEA og ei lampe frå Lois Poulsen har ulike symbolske tydingar). Her har gjerne bebuarane eit medvit rundt at heimen si innside uttrykker kulturell ståstad og status, og at ein vert sett og tolka av andre gjennom korleis ein har det heime.

Gjennom at heimane med orientering mot estetisk posisjon vender seg mot eit globalt estetisk felt, kan ein seia at dei i større grad vender seg mot eit ukjend publikum. Attråverdige objekt i desse heimane er gjerne definert etter estetiske, formmessige, visuelle kriterier, og etter korleis det estetiske feltet vurderer objekta. Den estetiske orienteringa er difor tett knytt til dei til ein kvar tid mangslungne trendar og tendensar i samtida (ref. «Den store retrobølgen som har hjemsøkt vårt land» av Bandlien, 2007),

---

<sup>16</sup> Takk til både Anders Vassenden og Marte Mangset for klargjering og utfordring av dette.

men som ikkje lenger gjer det). Orienteringa kan godt vera eit brot med den ein har vore, men dét er i tilfelle eit skjult brot. Den estetiske orienteringa, i si reindyrka form, er nettopp ikkje-biografisk – det vil seia, biografi er, og skal vera, irrelevant. Det er ei estetikkstyrd innreiing.

Truls er ca. 35 år og bur saman med kona Marianne og deira dotter, i ein arkitektheikna vertikaldelt tomannsbustad på Byhaugen, ein annan sentrumsnær bydel i Stavanger. Truls er handverkar, men arbeider prosjektbasert med administrasjon i eit oljerelatert firma. Gjennom møtet med heimen deira, med Truls og Marianne og gjennom å samtala med dei om heim, møblar og arkitektur, er det tydeleg at dei er opptekne av design og av heimen som ein identitetsmarkør. Dei vil at heimen deira skal uttrykka noko individuelt og unikt, og måten dei fortel om heimen deira inneheld ei rekkje særnamn: som til dømes Hans J. Wegner, Arne Jacobsen, Hay, Montana, Louis Poulsen og Møbelgalleriet, og objektnamn som «konglen», «PH-lampa» og «skallstolen». Samstundes skin det klart gjennom at det for dei ikkje berre handlar om *kva* objekt ein fyller heimen med, men om *korleis* ein skjønar og brukar dei i ein samanheng (Bourdieu, 1984; Holt, 1997; Jarness, 2013a). Dei skil sin eigen smak frå vennar sine, spesielt samanliknar dei med ein vennegjeng der mange arbeider innan finanssektoren. Finansvennene har ikkje same tanke bak og forståing for objekta eller designen som dei sjølv har, meiner Truls og Marianne, sjølv om vennene reint faktisk har eller kan ha dei same tinga. Truls skil mellom å kjøpa noko «fordi nokon har fortalt at det er bra», kostar nok eller har rett namn, og på den andre sida å kjøpa noko fordi det er fint, funksjonelt og estetisk. Heimen kan uttrykka pengar eller den kan uttrykka smak, seier dei, og dei ønskjer at deira eigen heim er i det siste segmentet. Ein analogi dei nemner for å forklara forskjellane mellom finansvennane og seg sjølve, er: vennene deira er Porsche medan dei sjølve er Mustang, begge skil seg ut, vennane gjennom pengar, dei sjølve gjennom (god) smak. På denne måten skin det gjennom at posisjon er sentralt. Truls og Marianne kommuniserer medvite gjennom heimen sin, dei arbeider aktivt for å gjera den unik og individuell, men manøvreringa skjer med hårfine distinksjonar til andre heimar, som reint visuelt kan minna om deira, men som ikkje gjer det likevel fordi dei er innreia ut frå andre motiv og med ein annleis kompetanse. Eg reknar Truls og Marianne for å ha framståande estetisk orientering gjennom at dei

medvite søkjer å kommunisera ein posisjon og ein smak til omverda, og gjennom at det er sentralt for dei kva sosiale liv og posisjonar objekta i seg sjølv har.<sup>17</sup> Eit speil av ein notidig posisjon, livet i dag og framover, anti-arkivarisk, endåtil anti-biografisk, er stikkord for orienteringa mot estetisk posisjon.

Samla sett, for dei som i utvalet vert rekna for å ha framståande estetiske orienteringar, er det flest frå den yngste generasjonen, men det er òg mange frå den eldste. Som t.d. John (65 år, >5, jurist) som seier at han og kona gjennom heimen viser kva dei likar og ikkje likar, «leilegheita og heimen er eit uttrykk for kva vi syns er pent og attraktivt. (...) Heimen vår er unik og annleis eller noko sånt», og dei likar å visa den fram til gjester. Her er variasjonar i korleis orienteringane mot estetisk posisjon viser seg som ulike stilar i heimane. Heimane eg har karakterisert under denne kategorien har ikkje éin type stil, men er foreina gjennom at bebuarane er opptekne av interiør, form og objekt sine utsjånadar, i tillegg til kva desse forholda kommuniserer om ein sjøve. Her er personar med både høg og låg utdanning, og personar i begge endar av inntektskalaen, og som vi skal sjå seinare, det er forskjellar mellom dei to alderskohortane når det gjeld korleis dei relaterer til denne estetikkstyrde heimeinnreinga.

### **5.3.2.3 Orienteringar mot det praktiske**

Orienteringar mot det praktiske er orienteringar mot heimen og objekta i heimen sine funksjonelle sider, «in terms of making domestic life easier, more comfortable or better in some way» (Garvey, 2003, s. 241). Attråverdige objekt er bruksnyttige funksjonelle objekt. Ikkje så å seia at ein utelukkande har praktiske gjenstandar i heimen, men vurderinga av objekta er etter om dei stør opp om ein funksjon, om dei er gode, behagelege o.l. Den praktiske orienteringa står til den estetiske «as grammar does for linguistic competence, it rationalizes the ‘sense of beauty’ (...)» (Bourdieu, 1984, s. 67). Talekunst må tilpassast grammatikalske reglar, i same forståing kan ein seia at heimeestetikken er bunde av si funksjonelle rolle.

---

<sup>17</sup> Kven har PH-lamper, kva modellar har dei sjølv, kor lenge har dei hatt dei, kor mykje kunnskap har dei om desse lampene, kor mykje kunnskap har andre om desse lampene, kor «lett» det har vore å skaffa dei osb.

Eg reknar Ingvild for å ha ei praktisk orientering til heim. Ho er sjukepleiar og ca. 35 år, og bur i ein vertikaldelt tomannsbustad på Mariero, ein utkantbydel ca. 5 km. frå sentrum av Stavanger. Heimen har kvite veggjar, og primært svarte og kvite møblar. Det første Ingvild fortel om, då ho vert spurd om ho kan fortelja om stova og tinga i den, er det audiovisuelle utstyret deira. Ho seier: «Eg er ganske fornøyd med korleis vi har det. Det må eg seie. Vi har jo TV. Anlegg, DVD-spiller. Eit skap fullt av DVD'er, CD'er og dataspill». I bustaden har dei vidare eit kjøkken frå IKEA, som dei sette inn for eit par år sidan. Kjøkkenet har ei ope løysing inn til stova. Når Ingvild fortel om kvifor ho likar og er nøgd med kjøkkenet, kjem ingen referansar til utsjånad, farge eller form, det som gjer at ho er nøgd er at det er: «stor god plass på kjøkkenet og at det er i stua, at eg faktisk ser...altså viss eg har besøk her, at eg ikkje er i andre enden av huset og må springa inn til gjestene (...) det er eg kjempefornøyd med». Same type praktiske grunngeving gir ho for kvifor dei har organisert uteområdet sitt slik som dei har: «Vi hadde en liten grasfleck, men vi gadd ikkje meir. Det var meir stress enn kjekt. Så no er der terrasse over heile». Sentralt for Ingvild er om objekt og heimeløysingar fungerer og er greie, om dei utfører sin misjon. Når ho så finn møblar, ting og løysingar innanfor dette, er ho nøgd.

Samla sett, for dei som vert rekna for å ha framståande praktiske orienteringar: fleirtalet har låg eller inga utdanning, og det er flest i den eldste alderskohorten.

Det konkrete og visuelle interiøret i alle desse 39 heimane sett under eitt, alle tre orienteringane inkludert, gir innblikk i bebuarane sine ønskjer for sine innvendige heimar. Orienteringane skal ikkje forståast som om dei representerer ein «stil» eller ein spesifikk måte å innreia på – her fins mange variantar av alle tre orienteringane – men, sentralt er at interiør, heimeestetikk og heimeinnreiing fyller ulike rollar for folk.

Nedanfor skal eg relatere ein meir systematisk gjennomgang av utbreiinga dei tre orienteringane har i dei to alderskohortane, setja dei i samheng med litteratur om nordmenn sine relasjonar til heimeinnreiing, for å mot slutten argumentera for framveksten av eit estetisk hegemoni innan heimeinnreiing.



### 5.3.3 *Frå eit praktisk til eit estetisk rasjonale*

Sosialantropolog Marianne Gullestad (1946-2008) har via stor merksemd mot det heimlege – både i tydinga studiar av «oss sjølve» og det norske, og i tydinga hushald og heim. Ho har mellom anna forska på korleis kjønn og klasse vert artikulert gjennom det ein kan kalla den norske heimen (1993, 1996, 2001). I bokkapittelet «Home decoration as popular culture» (1993) utforskar Gullestad nettopp konstruksjon av kjønn og klasse gjennom å studera meiningsaspekt ved norske heimar. Analysane hennar har grunnlag frå langvarige feltarbeid frå mellom anna Nøstet i Bergen (1979) og fleire drabantbyområde utanfor Bergen (1984), hovudsakleg i arbeidarklassenabolag. Blant dei mange tydingane heimens innside har og kan ha for folk, og dei mange måtane det er mogleg å forholde seg til heimen sin på, hevdar Gullestad at nordmenn spesielt vektlegg praktiske sider ved heim og innreing. Ho skriv m.a. at «(...) using money on the home goes hand in hand with the Norwegian ideals of diligence, simplicity, and having a realistic outlook. Norwegians generally emphasize all those things that are practical and useful and place little direct and explicit emphasis on aesthetics and playful creativity» (1993:148). Denne «emphasis on practicality» handlar for Gullestad om at nordmenn gjerne legitimerer oppussing og ommøblering ved å leggja praktiske og funksjonelle årsakar til grunn. Tanken er her at ein gøymer huslege oppgraderingar og forbetringar gjennom eit dekke av at ein gjer noko praktisk og fornuftig, det er noko som «må» gjerast. Dette tillet nordmenn å «pursue contradictory values» (Gullestad 1993) som ho skriv; på den eine sida ønsket om at heimen skal vera «smakfull» og på den andre sida fråværet av å bli tiltala for statusjag.

Korleis folk rettar seg mot den innvendige heimen endrar seg i takt med at samfunnet endrar seg, med «tidsånda», og med kva verdsett som til kvar tid er rådande. Dei sosiale sjikta vi høyrer til, er òg med på å gjera smaken vår, og dermed heimane våre, ulike (sjå t.d. Bourdieu, 1984). At Gullestad sitt datamaterialet hovudsakeleg er frå 1980-talet (1993:160), og i tillegg at arbeidarklassa er overrepresentert, kan vera årsakar til at praktiske relasjonar til heim har fått så stor tyngd. I fleire tekstar frå 1990-talet (1993; 1996) skriv Gullestad at nordmenn nyttar meir tid på renovering og



møblering av heimen, og at desse aktivitetane stadig får nytt innhald; «The home is also a creative and expressive statement and it is my theory that this has come more into the foreground» (Gullestad 1993:145).

Antropologen Garvey argumenterer i «How to have a Good Home – The Practical Aesthetic and Normativity in Norway» (2003) (med feltarbeid frå Skien i 1997/1998) for at nordmenn nyttar praktiske og funksjonelle «unnskyldningar» eller innrammingar for å uttrykka sine kreative impulsar. Ho meiner at ein praktisk estetikk er framstående for korleis nordmenn organiserer materiell kultur og sine heimlege dekorative orden. Ho finn at informantane hennar legitimerer konsum relatert til heimeinnreiing gjennom praktisk argumentasjon, komfort går over materiell utsmykking og ho ser denne praktiske orienteringa som ein eigen estetisk sjanger (gjennom at funksjonalitet vert vektlagd som eit estetisk kriterium). Mellom anna skriv ho at: «The point is not that there is one overriding belief about how Norwegian home should be organized, but rather that a common rationale can encompass the myriad of differences within» (Garvey, 2003, s. 248). Den praktiske estetikken vert altså rekna som eit felles rasjonale som foreinar eller omringar forskjellane. Dette har parallellar til Gullestad si vektlegging av nordmenn sine praktiske relasjonar til heimeestetikk.

I Kjetil Rolness sin skrivebordsstudie av smak frå 1995 – *Med smak skal hjemmet bygges* – tek han for seg smaken sine sosiale sider, og kontinuitet og endring i norsk innreiingssmak. Studien er ein kjeldestudie, men som ein blant 5 heimar han besøkte som del av studien, kjem eit ektepar frå Drammen til orde. I Rolness si forteljing om dette ekteparet viser han – òg i samanlikning med Gullestad si praktiske innramming av heimeinnreiing – at den praktiske argumentasjonen ikkje er dekkjande for kva desse ønskjer å gjera med interiøret sitt, i deira tilfelle med grunn i at oppussing er fornøyeleg. Valet står ikkje mellom heimestrev og hugnad, oppussing er hugnad, skriv Rolness. Boka til Rolness har slik ikkje like stor tyngd rundt det at nordmenn vektlegg praktiske nyttebaserte forhold i måten dei relaterer til sine innvendige heimar som Gullestad og Garvey. Rolness sitt poeng er snarare å avdekka og å diskutera smakspropagandaen som vert (forsøkt) utøvd frå ein formgivareelite på «folket» (1995).

Om vi samanliknar Gullestad og Garvey sine funn med datamaterialet om heimeinnreiing frå Stavanger, viser det at ein praktisk relasjon til heimeestetikk er til stades i sistnemnde, men den er langt frå framstående. Eit knapt fleirtal av informantane i min studie har det eg kallar orienteringar mot estetisk posisjon, og blant desse igjen er det fleirtal frå den yngste generasjonen. For mange av informantane med orientering mot estetisk posisjon er det fullt ut akseptert å eksplisitt og direkte uttrykka estetisk ståstad og smak, eller å vektleggja estetikk utan blygsel, så å seia, i tale om heimeinnreiing. Desse opplever altså ikkje at dei må dekkja til sine estetiske og kreative preferansar. Med ei parafrase av Skarpenes (2007), som talar om at kulturelle domfellingar må vaskast i moral: heimeestetikken treng ikkje å vaskast i noko praktisk. Den store skilnaden mellom Gullestad sine data (samla mellom 1972-1989), Garvey sine (frå 1997/1998) og min studie frå Stavanger (frå 2012-13), handlar i så måte om heimen si ekspressive og kreative rolle. At heimen er eller kan vera ein «outward expression of self» (Miller, 2008) er ein ikkje framand tanke for mange av informantane. Dette heng truleg saman med at mykje har skjedd på heimeinnreiingsfeltet sidan 1990-talet. Den private heimen tek langt større plass i offentlegheita i dag samanlikna med for 30 år sidan (gjennom aviser, nisjemagasin, bloggar, TV-program osv.). Dei estetiske og symbolske aspekta ved heimens innside har fått ein meir sentral plass i det offentlege mediebiletet, - heimeinnreiing har i løpet av desse tiåra vorte popularisert og trendifisert (Collins, 2002).

Sjølv om alle orienteringane kan vera til stades i folk sine forhold til hus og interiør samstundes (og sjølv om det praktiske slik Garvey skriv om det ikkje fullt ut overlappar den praktiske orienteringa slik eg definerer den, ref. til at ho ser brukskunst som uttrykk for praktiske haldningar, det reknar eg som del av ei biografisk orientering), er orienteringa mot estetisk posisjon som trer fram som «allstadnærverande» i materialet frå Stavanger. Det er nærliggjande at dette peikar på endringar i måtar å relatera til heimeinnreiing. Der ein praktisk estetikk kan hende var eit felles rasjonale for nokre tiår sidan, kan ein seia at ei estetisk orientering i dag har liknande funksjon og utbreiing. Mange av informantane frå Stavanger ser sjølv på heimen som ein arena der ein kan signalisera identitet, og sjølv om dei sjølv ikkje er eller vil vera opptekne av slike former for signalisering, verkar

fleirtalet – og då særleg kohorten fødd mellom 1975-80 – å måtte retta seg etter at andre meiner det *er* slik. Dette har å gjera med at heimeestetikk har vekse fram til å bli eit autonomt estetisk felt, og nedanfor skal eg gå gjennom den empiriske argumentasjonen som fins for denne påstanden.

#### *5.3.4 Estetisk hegemoni innan heimeinnreiing*

Samanlikning av dei to alderskohortane frå Stavanger kva gjeld orienteringar til heim, og relasjonar til estetikkstyrd heimeinnreiing spesielt, syner nokre forskjellar. Den biografiske orienteringa er sterkare og meir utbreidd blant dei eldste, og orienteringa mot estetisk posisjon er mest utbreidd blant dei yngste. Den praktiske orienteringa fins i begge generasjonar, men har vorten «mindre» i den yngste. Dei som er fødte mellom 1975-80, som vaks opp på 1980- og 90-talet, og der mange har stifta bo og familie dei siste åra, – verkar alle å måtte bry seg om heimen som eit estetisk felt, sjølv om dei gjer det på ulike måtar. Sjølv dei som ikkje sjølv har framstående estetiske orienteringar, veit om at andre har det så å seia, og relaterer seg til det. Den yngste generasjonen anerkjenner i langt større grad at heimen er eller kan vera eit ekspressivt uttrykk retta mot omverda, og finn sine vegar innanfor denne «sanninga». Det verkar til at dei yngste *må* retta seg etter den estetiske orienteringa, til eit estetisk rasjonale om ein vil, som ein tidlegare potensielt måtte bry seg om den praktiske orienteringa, eller til eit praktisk rasjonale. Slik kan det hevdast at det er orienteringa mot estetisk posisjon som har hegemoni, ikkje den praktiske.

Det faktum at her syner seg estetiske orienteringar til heimeinnreiing (utan eit underliggjande praktisk rasjonale), saman med det faktum at her fins *fleire* orienteringar, speglar begge velstandsvekst. Forhold som er med å indikera at den estetiske orienteringa har vekse fram til å ha ein form for hegemonisk status, viser seg gjennom at alle blant den yngste generasjonen verkar «tvungne» til å relatera seg til heimeinnreiing som eit estetisk felt, uavhengig av om dei sjølv har estetiske orienteringar eller ikkje, uavhengig av om dei er interessert i heimeinnreiing eller ei. Dei som ikkje har framstående estetiske orienteringar verkar til å tenkja at dei må grunngje si *manglande* interesse for eller evne til å skapa såkalla estetisk godkjende heimar. Og dei som på den andre sida har heimar som uttrykker tydelege stilståader og estetiske orienteringar, verkar kjenne seg unndrage frå dette.

Personar frå den eldste generasjonen med anten biografisk eller praktisk orientering til heimeinnreing, uttrykker ikkje dette. Eg skal av den grunn ta for meg den yngste generasjonen når eg no skal diskutera korleis den estetiske orienteringa verkar gjelde som eit underliggjande rasjonale.

Ingvild (sjukepleiar), som vi såg tidlegare, har eg kategorisert til å ha ei orientering mot det praktiske i sin relasjon til heimeinnreing. Ho seier på spørsmål om ho er oppteken av interiør, at:

*Ingvild: Eg skulle ønska eg var flinkare, men det ligg ikkje for meg. Eg har ei venninne som er dritflink, så eg blir litt sånn misunnelig når eg er heime hos ho. Men så lenge det fungerer og (er) praktisk så OK. Det er sånn vi...det ligg ikkje for nokon av oss (ho og mannen). Så lenge det fungerer, så er det greitt.*

Det er ikkje slik at Ingvild må grunnkje interiørvala sine med praktisk argumentasjon, det er snarare omvendt. Ho vurderer sin eigen heim og si praktiske orientering opp mot estetiske kriterier. Kriterier som ho tenkjer ho ikkje meistrar. Ho unnskylder på sett og vis at ho ikkje er «estetisk nok». Lise (førskulelærar) seier, som Ingvild, at ho ikkje er flink med interiør, og ho veit heller ikkje korleis ho skal bli det, å få heimen til å sjå ut som ein stil, som ho seier. Ola (grafisk designar) er ein annan som seier at: «vi har det jo ikkje så fint akkurat». Sitatet speiler seg mot noko anna som er finare, mot noko anerkjend fint. Desse utsegna er, slik dei står åleine, «unnskyldande». Aksel (høgare utdanning innan humaniora), ein av to informantar som leiger bustad og som lev på ei inntekt, er ein annan som snakkar ned si eiga orientering til heim.

*Aksel: (...) eg syns generelt folk har det utrolig fint [bumrar].... folk er veldig flinke. (...) sånn som meg då, som liksom ikkje er så, kunne trengt litt hjelp på eit eller anna område, men ... sjølv syns eg jo eg har det veldig fint.*

Når han får spørsmål om kvifor han *då* treng hjelp, når han sjølv er nøgd, svarar han:

*Aksel: (...) eg veit ikkje, eg ... syns eg har det heilt greitt, men mens folk har det ... eg veit ikkje, folk er veldig flinke. Dekorerer leilegheitene sine, generelt har dei vel ... ja, dei har det fint.*

Ingen av personane ovanfor har eg rekna for å ha estetiske orienteringar til heim, det trer likevel tydeleg fram at dei opplever at dei må unnskylda og/eller forklara at dei ikkje har det (både ovanfor seg sjølve og andre). Det verkar liggje ei slags tvang om at dei *må* forholde seg til heimen som eit potensielt uttrykk for estetisk posisjon og identitet. For å henta opp parafrasen av Skarpenes (2007): orienteringar til heimeinnreing må vaskast i eit estetisk rasjonale.

Resonnementet får òg styrke gjennom at dei blant den yngste generasjonen som er rekna for å *ha* estetiske orienteringar, dei som har meir eller mindre klare stiluttrykk i ei eller anna retning, og som uttrykker ulike gradar av medvit kring at heimen er eit potensielt uttrykk for kven ein er, *ikkje* uttrykker liknande utsegn om eigne relasjonar til heimeestetikk. Desse har meir eller mindre klare estetiske ståstader, nokre av dei attkjennelege i interiørverda si mangslungne magasinflora. Ellinor (kulturarbeidar) og Marie (sjukepleiar) sine heimar er begge lyse, gjennomførte og blandingar av ein slags moderne landleg stil («Bonytt»), Mads (finansforvaltar) og Truls (handverkar i oljefirma) har begge minimalistiske designprega heimar (som i t.d. «Bo Bedre»/»Elle Deco»), Nora (grafisk designar) har ein kreativ gjenbruksstil («Rom 123»), og Gry (student) si leilegheit har eit industrielt DoItYourself-preg. Desse heimane uttrykker slik tydelege stilståstader. Dei er med andre ord godt plasserte under eit estetisk rasjonale, og det let til at desse bebuarane ikkje treng driva «estetisk vasking» - altså å vurdera eigen heimeestetikk opp mot nokre anerkjende estetiske standardar. Dei driv heller ikkje med denne såkalla vaskinga, eller unnskyldar heimens visuelle estetiske innside, slik som Ingvild og Aksel gjer.

Ei siste gruppering blant den yngste generasjonen, er informantar med meir eller mindre tydelege estetiske stilståstader i tillegg til høg kulturell kapital, som uttrykker at – og er opptekne av å uttrykka at – dei *ikkje* er så opptekne av interiør. Oda (humanistisk utdanning) til dømes seier: «(...) korkje eg eller mannen min er veldig opptatt interiør som fenomen. Vi innreier etter vår smak, men vi har ikkje noko sånn...det er ikkje hobbyen

vår». Sjur (samfunnsvitskapleg utdanning) seier både at han ikkje er oppteken av ting og har kjøpt innreiinga til stova raskt og «alt på ein gong», men fortel samstundes at innimellom ting frå IKEA, så spør han på med dansk design, og han fortel om eit handlaga bord som han brukte mykje tid på å få tak i som ingen har make av. Eg tolkar dette som at Oda og Sjur kjenner personar som er langt meir opptekne av, eller til og med oppslukte av, interiør og heimeinnreiing enn dei sjølve, og at dei ønskjer å skilja seg frå desse gjennom å poengtera at *så viktig* er ikkje interiør for dei, altså ei slags posisjonering og avstandstaking frå dei som *er* svært opptekne av interiør. Avstandstakinga kan òg tolkast i den retning at dei relaterer til eit estetisk hegemoni, som ei slags eksplisitt nedtoning av estetikkstyringa når det gjeld heimeinnreiing (eller til tvangen om å relatera til eit estetisk hegemoni).

Men gjengs altså at alle i den yngste generasjonen set eigen orientering opp mot estetiske standardar, eller at dei sjølve har estetikkstyrd heimeinnreiing.

### *5.3.5 Oppsummering*

Det føreliggjande materialet om heimeinnreiing utfordrar tanken om nordmenn som praktiske og pragmatiske når det gjeld heimeinnreiing og interiør. I materialet frå Stavanger er her mange døme på ublyg vektlegging av estetiske omsyn, og refleksivitet omkring det at heimeinnreiing er og kan vera ein kommunikativ reiskap. Eige materiale sett i relasjon til tidlegare forskning på området, som har vektlagd nordmenns praktiske nyttebaserte forhold til heimens innside, gir grobotn for å hevda at praktiske relasjonar til heim har vorte utfordra av estetiske. Ikkje så å seie at ein ikkje er oppteken av at møblar og objekt har ein praktisk funksjon, eller av funksjonelle løysingar, det ville vera ein absurd påstand, men her er likevel endringar å spora, endringar som har funne stad i tida mellom etterkrigsgenerasjonen (1945-50) og borna deira (1975-80).

Generelt sagt: det nedfeller seg tydeleg i materialet at det er det globale estetiske felt heller enn ei praktisk pragmatisk grunnhaldning som legg føringar for kva folk gjer og ønskjer å gjera med sine innvendige heimar i dag. Samanlikning av dei to generasjonane viser senkande innslag av praktiske og biografiske orienteringar til heim, og større trykk på

heimeinteriør som del av eit globalt estetisk felt. Heimens tydelege innlemming i ein offentlig diskurs (med heimeinnreiing som eit eige estetisk felt), og generelt fokus på heimens ekspressive rolle og vilkår for sjølv-presentasjon gjennom interiør, er òg med å indikera overgangen til eit estetisk hegemoni.

Den innvendige heimen har på denne måten stadig vendt seg utover. Fordi den rører seg utover, og vekk frå biografi og person så å seia, er det kanskje ikkje så rart at ein sentral del av den estetiske rasjonalen senterer rundt ideen om å skapa seg eller læra seg ein *personleg* smak. Eller som Collins (2002) seier det: i prosessen med «self-fashioning in regard to one's domestic space» er det frå magasinverda stort trykk på imperativet «Shape your own style, get personal» og på at ein skal kreera sin eigen personlege «mise-en-scène» (ibid, s. 195). Collins ser dette som to sidegåande prosessar eller krefter: «the centrifugal drive toward globalization and the centripetal drive toward the maximum personalization of space» (ibid). Begge prosessane legg stor tyngd på den innvendige heimens ekspressive sider.

Til slutt kan det vera på sin plass å spekulera rundt kva moglege sosiale konsekvensar det estetiske hegemoniet kan ha. Delkapittelet har synt at manglande involvering i eller interesse for heimeinnreiing hos dei som ikkje sjølve har estetiske orienteringar til heim, kjem til syne. At noko vert forsvart eller rettferdiggjort gjer det nærliggjande å spørja kvifor. Kva er det som står på spel? Kvifor treng nokre å rettferdiggjera at dei ikkje er opptekne av eller «flinke med» interiør? Kan hende kjenner dei som ikkje har meir eller mindre godt funderte estetiske orienteringar på former for estetisk utanforskap. At dei anten ekskluderer seg sjølve, slik Oda og Sjur på sett og vis gjer, eller at dei kjenner på at dei vert ekskludert, uttrykt indirekte av Ingvild og Lise når dei seier at dei gjerne skulle vore flinke, vore meir «inne», så å seia. At heimen har vekse fram som ei sentral scene for personleg og familiær estetisk utfolding kjem til overflata hos den yngste generasjonen, - orienteringa mot estetisk posisjon trer fram som ein rådande kulturverdi (ref. Danielsen, 1998). Dette impliserer at det følgjer sosial anerkjenning med å meistra dette feltet. Med referanse til Goffman sitt dramaturgiske perspektiv på sosiale fenomen (1992) er det mogleg å hevda at heimen er flytta frå back-stage til front-stage. Den estetikkstyrde innreiinga og det estetiske hegemoniet legg opp til at heimen er ei

performance-scene, der kvar og ein «opptrer» for eit publikum, nyttar rekvisittar og der det er auke i talet på personar som kjenner trong til å leiga inn profesjonelle scenografar – stylistar – for å setje seg sjølv i scene. Dei som ikkje meistrar eller som ønskjer å halda avstand til denne arenaen, erfarer samstundes at sjølvpresentasjonen gjennom heimen er eit vesentleg bidrag til sjølvpresentasjonen, og ein vesentleg identitetsmarkør for veldig mange andre. Dette indikerer at heimeinnreiing som «signifier of taste» (ref. Bourdieu) har vorte viktigare, og at det er nærliggjande å tala om ein «innreiingskapital» som ein sentral feltspesifikk undertype av kulturell kapital.



## 6 Andre sin smak

### 6.1 Innleiing

Kapittel 5 handla om ulike måtar å tilnærma seg, betrakta, og relatera til dei to kulturelle uttrykka biletkunst og heimeinteriør. Utforskinga av tilnærmingar til desse – av *eigen* smak – viste mellom anna utbreiing av ulike orienteringar til heimeinnreiing (biografisk, praktisk og mot estetisk posisjon), og variasjonar mellom emosjonell-spontan betraktning av biletkunst, kunnskapsbasert betraktning, og eigarorientert tilnærming. Etter denne utforskinga av informantane sin eigen smak innan utvalde felt, skal eg gå vidare til å utforska korleis dei forstår og legg mening til *andre sin smak*. Andre sin smak i første instans forstått som smaken til nokon andre enn dei sjølve, forstått som kva andre likar og mislikar, men òg innforstått at ein talar om *annleis* smak samanlikna med eins eigen: om *smaksforskjellar*.

Personar som har lik eller liknande smak som ein sjølve, vil ein mykje truleg bruka meir eller mindre det same vokabularet om og forståingsramme for, som ein gjer om sine egne preferansar. Men fordi smak er knytt til identitet – som er mennesket si oppleving av seg sjølv og andre – er personar og praksisar som vert betrakta som annleis frå ein sjølv, med å stadfesta eins eigen identitet og eins eige særpreg. Som Jarle Klepp seier om seg sjølv og kompisen Helge Ombo, i boka *Mannen som elsket Yngve* av Tore Renberg (2003): «Takk og lov for de andre som kunne definere oss som annerledes enn de fleste». Gjennom andre personar får ein stadfesta sin eigen identitet. Det er vidare ei kjensgjerning at nokre bestemte andre er meir kvalifisert til, i stand til og villige til å støtta ein i denne prosessen enn andre, og desse relevante og kvalifiserte andre er vanlegvis andre menneske ein ser på som lik seg sjølve (Gullestad, 1996). *Andre sin smak* viser difor i denne samanheng til orienteringar og preferansar hos personar som har annleis smak enn informantane sjølve, smaken til folk dei ikkje reknar for å vera sine egne, men som samstundes er med på å spegla deira smaksorientering.

Gjennom å omhandla andre sin smak, tek kapittelet for seg *oppfatningar av smaks- og livsstilsforskjellar*. Korleis oppfattar informantane forskjellar i smak? Kvifor eksisterer smaksforskjellar? Kven er interessert i

biletkunst? Kva sosiale tydingar kan arkitektur ha? Kva sosiale konvensjonar fins rundt kva det er akseptert å ytra om andre sin smak?

Eg har vald å ta utgangspunkt i tre konkrete enkeltobjekt. Enkeltobjekta – som alle har vore talt om og synt fram visuelt som del av intervjuet – dannar startpunkt for utforsking av variasjonar og likskapar i korleis informantane talar om og forstår annleis smak, altså i praksis korleis dei forstår og forklarar smaksmessige forskjellar. Dei tre objekta er vald ut fordi dei synte seg å vera meiningstette på den måten at her er mange og ulike tydingar og tolkingar som vert tillagd objekta. Vidare botnar det i eit ønskje om å undersøkje mange variasjonar av få einingar, og om mogleg gjer undersøkingar av forskjellar mellom dei ulike kulturelle uttrykka i studien (biletkunst, litteratur, heimeinnreiing og arkitektur). Hadde eg vald tre objekt innan eit og same estetiske felt, til dømes tre forskjellige bustadar, ville det tatt vekk denne moglegheita til å analysere likskapar og forskjellar i grensedraging mellom estetiske felt.

Dei tre objekta som er vald ut er biletet *Komposisjon* av Jan Groth frå 1980, boka *Kompani Orheim* av Tore Renberg frå 2005, og eit *Block Watnehus* frå 1980-talet. Innan både arkitektur, biletkunst og litteratur, vart det synt fram bilete i intervjusituasjonane, og det synte seg at desse gav rike narrativ om forholdet mellom eigen og andre sin smak (innan heimeinnreiing vart det ikkje vist fram bilete). Spørsmål som er stilt i samband med framsyning av desse bileta er: kva ser dei/korleis forstår dei biletet *Komposisjon*, kven tenkjer dei det er som likar dette biletet, og kvifor, korleis omtalar dei boka *Kompani Orheim* (innhald, form og forfattarskap), kven tenkjer dei det er som likar boka og kvifor, korleis talar dei om *Block Watnehuset*, kven tenkjer dei kan bu i huset, kven er det som likar det, og kvifor. Eg ønskjer å skildra variasjonen i korleis informantane legg meining til og forstår forskjellar i smak, og startpunktet for dette er synspunkt på dei tre objekta. Desse synspunkta dannar vidare grunnlag for å diskutera, på eit meir generelt nivå, forskjellar i oppfatningar om høg og låg i kulturen, kulturelle domfellingar, fenomenet rangeringsvegring og det vanskelege kvalitetsomgrepet innan litteraturen.

## **6.2 Sosiologisering om smak**

Når folk vurderer, evaluerer og det ein kan kalla *sosiologiserer over* smak viser dei korleis dei legg mening til objekt, personar og praksisar. Å sosiologisera om andre sin smak vert i avhandlinga nytta om prosessen der ein knyt ulike kjennemerke og karakteristikkar til smakspraksisar og objekt, - kjennemerke som til dømes alder, kjønn, utdanning, inntekt, etnisitet og bydelstilhørslse. Døme på dette er når folk ytrar seg om at i den og den bydelen bur slike og slike folk, at kvinner i større grad enn menn er oppteken av slik og slik litteratur, eller at folk med høg utdanning føretrekk slik og slik kunst. Ikkje berre dannar det seg mønster i korleis ulike grupper nærmar seg og praktiserer kultur (ref. førre kapittel), men desse forholda viser seg òg å verta *oppfatta* på systematisk ulike måtar. Forsking på sosiologisering om smak kan slik få fram korleis folk klassifiserer, tolkar og forstår smaksforskjellar, og korleis dei dreg opp symbolske tankemessige skiljelinjer (ref. Lamont) mellom ulike smaksfenomen.

For eit objekt er ikkje berre eit objekt. Materielle objekt er sosiale og har ulike meiningar som skiftar i kraft av bruk, kontekst, tid og frå person til person (Bourdieu, 1984). Charlotte Bik Bandlien fortel om Arne Jacobsen sin stol «Egget» si reise gjennom eit sosialt meningslandskap (2007). Bandlien gjorde eit feltarbeid hos retromøbelforhandlarar i London i 2002, hos forhandlarar som med stor overtyding tala om designmøblars udødelege kvalitetar, som dei til dømes tilla «Egget». Likevel, etter at «Egget» hadde vore til stades i den engelske versjonen av «Big Brother», utbraut dei: «I used to love that chair!». Det vart med denne demokratiseringa umogleg for møbelforhandlarane å halda fram med å lika stolen. Etter dette har i tillegg ei rekkje møbelkjedar seld versjonar som liknar, og stolen vart ytterlegare kjend i Noreg etter at tidlegare statsministerfrue Ingrid Schulerud skal ha sagt at åtta av ti heimar ho besøker har Arne Jacobsen-stolar, Alessi-kanner og PH-lamper<sup>18</sup> (noko som gir like mykje informasjon om kva heimar ho ferdes i, som om heimar generelt). Dømet synleggjer at «human actors encode things with significance» (Appadurai, 1986), og at «(...) most products only derive their

---

<sup>18</sup> <http://www.dn.no/meninger/kommentarer/2007/11/22/schuleruds-smak> 22.11.2007, lest 23.03.2015

social value from the social use that is made to them» (Bourdieu, 1984, s. 21). Det gjer at verdivurdering, eller verdsetjing, av materielle objekt i essens er ei sosial øving snarare enn ei estetisk (Bandlien, 2007). Slik kan ein seia at materielle objekt har sosiale posisjonar.

Å kategorisera eller setja nemningar til andre sin smak er vanskeleg å gjera utan å relatera til det ein sjølv likar eller mislikar. Det ein sjølv likar – eins eigen smak – er med å farga eins tankar om kva andre likar, det ligg i smakens relasjonelle karakter (Bourdieu, 1984). Når ein vurderer eller talar om si eiga smaksorientering, kan ein i prinsippet gjera det «isolert», ein kan fortelja om kvifor ein har eit bilete på veggen, går i dei og dei kleda, eller om sitt eige forhold til, ja, lat oss seia boka *Kompani Orheim*. Ein kan fortelja om sine forhold til objekt og artefaktar med nøytrale og stadfestande utsegn av typen «eg likar så og så fordi det gir meg så og så». I det ein skal tala om andre sin smak, og då spesielt annleis smak og smaksforskjellar, kan ein ikkje nytta denne «meg-åleine-meiner»-referansen, då kjem ein inn på at andre folk har vurdert smak og preferansar annleis enn ein sjølv. Det ein sjølv synes er gode argument for å ha den lampa ein har i gangen, eller lesa dei bøkene ein gjer, er det altså folk som vel vekk og ikkje gjer, og eventuelt har vurderingar og argument for kvifor dei ikkje gjer. Slik kjem ein når ein vurderer og sosiologiserer omkring andre sin smak – og set opp grenser mellom sin eigen og andre sine smaksorienteringar – nær det faktum at forskjellar ikkje er urangerte og «relasjonsfrie» («u-sosiale»). Noko vert rekna som meir omtykt enn noko anna og folk har ulik avstand til «det utbreidd omtykte» (Bourdieu, 1984), i tillegg har ulike preferansar ulik status i forskjellige sosiale grupper.

Men, - kan det ikkje vera at smaken berre er *annleis*? At smaksforskjellar er «sidentilte annleisheiter», og ikkje naudsynleg rangerte? Noko som i så fall gjer smak til eit overflatefenomen? Nettopp dette kom fram som den gjengse meininga hos informantane frå eit spreidd utval personar i ein studie frå Nederland om oppfatningar av hierarki, og av sosioøkonomiske, moralske og kulturelle forskjellar (Van Eijk, 2013). Når det kom til forskjellar i smak «the respondents seemed careful not to imply that different tastes are «bad tastes»: rather, respondents felt compelled to explicate their tolerance towards different tastes, by adding that they were just *different*» (ibid, s. 12). Det same gjeld for informantane i studien til

Jarness frå Stavanger, smaksforskjellar er «different, but not better» (2013a, s. 222). Smaksforskjellar som vert forstått som annleis i tydinga at folk vel forskjellige ting, og har ulik smak, men utan vidare sosial tyding, er ei oppfatning av smak som sidestilte forskjellar. Som sidestilte forskjellar har ikkje forskjellar i smak naudsynleg sosiale konsekvensar eller utfall, då er dei berre variasjonar. Ser ein dei som rangerte forskjellar derimot, så er det ei kultursosiologisk kjensgjerning at smak har sosiale konsekvensar (sjå t.d. Bennett, et al., 2009; Faber, et al., 2012, s. 148; Jarness, 2013b; Prieur & Savage, 2013; Van Eijk, 2013). Syn på smak som rangerte praksisar impliserer tanken om at smakspraksisar og – oppfatningar som til ei kvar tid er plasserte i dei øvre sjikta, har gode og privileger knytt til seg, og sosiale fordelar ved seg. Altså at det følgjer nokre fordelar av å ha eller meistra nokre smakspreferansar og ikkje andre. Og, som nemnd, handlar mange av dei sosiale dimensjonane og konsekvensane om korleis smak- og livsstilsforskjellar er knytt til andre forskjellar i samfunnet, gjennom at «smagspræferanser bliver først sociologisk interessante, når det viser sig, at de er relateret til andre væsentlige sociale forskelle og uligheder i samfundet» (Faber, et al., 2012, s. 122).

Ei innvending til: kvifor er det interessant, - ikkje berre å studera folk sin eigen smak og avsmak, men òg kva dei tenkjer om andre sin smak og avsmak? Får ein ikkje i slik utforsking berre opp ei rekkje fordomar og stereotypiar? Fordomar er forutinntatte haldningar som ikkje treng ha rot i røynda, og stereotypiar er forenkla framstillingar av konvensjonelt antatte kulturtrekk ved kategoriar av menneske (Eriksen, 1998, s. 366). Stereotypiar og fordomar er slik individuelt uttrykt ignoranse om overindividuelle forhold, og peikar mot noko konvensjonelt. Ved å peika mot noko som er felles og over det som er individuelt, og i si kraft av å verta delt av fleire, - kan fordomar og stereotypiar ha sosiale konsekvensar. For all den tid fordomar ligg som del av kognitive og emosjonelle kart, konseptuelle skjema som er ein av mange påverknadskjelder til vala folk tek og handlingane dei utfører, så vil det å forska på korleis fordomar vert til og kor førestellingar er henta frå, gi verdifull kunnskap om grunnlag for handling.

Lamont rører seg i dette landskapet – og forskar så å seia på folk sine fordomar – i sin samanliknande studie av grensedragingar i

middelklassa i USA og Frankrike (Lamont, 1992). Ho ser fordomar og stereotypiar som «the supraindividual by-products of basic social processes that are shaped by the cultural resources that people have at their disposal and by the structural situation they live in» (Lamont, 1992, s. 2), altså som sideprodukt av grunnleggjande sosiale prosessar, som nettopp er forma av folk sine kulturelle ressursar og strukturelle situasjon. I kraft av røynda sin relasjonelle karakter seier stereotypiar – og oppfatningar av andre generelt – samstundes mykje om den som «husar» stereotypiane. Dette kjem til syne når bankier Mr. Dutoît, i studien til Lamont, talar om kontrastar mellom franske og amerikanske førestellingar om intelligens:

French managers are much more intelligent than American managers (...) they are far more intelligent, without a doubt. But to succeed well, it is not enough to be intelligent, refined and cultivated. You need to be pragmatic, to know why you are having a meeting, and which decisions need to be made and why, and how to get about it. The Frenchman does not understand this. (Lamont, 1992, s. 97).

Utforsking av folk sine oppfatningar av andre sin smak og annleis smak, gir på denne måten samstundes innblikk i personane sine egne smaksorienteringar og sjølvforståingar. Og då, vil eg påstå, er det ikkje naudsynt å skilja mellom kva som kan vera rasjonelle velgrunna karakteristikkar eller predisponerte oppfatningar. Tvert om, sidan «In matters of taste, more than anywhere else, all determination is negation» (Bourdieu, 1984, s. 56). Dette tyder at når det gjeld smaksforskjellar vert skiljelinjene for kva ein sjølv likar trekt gjennom nekting for eller referanse til kva ein *ikke* likar, kva ein *ikke* er, og kven ein *ikke* liknar – relasjonelt sett opp i mot eins eigen smak (Bennett, et al., 2009, s. 256). Korleis folk oppfattar andre, på rett grunnlag eller ikkje, er slik av sentral tyding.

I dette kapitlet, som tek for seg oppfatningar av annleis smak, skal eg gi innblikk i korleis informantane trekk opp grenser og skiljelinjer mellom sin eigen og andre sin smak. Sidan det å knyta karakteristikkar til kulturelle objekt og praksisar er ei form for grensedraging og ein måte å leggja meining til noko eller nokon på, er Lamont sine tre former for symbolske grenser relevante (1992). No følgjer utforsking av informantane



sine oppfatningar av smaksforskjellar med utgangspunkt i dei tre objekta eit *Block Watne-hus*, boka *Kompani Orheim* av Tore Renberg, og bilete *Komposisjon* av Jan Groth.

### **6.3 Eit Block Watne-hus frå ca. 1980**



Foto: *Husboken*, Block Watne 1993 (s.143)

Her ser vi eit frittliggjande hus (bilete er eit illustrasjonsfoto). Det er eit såkalla typehus frå ca. 1980, med ekstraustyr som karnapp, vindaugssprosser, søyler, dekordører, stakittrekkverk, takark og takvipp. Huset er i tre. Slike hus fins mellom anna i områda Sørmarka, Tasta, Dusavik og Madla til dømes, bydelar utanfor sentrumskjerna i Stavanger. Som del av intervjuet har informantane fått synt til saman åtte bilete av bustadhus: rekkjehus, lågblokk, høgblokk og einebustader, alle frå ulike tidsepokar og i ulike stilar. Dette spesifikke huset er vald ut som utgangspunkt for sosiologisering om arkitektur fordi det, som nemnd, viste seg å vera eit meiningstett bilete og eit hus det er mange og motstridande synspunkt på. Huset vil bli omtala som nr. 5 (som er nummereringa frå

intervjua) eller som Block Watne-huset, fordi dette bustadbyggerfirmaet bygde mange slike hus på 1980-talet (og for så vidt bygg variantar av det i dag òg). Mange informantar nyttar sjølve nemninga Block Watne-hus. Andre hus som var del av fotoframsyinga innan arkitektur vil òg bli refererte til (sjå Appendix 3).

Når det gjeld den sosiale meininga dette huset vert tillagt av informantane, kjem det raskt for ein dag at det er systematiske forskjellar i kven som seier kva.<sup>19</sup> Om vi startar med den eldste generasjonen i utvalet, dei fødte mellom 1945-50, dannar det seg eit tydeleg mønster i kven som avviser og ikkje avviser dette huset, eit mønster som heng saman med deira samfunnsmessige plasseringar, eller kor i det sosiale rommet dei har sine utsiktspunkt. Erna (65 år, vidaregåande skule, sekretær) seier om dette huset at «det er sånn som mitt hus», Birger (65 år, vidaregåande skule, tømrar) synes dette er «eit kjekt hus», han kallar det eit typisk Block Watne hus frå 1970-80-talet. Einar (65 år, vidaregåande skule, handelsnæringa) identifiserer seg med huset, som Erna, i det han seier at «det har litt av dei same kvalitetane som vårt eige hus har». Mona (65 år, vidaregåande skule, administrativt tilsett i offentleg verksemd) reagerer spontant positivt då ho får synt biletet framfor seg, og seier: «det var jo nydelig» (...) det er klasse over det (...). Du ser at det er rikfolk som bur der». Ho seier ho likar forma på huset. Signe (65 år, vidaregåande skule, heimeverande) seier om huset: «fin bustad, du verda». Personane frå den eldste generasjonen som har utdanning/høgare utdanning, har bortimot motsette synspunkt på utsjånaden til dette spesifikke huset. Sverre til dømes (65 år, >5, sivilingeniør) omtalar huset som eit Block Watne-hus som er døme på «billige ting som skal sjå flotte ut», han meiner det overhovudet ikkje fins noko spanande med huset. Liv (65 år, >5, lærar) er òg avvisande i det ho seier: «Det er norsk dynasti. Dei grellaste døma fins på Vassøy». Det er eit «prangande, sjå kven eg er»-hus. Jan (65 år, >5, journalist), uttalar: «eit klassisk Block Watne-slott, med vippetak og karnapper og det heile (...). Det var liksom voldsomt status ein periode å bu i eit sånt eit. Det appellerer

---

<sup>19</sup> For ei systematisk oversikt over kven som likar kva hus, og kven informantane tenkjer seg kan bu i kva hus, sjå Jacobsen & Vassenden, 2015. Dette kapittelet baserer seg på same intervjumaterialet som avhandlinga baserer seg på. Når det gjeld arkitektur har vi samarbeida om analysane av materialet, men har skrive dei ut som separate tekstar med litt ulike vinklingar.



ikkje til meg». Andre informantar med høgare utdanning som ikkje likar utsjånaden på huset, nyttar ord som: «ei med alb», «fake alt saman» og «ei velstandsvorta». Når desse personane, som er del av den same generasjonen skodar på dette spesifikke kvite trehuset, og – kan ein anta – liknande hus elles, får dei altså svært ulike assosiasjonar. For flesteparten av dei med utdanning er huset eit grelt døme på amerikanisert uinteressant arkitektur, som ein gong var eit statussymbol, men som ikkje lenger er det. For dei utan høgare utdanning, er dette huset «fint» og «kjekt», endåtil «nydelig». Her er altså tydeleg samsvar mellom det sosiale rommet og livsstilsrommet (jfr. Bourdieu).

Om vi tek den yngste generasjonen (fødd mellom 1975-80) og deira måtar å vurdera dette huset frå 1980-talet på, ytrar òg ulike personar i denne generasjonen diametralt motsette syn. Samstundes er det færre samla sett som uttrykker seg positivt om huset samanlikna med den eldre alderskohorten, som er deira foreldregenerasjon. Dei som ikkje uttalar seg negativt, femnar ikkje om huset slik vi såg dei positive i den eldre generasjonen gjorde ovanfor, dei er meir vage i si omfamning. Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærer) seier ho ville vald dette huset blant dei fire einbustadane ho fekk synt framfor seg, mest med grunn i at det er eit stort og romsleg hus. Marie (35 år, 1-4 UH, sjukepleiar), Ellinor (35 år, 1-4 UH, kulturarbeidar) og Jesper (35 år, 1-4 UH, kulturarbeidar) er heller ikkje avvisande til huset, alle har vakse opp i liknande hus sjølv, men ingen av dei ville budd slik i dag. Av dei i den yngste generasjonen som ikkje likar utsjånaden til huset, er til dømes Oda (35 år, 1-4 UH, humanitær organisasjon), ho kallar huset eit «dynastihus» fordi det høver for personskikkelsane i TV-serien «Dynastiet», «slike hus poppa opp på 1980-talet, desse husa høyrer ikkje heime nokon stad i Noreg. (...) Eg synes det er forferdelig stygge hus». Gry (35 år, 1-4 UH, MA-student) kallar det eit «oppjåla ferdighus frå 80-talet», Aksel (35 år, >5, omsorgsarbeidar) omtalar det som «eit Block Watne-hus som det er ein million av. (...) Eit kataloghus frå ein absurd nipskatalog». Grunnen til at det er færre totalt i den yngste generasjonen som er positiv til denne type arkitektur, har mest sannsynleg å gjera med nettopp aldersforskjellen mellom dei, og det at huset har ei tidstypisk plassering i 1980-åra, - det uttrykte velstand på ei tid då den eldste generasjonen var unge vaksne.

Når det gjeld det å sosiologisera over arkitektonisk smak, altså det å vurdere og fremja tankar om kva kjenneteikn ved folk (som alder, kjønn, geografisk opphav, bustad, inntekt, utdanning osv.) som kan henga saman med ulike typar hus og arkitektoniske stilar, er det forskjellar mellom korleis informantane sosiologiserer innan arkitektur samanlikna med dei andre kulturelle uttrykka. Arkitektur står i ei særstilling mellom anna gjennom at arkitektur – og val av bustad – har tunge økonomiske avgrensingar ved seg. Mange andre mindre og ikkje så kostbare livsstilselement er lettare å gjera val i og meir tilgjengelege når det kjem til å senda ut uttrykk om kven ein er til omverda. Men sjølv om dei økonomiske avgrensingane er mange knytt til å «velja sin arkitektur» er det likevel ikkje slik at folk bur vilkårleg spreidd rundt om i byen, og heller ikkje i kva slags hus som helst. Rosenlund viser mellom anna – med data frå Stavanger frå både 1994 og 2009 – at det er ein klar tendens til at:

«Respondents who perceive a certain residential area as an attractive one, share lifestyle profile with those who actually live there. They have similar political perceptions, similar ethical orientations and world outlook, they look similar, and their homes are decorated similarly, in short: they have matching tastes and they live under similar conditions of existence» (Rosenlund, 2015, *under arbeid*).

### *6.3.1 Sosiologisering om arkitektur*

Vurdering av og synspunkt på arkitektur handlar både om synspunkt på eins eigen bustad, synspunkt på andre privatbustader og haldningar og smak innan arkitektonisk utforming generelt (offentlege bygg, signalarkitektur, staders arkitektoniske særdrag osv.). Ein kan ha vurderingar og tileigningar av sistnemnde som er divergerande i forhold til kva bustad ein sjølv bur i (noko som botnar i økonomiske avgrensingar, kompromiss mellom familiemedlem m.m.). Når det gjeld informantane sine oppfatningar av arkitektur og arkitektoniske forskjellar generelt, og spørsmåla: kva er god eller flott arkitektur, kven er oppteken av arkitektur, og kvifor er dei det, og kva type folk bur i kva typar hus, - viser intervjuet at informantane trekk alle tre former for symbolske grenser (sosioøkonomiske, kulturelle og moralske). Dei refererer til både 1)

sosioøkonomiske forhold: kva ein har råd til, kva yrke og inntekt som mogleggjer kva, arv, alder/livsfase (førstegongskjøpar, andregongskjøpar etc.), sivil status osv., dei refererer til 2) smak og kulturelle forhold: kva er fint og ikkje fint, stilepokar og spesifikke arkitektoniske uttrykk, kva vil ein kommunisera, arkitektur som indikerande mtp. kven som bur i ulike husvære osv., og dei refererer til 3) moral og moralske forhold rundt arkitektur, då som kva det er som faktisk sømmer seg, moralske vurderingar av «conspicuous architecture», og arkitektoniske forskjellar som ei synleggjering av og synlege prov på urettferdig ulikskap.

Det går slik eit skilje mellom oppfatningar om arkitektur som pengar, som smak og som moral, for å seia det litt banalt. Døme på sosioøkonomisk grensedraging innan arkitektur kan koma frå Einar (65 år, vidaregåande skule, handelsnæringa). Han bur sjølv i ein einebustad frå 1970-talet på Mariero, ein bydel nokre kilometer frå Stavanger sentrum. Han får spørsmål om kven han tenkjer bur i dei fire einebustadane han får synt for seg (nr. 3: ein frittliggjande bustad i danskinspirert funksjonalistisk stil med flatt tak, nr. 4: ein frittliggjande bustad i modernistisk stil, dekonstruert stil, høg prisklasse, nr. 5: Block Watne-huset, nr. 6: ein frittliggjande bustad i tradisjonalistisk stil) (ref. Appendix 3):

*Einar: «(...)...det er nok pengesterke folk. Som bur i nr. 4, og kanskje og arkitektar som gjer det, men gjerne personar som er litt kjappe, datafolk. Ja. Dette er vel nr 3 er vel litt meir...vaksne, litt...kanskje litt eldre folk. Som gjerne bur i atriumhus. Så vil eg seia at på nr. 6 er det jo en del yngre som synes det er litt tilbakevendande med litt sånn...gamle typar bus som går mot jærsk stil, gammal byggestil. Men eg synes det er veldig...det er jo...der er nok ein del unge, eg trur ikkje vaksne ville kjøpt det. (...) Og nr. 5, det er det vel...kva skal du seia? Det må jo vera folk med ein ordna økonomi. Som kjøper eit sånt bus som det ja.*

*Merete: Tenkjer du at...ut frå det du har sagt, dei som kan bu i nr. 4, tenkjer du at dei har oppfatningar om dei som bur i nr. 3? F. eks.?*

*Einar: Ja, eg trur i alle fall dei i nr. 4 har det, fordi det er datafolk med litt sånn...litt kjappe menneske kanskje, så dei har nok ein litt...meining kanskje ikkje så mykje om nr. 5, men dei har nok ein...dei synes nok at det der er nok vel satt, sjølv om det er unge folk som bor der.*

Skilja Einar trekk går på økonomi, yrke (arkitektar og datafolk) og alder/livsfase. Anna (65 år, vidaregåande skule, butikkmedarbeidar) si grensedraging liknar Einar si, men i utdraget under refererer Anna endå hyppigare til alder når ho synsar rundt kven ho tenkjer bur i dei fire einestadane:

*Anna: Det (nr. 3) trur eg er ein familie med halvstore born. Sånn 14–15. Eller frå 12 til...12 til 20 på born. Kanskje. Nr. 5, der trur eg faktisk at der bur folk på alder med meg. Sånn ca. pluss minus 60, kan eg tenkja meg. Mens dei med dei halvstore borna, dei må jo vera i 40-årene, omtrent. Eh nr. 4 der trur eg der er litt høgt utdanna menneske som kanskje (kan) vera i rundt 40-årene som kan bu. Kanskje litt...ja ikkje så mykje yngre. 40–50. Mens 6'en, det kan vera alt slags. Den trur eg ikkje eg klarar å putte nokon alder på.*

Eg tolkar dette som at ho primært knyt val av bustad og arkitektur til eit spørsmål om livsfase, og til at ulike livsfasar krev ulike bustader med omsyn til storleik og funksjonalitet. Utdanning som forskjellskapar har ein vag liten plass i hennar grensedraging kring arkitektur.

Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærer) er ei av dei unge som òg primært trekkjer opp sosioøkonomiske skilje når ho sosiologiserer om arkitektur, det er inntekt/yrke og alder/livsfase som er styrande for kven ho tenkjer bur i ulike typar hus. Lise differensierer til dømes ikkje mellom det funksjonalistiske huset frå 1960-talet og det modernistiske huset i betong, glas og aluminium (nr. 3 og 4) (som det for andre går eit skarpt estetisk skilje mellom), men tenkjer seg at det er «folk med pengar» som vel dei begge. Arkitektur for desse informantane ser slik ut til å handla om sosioøkonomi, om kjøpekraft, livssituasjon, livsfase og alder, og ikkje i særleg grad om smak. Marie (35 år, 1-4 UH, sjukepleiar) er avvisande til å tala om identitetsmessige aspekt ved arkitektur eller om potensielle sosiale tydingar ved arkitektur fordi «folk er glad om dei får ein plass å bu».

Andre informantar knyt, i tillegg til sosioøkonomiske forhold, ei rekkje sosiale og identitetsmessige aspekt til arkitektur. Nokre av desse trekk skarpe kulturelle grenser i samtale om arkitektur, og gir lange narrativ og talar som om det går sentrale sosiale og estetiske skilje mellom dei ulike

bustadhusa. Fellesnemnaren for desse er at dei knyt arkitektur til identitet på ulike vis, dei ser arkitektur som eit kulturelt uttrykk som kan signalisera ulike typar smak, som noko som distingverer. Nokre relaterer òg til *feltet* arkitektur, med sine retningar, «skular», prinsipp og verdsetjingsformer. Døme på kulturelle grenser som vert trekt når det er tale om arkitektur, finn eg hos mellom anna Sjur (35 år, >5, lærar), Sara (35 år, >5, lærar), Aksel (35 år, >5, omsorgsarbeidar), Ola (35 år, 1-4 UH, grafisk designar) og Lene (65 år, >5, høgare utdanning innan humanistiske fag). Vi låner først øyre til Sjur, som etter han har sagt at i nr. 5 (Block Watne-huset) og nr. 6 (det tradisjonalistiske huset) bur funksjonelle kjernefamiliar som jobbar i oljebransjen, tek for seg synspunkt på kven som kan bu i nr. 3 (funksjonalistisk) og nr. 4 (modernistisk) (ref. Appendix 3):

*Sjur: Eg vil seia at desse vil koma til å liggja til venstre politisk, altså nr. 3. Dei som bur i nr. 3 ligg til venstre politisk for dei som bur i nr. 4. For dei som bur i nr. 4, dei kan fort vera type nyrike FrP 'arar. Men på den andre sida, så har du alltid at ... for eg har sitte og sett på sånne arkitektprogram og sånn, då er det plutselig nokre arkitektar som bur i ein sånn ein nr. 4-hus. (...) Men eh, dei er nok veldig rike, dei som bur i nr. 4.*

Han får deretter spørsmål om dei han tenkjer seg bur i dei to bustadane, har nokre meiningar om kvarandre.

*Sjur: Nei, eg vil tippe dei likar kvarandre, eg, sånn jamt over. (...) Eg vil tippe at viss nokon av dei speler fiolin, då, så bur dei i nr. 3. Og viss nokon av dei har ein sånn barbeque med gass og ein sånn badestamp, eh ... kor dei har eit sånn partyting og sånn, så bur dei i nr. 4. Viss nokre av dei ikkje ser så mykje til ungane sine, fordi dei jobbar for mykje og sånn, så bur dei i nr. 4. Og viss nokre av dei på ein eller annan måte kan minna om dei intellektuelle i New York, så bur dei i nr. 3.*

Det er tydeleg at Sjur knyt bustadene sine utsjånader til ei rekkje livsstilsaspekt og –objekt, og til ulike livsstilsgrupper som han igjen set saman med politiske sympatiar. Samanlikna med Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærar) som ikkje differensierer mellom desse to bustadane, har Sjur

klare meiningar om dei symbolske grensene som går mellom dei og ulike sosiale kjennemerke som følgjar folka som bur i husa. Sjur sosiologiserer villig og seier aldri at han tenkjer det er umogleg å seia kven som bur i husa, noko fleire andre gjer. Av den grunn stiller eg fleire oppfølgingsspørsmål, mellom anna: kva ser dei på TV i dei ulike heimane?

*Sjur: : Ja på TV ja. Dei som bur i nr. 3, dei ser NRK 2, for eksempel. Dei vil sjå ... det er sikkert nybeiter og debatt og sånn, men dei vil sjå gjerne òg type «Bokprogrammet» eller «Nasjonalgalleriet» eller ... kanskje til og med klassisk musikk, ikkje sant? Medan dei som bur i nr. 4, dei ... skal vi sjå, kva ser dei på TV? ... Ser dei TV? Ja. Eg vil tippe dei har veldig bra TV-anlegg. [humrar]. Så eg vil tippe dei ser i alle fall actionfilmar, men eg er litt sånn veldig freista til å svara noko sånn ... eh, stålbarry! Sånn type Paradise Hotel, då. Men eg er ikkje einig med meg sjølv, viss eg seier det, altså.*

*Merete: Det var for langt ut, på ein måte?*

*Sjur: (avbryter) Det er for langt ut, ja. (...)*

Så spør eg kva dei les:

*Sjur: Leser dei? Leser dei i nr. 4? Dei i nr. 3, dei har jo bibliotek, ikkje sant, meir eller mindre, etter kvart. Dei veit ikkje heilt kor dei skal gjera av alle bøkene. Mens dei i nr. 4, eg trur ikkje dei les så mykje, eg. Nei, eg trur ikkje det, eg trur dei ... nei, kva er det dei held på med i nr. 4, då? (humrar)(...) dei er styrtrike, dei i nr. 4! Så dei er på ein heilt annan planet enn eg er, altså. Men dei har i alle fall hytta i Sirdalen. Og (...) av og til så tar dei helikopter, altså, for å koma seg dit dei vil.*

*Merete: Det er såpass?*

*Sjur: Ja, eg synes det altså! (humrar)*

Sjølv om Sjur reknar dei han tenkjer bur hus nr. 4 for å vera på «ein annan planet» enn han sjølv, har han ei rekkje synspunkt på kven dei kan vera og kva liv dei lev. Det skal understrekast at Sjur er blant dei som trekk dei skarpaste kulturelle grensene i utvalet. Sara (35 år, >5, lærar) er i likskap med Sjur utbroderande om kva livsstilar, yrke og estetiske objekt som kan knytast til bustadarkitektur, sjølv om ho, som Sjur, humrar over si eiga

sosiologisering i intervjusituasjonen. Her tenkjer Sara høgt om kven ho ser for seg kan bu i hus nr. 6 og hus nr. 4 (sjå Appendix 3):

*Sara: Dei som bur i nr. 6, det er type sånn to–tre ungar. Eh «Lyckliga gatan»-feeling med gjerne ein eller annan bestefar buande i annekset eller i generasjonsdelen her på sida, og ein hund. Og ein katt. Og helsa på alle naboane og fyker litt sånn ut dørene og gjerne er type sjukepleiar eller...ein med litt lågare inntekt enn den andre. Ser eg for meg. (...) litt meir sånn «average Joe». Viss du skjønar kva eg meiner med det. Med ei litt sånn omsorgsfull sånn: «ja da, kom og spis middag hos oss». Og at det er sånn fire ungar i gata som sit rundt middagsbordet og et med dei eh...ja. Og litt travelt, sånn at dei har liksom ikekje fått gjort noko med hagen, endå. (...) Gjerne ein soneterapeut som har ein mann som tener litt meir, så ho kan putle litt på sida, liksom.*

Sara knyt ei rekkje livsstilsreferansar til dette konkrete huset, og til dei andre husa ho får synt framfor seg, og ho set yrke saman med livsstilsreferansane. I utdraget ovanfor ytrar ho at i det nye, men tradisjonelt utsjåande, trehuset tenkjer ho seg at det kan bu ein familie, med det vi kan kalla tradisjonelle kjønnsrollemønster, kvinna er anten soneterapeut eller sjukepleiar, mannen tener meir enn kvinna, dei er godt integrert i nabolaget, har fleire born og eit ope hus med endå fleire born på besøk (jfr. Jacobsen og Vassenden som refererer til dette huset som eit uttrykk for normalitet, 2015). Det er tydeleg at Sara knyt fleire identitetsaspekt til bustadarkitektur, og at ho les den sosiale geografien gjennom arkitektur. Sistnemnde er gjengs for informantar med høg utdanning, og spesielt dei med samfunnsvitskapelege og humanistiske utdanningsretningar. Arkitektur er ein av fleire kulturelle og estetiske uttrykksformer dei les og tolkar den sosiale geografien gjennom.

Siste døme på at arkitektur vert vurdert som del av kulturelle-estetiske livsstilsval kjem frå Peter (65 år, >5, siviløkonom). Han bur sjølv i eit arkitektteikna hus som det er openbart at han og kona har lagt mykje pengar og tankar i. Når han sosiologiserer om dei fire bustadane seier han:

*Peter: ...i nr. 4 der...det trur eg faktisk talt er leid ut til...ein av toppsjefane i oljeindustrien. Tipper eg. (...) det er eit oljeselskap som antakeleg betalar 70*



*000 kr mnd. for å...for å bu der. Altså at nokon har bygd den på spekulasjon, eller at det er ein...det er ein familie som er sjølvstendig næringsdrivande, eller eigar av ei stor bedrift. Som bur der. (...) på 3'en kan det være en lektor. Lektor på Kongsgård som bur der (...).*

*Merete: Ja. Betyr det at du koplar den arkitekturen eller smaken til ein kunnskaps...*

*Peter: (avbryter) Nei ikkje nødvendigvis, men eg koplar den litt til eit intellektuelt... eit akademisk yrke. (...) Det huset der (nr. 5) det er nokon som ønskjer å stå fram rikare enn dei egentlig er. Bygd på 80-talet. (...) ...eg trur det er nokon (som) strever litt oppover. Som ikkje er heilt fornøyd med den sosiale prestisjen dei har for øyeblikket. (...) Her (nr. 6) trur eg det er ein...det er ein familie som har sin andre bustad. Og som flytter inn ber, har tre ungar i skulealder, kanskje ein i vidaregåande og to i barneskolen.*

Peter uttrykker vidare at folk som bur i ulike bustadar har meiningar og haldningar til kvarandre. Til dømes seier han om personane han tenkjer seg bur i dei to blokkene han får synt på bilete (minimalitisk høgblokk i høg prisklasse og funksjonalistisk lågblokk i relativt sett låg prisklasse, ref. Appendix 3), at dei lev på to forskjellige planetar, «der er ikkje kontakt i det heile tatt». I Peter si verd har arkitektur i så måte sikre sosiale tydingar.

Som nemnd fins det òg personar som trekk grenser med basis i moralske forhold når dei sosiologiserer kring arkitektur, ikkje på same måte som dei to andre grensedragingane i den forstand at moral er meir eller mindre ei direkte «forklaring» av kven som bur i husa, men snarare som moralske vurderingar og innrammingar av arkitektur og spesifikke arkitektoniske uttrykk. Dei moralske vurderingane kjem gjerne i relasjon til det ein kan kalla «conspicuous architecture». Omgrepet peikar mot Torstein Veblen sin analyse av iaugefallande forbruk, eller «conspicuous consumption» (Veblen, 2014[1899]). Veblen skriv om det han kallar den uproductive klassa, eller fritidsklassa, som tener pengar og er velstående gjennom til dømes å utøva eigarskapskontroll. For at desse skal stadfesta sin posisjon er det ikkje nok å berre vera rik, dei må synleggjera at dei er rike, stilla til skode sin rikdom slik at andre kan sjå den. Dei frå utvalet i Stavanger som trekk moralske grenser knytt til arkitektur talar om privatbustader som prangande på liknande måtar, nettopp i den forstand at bustadane spring ein i augo gjennom at dei signaliserer pengar og velstand.



Liv (65 år, >5, lærar) seier om ein bustaden i modernistisk stil i betong og glas med fleire etasjar (nr. 4) at «eg reagerer veldig på liksom det bygget der då. Fordi det er så...unnskyld uttrykket *jævlig* prangande. (...) (det) er for prangande: vis deg fram. Her må du gå i fine klede. Altså og stå i helst i vindauget og vinka. Det er rart 17. mai-toget ikkje er blitt dirigert framfor det». Då eg spør om kven ho kan tenkja seg bur i huset, svarar ho: «Det er ein person eg ikkje kjenner. Det er garantert», og legg til at «eg er ikkje så sikker på om eg har lyst å kjenna dei heller». Vi skjønar at ho kjenner stor avstand til personar ho tenkjer seg bur i hus som dette. Tom (65 år, 1-4, pensjonist) får liknande assosiasjonar ved synet av denne bustaden:

*Tom: Det er jo den moderne velstanden. Den uttrykker jo ein ekstrem rikdom. ...eit bilete, eit bygg som vi jo aldri såg i dette området for 40–50 år sidan, altså heller ikkje...altså...den type rikdom, og du kan jo då tenkja på at vi hadde jo Bjelland-familien som var datidas rike, du hadde Smedvig og du ser jo dei busa i dag, det er ein dimensjon over dette her som er hinsides, altså. Det er ein ustyrteleg rikdom. Kostar jo enormt. Ikkje spesielt vakkert. Syns ikkje det er spesielt vakkert, eg synes det er ...det er litt vulgært altså.*

Bjelland og Smedvig er to av Stavangers rikaste familiar, den eine med formue som stammar frå hermetikkindustrien, den andre frå reiarverksemd. For Tom får synet av det romslege modernistiske huset i glas og betong han til å tenkja på høg velstand og ekstrem rikdom, på byens mest velståande familiar, samstundes som han så vidt er inne på at sjølv det arkitektoniske uttrykket er relativt nytt, at velstand set nye typar visuelle uttrykk på byen.

Det er altså forskjellar i kva typar grenser informantane trekk knytt til arkitektur, noko som gir indikasjonar på kva arkitektur er og handlar om for dei. Personane som trekk kulturelle grenser knytt til arkitektur er dei som trekk hyppige kulturelle grenser generelt, og dei har høg utdanning. Når det gjeld det å knyta arkitektur saman med sosioøkonomiske forhold, altså det å skilja mellom «kven bur korleis» med referanse til yrkesposisjon, inntekt og økonomiske sjansar, så er dette noko alle i utvalet gjer. Personane med relativt sett lågast inntekt og låg eller ingen utdanning har dette som sine einaste referansar når dei talar om arkitektur (dei trekk utelukkande

sosioøkonomiske grenser). Dei moralske grensene kjem til overflata gjennom avvisingar av prangande bygg og hus, eller som moralske reaksjonar på spørsmåla om kor vidt folk som bur i ulike hus har meiningar om kvarandre. Når Nora (35 år, 1-4 UH, grafisk designar) uttalar at: «Så nei eg trur ikkje eigentleg...sånn som eg ser det så tenkjer jo ikkje eg at folk ser så negativt på kvarandre, for eg trur at folk veit det er (ein) vanskeleg bustadmarknad og at vi må vera glade for (at) vi får noko» (ref. Marie ovanfor), som førstereaksjon på spørsmålet om ho tenkjer folk som bur i ulike typar bustadhus kan ha meiningar om kvarandre, er det ein moralsk reaksjon, og eit form for forsvar mot slik kategorisering (og kanskje eit ønske om at dette ikkje skulle ha tyding).

Oppsummert sett: alle informantane tenkjer at bustadarkitektur og val av bustad/arkitektur har å gjera med sosioøkonomiske forhold som kva inntekt ein har og kva livsfase ein er i, nokre koplar arkitektur til moralske forhold spesielt gjennom moralske fordømmingar av det å stikka seg ut gjennom «conspisious architecture» (dette gjeld både personar med og utan utdanning, høgt og lågt kapitalvolum), og for dei med høg utdanning (især dei med overvekt kultur) handlar arkitektur om kulturelle grenser og om smak og identitet.<sup>20</sup> Forklart med referanse til det sosiale rommet av posisjonar vil dette seia at i enden av rommet der kapitalvolumet er høgt, er arkitektur knytt til ei rekkje livsstilselement og til identitet. Sistnemnde personar les i større grad den sosiale geografien i Stavanger, i sitt eige nabolag og andre sine nabolag, gjennom arkitektur. Forholdet mellom det å trekkja sterke kulturelle grenser og å ikkje trekkja desse grensene (når grensene er fråverande), er med å forma hypotesen om eit diskursivt gap seinare i avhandlinga.

No skal eg gå vidare til å illustrera og diskutera syn på *andre sin smak* innan biletkunst, med utgangspunkt i eit bilete av Jan Groth.

---

<sup>20</sup> Desse variasjonane heng igjen saman med vilje til og føresetnadar for å sosiologisera kring arkitektur som sådan.

## 6.4 Komposisjon av Jan Groth



Foto: Grev Wedels Plass Auksjoner AS

Jan Groth er ein norsk kunstnar fødd i Stavanger i 1938. Han fekk sitt gjennombrot i 1973 med ei utstilling ved Betty Parsons Gallery i New York, som resulterte i mykje merksemd og innkjøp både av Solomon R. Guggenheim Museum og the Metropolitan Museum of Art i New York. Verk av Jan Groth har sidan den gang vore stilt ut ved eit utval sentrale kunstinstitusjonar over heile verda.<sup>21</sup> Arbeida hans femner om maleri, teikningar, veggteppe og skulpturar. Ved Stavanger kunstmuseum fins både eit Jan Groth-arkiv og Jan Groth si samling.

Biletet ovanfor har tittelen *Komposisjon* og er frå 1980. Biletet syner ein strek i nedre midtre del av biletflata, store delar av biletet elles er udekt og kvitt. Biletet er moderne og ytst minimalistisk.

Når det gjeld korleis dette bilete vert oppfatta og omtala av informantane, er det ikkje overraskande kontrastfylte betraktningar og verdsetjingar her òg. For nokre i utvalet representerer dette biletet den absolutte ytterkant av kva dei definerer som kunst, andre avviser at det *er* det, enkelte har sjølv Groth på veggen eller har han som favorittkunstnar, og for nokre få synes det å vera viktig å poengtera at dei har sett mykje

---

<sup>21</sup> [www.jangroth.net](http://www.jangroth.net) lest 17.12.2014

rarare ting enn dette. Nokre vert fascinerte av det enkle ved biletet, av «spenninga i det enkle» (Liv, 65 år, >5, lærar) og av kor lite ein kan gjere medan det framleis gir meining, nokre likar det fordi «det kan passa i heimen» (Gry, 35 år, 1-4 UH, student), andre igjen trur biletet er lagt fram på tull (Erna, 65 år, vidaregåande skule, sekretær). Groth-biletet er slik eit mangesidig meiningsunivers, og dette eine verket er ei stadfesting i seg sjølv om at folk i stor grad er forskjellig disponert for å ta i mot bestemte kunstariske uttrykk (Solhjell & Øien, 2012, s. 302).

Tre utdrag nedanfor illustrerer dei sprikande reaksjonane. Utdraga syner kva Mads (35 år, 1-4 UH, finansforvaltar), Turid (65 år, 1-4 UH, HR i privat verksemd) og Jesper (35 år, 1-4 UH, kulturarbeidar) tenkjer når dei ser *Komposisjon* (som var nummerert som bilete nr. 4) i intervjuet. Betrakningane er med og illustrerer personane sine relasjonar til kunst i ein større samanheng.

*Mads: Og 4'en er...ein strek. Det er...eg ser ikkje noko meir i den der eg, enn at det er ein strek.*

*Jesper: Nr. 4. Det er interessant, men der blir eg veldig fort provosert, fordi at veldig ofte, så... Altså, der blir eg litt sann provosert av ... av enkelbeita, ikkje sant, altså, ... dette ber er nesten liksom enkelt som at eg berre kunne kasta litt maling, flekka litt maling på eit bilete og så at eg hadde kalla bildet for «maleslekken», og så hadde liksom ein eller annan kritikar gått og sett på dette og liksom påstått at «dette ber er eit work of genius», og så blir det på allmenmunne «eit work of genius», for ein eller annan pompøs kritikar har sagt at dette ber er ... sant, det er sanne ting som eg blir litt provosert av. Det blir rett og slett berre for enkelt, ikkje sant. Det er ... det er ikkje ein genistrek! Meiner eg.*

*Merete: Det er berre ein strek?*

*Jesper: Det er berre ein strek!*

Jesper er einig med Mads at det på sett og vis berre er ein strek, Jesper konstaterer at det for han i alle høve *ikkje* er ein genistrek, og han gir slik til kjenne at han veit at andre vurderer denne til å vera ein spesielt verdifull strek.

Turid derimot seier ho likar bilete:

*Turid: (...) eg er litt fascinert over at det berre er ein sånn strek. Det ... Altså, du kan lesa masse, her les eg ein som står på toppen av eit fjell (...).*

For Turid er biletet meir enn ein strek i tydinga at ho kan lesa noko meir ut av det, ho kjem med ei slags personleg tolking. Alle ser «ein strek», men det er vidare relativt store forskjellar i *korleis* dei assosierer rundt denne streken. Utdraga illustrerer variasjonar i kva kjensler og tankar biletkunst kan vekke hos betraktaren: Turid er fascinert, Jesper er provosert og Mads er likegyldig. Jesper les ikkje motiv ut av biletet, men koplar inn mekanismar for vurdering av kunst relatert til det institusjonelle biletkunstfeltet, og viser at han kjenner til at det fins eit hierarki av betraktningsmåtar. Vi skjønar gjennom dette at Jesper er nærare den institusjonelle kunstverda enn det Mads og Turid er. Provokasjonen til Jesper er kopla til anerkjenninga Groth (og liknande abstrakte bilete) har i det institusjonaliserte kunstfeltet (ref. at arbeid frå Groth er å sjå i t.d. Guggenheim-museet, Museum of Modern Art i New York, Pompidou-senteret i Paris og Tate Gallery i London). Samstundes er avvisinga til Jesper annleis frå mange andre sine avvisingar. Einar (65 år, vidaregåande skule, handel) til dømes, seier:

*Einar: Det forstår eg ikkje (...) Det har eg absolutt ingen sans for altså. (...) Det fortel meg jo ingenting. Det fortel meg at det er ein...ein strek. Viss det skulle vore positivt, så skulle jo streken gått oppover. Men det gjer den jo ikkje. (...) eg ville ikkje spandert kronene mine...på sånn som det. Litt for inkjeseiande.*

Forskjellen ligg mellom anna i at Jesper avviser gjennom å relatera til mekanismar i den institusjonelle kunstverda og med viten om at Groth sitt og liknande verk vert bejubla i desse kretsar. Einar avviser biletet til Groth gjennom å relatera til det han ser og til at biletet ikkje gir han noko, og at han derfor ikkje likar det (vil ha det på veggen). Desse døma stadfestar Holt (1997) og Jarness (2013a) sine poeng om at *korleis* folk likar noko er like sentralt som *kva* dei likar, på same vis som at *korleis* folk avviser – i dette tilfelle biletkunst – kan vera like sentralt som *kva* dei avviser.

Så når det gjeld den sosiale meininga dette verket vert tillagt frå ulike personar i utvalet, korleis biletet *Komposisjon* vert oppfatta, som noko av det raraste, som utanfor kunstdefinisjonen, som minimalistisk dekorasjon, som noko som kan få ein til å stilla underfundige spørsmål, som noko ein har i heimen – er det tydeleg at objektet opptrer i eit sosialt meningslandsskap, og at posisjonen til *Komposisjon* er langt frå gitt på førehand. Mønsteret av kven som omfamnar og avviser, og måtane dei gjer det, heng innan biletkunsten saman med utdanningslengd og utdanningstype, og alder og kjønn gjer ikkje store utslag på dette mønsteret. Gjennomgangen tydeleggjer at biletet vert ulikt oppfatta etter auget som ser, og etter kva som har forma blikket og betraktninga til auget som ser. At sosial posisjon er sentralt kjem òg til overflata i utforsking av korleis ulike sosiale grupper rettar seg til tanken om ein rangert smak, til eit kulturelt hierarki. Det skal vi sjå nedanfor.

#### *6.4.1 Variasjonar av blikk «nedanfrå» og «ovanfrå»*

Korleis oppfattar informantane smaksforskjellar innan biletkunstfeltet generelt? Korleis stiller dei seg til eit smakshierarki innan kunsten? Kva oppfatningar fins om forholdet og grensene mellom høg og låg? Korleis møter informantane det såkalla anerkjende og legitime? Fordi biletkunstfeltet har ei sterk institusjonell innramming og er eit felt som har ein eigen intern maktstruktur, der ulike former for anerkjenning til ulike tider følgjer ulike verk og kunstnarar, er folk sine oppfatningar om grensene mellom høg og låg av interesse. At biletkunstfeltet er eit sterkt institusjonalisert felt er synleg mellom anna ved at det har eigne bransje- og interesseorganisasjonar, offentlege og private rom der verk vert stilt til skode, museer knytt utelukkande til denne uttrykksforma osb., men ikkje minst synleg gjennom at feltet og aktørar i det har sterk definisjonsmakt over kor grensene for kva som skal reknast for (god eller dårleg) kunst skal liggja (ref. kapittel 5.3).

Denne sterke institusjonaliseringa er synleg òg i lekfolk sine betraktningar av biletkunst. Den fortøner seg på ulike vis, men mange kjem raskt inn på kva kunst *er*, kva som rettmessig kan kallast kunst, og kven som har myndigheit til å definera dette. Men dei gjer det på ulike vis.

I førre kapittel (ref. 5.3) såg vi at tre former for verdsetjing av biletkunst synte seg: emosjonell-spontan betraktning, kunnskapsbasert betraktning og eigarorientert tilnærming. Desse verdsetjingsformene møter tanken om eit høgt og eit lågt smaksfelt innan biletkunst, ulikt.

Alle personane i utvalet med emosjonelt spontane betraktningar veit om at det fins ei kunstverd som anerkjenner kunstformer og – fenomen, og som prisset kunstobjekt. Mange av dei gir til kjenne at kva som vert anerkjend og kvifor, er mekanismar dei sjølv ikkje forstår. Dei har slik stor avstand til definisjonsmakta i kunstverda. Eg finn både anti-aksept og kritikk av hierarkisk kunstforståing og tankar om «rett smak», og eg finn likesæle, ukritiske haldingar, og aksept eller anerkjenning av (age overfor).

Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærer) er ei av dei kritiske stemmene. Ho seier om *Komposisjon* av Groth at: «det er ein unge som berre har teikna ein strek. Ikkje noko...ikkje noko meir enn det», og om *Skogbunn* av Weidemann (sjå Appendix 3) at: «det var ikkje noko fint, det var berre nokre klattar med fargar. Som eg kunne laga sjølv». Då ho så i intervjuet får fortalt at streken til Groth har vore utstilt i anerkjende museer, vert ho overraska. På spørsmål om kva ho tenkjer om det ho nett fekk høyre, seier ho:

*Lise: Nei det er jo heilt sprøtt. Altså hen... akkurat sånn som det? Kvitt bakgrunn og ein svart strek? (...) Ja kva er det det skal vera, då? Nei.*

*Merete: Det er jo opptil kvar og ein.*

*Lise: Ja så det heiter ingenting eller?*

*Merete: Akkurat den heiter «Komposisjon».*

*Lise: Ja. Nei det er jo...det bare seier litt om dei som har makt, dei får berre endå meir altså. Så det kostar heilt vanvittig mykje pengar, det bildet der?*

*Merete: Ja det gjer det òg.*

*Lise: Ja. Ja. Nei det er jo heilt sprøtt. Det er jo inga meining at det skal vera noko bra bilete.*

*Merete: Nei....Så du syns ikkje noko om det?*

*Lise: Nei.*

*Merete: Nei.*

*Lise: Det går no ikkje an å syns det?*

*Merete: Nei?*

*Lise: Då så...då blir det litt sånn keisarens nye klær-opplegg. Syns eg. Viss du skal halda på å seia at det er eit bra bilete. Har du høyrte mange som syns det er eit bra bilete?*

*Merete: Ja det er nokon som likar denne type kunst.*

*Lise: Ja vel. Nei, veit du det er...men det blir litt sånn: eg hugsar ein gong vi var på Tango (fîne-dining-restaurant i Stavanger sentrum). Og spiste middag ein jentegjeng og sat rundt eit bord og fekk servert eit kunstverk av ein middag. Og kelneren kom og: «smaker det, damer?» Og alle berre: «å ja». Og eg tenkte i mitt stille sinn: «dette var jo ikkje godt i det heile tatt».*

Dette lange utdraget syner at Lise ikkje er likegyldig, men at ho innstendig leitar etter ei meining med at dette skal vera kunst som nokon likar. Ho kan ikkje skjønna at folk likar dette biletet, og seier «det er jo inga meining i at det skal vera eit bra bilete». Ho forklarar for seg sjølv og meg at det at Groth-bilete er anerkjend peikar på «dei som har makt», noko som er ei uadressert tilvising til definisjonsmakta, og som indikerer at ho ikkje kjenner godt til maktmekanismane i kunstfeltet. Lise assosierer biletkunst med matfeltet, eller med ei for ho ublid erfaring på ein konkret restaurant, og vi skjønna at ho meiner det er noko bedragerisk over prissettinga og verdisetjinga til både moderne kunst og det som vert kalla høgkjøkken (haute cuisine). Ho anerkjenner dermed ikkje naudsynleg at det fins ein type kunnskap som er «rett» som ho treng retta seg mot innan kunstfeltet, ho uttrykker seg heller i retning av at det ikkje burde vera slik.

Inger (65 år, ungdomsskule, reinhaldar) rører seg i same meiningslandsskap som Lise. Inger ser òg kunstfeltet «nedanfrå», altså frå posisjonar i det sosiale rommet med relativt sett låg inntekt og inga utdanning. Begge nyttar dei omgrepet «keisarens nye klede» om abstrakt modernistisk kunst. Inger verbaliserer òg kanskje noko av kjensla Lise sat med under middagen på Tango. På spørsmål om kvifor Inger trur Groth-biletet heng på omtykte museer, seier ho med oppgitt stemme at: «Ja, kvifor ... Altså, når eg ser masse sånt noko, så tenkjer eg på keisarens nye klede. Eg gjer det. Ingen tør seia ifrå». Referansen til eventyret om keisaren sine nye klede i denne samanheng er ei referanse til at alle (nokon) vert leia til å bejubla og oppvurdera samtidskunst (moderne kunst), og at det eksisterer ei stilleiande semje om denne kunsten sin velgrunna posisjon, men at



denne semja er ei falsk førestilling. Stemmene «nedanfrå» som avviser til dømes Groth sin kunst, liknar slik borna i eventyret som står og ser opptoget i byen, og som er dei einaste som tør seia at keisaren ikkje har nye flotte klede, men ingen klede. Inger er slik heller ikkje spesielt anerkjennande overfor definisjonsmakta, men stiller den på hovudet.

Men ikkje alle med emosjonelle personlege betraktningar av biletkunst ytrar seg som Lise og Inger. Nokre få er anerkjennande overfor det kunstnariske hierarkiet, og uttrykker seg på måtar som gjer at vi samstundes forstår at dei ikkje ser på si eiga stemme som autonom i saka. Då Erna (65 år, vidaregåande skule, sekretær) vart synt dei fem bileta, stilte ho først spørjeteikn ved om Groth-biletet var lagt fram som ein spøk, etter at ho hadde uttrykt at ho likte Munch og Weidemann-bileta (ref. Appendix 3). Ho lo då ho sa at ho ikkje ville hatt Groth-biletet heime hos seg sjølv:

*Erna: Veit ikkje kva som er meininga med det! (ler) Er det noko bodskap i det?*

*Merete: Du liker ikkje det?*

*Erna: Nei. Nei. Er det noko meining med det?*

*Merete: Eg veit ikkje.*

*Erna: (ler)*

*Merete: Eg veit kven som har laga det, men ...*

*Erna: Åja. Er det ... er det kunst?*

*Merete: Mmm.*

*Erna: Åja, det er det!?*

*Merete: Ja.*

*Erna: Javell! Ja ja, kunst e jo så mye forskjellig, (...) Veit du kva eg trudde det var?  
Trudde det var bare for ... bare for ... løye (ler).*

Erna sin reaksjon liknar på Lise sin ved at Erna heller ikkje trur det ho høyrer, men Erna viser ei form for spontan aksept straks eg stadfestar at Groth-biletet er kunst. Erna gir inga teikn til at ho meiner det ikkje burde vera slik, ho godtek det utan å vera kritisk. Det at ho utan blygsel gir til kjenne at ho trudde biletet var lagt fram som ein spøk, skil seg òg tydeleg frå kva som vert rekna som akseptert blant dei med kunnskapsbaserte betraktningsmåtar. For desse er det nettopp viktig å signalisera at dei veit korleis personar som ikkje har same betraktningsmåtar som dei sjølv,

møter og uttrykker seg om biletkunst, og dei nyttar dette som ein relevant skilnad og ei slags avstandstaking frå måtar å sjå på bilete som dei ikkje identifiserer seg med. Innanfor ein meir kunnskapsbasert verdsetjingsform er det viktig å *ikkje* seia at dette kunne kven som helst gjort, eller å ytra at dette ser ut som ei barneteikning. Informantar med emosjonelt spontane betraktningar *seier* nettopp dette: anten som ei oppriktig meining om at dette kunne dei reint faktisk ha klart å laga sjølv, eller i kompaniskap med å gi til kjenne at dei veit at det handlar om noko meir enn det.

Forskjellen kunnskap (viten om, erfaring med) representerer i personar sine møte med biletkunst, er på mange måtar opplagt. Det er ikkje overraskande at om ein har kunnskap om og erfaring med biletkunst, så vil ein ha andre måtar å betrakta bilete på samanlikna med dei som ikkje har det. Om ein ikkje er interessert i kunst, ikkje har venner og familie som snakkar om bilete eller om kunst, ikkje har lese bøker eller blader som omhandlar målarakunsten, ikkje kjenner nokon (som kjenner nokon) som er biletkunstnar, eller ikkje vaks opp i ein heim med kunst/kunnskap om kunst, ikkje har utdanning relatert til kunst- har ein heller ikkje assosiasjonar til epokar, namngjevne biletkunstnarar, årstal osv. Og den som ikkje kjenner den historiske utviklinga på biletkunstheltet dei siste 100 åra, har ikkje mange ord og omgrep knytt til kunstarten i sitt vokabular osv. Om ein vert eksponert for eit bilete og beden om å seia noko, kva skal ein så gripa tak i? Om ein står framfor eit verk av Nerdrum eller Weidemann, kva skal ein relatera til? Spørsmålet vert i så måte: korleis møter ein estetiske objekt ein ikkje har kjennskap til og erfaring med? Ein kan ikkje relatera til noko ein ikkje veit eller ikkje har ord for. Lagar ein egne klassifikasjonar? Med bakgrunn i *kva* i så fall? Jo, ein forsøker å knyta objektet (det ein møter) til noko som er kjend for ein sjølv, til noko som gir *meining* frå eige liv, ein relaterer «the things of art to the things of life» (Bourdieu, 1984, s. 44). Ein prøver å gjera objektet forståeleg for seg sjølv gjennom å knyta det til noko ein kjenner, til egne erfaringar, til noko frå eiga førestellingsverd. Slik er det logisk at personar utan erfaring med eller kunnskap om biletkunst, tek tak i det faktisk visuelle, det auget kan sjå. Og det er logisk at om det ein ser ikkje minner ein om noko, eller set i gong noko som helst i eigen kropp og eige sinn, så finn ein ikkje meining i at det vert sett på som anerkjend kunst av andre heller. Birger (65 år, vidaregåande skule, tømrrar) leiter i utdraget

nedanfor etter ei slik form for meining i biletet til Groth, som for han representerer eit møte med andre sin smak. Eg spør kven han tenkjer seg kan lika biletet *Komposisjon*. Etter å ha humra litt ved synet av biletet, seier han:

*Birger: ...det må eg seie at det var jo litt...litt spesielt eller voldsomt spesielt då. Som eit bilete, då.*

*Merete: Mm. Og dette her heng jo rundt i...det er kjøpt opp i store kjende anerkjende muséer og sånne ting, så...*

*Birger: Ja, det... (...) det er heilt sikkert, det er ikkje...det er ikkje tvil om det, då. (...) Eg kan ikkje sjå noko kva...(...) kva slags motiv eller kva du kan samanlikna det med heller.*

*Merete: Nei.*

*Birger:...*

*Merete: Nei. Mm.*

*Birger: Så det... (5 sek)*

*Merete: Og viss du...*

*Birger: (avbryter) Men eg trur ikkje det at...viss eg skal vera ærlig, eg trur ikkje det er så mange heimar det vil henge i.*

*Merete: Nei?*

*Birger: Det trur eg ikkje.*

*Merete: Kvifor ikkje?*

*Birger: Nei, at eg kan ikkje sjå at du kan...få noko ut av det. Når du sit og ser på eit sånt bilete sånn så...så finn du alltid...du finn jo alltid ut av at det er eit eller anna. Og...jo meir du ser på det, så kan du få meir ut av det, meir...forskjellige ting, på mange bilete, då. (...) Men akkurat der...vil eg seia at det er ikkje så mykje du kan (...) eg kan ikkje sjå at du kan samanlikna det med noko, liksom få noko ut av det.*

*Merete: Nei.*

*Birger: Men det er klart der er sikkert...dei som liksom...kan dra noko ut av det òg.*

Birger leiter etter figurasjon og meining, i dette høvet utan hell. Han forsøker å gjera kunsten til noko han sjølv kan relatera til, han leiter etter figurasjon eller noko mimetisk, han strever på ein måte etter å gjera «the things of art for the things of life». I staden for å seia at dette er noko sprøyt,

anerkjenner han på sett og vis at andre kan like biletet (eller få noko ut av det). Men han får omgrep om kven dette faktisk kan vera, og han verkar heller ikkje kjenna på mindreverd fordi han ikkje kjenner det slik som dei som likar det.

I denne forståinga er det logisk at personar med lite eller inga kunnskap om biletkunst har vanskelegare for å anerkjenna bilete som ikkje synleggjer malerisk talent. Når ein vektlegg det ein faktisk ser framfor seg, vert spørsmålet om å vera dyktig gjerne relevant. Med eit slikt blikk er det lettare å verdsetja Odd Nerdrum fordi det er heilt tydeleg at han *kan* mala, samanlikna med eit objekt som skjuler sin verdi. Og slik, om ikkje vedkomande kunstnar visar at ho/han er *flink* til å mala, *kan* kjensla av å verta halden for narr koma hos betraktaren. Fordi noko vert for lett (så lett at eit born kan utføra det), og fordi biletet har vorte kjend utan – for dei – rettmessig grunn.

Kvifor personar med lite kjennskap til biletkunst leitar etter noko forståeleg gjennom referanse til eigen kvardag eller gjennom noko som kan vera attkjennelege attgjevingar av røynda slik dei kjenner den, omtalar Bourdieu slik: «they cannot apply any other code to works of scholarly culture than that which enables them to apprehend meaningful objects of their everyday environment» (Bourdieu, 1993, s. 217). Som alltid uttalt innan forståinga av at personar med lågt kapitalvolum er tvungne til sin smak, og med ei noko meir positiv glød rundt dei dominerande laga. Sitatet understreker likevel det noko opplagde, men like fullt distingverande forholdet, at personar utan høg utdanning og erfaring med biletkunst, i langt større grad vurderer det dei ser opp mot sine egne personlege erfaringar, og ikkje opp mot ei rekkje bakanforliggjande forhold som har svakare kopling til eigen biografi.

Desse samanhengane gjer seg naturleg nok spesielle utslag når det er tale om abstrakt kunst (konseptkunst, relasjonell kunst o.l.) der verdien ofte er skjult og der kunstnarisk talent ikkje akkurat spring ein i augo ved alle høve. «Kunstverk skal se ut som kunst, er det mange som mener utenfor ekspertenes rekke» (Solhjell & Øien, 2012, s. 15). Det motsette, altså at kunstverk nettopp ikkje ser ut som kunst, er på sett og vis det fleire av dei som yrtrar seg kritisk «nedanfrå» er kritiske til. Kenneth til dømes (65 år, vidaregåande skule, industriarbeidar) seier han aldri har vore opphengt i

biletkunst, han forstår det ikkje, interesserer seg ikkje, og har heller aldri sakna eller ønska å forstå. Kenneth set kunst i hermeteikn når han talar om samtidskunst (som vi såg Ingvild gjorde under 5.3.3.1, eg reknar begge for å ha emosjonelle spontane betraktningar). Kenneth fortel om eit slikt kunstverk i hermeteikn som han har høyrte om, der nokre kunstnarar nytta trekanten ein har biljardkuler oppi til å leggja på eit lerret, for deretter å spraya maling på dei gjentekne gonger. «Og så fekk dei fullt av sånne trekantar. Det var 'kunst'». Han avsluttar forteljinga humrande med setninga: «verda vil bedragast».

Det ovannemnde illustrerer dei varierende oppfatningane av maktforhold og hierarki, av det anerkjende kunstfeltet. For mange av dei med kunnskapsbaserte betraktningmåtar er det viktig å markera avstand til personar som møter biletkunstfeltet med (mykje) mindre kunnskap enn dei sjølve. Desse understreker gjerne at dei ikkje leiter etter motiv, eller etter noko forståeleg (ref. Sverre i kapittel 5). Oda (35 år, 1-4 UH, humanitær org.) til dømes seier:

*Oda: Ein som er kunsthistorikar eller genuint interessert, har sett mykje, vil på ein måte raskare akseptera at det trenger ikkje vera attkjenneleg. Det kan vera noko anna som er hensikta (...).*

Oda har klare tankar om korleis ulike grupper folk møter biletkunst, til dømes Groth sin kunst:

*Oda: Eg ville tenkje at dei som ikkje har nokon interesse for eller kunnskapar om kunst, vil seia: «dette kunne eg gjort sjølve. Herregud så teit, er dette kunst? Det er berre ein kulepenn på eit ark». For det veit eg jo at folk seier, som ikkje har...ikkje har greie på det. Og så er det jo mange som ikkje har interesse for eller...eller som ikkje har kunnskap om det, men som har...kan vera litt interesserte eller kan gjerne synes at ting er fint utan å nem... naudsynleg kunne... kan eg godt tenkja meg at og mange vil kunne seia at: «åh det er reint og delikat og kunne godt tenkt meg å hatt det på veggen», liksom. Så er det jo andre som meir vil kunne setja det inn i ein samanheng og trekkeja trådar kanskje då tilbake til...byrjinga av århundret når ein jobba med...og liksom kor lite kan...kan kunsten vera, kor lite skal til for å ha meining (...).*

Ho har tankar om skiljelinje mellom ulike smaksunivers, og har synspunkt på og ord for andre sine preferansar innan biletkunst (andre sin smak). For dei med kunnskapsbaserte betraktningsmåtar er det viktig å markera avstand til andre betraktningsmåtar, til, for dei, annleis smak. Dei markerer avstand til verdsetjingsmåtar som ikkje liknar deira eigen. Dei vil ikkje verta oppfatta som dei utan kunnskap om, dei som leiter etter og ønskjer seg svar, som leiter etter noko forståeleg, og nyttar ordet barneteikning, - og dei posisjonerer seg sjølv i kontrast til dei. Biletkunst – for dei – vert slik ein distinksjonsmarkør, ein sosial markør. Og denne markøren har referanse til kunnskap.

Sett «nedanfrå»: her er ein ikkje oppteken av å skilja seg frå eller kommentera andre sine preferansar, ein veit ikkje korleis, eller bryr seg ikkje med det. Her trekk dei grenser i større grad gjennom avvising (kan ikkje skjøna kven som likar dette) og kritikk (dette er tull og ingen tør seia frå) eller likesæle (dei får berre halda på), eller aksept og ei form for age (ja, viss du/dei seier det er kunst, så er det vel så). Dei som eig kunsten verkar ikkje til å bry seg om desse distinksjonane eller forholda «nedanfrå» eller «ovanfrå» i så stor grad.

Når det gjeld kor vidt andre sine preferansar og synspunkt er kjende for kvar enkelt innan biletkunst, kan eg nemna Einar (65 år, vidaregåande skule, handelsmann) og Anna (65 år, vidaregåande skule, butikkmedarbeidar) som begge fornemmer at deira kunstmak kan verta sett ned på av personar høgare oppe i smakshierarkiet. Det skin gjennom då eg spør Einar om han er med på eit tankeeksperiment som går på om personar han tenkjer likar dei ulike bileta han har framfor seg, har meiningar om kvarandre, om til dømes dei som har biletet til Groth på veggen, tenkjer noko om smaken til personar som likar bilete til Weidemann (sjå Appendix 3) (eller andre typar koplingar).

*Einar: Eg trur nok dei som har eit sånt bilete er meir...det er nok kanskje meir arkitekt...kanskje arkitekttypar, eller folk som har ein litt meir utvikla form for kunstsans.*

*Merete: I nr. 4?*

*Einar: I nr. 4. Og gjerne kan dei føla at...det kan vi av og til føla, altså oss òg at dei...dei synes kanskje at vi har ein enkel smak for kunst. Det er jo den vi gjerne møter liksom, når det er gjeld...når det gjeld liksom desse bileta, at dei er...og du ser jo på dei vennar hos oss òg som gjerne har...kanskje andre typar malerier så...så kan dei godt...kan dei godt føla at dei som hadde hatt nr. 4 der, ville følt at...at det var ein enkel sans (...).*

Einar skil på sett og vis mellom eit *dei* og eit *vi*, der *dei* har avansert og utvikla kunstsmaak, og *vi*, gruppa Einar tenkjer han høyrer til, sett frå *dei*, har ein enkel smak for kunst. Anna seier:

*Anna: Mens eg har eit inn... akkurat som eg sit med eit sånn inntrykk av at ...utan det kan...treng å stemma, at dei som viser mest kva som er kva, altså som er meir som eit fotografi, dei appellerer til dei lågare nede på samfunnsstigen, medan dei bileta som blir meir vanskelege å forstå, er dei som er litt...meir utdanna. Eg kan ta feil, men eg...når du går til folk og så ser kva dei har på veggane, så verkar det som det heng i bop. (...) Ja, same følelsen som... der var nokre undersøkingar for ein del år sidan kor dei tok for seg med kven som hadde videomaskiner, f. eks. Så viste det seg at...alle dei som hadde vore dei første som skaffa (seg) når dei var veldig dyre, det var dei med lågast inntekt som var industriarbeidarar og i den type jobbar. Medan dei som var akademikarar, fann du ikkje videomaskin i ein einaste heim. (...) men eg veit ikkje kvifor det er sånn. Om det er at dei kanskje ikkje er så djupe, inni seg. At dei ikkje er dei som sit og tenkjer over saker og ting. Dei lev liksom litt...litt enklare. Eg veit ikkje.*

Anna fornemmer ein kulturhierarkisk figur og mekanismar som verkar i dette hierarkiet. Ho fornemmer nokre forskjellar når det gjeld omfamning av figurativ kunst og videomaskiner, og foreslår nokre forklaringar av desse forholda: ikkje alle er like djupe, ikkje alle sit og tenkjer over ting. Samstundes plasserer ho ikkje seg sjølv inn i denne forteljinga, ho seier ikkje *vi* om nokre av kategoriane folk. Eg tolkar at dette er forskjellar som Anna (er)kjenner, men som ikkje er særleg verksame i hennar liv. Det verkar ikkje by på problem for Anna kor ho sjølv måtte vera å finna i dette hierarkiet som refererer til biletkunst og underhaldingsindustri, og det er

ikkje sentrale forskjellar i hennar førestellingsverd. Forholdet mellom subjektivt opplevde «trygge» posisjonar og potensiell utestenging er sentralt i hypotesen om det diskursive gapet som skal fremjast seinare i avhandlinga (ref. 8.3).

Eg skal no gå over til å illustrera sosiologisering omkring litteratur, og eg startar med oppfatningar av Tore Renberg si bok *Kompani Orheim*.

### 6.5 Kompani Orheim av Tore Renberg




Foto: Oktober forlag

Omslag: Egil Haraldsen & Ellen Lindeberg, EXIL DESIGN

Tore Renberg er ein norsk forfattar fødd i 1972 i Stavanger. Forfattarskapen hans byrja modernistisk med bøker som *Sovende floke* og *Matriarkatet*, men tok ein annan retning då han byrja på serien om Jarle Klepp. Jarle Klepp dukka første gong opp i *Mannen som elsket Yngve* (2003). Sidan har Renberg gitt ut fleire bøker om Jarle (*Kompani Orheim*, *Charlotte Isabel Hansen*, *Pixley Mapogo* og *Dette er mine gamle dager*), bøker innan sjangeren realistisk skjønnlitteratur. *Kompani Orheim* er den boka i Jarle Klepp-serien som har hausta størst jubel, mellom anna fekk Renberg P2-lyttarane sin romanpris i 2005 for denne boka.



Serien om Jarle Klepp er tidsdefinerande og lokalforankra i Renberg sitt eige oppvekst- og nærmiljø i Stavanger. Byen Stavanger, og spesielt bydelsområda Gosen og Madla, er sterkt til stades i bøkene til Renberg. Bøkene festar både den konkrete og den sosiale geografien levande til papiret, og vil for ettertida høgst sannsynleg stå som litterære tidsbilete på tida frå slutten av 1970-talet og utover, og som geografisk kulturelle portrett av regionen.

I denne studien er romanen *Kompani Orheim* difor relevant både som ei bok blant mange moglege bøker innan det kulturelle uttrykket litteratur, men òg i kraft av sitt innhald som skildrar endringane i byen og regionen frå nokre utvalde menneskelege ståstader.

Informantane i denne studien har alle høyrte om forfattaren Tore Renberg, men det er variasjonar i oppfatningar dei har av bøkene hans, av forfattarskapen og av filmatiseringane av bøkene hans, og det er ulike synspunkt på boka *Kompani Orheim*.<sup>22</sup> Nokre har lest, nokre har ikkje, nokre har berre høyrte om, andre har lese alt i forfattarskapen. Nokre vurderer Renbergs litteratur høgt, andre ikkje fullt så høgt. Og enkelte har meiningar om kven som likar og ikkje likar Renberg sine bøker (sosiologisering), og ytrar seg på måtar som gjer at vi skjønner dei knyt spesifikke tydingar til lesevanar og bokval. Felles for den yngste generasjonen, så framti dei har lese boka/bøkene (evt. sett filmene), er at dei seier dei kjenner seg att i generasjonsskildringa, i tida Renberg skriv frå, nokre seier «dette er mi tid». Boka treff slik høgt på attkjenning, i Stavanger og i den spesifikke tida, i geografisk, kulturelt og politisk klima. Færre i den eldste kohorten har lese boka/bøkene til Renberg, men dei som har det, peikar òg på attkjenningsaspektet, men då gjerne gjennom sine born. Fleire av dei som har lese *Kompani Orheim* er vidare bergtekne eller takksame for at tematikken alkoholisme i nære familierelasjonar vert realistisk portrettert.

For å illustrera variasjonen i korleis personar i den yngste generasjonen legg ulike tydingar til boka *Kompani Orheim* og bøkene og forfattarskapen til Tore Renberg, skal vi låna øyre til nokre av dei.

---

<sup>22</sup> Ei analyse av utsegn om litteratur frå same intervjumaterialet fins òg hos Gujord & Vassenden, 2015. Vi har samarbeida om analysane av materialet, men har skrivne dei ut som separate tekstar, med noko ulike vinklingar.

Frank (35 år, 1-4 UH, banktilsett) les ikkje mykje bøker, men om han les er det innan sjangeren thriller. Han har ikkje lese bøker av Renberg, men har sett filmen som er laga med utgangspunkt i boka *Kompani Orheim* (filmen har same namn). Frank har ingen formeiningar om kven som les og/eller likar bøkene til Renberg. Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærer) les enno mindre enn Frank. Det fortel ho om her:

*Lise: (...) eg leser aldri.*

*Merete: Nei du les ikkje?*

*Lise: Ingenting.*

*Merete: Nei. Kva som gjer at du ikkje les, trur du?*

*Lise: Nei eg har nok ikkje fått det inn med morsmelka, skulle eg til å seia. Mor og dei har ikkje vore flinke på det. Og så har eg bata det på skulen, å halda på med dei der bøkene, å halda på med analysering og... Og no har eg liksom ikkje...prioriterer ikkje. Eg skulle ønska eg...for der er mange bøker eg høyrer dei snakkar om...eg skulle ønska, men eg har ikkje...får ikkje fingeren ut, liksom. (...)*

*Merete: Ja. Og eg ser ingen bøker her, men no har de nettopp flytta inn?*

*B: Ja, nei vi har ingen bokhyller.*

I lys av dette er det logisk at Lise ikkje gjer like mange koplingar mellom lesevanar og sosiale kjennemerke ved folk, eller om den spesifikke boka til Renberg.

For å illustrera andre utsiktspunkt utover litteraturen, enn dei Lise og Frank har, låner vi øyre til Oda (35 år, 1-4 UH, humanitær org.). Her gir ho sine synspunkt på boka *Kompani Orheim* og forfattarskapen til Renberg.

*Oda: Renberg, ja. Han er jo berre ein...nokre få år eldre enn meg, sånn at dei Jarle Klepp-bøkene er jo...for meg som for så mange andre veldig sånn skildring av egen barndom og ungdom. (...) Og i tillegg så har jo nok vi hatt (...) sei den ungdomskulturen han skildrar er òg veldig kjend for meg, då. Det er den same musikken og dei same ung...engasjementet for dei same tinga og sånn, så det er...sjølv om eg ikkje gjekk på Kongsgård, så er det veldig, det er veldig mitt miljø som vert omtalt og det er gøy. Eh eg (er) ikkje sånn udelt begeistra for språket hans, syns nok kanskje det er litt sånn...litt påtatt på ein måte (...)*

*det høyses ut som han prøver litt hardare enn han meistrar, på ein måte. (...) som eg sa i stad om å bruka store ord og gjera det svulstig, sjølv om han skriv veldig enkelt, så er det litt den same effekten at det verkar litt...litt påtatt, litt pressa sånn...prøver å få det til å bli poetisk eller prøver hardt å skapa ein stemning, på ein måte.*

Oda skil mellom innhald og språk, og fortel kvifor ho likar måten Renberg fortel forteljingar, skriv om tematikken alkoholisme på for ho vellukka måtar, og korleis han gir truverdige litterære bilete på vanskelege livstema. Språkleg, eller når det gjeld form, synes ho ikkje han er like god. Aksel (35 år, >5, omsorgsarbeidar) uttalar seg i same meningslandskap i det han seier:

*Aksel: Renberg likar ein fordi at han er frå Stavanger eller frå området. Kjenner Stavanger i alle fall og ein kjenner seg igjen på plassar etter kvart og ... ein vaks opp sånn there about på same tida og han skriv jo litt sånn ... ein byrjar å bli nostalgisk allereie når ein er så gamal som meg, tydeligvis. (...) han er jo ein ... flink ... forteljar, på ein måte. Han skriv jo sånne ... søte historier. Men det er bøker som eg nok ikkje ville lest viss eg ikkje var frå Stavanger, trur eg.*

*Merete: For dei er ikkje så ... du set ikkje han i same bås som Solstad?*

*Aksel: Nei! Nei! Veit du kva!? Solstad er jo kanon! Nei han (Renberg) skriv jo ... han skriv jo godt og sånn, men (...) eg er ikkje sånn ... kjempeglad i han. Men eg ser jo at han får veldig mykje folk som ikkje les bøker til å lesa bøker og dét er jo positivt.*

Marit (65 år, 1-4 UH, dagleg leiar i kultursektoren) er ei av dei andre som les mykje, og som trekk finmaska grensedragingar når ho talar om litteratur. Ein distinksjon for ho går mellom anna på om forfattarar kjem godt eller dårleg ut av det å ha teke skrivekurs på institusjonar som Skrivekunstakademiet. Andre grenser og relevante skilje ho har innan litteratur går på kven ho tek imot lesetips frå, kva type bøker ho les til ulike tider og i ulike livsfasar, kva litterære grenser det er sømmeleg å uttala i kva fora, og kor grensene går for kva ho sjølv les og ikkje les, for som ho seier: «eg er ikkje altetande». Her er eit døme på kor komplekst det litterære meningslandskapet er for Marit:

*Marit: ...altså der er i den seinare tid ein del forfattarar som har gått på skrivekurs. Rett og slett for å læra å skriva. Og resultatet av det er ymse. (...) Tore Renberg er eit godt eksempel fordi at eg oppfattar han til å ha ein god penn. Så vil eg seia at med det utgangspunktet så er der både god og ikkje så god litteratur av det som kjem ut av hans penn. Og det er litt interessant. Og då byrjar jo eg å lura på om han manipulerer lesaren sin fordi at han har ein god penn så kan han laga kiosklitteratur, for å seia det litt stygt. Som sel. ...og så kan han òg laga skikkeleg litteratur som er litt vanskelegare tilgjengeleg for den allmenne lesar (...). Og då kan eg ... kunne eg nesten ha gitt meg ut på å nemna dei som eg synes er ikkje gode. Og så dei som eg synes er veldig bra (av bøkene til Renberg). Eksempelvis så synes (eg) jo då, eg skal ikkje ta heile rekka, men eg synes jo «Mannen som elsket Yngve» er blant ... er faktisk den beste boka han har skriva. ... med tanke på er dette god litteratur eller ei. Og då er det ikkje berre det perspektivet med god penn, men det er liksom altså behandling av språket, men òg tema og måten å behandle tema på, og gi den opplevinga som eg krev når eg les ei bok. Så kan eg jo sjølvsagt òg då nemna den boka som ikkje er fullt så bra, synes eg, og det er den der «Jeg reiser alene» eller Charlotte-boken. (...) Så no veit jo ikkje eg om eg (...) har forklart kva eg synes er god litteratur altså, men eg har touchet litt inn på noen sånne krav til kva det burde vera.*

Marit fortel om kva ho meiner er godt og dårleg i Renberg sin forfattarskap, ho meiner han har skriva både kiosklitteratur og skikkeleg litteratur. Utdraget indikerer òg meir generelt kva ho legg i termen god litteratur.

Mot slutten av kapittelet skal eg diskutera meir systematisk kva litteratursyn som er utbreidd i utvalet, og tankar om litterær kvalitet og såkalla legitim litterær smak. Men først sosiologisering om litteratur generelt.

#### *6.5.1 Sosiologisering om litteratur*

Når det gjeld sosiologisering og grensedraging innan litteratur generelt (og ikkje berre sett ut frå forfattaren Renberg), og med spørsmål som kven som les kva, og kva folk tenkjer kan vera forklaringane på det, - er her òg relevant å visa til utsiktpunkt i det sosiale rom.

Førre avsnitt indikerte at det er store forskjellar når det gjeld kor mykje, kva eller om informantane i det heile teke les. Nokre les ikkje bøker i det heile, og kjem med få formeiningar om kven som les kva type bøker. Dette gjeld Sverre (65 år, >5, sivilingeniør), Einar (65 år, vidaregåande skule, handelsmann), Birger (65 år, vidaregåande skule, tømrrar), Arne (65 år, vidaregåande skule, elektrikar), Helge (65 år, 1-4 UH, ingeniør), Dag (65 år, >5, sivilingeniør), og Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærer) (som vi såg ovanfor). Andre sosiologiserer vagt med referanse til alder og kjønn, altså tenkjer at variasjonar i om ein les og kva ein les, handlar om alder og kjønn. Det gjeld til dømes Erna (65 år, vidaregåande skule, sekretær), Signe (65 år, vidaregåande skule, heimeverande) og Frank (35 år, 1-4 UH, banktilsett). På spørsmål om kven som les Solstad sine bøker, til dømes, seier Signe at ho tenkjer det er «unge menn», Renberg vert lest av «både gamle og unge».

Lesarsosiologiske undersøkingar viser at dei fleste boklesarar er å finna blant folk med høgare utdanning, her er store forskjellar mellom dei som har avslutta skulegangen etter ungdomsskulen og dei som har universitets- eller høgskuleeksamen (Andreassen, 2006, s. 471). Når det gjeld alder peikar mange undersøkingar i retning av at yngre lesarar les oftare og fleire bøker enn andre aldersgrupper, medan tida ein brukar når ein først har sett seg ned med ei bok, aukar med alderen. Norsk mediebarometer viser vidare ein klar kjønnsforskjell i grad av lesing, kvinner les meir (ibid, s. 470). Talet på mannlege lesarar steig frå 13 til 19% frå 1998 til 2005, og talet på kvinnelege lesarar økte i same tidsrom frå 23 til 32 %. Sistnemnde tal peikar på at fleire les, i tillegg viser statistikk at det norske folk les meir i dag enn for berre ti år sidan (dei som les, las i 1997 gjennomsnittleg ti norske bøker, medan dei i 2005 i gjennomsnitt las 16).

I den kvalitative utforskinga av folk sine lesevanar og preferansar i Stavanger, har vi ikkje studert talet på bøker personane les i løpet av eit år eller kor lang tid dei brukar på lesinga si, men om dei les og i så fall kva typar bøker og litteratur dei likar og ikkje likar, og i det vidare kva oppfatningar dei har om andre sin smak og om variasjonar i lesevanar. Som nemnd er det sju personar som ikkje les bøker i det heile, og blant desse er det seks menn og ei kvinne, og både personar som avslutta skulegangen etter vidaregåande/gymnas og som har høgare utdanning (frå helsefagleg profesjonsutdanning til naturvitskapleg doktorgrad). Blant dei som les

bøker, dei resterande 32 personane, er det stor variasjon i kor mykje og kva dei les. Og det er variasjon i kva oppfatningar personane har av preferanseforskjellar innan litteratur (ref. til alder, kjønn, utdanning, kulturelle preferansar).

Som det var mogleg å sjå konturane av i synspunkt på Renberg sine bøker i førre avsnitt, trekk enkelte av personane med høg utdanning tydelege og mange skilje innan litteratur, både gjennom at dei set opp skilje for eigne litterære preferansar, og ved å tillegga litterære forskjellar meining. For desse kan ein seia at *tyder* litterære forskjellar noko. Alle desse høyrer til i det vi kan kalla kulturfraksjonen i det sosiale rommet, men interessant nok er dei få og det gjeld ikkje alle i kulturfraksjonen.

Frå utdraga ovanfor, og gjennom intervjuet i sin heilskap, er det tydeleg at informantane – innan litteraturen som i biletkunsten – står i forskjellige relasjonar til og har ulike oppfatningar av det Skarpenes omtalar som ein kulturhierarkisk tankefigur (2007). Enkelte sansar svakt eksistensen av ein kulturhierarkisk tankefigur, og inndeling av litteraturen i eit høgt og eit lågt kretsløp, andre navigerer tydeleg med referanse til denne tankefiguren, og enkelte er utan forhold til dette hierarkiet, anten fordi dei ikkje les noko særleg, eller fordi dei finn forklaringar på kva som er god litteratur ein annan stad. Sistnemnde er eit sentralt funn (sjå òg Gujord & Vassenden, 2015): at fleirtalet i utvalet talar om litterær kvalitet som noko som ikkje vert definert med referanse til kva som vert rekna for anerkjend i det litterære feltet, men med referanse til kva som er ei god bok for kvar og ein. Interessant er det òg at dei som er ueinig med desse – altså dei som trekk mange og skarpe skiljelinjer knytt til litteraturen og som gir til kjenne at litterære distinksjonar er relevante – samstundes ytrar at dette ikkje er noko dei slepp fritt ut. Til dømes er utdanning i samanheng med fordeling av smak, ein ømtolig grensegang, altså det å seia at folk med låg utdanning les til dømes Anne B. Ragde sine bøker.

På denne måten kan vi seia at personar som har klare kriterier for kvalitet og som skil mellom godt og dårleg innan litteraturen, ikkje slepp desse skiljelinjene fritt ut. Snarare verkar det som dei nyttar ein god del energi på å vurdera kva situasjonar desse ytringane høver og ikkje høver i. Dette indikerer at her er tilsløringsmekanismer i sving, og for seinare å kunne diskutera desse tilsløringsmekanismane, skal eg no gå grundigare inn

i temaa litterær kvalitet, kulturelle domfellingar, rangeringsvegring og sosiale konvensjonar knytt til kva er det akseptabelt å ytra om kulturell kvalitet.

## **6.6 Litterær kvalitet**

I tale om andre sin smak og om smaksforskjellar, rører vi oss inn på det faktum at verda ser forskjellig ut frå ulike utsiktspunkt i det sosiale rom. Og det skin gjennom at det folk sjølv likar og ikkje likar, relaterer seg til kva andre rundt dei likar og ikkje likar, og korleis dei definerer ulike smaksunivers som knytt til ulike sosiale grupper, som dei sjølv står i bestemte relasjonar til. Nokre sosiale grupper identifiserer ein seg med, andre ikkje, nokre er for langt unna til at ein veit kva dei likar og korleis dei lever, og nokre sosiale grupper er det viktig å markera avstand til. Slik skin det gjennom at røynda er relasjonell. Bourdieu sin måte å seia dette på er at fenomen, objekt og praksisar ikkje *er* noko i og for seg sjølv, men dei er det i kraft av kva dei tyder i relasjon til andre fenomen, objekt og praksisar, som dei står i relasjon til (t.d. 1984). Det politiske partiet Venstre til dømes eksisterer ikkje i og for seg sjølv, som seg sjølv, med sine eigne distinkte eigenskapar, men snarare er dei noko særlege i kraft av korleis dei som parti stiller seg *i forhold til* andre politisk parti som til ein kvar tid fins, og til si historiske utvikling. På same måte er ikkje arkitektur- og formgivingsretninga Bauhaus (grunnlagd av Walter Gropious i Tyskland i 1919) noko i og for seg sjølv, snarare eit produkt og ein tendens som veks fram *i relasjon til* retningar i arkitekturen og i samfunnet forut for «seg sjølv», definert tydeleg i kontrast til kva dei ikkje var og ville vera (som t.d. kostnadskevjangande ornamentering). Eller, som vi såg nokre avsnitt ovanfor, boka *Kompani Orheim* vert omtalt med referanse til korleis den vert oppfatta når informantane ser den *i relasjon til* andre bøker. Tore Renberg har gitt ut, og gjennom samanlikning med andre bøker og forfattarskapar generelt. Følgjer ein dette resonnementet tyder det at det ikkje er mogleg å definera «ein gong for alle kva bok dette er», fordi objekt og praksisar får sine eigenskapar i kraft av korleis dei står til andre. Objekt og praksisar er slik korkje «ein og dei same», varige og kontekstuavhengige. Sagt med Bourdieu, om sosiale grupper: «Egenskaper som en hvilken som helst gruppe har på et gitt tidspunkt, i kraft av den posisjonen de har i et bestemt sosialt rom,



og i en bestemt tilstand av *tilbud* av mulige goder og virksomheter, må derfor ikke omformes til nødvendige, indre egenskaper ved denne gruppen» (Bourdieu, 1995, s. 32) (opphavleg utheving).

Forskjellar, distinksjonar og grenser er slik relasjonelle på det vis at dei opptrer i og gjennom måten dei relaterer seg til andre forskjellar og eigenskapar på (ibid, s. 33). Fordi forskjellar definerer seg gjennom sin nærleik og avstand til andre forskjellar, og gjennom kva rang dei har i forhold til kvarandre – ved å vera over, under eller imellom noko anna – vert tale om smaksforskjellar eit spørsmål om høgt og lågt, om anerkjend og ikkje anerkjend, og om makt til å definera relative posisjonar. *Oppfatningar* om desse forskjellane er òg relasjonelle, både gjennom at dei varierer etter kor folk ser verda frå, men og gjennom korleis oppfatningane står i forhold til andre oppfatningar som er tilgjengelege og synlege for kvar enkelt.

Denne sosiologiske sanninga – at røynda (dermed òg smaksrøynda) er relasjonell – inneber for vitskapen eit premiss om at fenomen og praksisar er kontekst- og tidsavhengige, og at posisjonar er situerte. Om så dei fenomen og praksisar ein studerer er smak, kunst, kulturuttrykk og spørsmålet om kvalitet (eller godt, fint, gledeleg osv.), som er sentralt i kultursosiologisk forskning, inneber denne sanninga at *kvalitet* òg er kontekst- og tidsavhengig, og situert. Sagt med sosiologen Herbert J. Gans, som i 1974 ga ut boka «Popular Culture and High Culture – an Analysis and Evaluation of Taste», og i denne fronta to normative ytringar:

«(1) that popular culture reflects and expresses the aesthetic and other wants of many people (thus making it culture and not just commercial menace): and (2) that all people have a right to the culture they prefer, regardless of whether it is high or popular. In its conclusion, the book is thus an argument for cultural democracy and an argument against the idea that only the cultural expert knows what is good for people and for society» (Gans, 1974, s. xi).

Desse to standpunkta som boka til Gans kviler på, tyder for han at sosiologien og dei estetiske vitskapane er «bundne» av at dei skal skildra og analysa det folk gjer og korleis dette fortone seg for dei sjølv, og ikkje berre via seg til det anerkjend skjøne og vakre. Kultursosiologien stiller



slik heller spørsmål om kva som formar førestellingar om kvalitet i kulturen for ulike sosiale grupper, enn om kva som er godt eller dårleg, om kva kvalitet «er» i seg sjølv. Med bourdieuske briller er det òg tydeleg at den vedvarande diskusjonen av kva kvalitet i kulturen er og skal vera, er ein av definisjonskampane som utspeler seg mellom ulike sosiale grupper. Desse kampane kjem stadig til overflata i vår heimlege norske (mediale) kontekst. Kva skal gjelde som litterær kvalitet, kva er verdig å få støtte frå offentleg hald, og kven skal ha makt til å definera dette? Og kven skal ha lov til å kalla noko høgverdig og dermed kvalitativt betre enn noko anna? Gitt ulike sosiale grupper sin forskjellige avstand til er det anerkjende, er dette ein definisjonskamp som ikkje er like relevant for alle.

Eg skal eksemplifisera kulturell kvalitet si relasjonelle status gjennom å diskutera det eg vil kalla det vanskelege kvalitetsomgrepet i litteraturen. Det nedfeller seg ulike oppfatningar av kvalitet i litteraturen i intervjuar frå Stavanger, og det er desse samt diskusjonar frå det norske medielandskapet som dannar grunnlaget for drøftinga.

Den forståinga av litterær kvalitet som er gjengs om ein ser heile utvalet frå Stavanger under eitt, er prega av demokratiske haldingar til litteratur og lesing.<sup>23</sup> Langt dei fleste er forsiktige med å gå inn på å bedømme kva kvalitet er. Utvalet sett under eitt har for ein stor del det ein kan kalla eit «demokratisk litteratursyn» (Gujord & Vassenden, 2015). Desse har eit demokratisk relativistisk litteratursyn der det er opp til kvar og ein å vurdera kva (god) litteratur er. Nærværet av dette relativistiske litteratursynet, forklarar Gujord & Vassenden gjennom nærværet av «enhetsskolen» i Noreg, og det at ein frå barnsbein av vert trent i relativisering av ståstader og lese måtar gjennom å vera saman med og eksponert for folk på tvers av klasseskilje i det fysiske klasserommet, og gjennom det spesifikke litteraturdidaktiske synet som vert formidla i skulen. Sistnemnde handlar kort sagt om at den individuelle lesar vert forsøkt gitt autonomi til å tolka litterære verk på sine premiss. Det er altså ein elev-sentrert snarare enn ein verk-sentrert litteraturdidaktikk. Litteraturen er ifølgje Gujord & Vassenden gjennomsyra av ein egalitarianistisk moral og ei pedagogisk innramming som legg tyngd på individuell tolkingsmakt.

---

<sup>23</sup> Sjå Vassenden og Gujord, 2015 for analysar om litteratur basert på det same materialet.

Dette kan vera ein av grunnane til at det eksisterer utbreidde oppfatningar om at kvalitet i litteraturen er individuelt bestemt. I tillegg er det intuitivt sett logisk, vil eg seia, at den vert opplevd som det mellom anna fordi lesevanar er personlege på den måten at ei lesaroppleving potensielt knyt seg til det innvendige sjelelege livet.

Det demokratiske litteratursynet kjem til overflata gjennom utsegn av typen *det som er god litteratur for den enkelte, er god litteratur*. Nora (35 år, 1-4 UH, grafisk designar) seier til dømes:

*Nora: Nei god litteratur det er jo... altså det kan jo vera alt...det er jo forskjellig kven som les det, tenkjer eg. Altså det er jo...eg syns jo der er noko sånt, det er ikkje...ein kan ikkje bestemma at noko skal vera god litteratur. Det er jo på ein måte det som ein oppfattar det som sjølv.*

Eller John (65 år, >5, jurist) som får spørsmål om kva han tenkjer om omgrepet god litteratur:

*John: Det syns eg nesten er eit meiningslaust omgrep. Det, det kan godt vera at der er noko som er søppel, altså, men egentlig så ... der er jo sjølsagt god litteratur i den forstand at nokre forfattarar har ... eh, ein betre evne til å formulera seg enn andre. (...) Eventuelt skapa prosessar hos lesaren sånn at lesaren føler at ein er i utvikling eller lærer eller har fått nokon gåve, då. (...) For all del. Men, ...der må jo vera annan litteratur som ... altså, viss ein berre gir noko til nokon og nokon har glede av det, så er det jo bra litteratur. Morgan Kane er bra litteratur for dei som gler seg (over) å lesa Morgan Kane.*

Inger (65 år, ungdomsskule, reinhaldar) svarar slik på spørsmålet om ho har tankar om kva god litteratur er:

*Inger: Eg trur ikkje du kan setja det i bås, i grunnen. For du ser jo ho ... sant, ho der Margit Sandemose der, ho har jo seld noko inni ...! Så er det jo nokre som seier: «ja, men det er jo berre noko junk». Men altså: Folk las det jo! Og dei må jo få lov til det! Altså, du kan ikkje feia dei vekk som uvesentlige menneske. Dei likte det.*

Dette er alle døme på den demokratiske kvalitetsoppfatninga og litteratursynet slik den kjem til syne i datamaterialet. Gujord & Vassenden viser vidare at informantar som Peter (65 år, >5, siviløkonom), John (65 år, >5, jurist) og Sara (35 år, >5, lærar) – alle høgt utdanna – sjølv om dei vert karakterisert til å ha såkalla demokratiske litteratursyn, alle er innforstått med at det eksisterer litterære hierarki, og i ulik grad relaterer til distinksjonar mellom godt og dårleg, høgt og lågt. Dei anerkjenner på ulike vis at noko litteratur har betre kvalitet enn annan litteratur, men dei gjer det på vage vis, og verkar røra seg inn på moralske domene det ikkje er enkelt å uttala seg om. «De har bare ikke 'lyst til' å relatere sin egen litteraturbruk til denne tunge tradisjonen øverst i det kulturelle hierarkiet» (ibid). For desse: i kampen om kva ord som skal få skildra verda, eller som i dette høvet, definerer litterær kvalitet, kan det synast som om det demokratiske litteratursynet skapar eit «mentalt 'krysspress' for enkelte av de informanter som samtidig opererer med klare begreper om litterær kvalitet» (Gujord & Vassenden, 2015).

For, sjølv om det blant fleirtalet eksisterer eit demokratisk litteratursyn – er det nokre personar som talar for at litterær kvalitet er noko identifiserbart og attkjenneleg, at det «er» noko i seg sjølv. Dette gjeld tre-fire personar med høg kulturell kapital og sterk interesse for litteratur. Om vi har desse tre-fire personane i mente, og stiller oss i den delen av det sosiale rommet der kapitalvolumet og den kulturelle kapitalen er høg, så er litterær kvalitet her bortimot eit objektivt fenomen. For desse personane med kulturelle utsiktspunkt er det viktig å verna om det som reint faktisk *er* kvalitet, og samstundes retten til å ytra *at* noko er kvalitativt betre enn noko anna. Dette kan kallast ei «objektiv» kvalitetsforståing, og det er ei oppfatning som vert ytra av store delar av definisjonsmakta innan litteraturfeltet.

For innan litteratur*feltet* finn vi fleire døme på ytringar frå personar som sjølve har definisjonsmakt som handlar om at litterær kvalitet er ei objektiv storleik. Den norske forfattern Thomas Espedal sa til dømes i eit intervju med Bergens Tidende i desember 2012, at: «Innen musikk er det lov å snakke om godt og dårlig. Flere kan spille piano, men det er lov å si at Leif Ove Andsnes er god. Innen litteratur hevder mange at det er subjektivt hva som er godt. Det er det ikke. Vi vet at noen bøker er allmenngyldige og

kan leses om 20, 50, kanskje 100 år. Dette er bøker som er annerledes, urovekkende, anstrengende».<sup>24</sup> Den svenske forfatteren Stig Håkan Larsson («Sveriges Jon Fosse») er einig med Espedal, og skriv i boka «Når du kjenner det begynner å ta slutt» at: «Det var som om jeg visste med hele meg at kvalitet ikke var noe subjektivt. Det var objektivt» (2014). Frå utvalet i Stavanger beveger Sjur (35 år, >5, lærar) seg i same meiningslandskap som dei to forfatarane i det han seier om litteratur at: «det fins kvalitetskilje, lat oss ikkje lata som noko anna». Det at Sjur avsluttar setninga med «dat oss ikkje *lata som* noko anna», og at Espedal seier at det er *lov* å seia at Andsnes er god, peikar mot noko interessant. Det peikar mot noko personar med definisjonsmakt innan kulturfeltet mest sannsynleg kjenner seg att i, som er ein del av deira røyndomsoppfatning, nemleg at dei opplever at det er andre aktørar enn dei som har rett til det, som òg prøver å definera litterær kvalitet. Personar som ikkje rettmessig burde vera med å definera kva litterær kvalitet er, får vera med likevel (og i skulen er dei ikkje berre «med», det er det i følge Gujord & Vassenden dette synet som er rådande, 2015). Sett frå desse posisjonane, vert kvalitet kommunisert som noko anna enn det faktisk *er*.

Frå kulturjournalistikken og frå avismedienes kulturkapitalhøgborg *Morgenbladet*, finn vi med ujamne mellomrom meiningsutvekslingar og debattar omkring kva kvalitet i litteraturen er. Eit døme er ei meiningsutveksling som vart sett i gong av kultureddaktør Ane Farsethås.<sup>25</sup> Ho ytrar forsvar for å halda liv i kvalitetsomgrepet i litteraturen, og etterlyser meir elitisme, ikkje mindre. På spørsmålet Farsethås stiller i artikkelen, om kvifor ein skal halda liv kvalitetsomgrepet, svarar ho sjølv at: «Noen skal jo bygge morgendagens katedraler». Ho skriv vidare at:

«Ingen ville drømme om å hevde at den som mener Gilde-pølser holder høyere kvalitet enn en indrefilet fra Statholdergaarden, har rett – selv om det er et relevant uttrykk for vedkommende sin smak, og pølse er godt. Men på kunstens område er det omvendt: I kunststoffentlighetens pågående karneval – der det dårlige er godt og det gode dårlig – er det å

---

<sup>24</sup> [http://www.bt.no/kultur/litteratur/--Ja\\_-jeg-er-en-andssnobb-2816470.html](http://www.bt.no/kultur/litteratur/--Ja_-jeg-er-en-andssnobb-2816470.html) 21.12.2012, lest 23.03.2015

<sup>25</sup> Ane Farsethås, *Morgenbladet* 23.05.14

trekke inn det stadig mer polariserende begrepet kvalitet, den sikreste veien til å bli parkert som en forstokket gammelmodig elitist».

I utsegna hennar ligg ei frykt for relativisering av kulturelle uttrykk, altså det at kvalitet skal vera «det som er bra for kvar og ein». Ifølgje Farsethås er smaken snudd på hovudet i kunstfentlegheita, det dårlige er godt og det gode er dårleg. Stikk motsett av det «naturlege» forholdet mellom autoritet og undertrykt, skriv ho, er det «den som ikke kan noe, den som bare har sin egen smak, sin egen uvitenhet å lene seg på, som i dag har makten på sin side». Ytringane har parallellar til Espedal og Sjur sine utsegn om kva som er lov å seia om litterær kvalitet, og om å lata som at det er andre kvalitetskriterium som gjeld enn dei som faktisk gjeld, eller burde gjelda. Vidare har det parallellar til Skarpenes sine analysar av den norske middelklassa sin distinksjonslogikk, som går ut på at det ikkje er arbeidarklassa som seier «det der er ikkje noko for meg» om den tradisjonelle høgkulturen, men middelklassa (ref. 6.7 og 6.8). Det er middelklassa som kjenner dei må forsvare at dei likar vanskeleg tilgjengelege kulturuttrykk og at det eksisterer kvalitetskriterier i kulturen, hevdar Skarpenes.

Ordvala til Espedal, Farsethås og «Sjur», om kva det er lov å seia om litterær kvalitet, indikerer at dei kjenner til og rettar seg mot det demokratiske litteratursynet. Det demokratiske litteratursynet står fram for dei som at noko anna enn det som faktisk *er kvalitet* får status som kvalitet. Det gjer det nærliggjande å stilla spørjeteikn ved kor privilegert definisjonsmakta eigentleg er. Er det privilegerte eller diskretiterte posisjonar desse personane talar frå? I alle høve peikar dette på at ei sak er kva kvalitet «er», noko anna er kva det er lov å ytra om kvalitet. Samstundes tydeleggjer døma at det demokratiske litteratursynet har definisjonsmakt all den tid personar frå «det eksklusive litterære kretsløpet» i det heile teke rettar seg mot dette (må ta det innover seg). For unekteleg er det interessant at det i ein norsk samtidig kontekst ikkje vert opplevd som stuereint å hevda, eller snarare stadfesta, litterær kvalitet. Farsethås må ta sats, og ho ventar seg motbør.

Ein av grunnane til det sistnemnde er det spesifikke litterære klimaet i Noreg (ref. Gujord & Vassenden 2015), og at slike ytringar nettopp *får*

motbør, av og til òg frå eigne rekker. Farsethås sine ytringar vart til eksempel møtt med kritisk motsvar frå litteraturkritikar Jon Rognlien i same avis.<sup>26</sup> Han skriv mellom anna at:

«For ingen kan nekte for at det er forskjell på pølse og biff, slik *Morgenbladets* kulturredaktør Ane Farsethås formulerer det i sitt ferske opprop for elitisme. Objektiv kvalitet må trumfe subjektiv smak, ellers drukner vi i flommen. Dessverre er kvalitetsbegrepet uegnet for metafysisering. Det er bare ved å være uforpliktende utydelig at man kan få til et generelt kvalitetsbegrep som overskrider enkelttilfellene. (...) Man kan ikke påberope seg å tilhøre et kvalitetens kardinalkollegium. Man kan ikke ensidig erklære seg som elite og forvente underkastelse av den konsumglade samtiden».

Desse ordvekslingane har likskapstrekk til ein annan livleg debatt i same avis, sett i gong av ein kronikk av den amerikanske forfattaren og redaktøren Marco Roth, under tittelen «For mye sosiologi»<sup>27</sup>. Roth hevdar at smakssosiologi har vorte allemannseie, og at dette mellom anna har ført til at måten ein talar om kunst har fått noko stivt og tilgjort – eller lat meg seia kunstig – over seg. Farsethås seier eit år etter denne debatten, at det *Morgenbladet* ønskja med debatten var å rykka kunsten laus frå sosiologien.<sup>28,29</sup>

Slik sett fins skarp grensdragning innan litteratur, men den avgrensar seg til nokre få personar. Og her er teikn til at desse personane må «vaska sine litterære domfellingar i moral», som Skarpenes kallar det (2007), altså at dei kjenner på at dei ikkje kan spela sine litterære distinksjonar fritt ut.

---

<sup>26</sup> Jon Rognlien, *Morgenbladet* 28.05.14.

<sup>27</sup> Marco Roth, *Morgenbladet* 31.05.- 06.06.2013, s. 40

<sup>28</sup> Ane Farsethås, *Morgenbladet* 23.05.2014

<sup>29</sup> Etter mi meining er det nettopp slike synspunkt og debattar Bourdieu forsøker å føregripa i det han i boka «The Rules of Art» startar med eit slags akademisk unnskyld overfor estetikken. Han siterer den franske forfattaren Sallenave: «Shall we allow the social sciences to reduce literary experience – the most exalted that man may have, along with love – to surveys about leisure activities, when it concerns the very meaning of life?» (Bourdieu, 1996a, s. preface). Han unnskylder seg på vegne av sosiologien for å «skitna til» den reine estetikken, så å seie, gjennom mellom anna å vera oppteken av å avdekkja mønster og makt i staden for av sjølve kunsten». Ein høveleg kommentar til dette, ytra av Anders Vassenden, er at denne argumentasjonen i så fall òg vil gjelda alle andre tema, og ikkje berre kunsten.

Dette angir ei spenning mellom eigen smak og andre sin smak, og i kva det vert rekna som akseptert å ytra om eigen smak i ulike situasjonar. Sjølv om denne spenninga gjeld berre nokre få personar i utvalet, skal eg via desse ein del plass fordi det er interessant for diskusjonar seinare i avhandlinga.

Det er òg eit poeng at grensedraging rundt eigen smak og egne kulturelle preferansar, ikkje er identisk med grenser og distinksjonar ein trekk opp rundt andre sine smak. Innebygd i sistnemnde ligg i langt større grad førestillingar om og moglegheiter for at grensene er eller kan bli sosialt tydingsfulle. Grensedraging og distinksjonar får ikkje berre meining gjennom korleis dei står i relasjon til andre distinksjonar, men òg gjennom medvite eller umedvite førestillingar om grensene sine potensielle sosiale verknadar. Det kjem eg tilbake til i siste kapittel i avhandlinga.

Korleis vi kan forstå og forklara både kritikken av ytringar om objektiv litterær kvalitet, og det faktum at dei som hevdar og oppvurderer litterær kvalitet bryr seg om kritikken, er tema for neste avsnitt. Her kjem eg nærare inn på uvilje mot kulturelle domfellingar, og bandlegging eller vegring for å omtala andre sin smak (smaksforskjellar).

### **6.7 *Kulturell domfelling og legitimitet***

I «Den 'legitime' kulturens moralske forankring» (2007) undersøkte Skarpenes norske middelklasserepresentantar sitt kulturbruk og sine grensedragingar omkring eige kulturbruk. Artikkelen fekk ei paradoksal mottaking i det den vart kåra til årets tidsskriftartikkel av Universitetsforlaget same år som den vart utgjeven, og samstundes møtte kraftig kritikk frå delar av det sosiologiske fagmiljøet (Skogen, Stefansen, et al., 2008; Skogen, Strandbu, et al., 2008). I artikkelen diskuterer Skarpenes den høgt utdanna norske middelklassa sitt forhold til kulturell danning, og kor vidt dei nyttar kultur i si grensetrekking mot andre grupper i samfunnet.

Grunnlaget for analysane i artikkelen skriv seg frå ei omfattande kvalitativ utforsking av middelklassa i Noreg sine kulturelle preferansar innan litteratur, musikk, kunst og film (intervju med 113 personar fordelt i Oslo, Kristiansand og Bergen). «Vi konsentrerte oss om det vi kan kalle den ikke-materielle kulturbruken. Innenfor dette brede feltet snakket vi mest om litteratur», skriv Skarpenes (2007, s. 537). Ut frå dette materialet lagar

han ei klassifisering basert på ein induktiv gjennomgang av kva slags kultur dei ulike middelklasserepresentantane vel å bruka tid på: 1) dei som prioriterer borgarleg og/eller avantgardekultur, 2) dei som søker varierte former for kvalitetskultur, 3) dei som dyrkar eitt kulturelt fenomen, 4) dei som vel litt av kvart, både underholdnings- og kvalitetskultur, og 5) dei som vender seg til underholdningskultur. Han lagar denne typologien for å kunne utdjupa kva funksjon kultur har i liva til desse personane – ifølgje dei sjølve – og han deler i den samanheng mellom kultur med danningsfunksjon og kultur med underholdningsfunksjon. Eit av Skarpenes sine sentrale poeng er at legitim kultur ikkje bør definerast apriori, altså at kva som er høgt og lågt er definert forut for empiriske studiar. Ein må ikkje reproducera reproduksjonslogikken før ein faktisk empirisk har undersøkt kva høgt utdanna personar oppfattar som legitim kultur, og om og korleis dei opplever at denne kulturen vert aktivisert i sosial praksis, ytrar Skarpenes. Før vi kan meina noko om korleis kultur vert nytta i distinksjonsarbeid, må vi ha innsikt i kva aktørane sjølve betraktar som legitim kultur, altså kva dei sjølve reknar som anerkjend. På denne måten kan vi seia at han på mange måtar forstår legitim kultur som middelklassa si eigen definisjon av kva legitim kultur er.

Hos dei to første gruppene har kultur ein danningsfunksjon, i tydinga at kultur vert brukt for å utvikla informantane sine forhold til seg sjølve og si forståing av samfunnet, skriv Skarpenes. For personar i gruppe 5 har kultur ein underholdningsfunksjon, fordi kultur får informantane til å kopla av og la seg underhalda. For personar i gruppe 3 og 4 har kultur i nokon situasjonar ein danningsfunksjon, men dei nyttar òg kultur til å slappa av. Med bakgrunn i ei opteljing av kor mange informantar som fell i dei ulike gruppene, konkluderer Skarpenes med at «over halvparten av utvalget gir faktisk uttrykk for at kultur enten ikke er viktig, eller at den primært fungerer som underholdning» (ibid, s. 542). «Vårt materiale om den høyt utdannede norske middelklassen tyder på at i denne gruppen har kultur primært en underholdnings- og avslappingsfunksjon» (ibid, s. 544). Som eit apropos kan her nemnast at Skarpenes avviser at omnivore-teorien (Peterson & Kern, 1996) kan vera ein forklaringsfaktor, fordi dei færreste av informatane har noko sjølvdanningsprosjekt kor tileigning av humanistisk danningskultur og modernistisk avantgardekultur inngår som



ein viktig del (ibid, s. 545). Omnivore-teorien går som nemnd ut på at høgstatusgrupper femnar om og inkluderer fleire (låg)kulturelle uttrykk enn tidlegare, og at kulturell eksklusjon ikkje er like gangbart i dagens globale mangesidige verd, som den var i ei tidlegare meir oversikteleg og homogen (kulturell) verd (1996). Skarpenes konkluderer snarare med at det verkar som om underhaldningskultur er den legitime kulturen i Noreg.

Det kan argumenterast for at det er metodiske problem med å konkludera kva som er gjeldande i Noreg ut frå eit ikkje-representativt kvalitativt utval. Og det er heller ikkje vanskeleg å finna døme på ståstader som vedkjenner seg og frontar den såkalla høgkulturen (sjå t.d. Hovden & Knapskog om politiske elitar i Noreg, 2014, Ljunggren om kultureliten i Oslo, 2015). Eit anna atterhald mot Skarpenes sin artikkel er at det er variasjonar i korleis folk trekk grenser og gjer kulturelle domfellingar innan ulike estetiske felt, og mykje tyder på at litteratur her står i ei særstilling (Gujord & Vassenden, 2015). Om vi samanliknar grensedraging innan arkitektur og litteratur frå eigen studie, syner det at domfellingar innan arkitektur skjer mykje meir tilforlateleg enn innan litteratur. Når det er tale om arkitektur trekk fleirtalet i utvalet tydelege og skarpe grenser, utan særlege reservasjonar. At funna til Skarpenes for ein stor del tek utgangspunkt i litteraturvurderingar, kunne slik sett gjerne vore løfta meir fram i debatten som følgde. Motsvara artikkelen hans fekk, syner òg, mildt sagt, at det å hevda at underhaldningskultur er den legitime kulturen, er ein opposisjonell ståstad å inneha i det kultursosiologiske miljøet (ref. Skogen, Stefansen, et al., 2008). Samstundes er det på sin plass å stilla spørjeteikn ved, om ikkje middelklassa er i omgang med det anerkjende, eller kommuniserer at dei er det, kven har det då?

Fenomenet Skarpenes i ei fotnote omtalar som rangeringsvegring, som er med å forma konklusjonen hans, altså det at mange av informantane hans gir uttrykk for at kulturell rangering er problematisk, tek eg sjølv for å vera noko av det mest interessante frå arbeidet med middelklassa sine grensedragingar. Dette fenomenet finn eg grunn til å diskutera nærare fordi det kjem til overflata òg i materialet frå Stavanger. Skarpenes skriv mellom anna at:

«den høyt utdannede middelklassen, slik den fremtrer i våre data, mener det er udemokratisk å si at noe er bedre enn noe annet, den mener det er stakkarslig å felle kulturelle dommer, og å hevde at en kanonisert forfatter er bedre enn en kioskforfatter er uttrykk for arroganse, nedlatenhet, ja, det er til og med et eksempel på at andre behandles som mindreverdige» (Skarpenes, 2007, s. 549).

Dette indikerer ei kulturell rangeringsvegring. Kor vidt rangering er vanskeleg og problematisk fordi den som uttalar seg har relativt sett høg posisjon innan feltet rangeringa refererer til (makt), eller kor vidt dette handlar om ønskjer om vera gode moralske vesen som ikkje talar nedlatande om andre (moral), er likevel ikkje gitt. Uansett er det nokre som kjenner på nokre diskursive restriksjonar på kva det er akseptabelt å uttrykka om smaksforskjellar (ref. Bjurströms skilje mellom smak som noko diskursivt, som praksis og som artefaktar og visuell kommunikasjon, 1997). Dette kan resultera i at det ein uttrykker ikkje treng samsvara med kva praksis og preferansar viser.<sup>30</sup>

Nedanfor skal eg illustrera korleis rangeringsvegringa kjem til syne i denne studien.

## **6.8 Rangeringsvegring**

Rangeringsvegring fortoneg seg som ein reservasjon mot å gå inn på å definera kva smaksforskjellar som fins, kvifor dei fins, mot å seia at noko er betre enn noko anna. Merk at dette langt frå gjeld alle. Som tidlegare nemnd, er det i dei øvre delar av det sosiale rommet (og særleg i kulturell ende) at ein kjenner på denne diskursive spenninga. Eit døme på rangeringsvegring kjem her frå Oda (35 år, 1-4 UH, humanitær organisasjon), som etter å ha – ikkje motvillig – talt om eigen litteratursmak og syn på litterær kvalitet, ikkje svarar på same vis når spørsmålet omhandlar kven som les dei ulike bøkene ho får synt framfor seg (ref. Appendix 3). Sjølv om ho har rangert dei frå dårleg til god etter eigen

---

<sup>30</sup> Dette er eit sentralt forhold i det diskursive gapet som skal omtalast seinare, ref. 8.4.

smak<sup>31</sup>, er det ikkje like lett å røra seg inn på ytringar om kva typar folk som les dei ulike bøkene. Ho kjem med nokre reservasjonar (av typen «det er betre at ein les kva som helst, enn at ein ikkje les»), men som er reservasjonar der det likevel er tydeleg at ho har meiningar om dette. Eg spør difor på ny om ho kan seia noko om kva grupper ho tenkjer seg les dei forskjellige bøkene, og då smiler ho og seier: «no syns eg du pressar meg til å seia ubehagelege ting», før ho seier «ja, no skal eg seia det».

*Oda: ...lågare utdanning gjer at ein les meir lettleste bøker og at ein, eh no er eg veldig kategorisk... eg nyanserer ikkje så veldig her, og det...låg utdanning og låg generell interesse for kultur og kulturelle fenomen, eh og låg kva skal eg seia...innsatsvilje på kulturell slash intellektuell stimuli, på ein måte, (...) både det å ha interesse for og kunnskap om akademiske fenomen, ha det [humrer] så nær sagt og det med å vera høgt utdanna, å ha erfaring med at for å verdsetja noko så kan det henda at det krev ein innsats, du skal...du må lesa når du studerer, liksom, enten du likar det eller ikkje. Og i mange i tilfelle så gir jo det...så betaler det seg jo, på ein måte. Du lærer noko nytt, du lærer noko interessant og ikkje minst du får eksamenen din, ikkje sant [humrar]. Mens viss ein ikkje er vant til det (...) så vil ein jo kanskje raskare gi opp, då. Når ein byrjar på Ørstavik eller Rimbereid, og så ser ein at: nei det her skjonar eg ingenting av og kva er det egentlig det handlar om? Og: åh, nei gidder ikkje. (...) ... (eg) tenkjer at det høyrer til ei pakke med akademia, med kultur, med filosofi, med å stilla spørsmål ved ting, ved å tenkja litt annleis om ting. Eh kontra det å ja låg utdanning, ikkje naudsynleg veldig utfordrande yrke, kanskje meir einsformige yrker eh enkle løysingar. Charter framfor vandring i fjellet, liksom. Enkle kvardagar, på ein måte. Ikkje bruka tid på å velja ut barnelitteratur, men berre kjøpa barnebøker om prinsesser og kva som helst.*

Sjølv om ho seier det ho seier, avsluttar ho: «eg synes ikkje det her er noko hyggelig å seia altså». Og kvifor synes ho ikkje det? Kva er det som er ubehageleg? Kvifor seier ho ikkje tilforlateleg som den 50 år gamle

---

<sup>31</sup> Som dette, frå dårleg til god: Jo Nesbø *Gjenferd*, Anne B. Ragde *Berlinerpøplene*, Tore Renberg *Kompani Orheim*, Hanne Ørstavik *Kjærlighet*, Dag Solstad *Genanse og Verdighet*, Øyvind Rimbereid *Solaris* *Korrigert*.

franske toppleiarer frå Paris i Lamont sitt studium av oppfatningar om høg status (1992):

«The honnête homme<sup>32</sup> is a person who attaches a lot of importance to culture, who has an open outlook to life, and not through television... I cannot stand people who don't have culture. The first thing I do when I go to someone's home is to look at their bookshelves. If they don't have books, I think they lack culture. They can be very good at what they do, but they lack something extremely important» (ibid, s. 101).

Det ovannemnde er eit døme på tydeleg og skarp kulturell smaksdom og distinksjon, og som støttar Lamont fram mot hennar konklusjon om at grensedraging basert på kulturelt raffinement er eit utbreidd fenomen i Frankrike (ref. Bourdieu 1984). Dette angir at sterk kulturell grensedraging har eit anna klima i Noreg, noko som i så måte liknar meir på den egalitarianistiske innramminga av kulturell grensedraging som Lamont finn i USA, der kulturell grensedraging òg generelt sett er mindre utbreidd (1992).

Tilbake til informantane frå Stavanger, og nokre fleire døme på rangeringsvegring (som seinare er eit sentralt forhold i det diskursive gapet). Marit (65 år, 1-4 UH, kultursektoren) er ei anna frå utvalet frå Stavanger som – samstundes som at ho har klare tankar om kva litterær kvalitet er – vegrar seg for å ytra desse fritt i den sosiale verda. Ho er interessert i både litteratur, biletkunst og musikk. Sjølv les ho primært romanar, fortel ho (som ung: Alexander Kielland, skodespela til Ibsen, Johan Falkberget og Knut Hamsun, på 1960-70-talet las ho mykje engelsk litteratur, og i dag mykje oversett litteratur og ho elskar å finna nye utanlandske forfattarar som ho ikkje visste fantes). Når det er tale om forskjellar i smak, til dømes hos vennar av Marit som les andre bøker enn ho sjølv, eller har ulike vurderingar av biletkunst, musikk og TV-program, uttrykker ho at ho ikkje slepp sine kulturelle vurderingar fritt rundt seg. Ho seier: «(...) du (eg) er ikkje alltid i ein samanheng der du (eg) kan vera direkte på dette. Så ein kan ikkje gå rundt og snakka fritt». Ho nemner ein gong ho kritiserte at alle i omgangskretsen skulle heim til eit spesifikt tidspunkt for å sjå ein TV-serie

---

<sup>32</sup> Ein anstendig person.

ho meinte ikkje var god nok, ein TV-serie ho ikkje meinte var grunn nok til å bryta opp det sosiale samværet.

*Marit: Og då hugsar eg det blei enorme reaksjonar og då blir eg jo kalla for snobb og du (eg) blei kalla for kultursnobb og du (eg) blei kalla for veldig mykje (...) Og det er klart at eh du skal vera saman med folk og ha det hyggelig mesteparten av tida. Og viss dette skapar følelsar som er såre, for at eg ... og det er eg som må passa meg fordi at eg ... eg kan gjerne diskutera og bli sint og ivrig og alt mulig, men eg blir jo ikkje såra fordi om folk seier at eg er heilt dum viss eg ikkje liker Aulie (Marianne Aulie, kunstnar), ikkje sant vel. Ikkje sant, eg blir jo ikkje det. Men nokon blir då ... omvendt såra. Viss eg seier at eg ikkje synes ho er ein god kunstnar (...).*

Ho fortel om samtalar ho har hatt i omgangskretsen sin om bøkene til den etter kvart så hylla Karl Ove Knausgård: «(...) eg føler at dei føler seg støtt eller (at) eg støyter dei med å seie at eg ikkje synes at dette var god litteratur». Det synes altså som om det er vanskeleg å vera kulturelt ueinige. Samstundes skin det gjennom at det har å gjera med Marit sin posisjon. Ho arbeider i kultursektoren, har både i kraft av utdanning og sitt virke, ei stemme i kulturmiljøet, og er å finna på elitesida i det sosiale rommet. At det ho seier og vurderingane frå omverda har med Marit sin kulturelle posisjon å gjera, kjem til syne i her:

*Marit: Men viss folk sa til meg at herlegheit, Marit, den der streken til Jan Groth, nei ærlig talt ... så ville ikkje ... altså eg ville ikkje følt meg personlig såra av det, då. Men det er jo fordi at eg kan noko om det. At eg er trygg på det, sant. Og viss vedkomande som har kjøpt Marianne [Aulie] på veggen, ikkje er trygg, heilt trygg på det, for ho er heilt i byrjinga på noko, ikkje sant. Så er det klart at då er det mykje meir ømt, altså.*

Marit femnar om Groth som er anerkjend, medan ho gjer til kjenne at ho ikkje likar Aulie, som ikkje er anerkjend (ho sel mellom anna klovnebileta sine gjennom møbelkjeda Bohus). Ergo er det ikkje berre «sidestilte variasjonar» og ulik urangert smak som møtes, når Marit talar med vennar om kunst, - Marit representerer på sett og vis eit kulturhierarki.

Og dette hierarkiet kjennes problematisk for dei involverte, med dei ulike utsiktspunkta dei har. «Og derfor så må ein leggja band på seg. Det er rett og slett ein måte for å få denne her smørjinga til altså ... det er litt sånn smørjing i eit sånt sosialt samvær».

*Marit: (...) eg vil nok seia at eg passar meg ... eg passar meg ein del. Eh ja, alt avhengig (av) kor eg er hen. Fordi at eg ser at dette er ikkje berre eit spørsmål om difference of opinions liksom, det er snakk om å så gå inn og såra folk, altså noko ... du føler deg personlig såra, sant. Og det er jo det eg alltid tenkjer: soren òg at det ikkje skal gå an å snakka om dette på eit plan der ikkje sånne ting kjem inn og forstyrrar.(...) Nei, eg må jo passa meg. Altså no sit meg og deg (og) snakkar saman og då er eg jo fri på både dei bileta og alt mulig, kunne ikkje sagt det, eg folte eg kunne ikkje sagt til det kven som helst.*

Rangeringsvegring – og underkommunisering av livsstilsforskjellar – kjem òg til overflata då Oda (35 år, 1-4) talar om biletkunst. Då Oda får synt dei fem bileta framfor seg (ref. Appendix 3) uttalar ho på oppmoding seg om kven ho tenkjer seg likar dei ulike bileta, og kor vidt desse har nokre meiningar om kvarandre.

*Oda: For å berre vera veldig rask og kategorisk her då, og ikkje så skånsam, så vil eg seia at 1 og 5-publikummet dei ser på 2 og 4-publikummet som snobbete og som nokon som trur dei er betre enn andre. Og som at dei beskjeftiger seg med ting som er ikkje viktig. Bruker tid på tull, liksom. Eh og 2 og 4-publikummet ser på 1 og 5-publikummet som lågkulturelle, lågt utdanna kunnskapslause og uengasjerte, tenkjer eg, lite... eh berre kjøper kva som helst som pyntar opp. Og litt naive som trur at berre fordi det er ein kjend kunstnar og det kostar mange pengar så er det automatisk bra. Det er jo ekte kunst. Det er noko som dei vil sjå ned på, ei sånn haldning.*

Men då eg spør om dette er noko ho kan seia utad, seier ho:

*Oda: Nei nei nei. Det er det ikke. Eh det er det ikkje. Vi kunne...eg kunne snakka sånn med kunsthistorievennar, eller med andre, ikkje naudsynleg kunsthistorie, men med andre...eh litt meir av mine gamle vennar i Oslo då, som f. eks. ho*

*venninna mi som er byråkrat, som aldri har vore interessert i kunst, ho vil likevel ha...ho vil dela min måte å tenkja på her, og kategorisera på godt og vondt, liksom. Og ho vil vera med på ein sånn måte å dela inn menneske på. Men eg...på jobben ville eg aldri falt meg inn å nev... antyde noe sånt.*

*Oda: (...) der er ofte ei manglande forståing for at ei sånn kategorisering ikkje naudsynleg er så nedlatande når ein ikkje... no har vi brukt veldig konkrete ord då, men at...på ein måte her snakkar vi om kunstforståinga og smaken til nokre menneske. Det handlar ikkje om verdiane deira, det handlar ikkje om evna deira til å oppdra born, (...) det er ikkje ein fullstendig slakt av dei som menneske, på ein måte. Eh og det trur eg nok fort at viss ein uttalar seg litt sånn kritisk om dei som ikkje er høgkulturelle eller høgt utdanna, så blir ein sett på som ein som på ein måte forkastar heile det mennesket. Eh og det stempelet vil ikkje eg ha på meg, at eg liksom ser ned på andre menneske.*

Frykta for å bli sett på som ein kultursnobb er ei utbreidd frykt blant dei øvre klasselag i ein norsk kontekst (sjå t.d. Jarness, 2013a; Knudsen Haarr & Krogstad, 2011; Ljunggren, 2014). Det at desse personane, som høyrer til kulturfraksjonen, kjenner på at dei kan sára nokon ved å kommunisera sine kulturelle synspunkt vis-a-vis dei som ser det annleis, indikerer at smak er knytt til både moral og makt. Moral fordi det handlar om kva verdiar ein har og vil uttrykka at ein har, og kva type menneske ein ikkje ønskjer å stå fram på, og makt fordi det ikkje er tilfeldig at det er personar med kulturelt ovanfråblikk som kjenner dei må bandleggja seg.

Det at det er systematiske forskjellar mellom kven som oppfattar at det er ei spenning mellom eigen smak og annleis smak, og når det gjeld sosiale konvensjonar for kva det er akseptabelt å ytra om desse forholda, er eit funn. Sett gjennom intervjuar frå Stavanger er her to sentrale skilje: det eine er at ikkje alle informantar vegrar seg like mykje for kulturelle domfellingar (det er variasjonar mellom høge og låge posisjonar i det sosiale rommet, og mellom kulturelle og økonomiske domene), og det andre er skiljet mellom korleis informantane talar om *eigne* kulturelle preferansar og eige syn på kvalitet, og korleis dei talar om *andre sin smak* og smaksforskjellar generelt. Eg finn at personar som har sine utsiktspunkt i høgt volum overvekt kulturell kapital delen av det sosiale rommet, når dei talar om fleire kulturelle uttrykk både *har* og *trekk* skarpe kulturelle grenser, men at dei

samstundes opplever og verbaliserer at dei legg band på desse grensene i møte med annleisheit. Eg tolkar dette som at det er grensedraging vis-a-vis andre, som er potensielt vanskeleg og ømtolig, det å gå frå preferansar til *forskjellar*, - innforstått at forskjellar er rangerte.

## **6.9 Oppsummering**

Utforskinga av oppfatningar av andre sin smak og av smaksforskjellar, med utgangspunktet i tre enkeltobjekt, synte at det er systematiske variasjonar i kva informantane omfamnar og avviser. I vurdering av enkeltobjekta *Komposisjon*, *Kompani Orheim* og eit *Block Watnehus*, kom det klart fram at oppfatningar er «klassa», at personar som er nær kvarandre i det sosiale rom, omfamnar og avviser dei same objekta. Evna og vilja til å sosiologisera kring smak er òg ulikt fordelt, og personar i dei øvre delar av rommet – og spesifikt kulturfraksjonen – legg fleire tydingar i «dei små distinksjonane» (ref. Gronow & Warde, 2001). Analysen av desse forholda viste vidare at det for desse er knytt ei diskursiv spenning til kva det vert opplevd som greitt å kommunisera om desse forholda. Mellom anna synte det seg ei spenning mellom eit utbreidd demokratisk litteratursyn og nokre få personar som opererer med definerbare og absolutte kvalitetskriterier (med «objektiv kvalitet»).

Kapittelet har òg tydeleg vist at vurdering av smak og sosiologisering kring smaksforskjellar, er relasjonelle prosessar: relasjonelle fordi objekt/praksisar og grupper si omfamning av objekt/praksis får meining gjennom korleis dei står til andre objekt/praksisar. Slik er dei òg uløysleg knytt til eit sosialt meningsunivers.

Prieur & Savage understreker, med grunnlag i studier frå England og Danmark, at folk som liknar kvarandre i sosial posisjon og kulturelle praksisar tenderer til å klumpa seg saman: busetja seg i same nabolag, gifta seg med kvarandre, velja same skule for sine born, osv. (Prieur & Savage, 2013, s. 17). Det faktum at like folk søker kvarandre, søker stadfesting og tilhøyrslø gjennom nokre kvalifiserte andre som liknar dei sjølv, er eit av forholda som gjer til at studiar av ulikskap, og blant desse ulikskap innan smak og livsstil, bortimot uansett vert studiar av sosiale konsekvensar av ulikskap. På linje med Prieur & Savage finn Jarness i sin studie frå Stavanger



at «social interaction is more or less intentionally avoided due to a perceived mismatch in lifestyles and tastes» (2013b, s. 208). Det kvalitative materialet frå eigen studie indikerer òg (illustrert i kap. 5 og 6), at variasjonar i smak og livsstil formar fråskilde livsstilar og sosiale grupperingar. Det er sannsynleg at forskjellane mellom måtar å karakterisera eigen smak og andre sin smak, og måtar å setja opp grenser mellom ulike livsstilsaspekt, er med å forma fellesskap informantane tek del i og setja avtrykk på deira sosiale liv.

«Gennem vores kulturelle forbrug kommunikerer vi vores identitet ud til omverdenen. Det giver den enkelte en følelse af tilhørighed, men samtidig bidrager det til en afgrænsning af de fællesskaber, der oppstår rundt kulturelle forbrug. For hvis en gruppe mennesker ikke bryder sig om den samme musik, den samme litteratur, den samme mad, de samme fjernsynsprogrammer osv. som en anden gruppe mennesker – ja, så søger de vel sammen med dem, de ligner, og væk fra dem, de ikke ligner. Og således formes grupper med adskilte liv og livsstile» (Faber, et al., 2012, s. 148).

Eg kan difor konkludera – som Faber og kollegaer – at smakspreferansar både *reflekterer* vesentlege sosiale forskjellar, *kommuniserer* vesentlege sosiale forskjellar, og med dette dermed òg bidrar til å *skapa* og *forsterka* desse sosiale forskjellane (2012).

## 7 Oppfatningar av forskjellar og sosiale hierarki

«So sit dei der og balar og trabellerar, kongen med sitt og statsråden med sitt og stiftamtmannen med sitt og bispen med sitt, og so nedetter alt til arbeidsmannen, som må bala med sitt: for den eine vil berga livet, og den andre vil berga livet, og det vil dei alle, som rimelegt og rett er. No spyrst det kven som kan klara seg: for kvar må klara seg sjølv: og der er ingin å få hjelp av.

‘No må du passa på. Der uppe sit kongen: han hev tie dalar om dagen. So kjem statsråden: han hev fem. Meir kann kje han ha mot kongen. So kjem stiftamtmannen: han hev tri: so bispen: han hev tvo: og so nedetter, mindre og mindre. Lensmannen hev fire skjeling dagen, bonden berre tvo skjeling. Han freistar livet so vidt. Men so kjem arbeidaren: og han hev ein skjeling. Han kann kje berga livet. Han må svelta ihel’»

(*Fred* av Arne Garborg, 1892)

### 7.1 Innleiing

Utdraget frå Garborg si bok *Fred* frå 1892 peikar gjennom si litterære glans på den ubønhøyrlege hierarkiske oppbygginga av samfunnet. På forskjellar i rang og inntekt, og derav livsvilkår. Og det peikar på korleis desse forskjellane står i relasjonelle forhold til kvarandre. Statsråden har fem dalar til dagen å leva for, «meir kan kje han ha mot kongen».<sup>33</sup> I utdraget er inntekt og yrkesposisjonar nemnd, og dette er nokre av kjennemerka vi definerer hierarkiske posisjonar ut frå. Andre sentrale forskjellsskapande mekanismar i samfunnet vårt er utdanning, sosial bakgrunn, kjønn, legning, alder, geografisk opphav, språk, etnisitet og smak. Med referanse til desse kjennemerka, og i takt med kva som vert høgt og lågt akta i samfunnet, har ulike folk ulike posisjonar i ei form for lagdelt oppbygging, - posisjonar som gir ulik tilgang til samfunnets gode og byrder.

---

<sup>33</sup> I retrospekt er det tydeleg at *Fred* er skriva for utforminga av den norske velferdsstaten, samt at standshierarkiet har vore gjennom mange endringar i tida etter Garborg. Her er i dag omfattande sosiale tryggingssystem, som skal sikra at dei som har minst, likevel skal klara seg.

Folk har ulike oppfatningar av denne lagdelingsstrukturen, og objektive forhold vert oppfatta og opplevd ulikt (sjå 3.2 i teorikapittelet). I dette kapittelet skal eg sjå nærare på opplevingar, tolkingar og oppfatningar av sosial ulikskap og hierarki. Eg er interessert i kva (sett) forskjellar som vert oppfatta som relevante av kven, gitt at dette ikkje er likt for alle. Gregory Bateson sitt omgrep «a difference that makes a difference» (2000[1972]) femnar om dette, eller på norsk: forskjellar som utgjer ein forskjell. Kva forskjellar vert oppfatta som så relevante at dei utgjer ein forskjell? Korleis plasserer informantane seg sjølve hierarkisk, og med grunn i kva kategorinemningar og karakteristikkar? Kor stor vekt legg dei på ulike kjennemerke som inntekt, yrke, smak/livsstil, utdanning? Og kva mønster fins for korleis dei oppfattar desse forholda?

Informantane i denne studien har gjennom varierte typar spørsmål blitt bedne om å setja ord på kva sosiale skilje dei ser for seg fins mellom ulike grupper og folk i samfunnet, og kva det er som skapar desse skilja. Dei har blitt bedne om å forsøka å definera eigen posisjon og andre sine posisjonar i eit lagdelt system. Gjennom dette gir dei innsyn i korleis dei vurderer og evaluerer seg sjølv og andre, og ikkje minst kva faktorar og eigenskapar dei legg til grunn for desse vurderingane. Vurderingar av kven dei reknar som overordna og underordna seg sjølve skjer med basis i forskjellige kjennemerke og eigenskapar ved folk, og oppfatningar om kven som kan reknast for å vera over eller under ein sjølv i eit samfunnsmessig hierarki, gir innsyn både i korleis dei oppfattar samfunnet, seg sjølv og andre som del av det, og i korleis dei oppfattar makt og dominans. Som Lamont, er eg her oppteken av “what differences are at the center of their maps of perception and what differences are ignored» (Lamont, 1992, s. 4).

Sentralt i dette kapittelet, som i det førre, er kva *variasjonar* som fins i oppfatningar av kva forskjellar som er relevante, og kva mønster som dannar seg.

### *7.1.1 Oppbygging av kapittelet*

Oppfatningar av sosiale hierarki og synspunkt på kva som er sentrale forskjellsskapande mekanismar, skal først illustrerast gjennom å visa til korleis fire av personane i utvalet trekk grenser når dei talar om ulikskap. Personane er: Einar (65 år, vidaregåande skule, handel), Inger (65 år,

ungdomsskule, reinhaldar), Sjur (35 år, >5, samfunnsvitskapleg utdanning, lærar), og Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærar). Denne delen er ei utforsking av korleis desse personane set opp mentale sosiale skiljelinjer mellom seg og andre, og mellom sosiale grupper i samfunnet generelt, eller sagt med grensedragingsdefinisjonen (Lamont, 1992): korleis dei legg mening til fenomen, objekt, praksisar og folk når det gjeld sosiale hierarki. Eg reknar desse fire personane for å trekkja framstående symbolske grenser: det tyder at dei trekk tydelege og klare skiljelinjer med referanse til anten sosioøkonomiske forhold, moralske standardar eller kulturelle forhold i måten dei talar om sosiale hierarki.<sup>34</sup>

Som eit anna inntak til å forstå informantane sine oppfatningar av samfunnet si lagdeling, skal eg undersøkje – med induktivt tilsnitt – spesifikke sosiale kjennemerke, nemleg utdanning og rikdom. Desse to er kjernen i kvar av dei to kapitalformene kulturell kapital og økonomisk kapital (ref. Bourdieu, 1984). Kva gjer utdanning med dei som har det? Kva oppfatningar av rikdom fins, av personleg rikdom og Stavanger sin rikdom? Som i kapittel 6, er det eit poeng å visa kva grenser som *ikke* vert dratt, kva grenser som er fråverande.

I siste del av kapittelet skal eg illustrera og analysera informantane sine tankar om eigne posisjonar i det dei tenkjer på som samfunnets lagdelte struktur. Med kva ord og vendingar plasserer dei seg? Kva kriterier viser dei til? Og korleis står dette til deira såkalla objektive posisjonar? Analysen av personane si sjølvplassering resulterer i diskusjon av moral knytt til hierarki, og fråskiljing av økonomi og kultur i hierarkisamanheng.

---

<sup>34</sup> Lamont nyttar sjølv omgrepet «salient boundaries» titt og stadig, der salient tyder framstående. Sjølv om ho analyserer grenser til å vera framstående i enkeltpersonar si grensedraging, vil ikkje det seia at dei framstående grensene er dei einaste formene for grenser som vert trekt. Ho nyttar faktisk poengscore frå 1-5 i si systematisering av kor framstående grensedraging informantane hennar har innan dei tre formene for symbolske grenser (Lamont, 1992, s. 225-232). Førstnemnde gjeld òg for eige materiale: sjølv om eg reknar enkeltpersonar for å ha framstående moralsk grensedraging, refererer òg vedkomande til andre kjennemerke og skiljelinjer. I tillegg: ved å velja ut desse fire personane som representerer klart forskjellige ståstader og ulike blikk utover den sosiale verda, kan det argumenterast for at det ligg ei fare for å reindyrka forskjellane mellom dei, mellom anna fordi det er andre personar i utvalet som ikkje representerer like store forskjellar når det gjeld livsåskodingar, og andre som ikkje er karakterisert til å ha framstående grenser, men som trekk ulike skiljelinjer bortimot like sterkt. Eg meiner likevel at sidan dei ulike ståstadene *fins* i materialet, så er dei interessante å fortelja om.

Det at studien har henta sin empiri frå Stavanger er, som sagt, ikkje tilfeldig, og vert forsøkt løfta fram der det er relevant. Den sosiale lagdelingsstrukturen i Stavanger har vore gjennom omfattande transformasjonar sidan 1970-talet (Rosenlund, 1998, 2009). Sagt med ein klasseterminologi har mellomklassa og dei dominerande laga auka i storleik, og arbeidarklassa minka i relativ storleik. Vidare har fråskiljinga mellom økonomisk og kulturell kapital, eller utdanningskapital, vorte sterkare, noko som tyder at motsetningar mellom kulturelle orienteringar og økonomiske orienteringar har vorte sterkare. Begge desse prosessane er med å gjera lagdelingssystemet mindre oversikteleg, samanlikna med for nokre år sidan.

## **7.2 Grensedraging i tale om sosiale hierarki**

### *7.2.1 Moralsk grensedraging*

**Einar** er i midten av 60-åra og bur saman med kona si, Anne-Margrethe. Dei bur i ein romsleg einbustad på Mariero ca. 4 km. frå sentrum av Stavanger, og har to vaksne born som har stifta bo og familie ikkje så langt frå der dei sjølv bur. Einar har gjennom heile sitt yrkesliv drive innan handelsnæringa. I dag har han både «eit namn i byen» og ein god og trygg økonomisk posisjon. Han har hatt ei borgarleg oppvekst, men som så mange andre i byen opplevde foreldra hans som industrieigarar store utfordringar på 1960-talet. Dei gjekk konkurs, starta på ny, og tidleg i livet arva Einar verksemda han i dag driv. Han har gjort verksemda til ein suksess (stabil arbeidsplass og god inntening), trass eit vanskeleg utgangspunkt.

Einar er sjølvlærd og uttrykker stor yrkesstoltheit. Han meiner nøysamheit, rasjonalitet og ordenssans har teke han dit han er i dag, utan at han sjølv nyttar desse orda. Familien hans har det godt fordi han har jobba hardt og skapt noko, han har rydda veg for deira posisjon. I samtale om sosiale forskjellar og hierarki ytrar han: «eg føler at eg har ein veldig behagelig plass i samfunnet». Over han i hierarkiet er personar med høg(are) stilling og inntekt, seier han.

*Einar: eg treff jo veldig mange som (namn på fora dei treffes i), som gjerne vil visa kven dei er og kva dei gjer altså, men det...det er greitt nok det, det kan dei berre gjera, men eg bryr meg ikkje om det.*

Han likar å omgås personar som aksepterer han og som ikkje «bresar seg» eller hever seg på nokre vis gjennom veremåten sin, men han seier samstundes at «dei får berre halda på».

*Einar: Dei som føler seg over dette og som har ein heilt annan image, fordi dei gjerne...reiser mykje, gjer veldig mykje, gjerne brukar pengar på spesielle måtar, kjøper seg svær hytte og sånne ting, så er ikkje det...ting, folk som eg...gidd å blanda meg med altså. Men der er jo masse av dei som er...som av dei folka som sjølv sagt er hyggelege, og som... Og som du ikkje veit kva dei har, og kva de gjer. Det har noko med mennesketypen å gjera, altså.*

Vi ser at Einar tenkjer at personar over han i hierarkiet er personar som *har eller gjer* noko som har høgare status enn han. *Har* peikar på kva dei eig (materielle egedelar/økonomi) og *gjer* peikar på yrkestittel/posisjon. Dei som «veit» eller «kan» nemner han ikkje, noko som kan tolkast som at utdanning som kulturell grense og forskjell ikkje er like relevant for Einar når det gjeld kva forskjellar som utgjer ein forskjell.

Einar plasserer folk hierarkisk stort sett med grunn i sosioøkonomiske referansar som yrkesposisjon, inntekt og suksess, men moralske forskjellar trer òg fram som tydelege. Dei moralske kvalitetane ved folk er anten demparar på dei sosioøkonomiske, eller dei er sjølvstendige kriterium for vurdering av forskjellar. Einar avsluttar passasjen ovanfor med setninga «viss ikkje dei vil vera menneske så er de ikkje noko for meg heller» om personar som på ulike måtar har opplevd mobilitet eller er over han i hierarkiet. Eg antar at dette tyder *eit ordentlig menneske*, at det ligg moralske standardar om humane og gode verdier bakt inn i setninga, sjølv om han berre seier *menneske*.

Under seg i hierarkiet plasserer Einar folk som ikkje gidder, folk som «sluntrar unna på eit vis, og lar andre ta bøygen for seg». Han synes godt om folk som har skapt noko sjølv. Dette er forståeleg i lys av hans eiga historie (noko som gjeld breitt i materialet, folk synes godt om eller ser opp til folk som maktar det som er deira eige prosjekt, så å seie). Einar har sjølv jobba seg opp, skapt og vidareutvikla sin eigen arbeidsplass, og skaffa seg ein god økonomisk ståstad. Han er sjøvlærd i yrket sitt, og har slitt og

prioritert hardt og bevisst mellom jobb og familie, fortel han. Han tenkjer at andre med vilje og arbeidskraft kan klara det same. Dei som ikkje gidder, har slik seg sjølv å takka, og desse (manglande) eigenskapane, har han lite sansen for. Ein relevant forskjell mellom dei som har hatt suksess, er òg for Einar kor vidt dei rettar seg ærlege og audmjuke overfor det dei har skapt og den dei er, eller ikkje. Audmjukheit og ærlegdom er moralske verdiar som står høgt.

Eg finn difor grunn til å hevda at moral og moralsk karakter ligg langt framme i Einars mentale kart, og han nyttar i stor grad moralske standardar når han evaluerer folk og fortel om kva han tenkjer gjer folk ulike. Faber og kollegaer finn i ein studie av klasse og subjektive grensedragingar i Aalborg (2012, s. 189-197), at personar med anten ingen eller låg utdanning gjerne skil pengar og samfunnsmessig status frå personleg verdi og integritet. Viktigare er det å framheva seg sjølv som eit anstendig, hardtarbeidande menneske som tek vare på familien. Til liks med studia frå Stavanger, finn dei at fleire framhevar eigenskapar som å vera nede på jorda, å ha sterk arbeidsmoral, personleg integritet, å ikkje vera falsk eller gjera seg til, og dei tek avstand frå eliten med tilvising til at eliten har feil verdiar og opptreer dårleg (Faber, et al., 2012, s. 194). Dette har parallellar til Einar sin måte å tala om forskjellar på, og noko av det same skal vi sjå hos Inger i det følgjande.

### *7.2.2 Moralsk grensedraging*

**Inger** er ca. 65 år, enke og har to vaksne born. Ho er oppvaksen i Stavanger sentrum, og hadde ei mor som var frisør og ein far som arbeidde på fabrikk. Bestefar hennar hadde ein butikk i sentrum av Stavanger. Sjølv har ho vore reinhaldar i over 30 år. Den eine sonen hennar er sosionom og den andre er for tida arbeidsledig. Ein av sønene har gitt Inger to barneborn. Inger bur åleine i eit rekkehus på Kvernevik, i ei leilegheit som ho eig. Ho er glad for at ho har eit lite ekstra soverom i leilegheita, for då kan ho ha barneborn på overnatting.

Om foreldra sin plass i eit samfunnsmessig hierarki seier Inger:

*Inger: (...) men eg trur dei var sånn midt på, eg trur ikkje der var noko sånn, men ... eg trur nok dei klarte seg sikkert bra under krigen i og med at dei hadde den butikken i alle fall. (...)*

*Merete: Ja. Og du, har du opplevd at ... at de har hatt til det de treng?*

*Inger: Å ja! Men ... ikkje meir heller. (...) det måtte ... ta taring etter næring, veit du, du kunne ikkje berre seie ... Eg trur mine ungar fekk det betre og mine barnebarn har det sikkert mykje betre. Men om dei er så mykje meir lykkelege fordi dei har så mykje ting, eg trur ikkje det, eg trur ikkje det skal målast i ting.*

Det verkar å ha vore fleire opp- og nedturar i familien til Inger, med det Inger legg vekt på då ho får spørsmål om kva ho tenkjer om sin plass i eit samfunnsmessig hierarki, er å fortelja om at hennar born har fått det betre enn ho sjølv hadde, og at barnebarna igjen har fått det endå betre. Ho snakkar ikkje isolert om sin notidige posisjon i samfunnet, men med å – i lys av historia til hennar familie – visa at etterkomarane hennar har fått betre posisjonar og velstandsnivå enn ho samla sett har hatt (hadde). Inger uttrykker at ho har gjort sitt for at etterkomarane skulle få det betre enn ho sjølv, og at sjølv om dei i hennar familie har hatt vanskelege utgangspunkt og strevd økonomisk, så har dei kome ut på rett side. Inger si forteljing om seg sjølv i relasjon til samfunnets lagdeling, er tydeleg ei historie om verdigheit. Ho uttrykker både takksemnd og kritikk overfor velstandsauka som ar treft byen gjennom statusen som oljehovudstad. Ho erkjenner at noko har drypt på hennar familie og ho sjølv, men samstundes at mange har nytt langt større fordelar enn ho.

På spørsmål om kven som har nytt godt av velstandsutviklinga i regionen, svarar ho:

*Inger: Det må jo verar desse her som er i desse herre toppane i oljeselskapa og sånne ... og så sånne bedrifter som er i relasjon til det. Sant, som leverer noko til oljeindustrien, alt dette her som har dukka opp no. Så er der jo mykje, for du ser jo bøndene, dei har jo ikkje ... lika mykje (...) lærarane dei har jo kava og slitt. Dei er jo ikkje noko sånn høgt på strå. Og før var jo det eit veldig flott yrke, liksom. (...) Lærarane og presten og sånn, så no er det jo dei som er i olja*



*som liksom ... så blir det litt gjerne skeivt, akkurat det. For alle kan jo ikkje følge med.*

Inger snakkar her om at oljerelaterte yrkesposisjonar har vore og er vinnarane i dagens økonomiske system, og at ikkje-oljerelaterte yrke, ho nemner lærar og prest, ikkje har opplevd liknande verdistigning, korkje i økonomisk (løn) eller symbolsk anerkjenning (anerkjenning frå omverda). Samstundes gir ho til kjenne at på mange område er ho nøgd med eigen posisjon og eigne moglegheiter.

Måten Inger talar om korleis ho har opplevd reinhaldaryrket og endringar i status og syn på yrket på hennar konkrete arbeidsplass, gir assosiasjonar til Bourdieu sitt omgrep om kroppsleggjoring av avgrensingar hos arbeidarklassa (1984). Inger fortel at ho er nøgd med at lærarane og rektor ved skulen ho vaskar på i dag vender seg mot reinhaldarane som ein del av staben. «Eg hugsar med ein gong eg byrja, så var dei veldig ... dei eldre lærarane, veldig ovanfra og ned. (...) Og til og med han rektoren (...) han såg *gjennom* deg og gjekk forbi». Inger uttrykker glede over i dag å få lov til å innta lønsjen på eit felles personalrom, samanlikna med tidlegare då ho og reinhaldarkollegaene hennar sat i trapper eller andre stader, medan lærarane åt på «lærarværelset». Før var hennar yrkesgruppe ikkje medrekna personalet, det er dei i dag. I bourdieusk forstand vil ein seia at Inger er tvungen til å akta (høgt) det som er innan hennar rekkevidde, at ho på sett og vis har kroppsleggjort det å forventa lite. I relasjon til mange andre utsiktspunkt i det sosiale rommet, har Inger låge forventningar til kva det er mogleg og tenkjeleg å be om (ref. t.d. arbeidstid, lønn, hjelpemiddel, fritid, respekt).

Det å ha tid til familie vert av Inger sett opp mot jag etter yrkesstatus og suksess i arbeidslivet. Inger liknar slik andre frå lågløna arbeidarklasseposisjonar gjennom at ho kritiserer personar som prioriterer karriere over familielivet (Skilbrei, 2003). Familien si evne til å prioritera å samlast rundt middagsbordet brukar Inger som eit slags mål på om ein evner å prioritera familie (evner å ta moralsk rettmessige val).

*Inger: Mor min ville vi skulle sitja og ha middag saman. Så ... eg trur det er viktig, det. Å, å sitta, snakka om kva du har gjort og ... ha liksom den der*

*konversasjonen over ... eg trur den er viktig. Så akkurat det ... det er ikkje sikkert alle har det. I den her travle tida. For eg synes det ... når du høyrer om det og ... i alle fall sånne politikarar, så er dei i dét møtet og dét, altså «Kvifor har du fått barn, då»? For dei ser jo ikkje mykje desse foreldra.*

Det å samla familien til middag er noko både Inger og mor hennar igjen både har praktisert og vektlagt. Ikkje alle har tid til å innta måltider saman med heile familien til stades i dag «i den her travle tida», seier ho, og stiller spørsmål om enkelte rett og slett burde tenkt seg om to gonger før dei fekk born, når dei gjennomgåande nedprioriterer dei i plassen for karriere og travle liv. Politikarar er yrkesgruppa som i dette tilfelle står fram for Inger som ei av dei travlaste. «Eg trur det er betre at ein (å ha) mor og far som er til stades, som ikkje spring på 50 000 møter, sant?». På same måte som for kvinnene i Skilbrei sitt studie (2003), som er reinhaldarar og daglegvaretilsette, finn Inger mening og verdigheit i familielivet, og ikkje gjennom arbeidet sitt.

Inger refererer til inntekt, yrkesposisjonar og titlar i si vurdering av forskjellar og sosiale hierarki, og til korleis vurderinga av desse har endra seg med «oljå». Men sentralt er òg at dei sosioøkonomiske grensene, som hos Einar, vert vurdert opp mot og sett saman med moralske. Dei sosioøkonomiske forholda heng tett saman med moral – det kjem an på korleis personar moralsk taklar dei sosioøkonomiske ståstadene sine. Her kan òg nemnast at utdanning ikkje er ein relevant forskjellsskapande mekanisme i hennar forteljing om og forståing av forskjellar.

### *7.2.3 Kulturell grensedraging*

**Sjur** er i midten av 30-åra, fødd og oppvaksen i Stavanger. Han har høgare utdanning innan samfunnsvitskap/humaniora og arbeider som lærar. Han er gift og har ei jente på 10 år. Saman bur dei i eit rekkehus i Bekkefarete, nokre få kilometer frå sentrum av Stavanger.

Foreldra til Sjur har begge høgare utdanning. Far hans har arbeidd store delar av sitt yrkesliv i ei oljerelatert bedrift, og Sjur definerer seg på mange måtar i opposisjon til foreldra sine. Han ytrar seg kritisk til oljeverksemda, til at oljebransje skapar materialisme, og sjølv om han sjøve ikkje har erfart Stavanger før oljetida, seier han at med den forståinga han

har av eit hypotetisk tenkt pre-olje-Stavanger: «Så likar eg nok kanskje det betre enn eg likar det nyrike Stavanger». Synet på faren sin jobb, selskapet han jobbar i og oljeverksemda generelt, endra seg for Sjur då han vart vaksen. «Så blir du eldre og så skjønner du at det ikkje er så bra likevel», fordi selskapa og dei som arbeider der «sannsynligvis (er med på å) øydelegga jordkloden». «Vi er med på å pumpa opp skitten energi. Og vi bruker pengane på drit, stort sett».

*Sjur: Det er vanskeleg å seia noko om olja men viss du ser materialismen, då, som veks fram, så er jo ikkje eg nokon tilbengar av den. Nei, eg er ikkje det. Eg synes det er kvalmt. Det er nyrikt. Og det er ein Høgre-by dette her. Og folk er veldig ego.*

Han ytrar seg kritisk til forbruk og materialisme generelt, og til eit forbruk som har løypt løpsk. Eit døme på det løpske forbruket i følge Sjur personar som kjøper seg sykkel til 40.000 kroner for å delta på sykkelmeisterskapet «Nordsjørittet» som går ein gong i året. Og som etter å deltatt i løpet, legg ut sykkelen for sal til halv pris. «Det er jo ikkje normalt å kjøpa sykklar til 40.000. Altså, det jo ikkje det». Heller ikkje å vera nøgd med eit så stort økonomisk tap for ein gongs bruk. Eit anna døme på Sjur sin kritikk mot ein sterk allstadnærverande forbrukskultur, er synet hans på og avstandstakinga til kjøpesenteret Kvadrat (4. største kjøpesenter i Noreg med 160 butikkar). «Kvadrat er jo...Kva skal eg seia om Kvadrat. Det er ein *fæl* stad altså. Verkeleg fråtsing, altså. Grådige blikk».

På spørsmål om kva han likar i folk seier han at intelligens er viktig, høg utdanning og ei eller anna form for kulturell interesse. Det som er felles for dei han reknar som sine vennar er nettopp det ovannemnde, i tillegg til at dei er snille og på venstresida politisk. Han distanserer seg frå «finansgutta», frå «samfunnsbærarar som Sevland<sup>35</sup> og dei folka der» og frå personar som markerer seg med ting og gjennom forbruk. Han fortel om ein fest han var på ein gong, der bortimot alle var økonomar «og så var det meg». Det var mykje snakk om hedgefond og slikt, fortel Sjur, og han

---

<sup>35</sup> Leif Johan Sevland, tidlegare polititar for Høgre og ordførar i Stavanger frå 1995-2011, no direktør for olje-messa ONS (Offshore Northern Seas).

seier «dei tøffar seg jo veldig, nokon av dei der finansgutta (...) dei er jo veldig på den der ... Nordsjørittet og reisa dyrt, altså. Altså, dei markerer med ting. Eller med forbruk». Og han avsluttar med: «dei er jo berre kjedelege. Altså eg kjeder meg *ihel* med dei folka der. Verkeleg».

Det at Sjur set kunnskap høgt, skin gjennom mellom anna når han snakkar om kva han ønskjer å gi vidare til dottera og i korleis han vurderer elevane på skulen han underviser ved. «Respekt for kunnskap», «ikkje synes at kunnskap er uinteressant eller flaut», å «læra kulturar å kjenna», å «læra om europeisk kultur», er ord han nyttar og som har positiv valør for han. Av same grunn er Sjur kritisk til elevars disinteresse og manglande allmennkunnskap, og det han vurderer som ei slags predefinert haldning hos nokre om at skole er keisamt. «Ein gong høyrde eg eit sitat om George W. Bush. Dei sa at han har intellektuell kapasitet, men ikkje intellektuell interesse. Litt sånn føler eg kan vera ei nemning på enkelte av dei (elevane hans). Dei ser ikkje verdien av kunnskap lenger». Dette viser Sjur si sterke oppvurdering av kunnskap. Sjur er ein av dei i utvalet som trekk dei hyppigast og skarpast kulturelle grenser, og dei kulturelle grensene trumfar dei andre.

#### *7.2.4 Sosioøkonomisk grensedraging*

**Lise** er ca. 35 år, utdanna førskulelærer og arbeider som pedagogisk leiar i ein barnehage. Ho har tre born saman med ektemannen, Frode. Dei bur i ein vertikaldelt tomannsbustad på Vaulen, ca. 6 km. Frå sentrum av Stavanger. Frode er elektrikar. Far til Lise er ingeniør og mor hennar har arbeidd som lærar. Lise er personleg kristen, opptatt av trening og familie, og er ikkje kulturinteressert.

Lise er fødd på slutten av 1970-talet og i heile hennar levetid har Stavanger vore ein oljehovudstad. På spørsmål om korleis ho tenkjer olja har påverka byen og folk som bur her, trekk ho ikkje linjer tilbake i tid. Ho talar om at olja har gjort til at det har vekse fram ein vill bustadmarknad, til at det er mange rike folk i byen og til at tilvære har vorte «ekstremt sånn materialistisk». Lise kjenner seg sugd inn i dette. Ho seier: «vi blir jo dratt inn i denne materialismen, alle, viss ein lar seg vera med på det. Eg merkar no når vi har kjøpt hus, du...du lar deg jo, du ønskjer jo på ein måte å visa at du får det til du òg». Ho er ikkje utprega kritisk til korkje oljeverksemnda

eller til materialismen i nemneverdig grad, men forsøker å handtera den på rette måtar på det personlege plan.

På spørsmål om det er nokre grupper i samfunnet som ikkje får den anerkjenninga dei fortener, ytrar Lise at yrkesgrupper som sjukepleiarar, hjelpepleiarar, førskulelærarar, vaskehjelpar – yrke som er heilt nødvendige i samfunnet – får altfor låg løn samanlikna med andre yrke. «Eg synes det er veldig dumt at det skal vera så store forskjellar». «Vi blir liksom berre bedne om å bretta opp armane...(...). Så dei rike blir berre rikare, det er jo sånn det er». I desse utsegna kjem det til overflata at ho meiner her er urettferdige forhold, men ho verkar på sett og vis resignert i forhold til kva det er mogleg å gjera med dette. Samstundes kjenner ho seg sjølv som rik i somme høve, gjennom at ho og mannen har arva pengar som gjer til at dei kom i posisjon til å kjøpa seg ein einestad, i tillegg til at dei har hytte. At desse sosioøkonomiske faktorane ikkje er like som for kollegaene til Lise, det at mange av dei har mindre enn dette, synes ikkje Lise berre er greitt.

Som nemnd i kapittel 6 les ikkje Lise bøker, og dei har ingen bokhyller. «Eg synes det er keisamt å setja meg ned å lesa. Eg vert så rastlaus». Ho trur heller ikkje så mange av vennane lesar bøker. Dei har ikkje tid og dei prioriterer annleis. Når vi talar om arkitektur navigerer ho etter alder og kva ein har råd til, altså sosioøkonomiske faktorar. Kulturelle grenser er bortimot fråverande.

Når det gjeld kven ho kjenner seg lik og ikkje lik, og kven som er hennar vennar, fortel Lise at ho trivs saman med folk som er oppteken av dei same tinga som ho. Då veit ein at ein ønskjer å snakka om dei same tinga. Akkurat no i livet hennar, handlar dette mykje om born. På spørsmål om kva personar ho ikkje trivs med, eller til og med veit at ho unngår («dette kunne ikkje vore min venn»), seier ho, noko tilbakehalden, at «viss du føler at du sit med ei kjensle av at du ikkje strekk til, at du føler deg liten i forhold til dei.(...) det kan gå litt i misunning og at dei har ein personlegdom som berre får deg til å føla at: uff. Tenk om eg òg kunne vore litt sånn». Folk som får Lise til å føla seg utilpass av denne typen, søkjer ho å unngå. Når det gjeld kven som kan få ho til å kjenna slike kjensler, seier ho «men der er jo nokre som berre får til *alts*». Eg spør kva desse får til, og Lise svarar at «der er jo nokre du berre føler at er så vellykka, og dei har liksom...dei får til hus, dei får til hage, dei får til...dei går på alt mogleg, dei går og trener

heilt sykt mykje. Dei har dei rette kleda og...men det er klart at det er nokre som skil seg ut. Men eg trur eg hadde blitt litt stressa av å omgås sånne folk». Det desse personane får til, som Lise omtalar som *alt*, refererer stort sett til sosioøkonomiske og materielle forhold. Det er hus, hage, og ytre framtoning og utsjånad som veltrent kropp og rette klede. I tillegg seier Lise at dette har å gjera med «kor godt ein får det til med borna». Set vi denne ytringa opp mot til dømes Sjur si oppfatning av kva livsaspekt han aktar høgt (som kunnskap og intelligens og snillheit som vi såg ovanfor), ville ikkje det *altet* som Lise referer til hos dei som klarar *alt*, vera det same *altet* som Sjur ville referert til om han skulle tala om personar som får til alt.

### 7.2.5 *Samanfating*

Gjennom desse fire personane sine måtar å skilja mellom, og setja opp grenser mellom, objekt, praksisar og folk, syner det seg nokre forskjellar og nokre likskapar. Deira «standards of hierachization» (Lamont, 1992, s. xxix) er organisert rundt moralsk karakter, kulturelle forhold, og verdsleg suksess, «although their sense of boundary might at times combine multiple themes» (ibid).

Det at desse fire personane vektlegg anten moralske, sosioøkonomiske eller kulturelle aspekt i si livsåskoding, og spesielt i si oppfatning av sosiale hierarki, tyder som nemnd ikkje at dei ikkje refererer til fleire aspekt i si forståing av forskjellar mellom folk. Det er likevel slik at dei vektlegg enkelte skiljelinjer meir enn andre, og at i samtale om ulike typar forskjellar står enkelte fram som sentrale. Einar (65 år, vidaregåande skule, handelsmann), til dømes, trekkjer i stor grad grenser med basis i moralske forhold, og vurderer forskjellar og hierarki mykje i relasjon til korleis ein moralsk handterer desse forskjellane. Inger (65 år, ungdomsskule, reinhaldar) refererer i stor grad til sosioøkonomiske forhold i måten ho talar om forskjellar, sosial ulikskap for ho handlar i stor grad om inntekt, posisjon og suksess, men Inger set òg desse forskjellane gjennomgåande saman med moralske standardar (med ref. til t.d. menneskeverd, det å vera arbeidssam, personlege kvalitetar og liknande.). Sjur (35 år, >5, lærar) til samanlikning, trekkjer sterke kulturelle grenser i plassen for dei andre formene for skiljelinjer. I Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærar) sine mentale kart er sosioøkonomiske forhold langt framme

når ho talar om sosial ulikskap, slik som inntekt, formue, yrkesposisjon og materiell suksess.

På ein måte representerer utvalet av desse fire personane ei form for reindyrking av forskjellar. I jakt på variasjon og mønster er det gjerne lett å fokusera på forskjellar snarare enn det som foreinar folk sosialt sett. Dei fire personane, Einar, Inger, Sjur og Lise, står objektivt sett langt frå kvarandre i det sosiale rommet. På same tid er forskjellane mellom dei «forskjellar som fins», og det er andre personar eg kunne ha vald som ville representert like stor variasjon i måtar å sjå på og tala om den sosiale og kulturelle verda på. Det er likevel eit poeng i forskning på klassifisering og kategoridanning at den «should not only be about distinctions that people draw between themselves and others, but about similarities and alliances that are imagined and forged with people. With regard to culture, this is to recognize that people will have similar as well as different tastes in reading, films and so on, and these might not matter so much to people either» (Devine, 2010, s. 154). Eg ser dette som ei presisering av at i studiar av forskjellar og ulikskap, vert utforska og reflektert kring kva situasjonar forskjellane tyder noko i og ikkje, og på kva måtar.

På linje med Van Eijk sin studie av hierarkioppfatningar frå Nederland, kan eg seia at intervjuar viser at «people draw class divisions based on multiple types of boundaries, which corresponds with Lamont's distinction between socio-economic, cultural and moral boundaries (2013, s. 6). Når det gjeld utvalet frå Stavanger i sin heilskap, så er enkelte meir tilbøyelege til å verdsetja kulturelle og estetiske livsområde, andre er tilbøyelege til å referera til yrkesmessig og pekuniær suksess, og atter andre legg i relativt stor grad tyngd på moralske forhold, anten som ei oppvurdering av moralske standardar dei set høgt, eller som ei vegring mot å tala om sosial ulikskap og ein opposisjon mot at moral er for lite til stades i vurdering av folk og praksisar. Det å knyta sosioøkonomiske forhold til hierarki – altså å vurdere ulikskap med referanse til yrkesposisjon, økonomiske forhold og verdsleg suksess – vert gjort av alle, stort sett på tilforlateleg vis, men for nokre er dette problematisk (det skal eg koma tilbake til). Mange refererer til moral og moralske standardar, som til dømes ærlegdom, korleis det er greitt å koma seg «opp og fram», Jantelova, det å vera arbeidssam, omtanke for andre og prioriteringar innan familielivet.



Den moralske grensedraginga er spreidd i ulike delar av det sosiale rommet, men er sterkare blant dei med lågt kapitalvolum. Kulturelle grensedragingar er òg på eit vis utbreidd i tale om sosiale hierarki og vurderingar av folk, praksisar og objekt, men det er utbreidd blant informantar med høgare utdanning (spesielt hos kulturfraksjonen). Å leggja trykk på kulturelle grenser i vurdering av folk, objekt og praksisar, handlar som nemnd tidlegare om å gi tyding til smak og livsstil, utdanning og kultur i italesetjing av forskjellar.

Oppsummert sett:

- sosioøkonomisk grensedraging er spreidd i heile rommet
- moralsk spreidd rundt i rommet, men har størst hyppigheit i nedre del av rommet
- om den ikkje er svært utbreidd, så fins det skarp kulturell grensedraging i øvre del av rommet (spesielt på overvekt av kulturell kapital-sida)

Desse ulike livsaspekta («worldviews»/«outlooks»), som ein kan kalla forskjellsoppfatningane, har slik varierende nærvær i informantane sine førestellingshorisontar. Kva gjeld kulturfraksjonen er her samsvar med det Jarness finn: at kulturfraksjonen avviser prangande materielt konsum hos dei rike, samstundes som dei ser utdanning, kunnskap, intelligens og ei viss form for estetiske preferansar som relevante for kva som skil dei sjølv frå andre (2013b, s. 189).

Sjølv om eg stort sett handsamar dei tre formene for symbolske grenser som skild frå kvarandre, kan det vera på sin plass å poengtera at det ikkje *naudsynleg* er sterke motsetnadsforhold mellom dei ulike grensene, men at dei snarare kan vera samanvovne og verka forsterkande på kvarandre (Jarness, 2014, s. 245). Til dømes viser Jarness korleis middel- og overklassefolk markerer avstand til sympatisørar av det politiske partiet FrP, *både* gjennom moralske *og* kulturelle referansar, og at desse verkar forsterkande på kvarandre. Han viser òg at personar trekk ulike grenser mot representantar dei reknar for over seg hierarkisk og personar dei reknar for under seg hierarkisk. Avstand oppover vert gjerne trekt med referanse til moralske evalueringskriterier, avstand nedover vert i større grad trekt med referanse til kulturelle og sosioøkonomiske repertoar (ibid). Dette illustrerer



at grensedraging ikkje berre varierer i styrke og hyppigheit, men at dei ulike grensene opererer saman og avhenger av kva grupper dei vert trekt mot.

Eg skal no gå vidare til å utforska oppfatningar av sosial ulikskap gjennom eit anna inntak, nemleg gjennom fokus på tydingar som vert tillagt kjennemerka utdanning og rikdom.

### **7.3 Oppfatningar av spesifikke sosiale kjennemerke**

Utdanning og rikdom er på eitt nivå objektive kjennemerke og kriterium for forskjell og ulikskap. Vidare er dei kjernane i dei to kapitalformene kulturell kapital og økonomisk kapital (Bourdieu 1984). Kulturell kapital vert ved somme høve kalla utdanningskapital, sjølv om omgrepet ikkje kan reduserast til berre det. Kulturell kapital er eit flytande og relasjonelt konsept (Prieur & Savage, 2013, s. 4), som på generelt nivå viser til utdanning, kunnskap, danning og meistrin av kulturelle uttrykk. Rikdom, på den andre sida, er i si økonomiske tyding, referanse til høg inntekt, formue, aksjar, eigedomar og velstand. Rikdom angir høg økonomisk kapital.

På same måte som at folk legg ulike tydingar til forskjellar og likskapar når det gjeld smak og livsstil (ref. kap. 6), er det ikkje gitt på førehand korleis ulike folk oppfattar rikdom og utdanning. Eg skal visa kva tydingar informantane legg til dei to sosiale kjennemerka, og spørsmål eg søker svar på er: korleis forstår dei utdanning? Kva gjer utdanning med dei som har det? Korleis ser dei på rikdom? Og, - gitt den velståande konteksten dei bur i - kva sider ved rikdom kan eventuelt vera problematiske? Igjen er det eit mål å illustrera variasjonen i oppfatningar som fins mellom informantane, og mønster i denne variasjonen.

#### *7.3.1 Utdanning*

Informantane har ganske ulike oppfatningar av kva utdanning tyder og kva det gjer med den som har det. Oppfatningane deira heng saman med kor i den sosiale strukturen (eller rommet) dei har sine utsiktspunkt frå. Utdanning vert oppfatta som:

- eit middel til (å nå høgare) sosial og økonomisk posisjon
- som fagkunnskap

- som samfunnsnytte
- som eit identitetsskapande kulturelt danningsprosjekt (jfr. Bildung eller allmenndanning), og
- som noko som er meir eller mindre utanfor tolkingsrepertoaret, og derav ikkje forskjellsskapande i det heile.

Utdanning som eit middel til å nå spesifikke økonomiske og sosiale posisjonar er ei instrumentell forståing. Utdanning vert i denne referanseramma ein måte å skaffa seg «sikker jobb og inntekt», «gode og greie jobbar», til «å klara seg i livet» (alle informantutsegn). At utdanning skapar økonomisk fridom er sentralt for dei. Fridom både som i sjansar utdanning gir, men òg som at ein slepp å verta kunstnar, frisør eller «kassadama», som er blant yrka som vert nemnd som lite ønskjelege, «låste», og som ein kan «fri seg frå» gjennom utdanning.<sup>36</sup> Frank (35 år, 1-4 UH, banktilsett), som sjølv har tre års økonomisk utdanning, seier då han blir spurd om han har nokre tankar om kva han ønskjer borna hans skal jobba med, at han håpar dei får høge utdanningar. «Uansett kva dei vel å jobba i, så håper eg dei får høg utdanning, så dei gjerne kan, ... må dei skifta jobb så har dei moglegheit til det. Så eg håper at dei fortset med å studera lengst mogleg». For Frank er økonomiske aspekt, økonomisk fridom mogleggjort av utdanning, viktige. Han seier: «Eg unner dei økonomisk fridom. ...og då, eg håper dei ikkje vel lågt lønna yrke». Viktig for Frank er at borna hans ikkje «låsar» moglegheitene sine ved å slutta å studera for tidleg, eller ved å velja låge utdanningsspor.

Erna (65 år, vidaregåande skule, sekretær) har ei liknande instrumentell form for forståing av utdanning. Ho talar om at utdanning gir folk gode jobbar og gode løningar. Erna legg stor tyngd på dei økonomiske moglegheitene som ligg i det å ha utdanning.

*Merete: Og tenkjer du at det er andre typar forskjellar i Stavanger i dag, på grunn av oljen, eller at hierarkia er annleis?*

---

<sup>36</sup> Her er unekteleg interessant at kunstnaryrke vert koplå saman med tradisjonelle låglønsyrke, Frank (30+, 1-4 UH, banktilsett) gjer det. Det er som om Frank tek den kulturelle kapitalen vekk frå yrket, ikkje ser eller vektlegg den, og berre vektlegg dei økonomisk usikre aspekta som for mange følgjer ved yrket. Yrket har svært liten prestisje hos Frank.

*Erna: Ja, det er det sikkert. Og det har nok og med pengar og status og sånn å gjera, at det er forandra.*

*Merete: Korleis har det forandra seg, og kven har det kome til gode trur du?*

*Erna: Ja, det har vel kome til gode med dei som har kome seg høgast opp i hierarkiet, som har fått seg ... Men det har jo òg med utdanning å gjera, fordi at dei får jo dei betre jobbane og får meir pengar.*

For Erna verkar ikkje utdanning vera differensiert i tydinga at ulike typar og nivå av utdanning kan tyda forskjellige ting, eller gje ulik tilgang til samfunnets gode og byrder, men generelt betre tilgang. Ho latar til å sjå utdanning på «udifferensiert» vis, som eit middel til å oppnå spesifikke yrke, posisjonar og anerkjenning. Erna nyttar utdanning som ein forklarande faktor for kvifor enkelte har lukkast i å koma seg oppover i det lokale samfunns hierarkiet. Dette skil seg frå til dømes synet til Helge (65 år, 1-4 UH, ingeniør) som legg vekt på bortimot det motsette, at det er personar med lite eller kort utdanning som i mange høve har vorte dei økonomiske vinnarane i Stavanger.

*Helge: Du ser jo at ein automatteknikar kan få ein million kr i byrjarløn berre han går på eit par års utdanning, det er ikkje...i desse dagar kor du veit at folk med bachelor og sjukepleiarar eller førskulelærarar streiker for å kanskje få 350 000 i året, så er der ein som går ut og får ein million, det er ikkje sunt. Det er eg ikkje stolt over.*

Helge talar om utdanning stort sett som noko som gir sjansar for spesifikke yrkes- og samfunnsposisjonar, og som gir eit virke for å klara seg økonomisk. Han talar om kva yrkesmoglegheiter og lønnsnivå utdanning opnar eller lukkar for. Han legg ikkje vidare stor vekt på at utdanning kan vera allmenndanning/danning eller noko som er med å forma folk sine identitetar og sjølvbilete. Ikkje slik å seia at han ikkje kan synes dette er viktig, eller har dette som ei del av sitt repertoar, men desse aspekta ligg i alle høve ikkje langt nok framme i hans mentale kart til at det kjem opp i eit intervju der det er tale om utdanning. Og i motsetnad til Erna gir Helge uttrykk for at han ikkje er einig i yrkesgruppers lønnsstruktur av i dag.

Nokre få av informantane (nærare bestemt to), knyt utdanning til det ein kan kalla fagkunnskap, det å læra seg eller å meistra eit fag eller eit handverk. Birger (65 år, vidaregåande skule, tømrrar) og Kenneth (65 år, vidaregåande skule, industriarbeidar) refererer til utdanning og brukar omgrepet som det å skaffa seg fagbrev gjennom yrkesfagleg skule (altså vidaregåande opplæring etter fullført 10 års obligatorisk skulegang). Kenneth og Birger har sjølv yrkesfaglege fagbrev. Begge talar dei om korleis dei har rådgjeve sine eigne born med tanke på utdanningsval og vegval, kva dei ønskte for borna si framtid osv. Birger fortel om at han la trykk på at borna ikkje måtte sluntra unna leksene.

*Birger: (...) fordi at det kostar litt å så koma seg fram i verda, sa eg. Og viss du vil bli tømmermann eller eit eller anna, eller du vil bli noko anna, sa eg, så må du gjera leksene.*

I plassen for å tvinga dei til å gjera lekser, ville han heller leggja vala over på dei sjølv.

*Birger: Det er jo å velja då, då må du enten gjera leksene, eller så må du... tenka på når du blir stor, så får du deg ein vaskejobb», sa eg. «Eller så må du sitte på REMA 1000», sa eg. «Kassa», sa eg. «Eller så må du gjera leksene», sa eg, «for å så komme deg vidare».*

For Birger er døme på det å ikkje koma seg fram i verda, å måtte sitja i kassa i ein butikk eller å arbeida innan reinhald. Hans eige yrke, tømrrarfaget, står i kontrast til desse ved at tømrraryrket inneber å ha kome seg fram, å ha lært seg eit fag. Kenneth, som er industriarbeidar, har òg oppmoda borna sine til å læra seg eit fag, til «å gå i lære» som han seier. Han ønska ikkje dei «skulle gå gjennom livet å ikkje kunna noko». Utdanning er i denne referanseramma eit fag og eit handverk. Og motsetnaden til utdanning, så å seie, er å ikkje kunna noko.

Ei anna forståing av utdanning som syner seg i utvalet, er den som ser utdanning på eit meir overordna samfunnsmessig nivå, som samfunnsnytte. Peter (65 år, >5, siviløkonom) til dømes talar om høgare utdanning som ein eigenskap og eit aspekt som er viktig både for han sjølv

og for samfunnet og næringslivet. Sjølv har han gjennom si utdanning og sine yrkesposisjonar nådd eit nivå av økonomisk handlefridom og innflytelse som er langt frå det foreldra hans hadde (dei var bønder). Men Peter snakkar ikkje primært om det personlege utviklingspotensiale ved utdanninga, om dannelsingsreise og påverknaden denne har på «kven ein er og kven ein vert» (sjølv om ikkje dette lukkar ute at han er oppteken av og kjenner på dette òg). Han gir derimot lange narrativ om viktigheita av utdanning sett frå samfunnet si side. I kraft av at han sjølv er ei samfunnsstøtte, så å seia, tek han perspektivet der han vurderer behova for utdanna arbeidskraft på eit generelt plan. Peter snakkar om utdanning frå eit bedriftsøkonomisk og samfunnsnytte-perspektiv. Samfunnet vil trenga intellektuell arbeidskraft framover, difor må Rogalandsungdomen velja lengre og mindre praktiske utdanningsvegar enn dei har gjort til no, - difor er det bra med Kulturhovudstadsåret, - difor er det bra at Stavanger som by klarar å gjera seg attraktiv på alle mulige vis, seier han. Utdanning er viktig fordi leiarar i store internasjonale selskap svarar unisont på spørsmålet om kva som er den største utfordringa i bedriftene sine: «access to good people», ytrar Peter. Etter kvart som manuelle former for arbeid og delar av produksjonsrekkejer vert flytta utanfor Noreg sine grenser, står ein att med at berre det mest sofistikerte vert produsert og installert hos oss sjølve.

*Peter: Og det betyr jo at vi må ha meir intellektuell arbeidskraft, altså om 20 år, enn det vi har i dag. Difor er eg bekymra for at det ikkje har hatt den statusen som det burde ha, å ta ei akademisk utdanning. Derfor er det viktig med universitetet som ei sånn fyrlykt oppå Ullandhaug. Altså symbolet på at dette er eit samfunn i endring. Derfor er det viktig med eit kulturhovudstadsår der politikarane til dei gradar set kultur på kartet og er villige til å bruka pengar på det. Legga ned grunnsteinen for eit nytt konserthus. Altså at...Stavanger blir sett på som ein interessant by å bo i.*

Denne referanseramma for kva utdanning er, kvifor det er viktig og kva det gjer med ein by (heller enn enkeltmenneske), skil seg frå vektlegging av utdanning som eit personleg dannelsingsprosjekt. Det tyske ordet Bildung peikar på sistnemnde forståing av utdanning, som personleg og kulturell

modning. John (65 år, >5, jurist) talar mellom anna ut frå denne forståingsramma. Han talar om at med utdanning kjem modning, evne til å kommunisera og reflektera, og han tenkjer at hans eigne foreldre si mangel på utdanning er grunn til at dei i si oppsedarrolle la vekt på *konkrete* ting i motsetnad til abstrakte. Tom (65 år, 1-4 UH, pensjonist), som sjølv er lei for at han ikkje fekk sjansen til å ta lengre utdanning enn 3 år, og som difor er veldig glad for at borna hans har det, talar om utdanning som ei retning for livet, ei retning som opnar for visse livsmoglegheiter. Liv (65 år, >5, lærar) råda borna sine til å velja med hjartet då dei skulle ta studieval. Ho oppmoda dei ikkje til å tenkja at dei skulle ha noko å falla tilbake på, å velja noko sikkert, men tvert i mot velja ut frå ei indre overtiding og interesse. Informantar som talar om utdanning som personleg danning og identitet, talar om at akademiske dimensjonar påverkar kven du vert og er som menneske, og kven du går i lag med, og dei reknar utdanning for å ha eigenverd, utover potensiale det gir til å skaffa jobb og økonomisk handlefridom.

Utover dei ovannemnde forståingsrammene for utdanning, er det i tillegg nokre som ikkje vektlegg utdanning i det heile. Hos desse verkar utdanning vera utanfor den umiddelbare førestellingshorisonten. I intervju med Einar (65 år, vidaregåande skule, handelsnæringa), Mona (65 år, vidaregåande skule, førstekonsulent), Inger (65 år, ungdomsskule, reinhaldar), Signe (65 år, vidaregåande skule, heimeverande), Anna (65 år, vidaregåande skule, butikkmedarbeidar) og Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærar) kjem ikkje utdanning fram som relevant i det heile. Ikkje som ein forskjell som gjer til at folk er ulike, ikkje som eit middel, ikkje som definerande for smak, eller for hierarkisk plassering. Utdanning, anten i den eine eller andre tydinga, som objektiv skilnad (grad og utdanningspapir), eller som noko som er viktig for andre om ikkje for ein sjølv, er ikkje ein sentral forskjell. Utdanning kan i så måte ikkje reknast som ein sosial markør for dei. For Signe (65 år, vidaregåande skule, heimeverande) til dømes verkar det vera større avstand til folk som har latt pengane gå til hovudet på seg – dei nyrike som har letta litt frå bakken – medan utdanning ikkje er til stades som relevant kategori å samanlikna seg med for ho.

Det å til dømes sjå på utdanning som eit identitetsskapande dannelsingsprosjekt lukkar ikkje ute det at utdanning samstundes vert rekna

for å ha stor samfunnsnytte, eller at det kan vera eit middel til å skaffa seg bestemte jobbar eller samfunnsposisjonar. Tanken om utdanning som eit identitetsskapande prosjekt går derimot ikkje saman med forståinga av utdanning som eit kjenneteikn som ikkje skapar forskjellar mellom folk.

Alle forståingar av utdanning utanom den sistnemnde er «conducive to hierarchization» (Van Eijk, 2013), altså eit kjennemerke som er med på å avgjera sosial posisjon og dermed konstruera sosiale hierarki. Dei ulike tydingane som vert tillagt utdanning, heng ikkje overraskande saman med om personane sjølve har utdanning eller ikkje. Dei som ikkje refererer til utdanning som ein framståande eller relevant faktor for klassifisering av den sosiale verda, har ikkje sjølv utdanning (med unntak av Lise som er førskulelærer). Funna har parallellar til ein studie av grensedraging og klasse i Nederland (ibid). Van Eijk har intervjuet 27 personar frå to nabolag i Rotterdam om deira opplevingar av likskapar, forskjellar og klasse, og fann at personar som sjølve har høg utdanning «were the only group who talked about education as an important factor in locating people in the class structure (...)» (Van Eijk, 2013, s. 11). I studien frå Stavanger er det vidare klart at blant dei som forstår utdanning som eit identitetsskapande prosjekt, er det overvekt av personar med høg utdanning innan samfunnsfag og humaniora. Dei som talar om utdanning som fag og det å meistra eit handverk, har sjølv fagutdanning/fagbrev. Sjølv om det ikkje er overraskande at noko ein sjølv har opplevd og erfart har anna verdiinnhald enn noko som ikkje er sjølvferfart, er det likevel eit funn at utdanning står fram primært som det det er for ein sjølv.

Mine funn kan vidare setjast i samanheng med Lamont sine funn om korleis den øvre middelklassa i USA og Frankrike forstår kunnskap og ekspertise ulikt (1992). Lamont finn klassemessige likskapar i det at alle middelklassepersonane hos har intervjuet verdset utdanning, intelligens og kunnskap, medan det er nasjonale forskjellar i kva tydingar dei tillegg fenomena. Begge vektlegg dei intelligens, men på bortimot kontrasterande vis. Det kjem klart fram at utdanning spelar ei sentral rolle for middelklassa, mellom anna synleg gjennom kva personar (typar folk) dei ønskjer å omgås med (ibid). Dei omtalar sine eigne vennar som skarpe og intellektuelt stimulerande. Forskjellane mellom dei går på kva mening dei legg i utdanning, intelligens og kunnskap. Franskmenner ser på og definerer



intelligens som kritisk sans, intellektuell leikenheit, evner til abstraksjon og veltalenheit, medan amerikanarane set høg verdi på kompetanse og ser intelligens meir som ekspertise, det å kjenna fakta og å vita når ulike fakta er relevante. Lamont skriv desse forskjellane tilbake til «kulturlege forklaringar», som at i den franske konteksten er den kartesianske tradisjonen sterk, ein vektlegg filosofisk trening og tenking i utdanningane, studentar vert gjerne oppmoda til å utvikla komplekse argumentasjonsrekker, heller enn å meistra fakta m.m. I USA der intelligens vert tolka som kompetanse, har evna til å presentera, organisera og analysera spesifikke fakta på ein samanhengande og klar måte, høg stjerna. Ikkje naudsynleg så elegant som franskmenna vil ha det, men heller som «broad information about the world» (Lamont, 1992, s. 95). Sjølv om studien viser at her er nasjonale variasjonar, ligg her som felles grunntanke at utdanning er ein relevant forskjellsskapande mekanisme.

Utvalet i min studie er, samanlikna med Lamont sitt utval, kulturelt homogent, men klassemessig heterogent. Slik kan her openbart ikkje syna seg nasjonale variasjonar, men her er derimot større variasjon i kva tydingar enkeltpersonar legg i utdanning. Den største variasjonen, kan vi seia, er representert ved, på den eine sida, personar i nedre del av det sosiale rom, der utdanning ikkje verkar vera sentralt eller sett i det heile, og på den andre sida, personar som sjølv har høg utdanning og legg symbolsk tyngd på det, og slik liknar både dei amerikanske og franske tilnærmingane (kompetanse vs. kritisk sans og evne til abstraksjon).

Det er truleg at for dei som forstår utdanning som eit identitetsskapande prosjekt, så vil desse forholda vera meir framståande, eller viktigare på sett og vis. Deira syn på utdanning er knytt til korleis dei ser på seg sjølv, definerer seg sjølv, og dei nyttar utdanning i vurderingar av andre menneske og deira smak, val, ytringar og haldningar. Det faktum at utdanning er framståande for personar i øvre del av det sosiale rommet – for dei som har det – og samstundes ein lite sentral eller ikkje-relevant forskjell for personane med lågt kapitalvolum, syner at det er ei kløft mellom desse personane sine forståingar av kva utdanning er og kva det gjer med dei som har det. Det er i seg sjølv ei stadfesting av at utdanning *er* ein forskjellsskapar. Desse forskjellige måtane å forstå utdanning på er



sentralt i hypotesen om det diskursive gapet (som skal diskutert under 8.3).

### 7.3.2 *Rikdom*

Rikdom er eit anna objektivt kjennemerke som vert tillagt ulike tydingar. Rikdom og det å vera rik viser først og fremst til økonomisk rikdom (sjølv om ein kan vera iderik, perspektivrik osv.). Økonomisk rikdom inneber å ha mykje pengar, stor formue, høg velstand, store eigedomar. Innebygd i det å vera rik ligg at ein har overflod, ein har meir enn ein treng (sjølv om det å trenga er relativt). Omgrepet økonomisk kapital i bourdieusk forstand kan til dømes målast etter variablane inntekt, aksjar, verdipapir, hushaldsinntekt, verdi på eigd bustad, kunstsamling, verdi på sommarhus, verdi på bil(ar), utleigeeigedom(mar) (Faber, et al., 2012, s. 79).

Med eit spreidd utval som denne studien har, og med referanse til variasjonane som synte seg i oppfatningar av utdanning (ref. 7.3.1), er det openbart at det òg kjem til overflata ulike syn på rikdom og «dei rike». I Stavanger har mange klatra raskt i det sosiale hierarkiet, og graden av mobilitet har dei siste tiåra vore høg (Rosenlund, 2009). På sett og vis kan ein tala om at byen gjennom den markante velstandsauka har vore gjennom ei kollektiv klassereise i denne perioden. Velstandsveksten har slik vore sterk, spesielt i kraft av oljeindustrien sitt nærvær, og byen er i dag den mest velstående i Noreg.

Ser vi på det generelle biletet som trer fram i intervjuet, viser det at informantane i det store og heile verkar leva relativt godt med eigen velstand, andre sin velstand og byen sitt velstandsnivå (Vassenden & Jonvik, 2015).<sup>37</sup> Alle uttrykker medvit om at rikdommen er til stades, at her er forskjellar, den vert kritisert av nokre, men her er ikkje mykje kritikk. I tillegg synes rikdommen i avgrensa grad å resultera i kjensler av mindreverd hos dei som ikkje tek del i den.<sup>38</sup> Generelt sagt altså fins her ikkje veldig sterk motstand mot korkje pengar eller «pengefolk» i intervjuet. Sagt med referanse til det sosiale rommet, fann vi relativt lite vertikal kritikk. Det som

---

<sup>37</sup> Analysane i dette kapittelet baserer seg på det same intervjuet materialet.

<sup>38</sup> Det kan godt henda dette ville vore annleis om utvalet hadde bestått av fattige og mindre bemidla enn dei vi har.

fins av kritiske haldningar til høg rikdom og velstand vert for det meste ytra horisontalt, altså mellom grupper med høgt kapitalvolum, og då frå kulturell fraksjon vis-à-vis økonomisk fraksjon. Blant dei med låg utdanning og relativt sett låg inntekt, finn vi relativt lite friksjon og svake grensedragingar mot rikdom og mot dei rike. Her fins uttrykk for avstand, men lite kritikk. Blant dei med høgt kapitalvolum og overvekt økonomisk kapital, altså dei rike sjølve, finn vi òg lite motstand, noko som ikkje er overraskande all den tid det ville vore seg sjølv dei ytra motstand mot. Kritikken som fins mot dei rike og mot rikdom, i alle høve den sterke kritikken, kjem til uttrykk hovudsakleg frå kulturfraksjonen (høgt kapitalvolum overvekt kulturell kapital). Kulturfraksjonen representerer slik ei *lomma* av kritikk, det er her den vert artikulert oftast og sterkast. Generelt handlar kritikken frå sistnemnde om materialisme, forbrukssamfunnet, kapitalisme, grådighet, at olja er for dominerande, og om pengestyrt byutvikling (liberale og venstreorienterte verdisyn og politiske orienteringar) (ibid).

I tillegg til dette generelle biletet av syn på rikdom, er eit anna funn i studien, at nokre informantar koplar rikdom (eller sosioøkonomiske forhold) saman med moralske aspekt. Desse set moralske standardar som det å vera sømmeleg, ærlegdom, det å vera arbeidssam og det å vera «eit skikkeleg menneske», saman med rikdom og økonomisk suksess. Haldningar som: «folk må gjerne vera rike, berre dei ikkje pratar om det, og berre dei er anstendige folk», vert ytra av desse. Som vi såg hos Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærer) (ref. 7.2.4) til dømes, så ønskjer ho å vera på lik økonomisk hylla som personane ho skal har sosial omgang med, og som av denne grunn slit moralsk med at ho og mannen har arva pengar som gir dei større moglegheiter og betre sjansar enn til dømes kollegaene hennar. Ho veit ikkje korleis ho skal samtala om desse forholda på jobben fordi økonomiske nivåforskjellar er vanskelege å tala om. Generelt ønskjer ho at rikdom eller økonomiske forskjellar mellom folk *ikkje* skal vera eit samtaletema. Ho seier: «Altså eg synes det er veldig flott med dei som har mykje pengar, men berre ikkje snakkar om det, altså eg har rike venner, *mykje* meir enn meg, som på ein måte ikkje legg vekt på dette *i det heile tatt*. Og det synes eg er ein veldig fin ting». Dette syner både ei moralsk innramming av rikdom gjennom referanse til sømmeleg åtferd og sømelege ytringar, til ønskjer om likskap, - og det peikar mot at ønskjer om likskap

og uvilje til å tala om ulikskap, kan føra til tilsløring av økonomiske forskjellar.

Når det gjeld synet på rikdom og velstand fins her vidare generasjonelle forskjellar i denne studien, altså forskjellige synspunkt mellom dei to alderskohortane som er intervjuet (fødde mellom 1945-50 og 1975-80). Dei to generasjonane er ulikt ramma inn av velstandsauka (Jonvik, 2015b). Den eldste generasjonen – babyboomarane – har som samla gruppe opplevd større materielle endringar på kort tid, enn dei yngste har. Babyboomarane var born etter andre verdskrig, dei stifta familiar parallelt med at Stavanger byrja posisjonera seg som oljehovudstad, og dei var midt i arbeidslivet i 1980-åra, eit tiår som økonomisk sett innehalde både overoppheting og nedtur. Babyboomarane har som gruppe i dag langt høgare levestandard enn dei hadde for 30 år sidan. Omveltinga Stavanger og omegn har opplevd frå ein næringslivsmessig fattig utpost i dei eldste sin barndom til eit kapitalsterkt høgteknologisk internasjonalt kompetansesentrum i dag, sagt noko forenkla, har gitt store delar av den eldste alderskohorten ein økonomisk handlefridom som vi kan anta ligg langt utanfor deira forestellingshorisontar som 30-åringar på 1970-talet. Som gruppe er dei i dag i stor grad gjeldsfrie bustad- og hytteeigarar, dei har nedbetalte studielån, dei er del av gunstige pensjonsordningar osv.

Det som kjennemerkar oljeborna (som vi kan kalla kohorten fødd mellom 1975-80), er på den andre sida at dei – som gruppe – har blitt fødde inn i ein etablert velferdsstat og til eit høgt nivå av velstand samla sett. Dei er fødde i ei veksttid, både lokalt og nasjonalt. Det var til dømes storstilt skuleutbygging på både 1970 og 80-talet i Stavanger. I overgangen til 1990-talet gjekk den yngste kohorten på ungdomsskulen. I dag, på 2010-talet, har mange av dei stifta familie og er i sin tidlege del av arbeidslivet (samanlikna med då besteforeldra nådde same alder, dei hadde sannsynleg vore i arbeid i 20-25 år). Sjølv om babyboomarane har hatt eit større økonomisk sprang i si levetid, har den yngste generasjonen gjennom sine liv hatt gjennomsnittleg høgare materiell levestandard, og dei oppadgåande velstandstendensane har heller ikkje stogga (med unntak av nokre få nedturar). Oljeborna har slik sett opplevd samfunnsmessig økonomisk optimisme bortimot heile livet, og har som gruppe i større grad hatt fråvær

av økonomisk og materiell usikkerheit, samanlikna med den eldste generasjonen.

Som ei følgje av dette er det nærliggjande å anta at eit høgare nivå av velstand vert tatt for gitt av den yngste kohorten – vi kan tala om «velstandens sjølvfølgje» (Nielsen & Rudberg, 2006) som ei generasjonsspesifikk erfaring for oljeborna. Dei har i sine formande år og utetter opplevd ein stadig straum av nye materielle gode som etter kvart vart så sjølvsegte at dei ikkje vart registrert som storhendingar (ibid, s. 41). Men igjen, viktig å poengtera at dette er *som gruppe*, fordi her fins forskjellige velstandsniå og sosiale posisjonar innad i kohorten, med ulike tilgangar til samfunnets gode og byrder. Det at dei to kohortane er ulikt ramma inn av velstandsauka, er likevel ei delvis forklaring på kvifor det fins forskjellar i korleis dei to alderskohortane talar om pengar, om forbruk, og om *handtering* av rikdom. Sett på spissen omtalar den eldste kohorten generasjonen under seg som ein bruk og kast-generasjon, ein omtale som den yngste kohorten langt på veg stadfestar (Jonvik, 2015b). Det er vidare ingen tvil om at narrativet babyboomarane har sett i generasjonen under seg, er at dei kjem frå tronge kår (trongare kår). Om eg skal spekulera i kva som vert oljeborna si generasjonsspesifikke forteljing, kan her visast til Inglehart sin knappheitshypotese (1997). Fordi ein gjerne subjektivt aktar det ein er i relativ mangel av, er det sannsynleg at det overleverte narrativet frå oljeborna – der den dobbeltutdanna yrkesaktive kjernefamilien dominerer – til neste ledd igjen, vert *travelt*, ikkje trongt.

Eit siste forhold som er relevant å nemna når her er tale om rikdom, er nærværet av ein *nyrikefigur*. I forskning på klasse og sosiale skiljelinjer i den danske byen Aalborg, kjem det fram at informantar i underprivilegerte lag av befolkninga nyttar ein *direktørfigur* for å formidla poeng om at eliten er amoralsk og ikkje prioriterer rette verdiar (Faber, et al., 2012, s. 193-194). Vi såg dette hos Inger (ref. 7.2.2) mellom anna då ho stilte spørjeteikn med kvifor travle karrierefolk og politikarar i det heile teke får born når dei ikkje tek seg tid til å vera med dei og prioritera dei, men generelt sett fins det lite av denne moralske kritikken «nedanfrå». I ei viss utstrekning fins det Lamont kallar anti-sosioøkonomiske grenser (1992, s. 83). Anti-sosioøkonomiske grenser er når personar ytrar kritikk mot folk som berre bryr seg om status og prestisje, som vurderer omverda med basis i

sosioøkonomiske faktorar og mot folk som har hatt suksess som har gjort til at dei har mista «ekte menneskelege verdier» (ibid, s. 83). Altså kritiserer sosioøkonomi med grunnlag i moral. Symbolske grenser kan altså òg operera på negative og omvendte måtar.

Anti-sosioøkonomiske er ei samankopling av moralske og sosioøkonomiske grenser, eller moralsk innramming av økonomisk ulikskap. Gry (35 år, 1-4 UH, student) til dømes, som er aleinemor til to born, talar om nettopp statusjag og om eit kunstig hierarki.

*Gry: (...) det er jo eit veldig fokus her, sikkert andre plasser òg og i alle fall sånn som Oslo og sånn, her på det med status og...materielle og...ein skal vera med på alt, ein skal sjå best mogleg ut, ein skal ha mest mogleg. Ungane skal gå på alt mogleg. Men for meg så er det litt eit kunstig hierarki då, og...det det ser ut som er jo ikkje alltid det det er.(...) Trur det er litt farlig dette her statusjaget og...det er gjerne spesielt i den aldersgruppa som eg er i no, mellom 30 og 40 at det får eit veldig stort fokus. Mm. Så...ja. Men at det er ein stor del av...av samfunnet, som her i Stavanger, det er det jo ingen tvil om. Du skal kjøra sånn SUV sjølv om du aldri [humrar] rører deg opp på fjellet.*

Sjølv om Gry er fråskild og aleinemor, lev på ei løn, og sjølv seier at ho per i dag ikkje står særleg høgt i hierarkiet, opplever og vektlegg ho at ho har meir enn det ho treng: «altså eg har bil og eig min eigen bustad, eg har anledning til å dra på ski og gjera dei tinga som eg har lyst til å gjera og det er på ein måte det som betyr noko». Ho meiner dette burde vera nok for fleire, men i staden opplever ho har folk i Stavanger jagar etter å oppnå suksess og å skaffa seg dei rette materielle objekta for å innfri, eller i alle høve ikkje falla utanfor dette kunstige hierarkiet. I det kunstige hierarkiet handlar det meste om sosioøkonomi, og «real human values» kjem langt i bakgrunnen. Ho seier: «Det som definerer ein person eller ein familie om du...har ei jakka til 6000 eller 600, det betyr ingenting». Gjennom å nemne nettopp dette seier ho både at ho tenkjer dette faktisk tyder noko for mange, men at det ifølgje Gry sjølve ikkje burde vera slik. Det er både ei konstatering av at ho opplever at sosioøkonomiske forskjellar er sterkt definerande for hierarkisk posisjon, og samstundes ein moralsk kritikk av det.

Nyrikefiguren er derimot noko breiare omtalt i intervju. «Dei nyrike» er dei som har klatra økonomisk, som gjerne har klatra raskt og langt, og som Signe (65 år, vidaregåande skule, heimeverande) seier: som «har latt pengane gå til hovudet på seg» og «letta litt frå bakken». Det er dei som vil visa kor mykje pengar dei har, som «briefer med pengar» (Sjur 35 år, >5, lærar). Det nyrike har òg dårleg smak, eller dårlig estetisk sans (ref. t.d. Sjur si sosiologisering kring arkitektur under 6.3.1). Fleire informantar knyt spesifikke estetiske uttrykk, særleg innan arkitektur, til ei form for nyrik smak, noko som igjen heng saman med det som vert omtala som behovet for å visa kor mykje pengar ein har. Linjer kan trekkast tilbake til Veblen sitt mykje siterte verk, og konseptet om prangande forbruk (2014[1899]). Nyrikefiguren vert slik, av nokre, nytta til å formidla og kritisera både manglande bakkekontakt, mangel på nøkterne haldningar og dårlig estetisk sans. Desse ytringane kjem frå alle stader i det sosiale rommet.

Oppsummert sagt om synet på rikdom: dei fleste synes å leva greitt med (variasjonar i) personleg rikdom og byen sin rikdom, her er lite kritikk frå lågt volum-fraksjonen, og frå dei rike sjølv, og her er noko kritikk frå kulturfraksjonen.

For å oppsummera gjennomgangen av oppfatningar av utdanning og rikdom, er her først det å seia at den har tydeleggjort at korkje utdanning eller rikdom er absolutte storleikar, men snarare fenomen som vert tillagt ulike tydingar. Meiniga som blir tillagt fenomena varierer etter avstanden informantane har til desse fenomena i det sosiale rom (liv).

Det siste inntaket informantane sine standardar for hierarkisering skal sjåast gjennom, er deira tankar om eiga plassering i eit samfunnsmessig hierarki. Eg skal gå vidare til å gjera greie for korleis dei talar om kva som er opp og kva som er ned hierarkisk, og til deira tankar om eigen plassering i samfunnet sin ulikskapsstruktur.

#### ***7.4 Kva er opp og kva er ned?***

I Gullestad sin studie av arbeidarklassekvinner som lev i utkanten av Bergen i overgangen til 1980-talet, kjem det fram at kvinnene deler inn i tre kategoriar når dei snakkar om kven dei sjølv er og kven dei passar saman med og ikkje (2001a). Seg sjølve omtalar dei som «ordinære og alminnelege

folk». Over dei er «fine folk» og «sossefolk», under dei er «sosialtilfelle» og «slauren», som dei seier i Bergen.

Ord og referansar informantane nyttar om øvre del av hierarkiet i denne studien er: dei vellukka, ordføraren, folk som går i høghæla sko og med slips, kongen, folk med høge stillingar og høge inntekter, profilerte folk, eliten i Oslo, avgjerdstakarar og makthavarar, oljefolk, finansfolk, og personar med sjefsstillingar i Statoil. Her er referansar til det å vera profilert og vellukka, til hovudstaden, og til formelle topp-posisjonar som konge, ordførar og generelt til maktposisjonar. Informantane refererer både til konkrete yrkesposisjonar, mange òg til dei to konkrete arbeidslivssektorane olje og finans, og – kan ein merka seg – ingen refererer til ei kulturell elite.

«Nede» vert omtalt med desse orda: dei som berre går og subber, dei svake, dei som ikkje har det godt, drosjesjåførar, bosstømmarar, personar som ikkje gidder, personar med sosiale problem og sjukdomsproblem, innvandrarar, arbeidslause, narkomane, heimlause, sosialklientar og uføretrygda, reinhaldarar, og personar som arbeider «i kassen». Her ser vi det er referansar til enkelte yrkestitlar og elles ulike variantar av sosialt vanskelegstilte.

Midtkategorien, dei som korkje er oppe eller nede, vert omtalt som: (den breie) middelklassa, midten, normal, alminneleg, midt på treet, midt på midten, heilt gjennomsnittleg, og sånn som oss. Her er ikkje referansar til yrkeskategoriar eller spesifikke kjennemerke, berre ord som indikerer at ein ikkje talar om topp og botn.

At det i eige materialet òg syner seg ei tredeling mellom «nede», «midten» og «oppe» er på mange måtar logisk. Det er lett å sjå for seg at det er nærliggjande å ta utgangspunkt i seg sjølv, og deretter lokalisera opp og ned i vide kategoriar ut frå der ein sjølv ser verda. Liknande skilje finn både Vike og kollegaer: Klassemessig fellesskap vert konstituert gjennom at det vert trekt grenser oppover (mot dei fine) og nedover (mot mindre respektable folk enn ein sjølv) (Vike et al., 2001), og Faber, som hevdar at skiljelinjer mellom «dei over og dei under» er eit av dei mest tydelege uttrykka for opplevde klasseforskjellar i dag (2008, s. 107).

Når ein ser på nemningane informantane nyttar om *over* og *under*, er det mogleg å ana noko om posisjonane og ståstadene til dei som ytrar seg. Det er nærliggjande å tru at personar som nyttar nemninga «personar som



ikkje gidder» om folk dei reknar for å vera langt nede i samfunnshierarkiet, ikkje *sjølv* ser på seg som tilhøyrande denne kategorien. Innan same forståing kan ein anta at personar som nyttar omgrepet «oljefolk», ved å seia dette markerer ein viss avstand mellom seg sjølv og personane dei tenkjer på som oljefolk. Det er nærliggjande å tru at for personar som sjølv arbeider i oljesektoren er «oljefolk» ei bortimot meiningslaus nemning, fordi for desse er personar som arbeider i oljesektoren ei differensiert gruppe kollegaer. Bruk av omgrepet «oljefolk» indikerer at dette ikkje er ein sjølv. Når Aksel (35 år, >5, omsorgsarbeidar) seier at «(...) her er det berre ein haug med ... oljefolk. Eh ... som ein ikkje har noko felles med»<sup>39</sup>, om kva han tenkte då han flytta tilbake til Stavanger etter å ha studert i ein annan norsk by, er med og illustrerer ein form for avstand mellom han og dei. Slik ligg det innebygd informasjon om objektive og subjektive posisjonar i nemningane folk nyttar om hierarkiske posisjonar, i deira referansar til opp og ned, til lik og til ulik. Nokre forskjellar vert vektlaagd i desse referansane, og andre ikkje. At det samla sett ikkje er referansar til ein kulturelite (t.d. akademikarar og anerkjende kunstnarar) når informantane omtalar dei øvre lag, er med og indikerer at anerkjenning av kulturelle ressursar og posisjonar ikkje er langt framme i informantane sine mentale kart.

Sentralt er det òg at desse forskjellsreferansane, orienteringspunkta og hierarkioppfatningane vert nytta når informantane navigerer i det sosiale liv, søker å forstå sosiale situasjonar, og nærmar seg eller ikkje nærmar seg andre menneske. Moglege sosiale konsekvensar av variasjonar i hierarkiforståingar skal diskuteras meir inngåande i kapittel 8. Først skal eg gå gjennom korleis dei plasserer seg sjølve og sine familiar. For til liks med i Gullestad sin studie, har informantane i denne studien blitt spurd om kva dei tenkjer om sin eigen plass i det dei oppfattar som samfunnet sin lagdelte struktur. Sjølvplassering skal sjåast i samanheng med informantane sine objektive plasseringar (ref. Appendix 2).

#### *7.4.1 Sjølvplassering*

Som Lamont (2000, s. 2-10) har eg vore interessert i framståande prinsipp for klassifisering informantane opererer med, å søkja å identifisera

---

<sup>39</sup> Det kan nemnast at Aksel seinare fortel at han faktisk fann ut at han hadde meir til felles med folk i Stavanger og folk han såg som veldig forskjellig frå seg sjølv, enn han hadde medrekna på førehand.



kva som har verdi for dei og korleis dei talar om og oppfattar sosiale hierarki. Spørsmåla i denne delen av intervjuet gjekk i retning: «anten vi likar det eller ikkje, så er vi jo ein del av ulike hierarki, kan ein seia, i samfunnet. Kva tenkjer du om din plass eller dine plassar i slike hierarki?». Altså, gitt at det fins ulikskap, at samfunnets gode og byrder er ujamt fordelt, og at nokre menneske har meir makt og fleire privileger enn andre, - kor og korleis plasserer folk seg sjølve. Informantane vart vidare spurde om kven dei tenkjer er over og under seg i ein slik tankegang, og dei vart bedne om å tenkja høgt kring kven dei er vener med og ikkje (og kvifor), og kven dei kjenner seg like og ulike (og kvifor). Saman dannar utforskning av generell grensdragning, synspunkt på utdanning og rikdom spesielt, og tankar om sjølvplassering grunnlaget for å forstå «the order through which they hierarchize (or differentiate themselves from others) (...)» (ibid).

#### *7.4.2 Midtplasseringar*

Her er mange som relativt tilforlateleg plasserer seg i eit midtsjikt. Av desse er det både personar som objektivt sett (ref. det sosiale rom) er plassert nede (lågt volum), i midten, og oppe (med høgt volum). Dei som plasserer seg i midten gjer det med ord som midten, normal, der dei fleste er, middelklassa og heilt gjennomsnittleg, og med referanse til sosiale kjennemerke som arbeidssituasjon/jobbforhold, pengar/inntekt, makt og fridom.

Frank (35 år, 1-4 UH, banktilsett), Ingvild (35 år, 1-4 UH, sjukepleiar), Turid (65 år, 1-4 UH, HR i privat verksemd), Tore (35 år, >5 UH, sivilingeniør) og Ola (35 år, 1-4 UH, grafisk designar) tenkjer alle dei høyrer til eit midtsjikt. Dei seier:

*Frank: Midt på midten, vil eg tru. Ikkje på toppen av næringskjeda. Vi er vanlige arbeidstakarar begge to (han og kona). Heller ikkje på botnen for at vi har faste jobbar, som vi veit varer.*

*Ingvild: Eg tenkjer vi er sånn...normal. Heldt eg på å seie. Altså vi er der som dei fleste er vil eg seia. Vi er korpje i det øvre eller nedre sjiktet, vi er liksom midt på. (...) Altså vi har...vi har det bra, liksom. Vi har ikkje dritmykje pengar, men vi har heller ikkje lite. Altså at vi er på det jamne.*

*Turid: (...) eg høyrer vel til ei middelklasse. Med ein romslig økonomi. Eg har fridom til å gjera det eg vil gjera.*

*Tore: (...) trur eg er middelklasse. Eg har ikkje spesielt mykje korkje makt eller pengar, men det er sikkert mange som har mindre av begge delar enn meg.*

*Ola: (...) heilt gjennomsnittlig. Vi har alt vi treng. Sjølv om det er botnskript i slutten av månaden.*

Ein grunn til at det er utbreitt å tenkja at ein høyrer til midten, i motsetnad til øvre eller nedre sjikt av samfunnhierarkiet – eller i alle høve å *uttrykka* at ein gjer det – kan ha samanheng med likskapsidealet som vert rekna for å vera sterkt i Noreg og Norden (Gullestad, 2001b). Likskapslogikken går ifølgje Gullestad ut på at personar i mange uformelle samanhengar må oppfatta seg som like for å føla seg som like verdige. Ho tenkjer seg at eit særtrekk ved norsk og nordisk kultur er at her er sterkare kopling enn andre stader mellom likeverd og likskap (ibid). I så måte vert det logisk at rike personar framhevar det ordinære ved sin livsstil, medan dei som er dårlegare stilt ønskjer å stå fram på ein måte som held oppe deira vyrndad og sjølvrespekt (sjå Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 14). Altså at alle trekk mot midten. Slik er det nærliggjande å anta at eg i denne studien vil finna at personar som objektivt sett er høgt plassert sjølvplasserer seg «nedover» mot midten, og at personar som objektivt sett er lågt plassert, sjølvplasserer seg «oppover» mot midten.

Og likskapsidealet er tydeleg i spill då Jenny (65 år, 1-4 UH, dagleg leiar) i intervjuet først plasserer seg som del av midten, men utover i intervjusituasjonen - gjennom å spegla seg gjennom kva andre ville sagt om hennar plassering (som ho sjølv seier), og antakeleg vis-a-vis meg (yngre og i midlertidig forskarstilling) – opnar opp for at ho må vedgå at ho høyrer til «over midt på treet», som ho etter kvart seier. Eg tolkar det som at ho først på refleks og/eller av anstendigheit plasserer seg på midten, men når ho er ærleg både med seg sjølv og med meg så må ho melde at «vi (ho og mannen) har vore med å hatt innverknad på ein del av utviklinga. (...) Vi har begge vore avgjerdstakarar», og «vi har det veldig godt». Det synleggjer

samstundes den relasjonelle statusen identitet har. Men vi skal sjå seinare at likskapsidealet likevel ikkje verkar leggja sterke føringar på korleis mange plasserer seg.

Andre grunnar til at det både er utbreidd og logisk å plassera seg i midten av ein samfunnsstruktur, er at alle veit om personar dei vil kategorisera som over eller under seg sjølv, og slik vert ein sjølv i ein plass midt mellom. Vidare, med eit strukturalistisk perspektiv, kan ein seia at vi er trent i å tenkja i binære opposisjonar, i kontrastar, så når ein får spørsmål om kor ein vil plassera seg sjølv, tenkjer ein gjerne på kven som er høgt oppe og langt nede, og på folk som representerer kontrastar til ein sjølv. På mange måtar er det logisk å sjå seg sjølv som midt mellom ytterpunktene ein kjenner til. Dei færraste lev «høgast» eller «lågst», og slik vert midtkategorien stor. Som Sverre (65 år, >5 UH, leiar i oljebransjen) sjølv seier det: «Du er alltid mellom barken og veden, og viss du ikkje er mellom barken og veden, så er du Gud eller død». Ytringa til trass, han gir seg sjølv ei plassering over midten.

Gjennom det faktum at folk flokkar seg saman med sine like kan òg kjensla av at ein sjølv er som «dei fleste andre», verta framståande. Det er ei kjenslgjerning innanfor samfunnsvitskapen at folk har ein tendens til å søka saman med menneske som på alle måtar liknar seg sjølve (Faber, et al., 2012, s. 178). Slik vert ein sjølv vanleg, *som dei fleste andre*. Ein vert på sett og vis leia til å tru at det er større likskap enn det faktisk er, fordi ein ikkje let seg eksponera for folk veldig forskjellig frå seg sjølv. Gitt det ovannemnde og gitt litteraturen si vektlegging av at alle samfunnslag ønskjer å omtala seg sjølve som «i midten» (Dahlgren & Ljunggren, 2010; Faber, et al., 2012; Gullestad, 2001a; Ljunggren, 2014; Van Eijk, 2013), kan det synast som det eksisterer eit normativt krav om å plassera seg på midten i skandinaviske land.

Det er få, om nokon i det heile teke, som plasserer seg lågt hierarkisk. Birger (65 år, vidaregåande skule, tømrar) og Signe (65 år, vidaregåande skule, heimeverande) seier dei «trivst nede på bakken», Birger ytrar i tillegg at han ikkje er noko overmenneske og ikkje syns noko om dei som skal «klatra heile tida». Det å seia at du trivst nede på bakken, kan forståast på ulike måtar. Det kan tyda at ein reknar seg for å vera vanlege skikkelege folk, del av ein slags normal-kategori, og det kan tyda at du tek avstand frå

dei som ikkje er på bakken, dei som er «høgt på strå», som det heiter. I sistnemnde er det på sett og vis berre to nivå, oppe og nede. Signe talar òg om at dei som har tent veldig mykje pengar fort, har «letta litt frå bakken». Om ein tolkar det å vera nede på bakken som eit uttrykk for å vera vanlig, har det fellestrekk med arbeidarklassa i Gullestad (2001a) sin studie som reknar seg som ordinære og alminnelege folk. I denne forståinga vert det då grupper og personar som er langt verre stilt enn vanlege skikkelege folk.

Det at ingen eksplisitt plasserer seg lågt i denne studien har truleg å gjera med at vi ikkje har fattige personar i utvalet (utvalet dekkjer 90%-samfunnet, ikkje dei lågaste 10%) (sjå Vassenden & Jonvik, 2015). Av dei som objektivt sett er plassert lågast i det sosiale rom, så eig flesteparten sin eigen bustad, mange av dei har born som gjer det godt, dei fleste har faste jobbar, og dei har ikkje vanskar med å dekkja grunnleggjande behov. Det er då òg reelt sett mange grupper som har både mindre ressursar og større problem enn dei. Referansane til dei som ligg lågt i samfunnet, var òg som vi såg ovanfor, for ein stor del referansar til personar som ligg under for sjukdom, rus, eller anna («dei som går og subber», «dei svake», «dei som ikkje har det godt», «personar med sosiale problem og sjukdomsproblem», «narkomane», «heimlause», «sosialklientar»). Og så lenge desse fins i folk sitt medvit, så er det forståeleg at dei sjølve ikkje plasserer seg der dei tenkjer desse ligg. På sett og vis er det alltid nokon som er lenger nede. I tillegg såg vi at klassiske arbeidaryrke som reinhaldarar, daglegvaretilsette og bosstømmarar vart knytt til dei låge posisjonane. Desse referansane kjem både frå dei med høgt volum og dei med lågt volum. Så sjølv om Inger, som er reinhaldar, ikkje eksplisitt plasserer seg lågt, så blir hennar yrke plasser lågt av andre informantar.

Det er ikkje særlege forskjellar mellom korleis menn og kvinner talar om hierarki og sjølvplassering. Dei deler i stor grad oppfatningar av kva grupper og kjennemerke dei plasserer lågt og høgt og korleis dei forstår hierarki. Blant dei med relativt sett lågast inntekt og låg utdanning einaste – hos dei vi kan kalla arbeidarklassa – er det ein forskjell på den måten at kvinnene talar om seg sjølve og sine posisjonar i samfunnet som ledd i ei velstandsutvikling der neste generasjon stadig har fått det betre. Mennene gjer ikkje dette. Anna (65 år, vidaregåande skule, butikkmedarbeidar) og Inger (65 år, ungdomsskule, reinhaldar) til dømes, talar om sine notidige

posisjonar gjennom å fortelja korleis dei historisk sett har det betre enn sine familiære forgjengarar, dei har betre økonomiske sjansar samanlikna med foreldra sine, og så har dei igjen vore med til å gjera at deira born opplever høgare velstand enn dei sjøve har. Dei set sine posisjonar og sin innsats i ei rekkje der kvart ledd har jobba for at neste ledd skulle ha det betre.

Så langt kan eg difor oppsummera med at det er ca. 24 informantar som med ulike ord og vendingar gir seg plasseringar i midten (ca. fordi dette ikkje er tema informantane naudsynleg har langt framme i sine mentale kart, har klare svar på eller vi tala om). Midtkategorien dekkjer slik informantar med svært store forskjellar i inntekt, og forskjellar i utdanningsnivå, og her fins både døme på nedoverplassering og oppoverplassering om vi samanliknar sjølvopplevd eller –rapportert posisjon med posisjon i det sosiale rom. Men, gitt det normative kravet om å plassera seg i midten, er det gjerne meir overraskande at her er relativt sett mange som gir seg sjøve høge plasseringar i det dei tenkjer på som samfunnet si lagdeling.

#### *7.4.3 Høge plasseringar*

Sverre (65 år, >5 UH, sivilingeniør) er ein av dei som plasserer seg høgt.

*Sverre: I periodar så har eg vore blant dei som har hatt innverknad. I denne regionen. (...) Eg kjenner mange av dei...sentrale gode vennane i sentralen og blir lytta til, kan ha møte med ordføraren når som helst (...) men eg har ikkje vore noko...den mest sentrale eller noko sånt, eg var inne i nokre sånne sentrale premisgrupper i ein periode, saman med det du nesten kan kalla for...eliten av samfunns...samfunnsmessig elite (...).*

Svært mange er ikkje i posisjon til å kunne avtala eit møte med ordføraren når dei sjølv vil. Det er Sverre. Og det seier han eksplisitt. Han fortel òg at han er ein av dei som har hatt innverknad på næringsutviklinga i regionen, gjennom mellom anna at han har sitte i ulike leiarstillingar i både næringsliv og andre sektorar. Med hans eigne ord er han «ein mann ein veit om». Når han får spørsmål om kven han tenkjer på som over seg i hierarkiet, slik han forestiller seg det, kjem han med ei anekdote om Kong Harald sin sosiale intelligens og si evne til å prata med både topp og botn i

samfunnet. Koplinga Sverre gjer til Kong Harald, gjer at vi kan anta at det ikkje er mange samfunnslag og/eller personar han tenkjer er over seg sjølv (sjølv om han med dette heller ikkje plasserer seg rett under kongen). Det er òg verdt å leggja merke til at Sverre plasserer seg sjølv, og talar om kven som er høgt og lågt i hierarkiet utan at det verkar vera vanskeleg for han. Han verkar ikkje vera ramma inn av eit normativt krav om å plassera seg på midten, eller om å ikkje stikka seg fram. Om ein leitar etter reservasjonar i setninga over, er einaste som kan minna om ei nedtoning eller innramming, at han nyttar ordet «nesten» når han refererer til eliten. For sjølv om det objektivt sett er korrekt å referera til både han sjølv og dei konkrete personane han nemner i intervjuet, som del av eliten i Stavanger, set Sverre ordet nesten framfor elite. Men som vi ser altså, Sverre oppfattar at han har posisjon høgt i det lokale hierarkiet.

Mads (35 år, 1-4 UH, finansforvaltar) og Ine (35 år, >5, jurist) er to andre som plasserer seg og sine familiar høgt i hierarkisk samanheng, desse to er frå den yngste alderskohorten. På spørsmål om kva Mads tenkjer om sin eigen plass i eit samfunnsmessig hierarki, seier han:

*Mads: Det har eg reflektert veldig lite over, egentleg. Eg registrerer at...altså om jobbmessig, for å ta med det, då. Så er jo vi (bedrifta han arbeider i) ein viktig aktør for bankar og forskjellig sànn, så dei ønskjer jo å invitera oss med på mange ting. Det automatisk plasserer oss jo opp i hierarkiet, på sànn som det. Og i og med at vi har...er relativt bemedla, så plasserer det oss òg opp i hierarkiet i mange samanhengar. Eh det er ikkje noko som eg egentleg tenkjer noko særleg over.*

Det skin gjennom at Mads veit og oppfattar at han høyrer heime i øvre delar av hierarkiet. Han plasserer seg høgt med grunn i yrkesposisjon, med grunn i bedrifta han arbeider i sin posisjon i det lokale næringslivet, og med grunn i økonomiske vilkår (inntekt/formue). Det verkar heller ikkje vera problematisk for Mads å tala om dette. Hans lille reservasjon er å innleia og avslutta med at dette med plassering er noko han ikkje tenkjer noko særleg over. Det kan sjølvsagt tyda at han reint faktisk ikkje har reflektert noko vidare over dette, det kan òg henda at han ønskjer å dempa innhaldet i det han skal seia (at sjølv om han direkte seier at han plasserer

seg høgt, så står han fram som sympatisk ved å ikkje samstundes indikera at han vier desse spørsmåla særleg plass). Analyse av intervjuet som heilskap gjer det nærliggjande å tolka at Mads samanliknar seg med personar i sin krets som *aktivt* tenkjer nettverk og inkludering av «rette personar» i sine nettverk. Mads er for desse «rett person å ha med», han er ønska inn i nettverka deira (noko som òg er med å indikera høg plassering og sosial kapital). Så når han seier han ikkje tenkjer mykje over desse forholda, kan det òg vera i tydinga at han ikkje aktivt og strategisk nyttar tankar om posisjon og bakgrunn til ulike former for vinning.

Ine (35 år, >5, jurist) talar om seg sjølv og sin kjernefamilie som ressurssterke og økonomisk bemidla. Ho erkjenner at det ligg privilegium i å kunne velja å ha au pair, og at desse forholda plasserer ho langt frå mange andre familiar. Samstundes skin det gjennom at for Ine er dette med sjølvplassering og hierarki eit langt meir betent moralsk tema enn det er for fleste andre i utvalet. Ho seier at ho «jobbar med tanken» om at ho i såpass ung alder bur i ein stor einestad i ein fornem del av byen. Ho kjenner seg for ung til allereie å ha oppnådd dette. Det skal eg koma tilbake til.

I alt ti informantar plasserer seg høgt hierarkisk. Det er verd å merka seg at alle desse har sine objektive plasseringar på økonomisk side av øvre del av det sosiale rommet. Gitt litteraturen som vektlegg at klasseplassering og tale om klasseforskjellar er eit ømtolig tema (sjå t.d. Faber, et al., 2012; Savage, 2000; Van Eijk, 2013), er det interessant at sju-åtte av desse ti ikkje gir til kjenne at dette er særleg problematisk eller ømtolig. Det verkar ikkje vera vanskeleg for desse å plassera seg høgt, og dei verkar ikkje vera styrt av det normative kravet om å plassera seg i midten av samfunnstigen. Kan hende handlar dette om at halvparten av personane i dei dominerande laga i Stavanger, har foreldre frå arbeidarklassa (Rosenlund, 2009), og at dei som har klatra hierarkisk har vore med å skapt sine egne posisjonar, og med dette ikkje tenkjer posisjon er ømtolig fordi dei har gjort seg fortent til den, i kontrast til dei som er fødd til den. Sverre (65 år, >5, sivilingeniør) talar eksplisitt om dette, han seier at posisjonen hans og nivået av anerkjenning han opplever er «noe eg har gjort meg fortent til, og ikkje noko eg har arva eller...tatt frå nokon andre». Ei anna tolking, som talar i mot den ovannemnde, er at jo større samanfall med mellom folk sine noverande posisjonar og foreldra deira sine posisjonar, og jo meir saumlause



klassereiser/rørsler (ref. Vassenden 2015), jo mindre problem med å posisjonera seg sjølv høgt, og til å tala om ulikskapar i samfunnet.

Dei ti personane som sjølv plasserer seg høgt hierarkisk, plasserer seg hovudsakeleg med referanse til yrkesposisjon, ressursnivå og grad av innverknad på samfunnsutviklinga. Grunngevingar med referanse til makt og innflytelse gir assosiasjonar til omgrepet sosial kapital. Sosial kapital handlar om å kjenna folk med høg sosial status, og om å kunne frå nytte av desse kjennskapane. Det handlar om korleis folk sine ressursar er knytt saman med ressursane til personar i deira sosiale krets og nettverk, og ikkje minst om korleis ein utnytter desse kontaktane. Dei som har høg sosial kapital har gode sjansar til å dra fordelar ut av opphopning av ressursar: “the size of the network of connections he can effectively mobilize and on the volume of the capital (economic, cultural or symbolic) possessed in his own right by each of those to whom he is connected» (Bourdieu, 2011 [1986]). Både Sverre, Jenny og Marit erkjenner at deira høge samfunnsposisjonar og kretsane dei er del av, gir dei andre gode som dei nyt godt av. Deira posisjonar er slik prega av «moglegheitsopphoping» (Wright, 2010, s. 338-341), kan vi seia, av akkumulerte gode og sjansar.

#### *7.4.4 Fråskiljing av økonomi og kultur*

Sjølv om teljing ikkje er gangbart som einaste tolkingskriterium i kvalitativ metode, er det i somme høve sentralt. Det spreidde utvalet i denne studien er noko topptungt og i så måte kan det vera forståeleg at så mange som ti plasserer seg høgt (fleire av desse er òg plassert veldig høgt på volumaksen). Kanskje er det meir interessant at mange av desse talar om sine høge posisjonar utan moralske innrammingar. Vi har sett at ca. 24 plasserer seg i midten, ca. ti plasserer seg høgt, og då er det ca. fem informantar att. Felles for desse fire-fem personane er at dei skil økonomi og kultur frå kvarandre når dei talar om samfunnet si lagdeling. For desse verkar det ikkje gi meining å referera tilforlateleg til eit oppe, midten og nede, og deretter plassera seg sjølv med referanse til desse. Både Jesper (35 år, 1-4 UH, kulturarbeidar), Oda (35 år, 1-4 UH, humanitær org.), Liv (65 år, >5, lærar), Lene (65 år, >5, humanistisk utdanning) og Sjur (35 år, >5, lærar), stykkar opp, snur opp ned eller uttrykker at dei har fleire plasseringar



i samfunnets uformelle hierarki. Felles for dei er at dei tenkjer dei ligg høgt kulturelt og lågt økonomisk.

Aksel (35 år, >5, omsorgsarbeidar) seier:

*Aksel: (...) sånne som meg er jo ikkje på topp i noko hierarki i Stavanger (...).*

*Merete: Kven er det som er på topp? Er det dei som har ... mest pengar, eller kva yrke knyt du det til?*

*Aksel: Ja, eg knyt økonomi til det (...) Eg føler vel i Stavanger så er det vel økonomisk kapitalen over kulturelle kapitalen i så fall, viss det er sånn du tenkjer.*

*Merete: Kven er det som er vinnarane i...?*

*Aksel: (avbryter) I Stavanger er det jo openbart dei med store bus og...rett...design. [humrar].*

Vi ser at Aksel skil mellom økonomiske og kulturelle dimensjonar i si hierarkiforståing, der den eine dimensjonen haustar samfunnsmessig anerkjenning, medan den andre gjer det ikkje. Ein kan òg merka seg at «rett design» ikkje er ei tilvising til kulturelle dimensjonar, men til ei økonomisk form for kapital. Sjølv leiger Aksel leilegheita han bur i, han bur åleine, og er for tida tilsett i ei stilling i eit lågløna yrke, trass i hans høge utdanning. Vi har tidlegare sett at han reknar tilsette i olje og finans for å vera høgt oppe i det lokale hierarkiet. Sjølv om det å ytra at ein ikkje er på topp, ikkje er einstyddande med å tilvisa seg til botn, er det tydeleg at Aksel gir seg sjølv høg kulturell kapital, men samstundes at han meiner denne ressursforma er «den tapande part» i Stavanger. Når han plasserer seg trekk han fram sine kulturelle interesser og ressursar (sin kulturell kapital) som fordelar eller eigenskapar som gjer at han har grunnlag for å hevda seg, som gjer at han tenkjer han er over andre i somme høve (han ler då han seier dette). Nedanfor fortel han om leilegheita si.

*Aksel: (...) har gøymd vekk altfor mye av vinylen, som eg jo set veldig pris på som ein stor del av min kulturelle kapital (...)*

*Merete: Som er en viktig del av deg? Vinylplatene dine?*

*Aksel: Det er absolutt en del av det som gjer at eg føler meg som eit betre menneske enn mange andre.*

Aksel spesifiserer at hans «kulturelle rikdom» ikkje er synleg. Jesper (35 år, 1-4 UH, kulturarbeidar) seier bortimot det same som Aksel, men legg noko større tyngd på at han sjølv ligg lågt i eit økonomisk hierarki.

*Jesper: (...) sånn økonomisk sett då, så er det jo veldig enkelt for min del. For då vil eg seia at alle er over meg, ikkje sant, altså, eg lev nok eit ganske sånt bobemsk liv, ikkje sant, altså, eg frilansar, sant, eg har ingen fast jobb. Eg får alt ifrå veldig gode lønningar på enkelte ting til at eg liksom, sant, får mindre betalningar her og der for diverse oppdrag som eg gjer. Så eg kan gå ifrå å ha sånne gode månadar til ekstremt dårlege månadar.*

Jesper plasserer seg sjølv på botn økonomisk sett, og har òg objektivt sett ein relativt sett låg økonomisk posisjon (eg vil seia han er overraskande høgt plassert i det sosiale rommet gitt hans låge inntekt, brutto årsinntekt mellom 100-199.000, og toårige utdanning, ref. Appendix 2). Til liks med Aksel, løftar Jesper fram sine kulturelle ressursar når det gjeld eigenskapar og kjennemerke som utgjer hierarkiske plasseringar.

*Jesper: (...) men eg føler ikkje (...) det same viss eg skal sjå på personlege erfaringar og for eksempel: Altså, kva eg har oppnådd, då, ikkje sant, altså, eg har reist verda over, eg har i hermeteikn «sett alt», ikkje sant? Men eg har opplevd ting som eg veit dei fleste som då ligg veldig høgt opp i dette her ... bi ... eller i alle fall som ligg på... kan du seia på midten i dette her hierarkiet, då, som eg veit at dei aldri har opplevd då, som dei mest sannsynleg aldri kjem til å få oppleve. Så sånn sett, så føler eg meg ... kanskje ligg eg sjølv midt i midten eller ... litt over midten på den ... den erfaringa og det som eg føler eg har oppnådd.*

Jesper refererer til opplevingar, personlege erfaringar, og det å ha sett verda, elles i intervjuet nemner han kulturelle erfaringar, reiser og opplevingar, og han talar om suksess han har hatt i arbeidslivet som er kopla til kulturell anerkjenning og kredibilitet. Han har blant anna vorte nominert til ein anerkjend nasjonal pris innanfor sitt kunstnariske felt, og motteke fleire internasjonale heidringar. I det kulturelle hierarkiet gir opplevingar, kunstnarisk suksess og det å vera bereist, utteljing.

Både Aksel og Jesper (samt Liv, Oda og Lene) legg stor tyngd på kulturelle dimensjonar, openbart fordi det er her dei sjølve har gjort investeringar og fordi det kulturelle generelt sett er høgt akta hos dei. Det er òg tydeleg at desse personane – slik forskarar finn i studiar av klasse og hierarkioppfatningar frå England – er «well aware of the ‘politics of classification’, and this awareness influences how they engage with classificatory systems like those of class» (Devine, 2010, s. 154).

#### *7.4.5 Sosioøkonomi og moral*

Intervjua viser at informantane trekk hierarkiske grenser basert på både moralske, kulturelle og sosioøkonomiske forhold (ref. Lamont, 1992). Men vektinga av dei tre formene for symbolske grenser, og kor vidt informantane refererer til ei eller fleire av dei, varierer. Under 7.2 såg vi at sosioøkonomiske grenser vert trekt av alle, moralske grenser har større hyppigheit i nedre delar av rommet, og kulturelle grenser har større hyppigheit i øvre delar av rommet, spesielt i delen med overvekt av kulturell kapital. I vidare analysar av vekting, hyppigheit og styrke i grensetrekkinga, dannar det seg eit mønster som – noko forenkla – kan oppsummerast som at i nedre delar av det sosiale rommet skjer ei vektlegging av og *samankopling* mellom sosioøkonomiske og moralske forhold. Medan det i øvre delar av det sosiale rommet i langt større grad er vektlegging av sosioøkonomiske og kulturelle forhold, og i kulturell ende spesielt: ei *fråskiljing* av desse forskjellsreferansane.

I førstnemnde hierarkiforståing er det primært økonomiske forhold (økonomisk kapital) som gjer utslag for plassering, samt at økonomiske forhold i varierende grad vert vurdert og vekta opp mot moralske forhold. Økonomiske forhold angår, som nemnd, verdsleg suksess, inntekt relatert til yrkesposisjon, pengar og økonomiske statusmarkørar generelt. Eit døme er Ingvild (35 år, 1-4 UH, sjukepleiar) som plasserer seg og sin familie på midten av samfunnet si lagdeling, primært med grunn i kva ho og familien hennar tener. Ingvild skil mellom dei som har verkeleg mykje pengar og dei som har lite. Dei som tener under gjennomsnittet ligg lågt i hierarkiet, og personar som tener over gjennomsnittet, ligg høgt, ytrar ho. Ytterkantane under og over seg sjølve omtalar ho som høvesvis sosialklientar og oljefolk som tener 10-20 millionar i årsløn. Når Ingvild talar om ulikskap refererer

ho til ulike mål på økonomi og verdsleg suksess: «for i dagens samfunn så er det...du blir målt i pengar. Det er jo det som er status», seier ho, som vi såg innleiingsvis i avhandlinga. Her er spor av kulturelle skilje i måten ho talar om hierarki, mellom anna seier ho at born med utdanna foreldre gjerne får ein fordel i skulegangen, og at det er vanskelegare for born av foreldre utan utdanning å «bryta ut» og velja blant heile spekteret av val. Likevel vil eg seia at Ingvild har framstående sosioøkonomisk grensedraging i måten ho talar om hierarki og forskjellar.

Blant dei som vektlegg sosioøkonomiske forhold i hierarkioppfatningar fins òg personar som i langt større grad enn Ingvild, legg vekt på moralske forhold. Moralske forhold går mellom anna på om ein er arbeidssam, sømmeleg, har akseptabel framferd og åtferd, ikkje stikk seg for mykje ut, og har personleg integritet (ref. t.d. Inger under 7.2.2. og Gry under 7.3.2). Birger (65 år, vidaregåande skule, tømrrar) kjem raskt inn på at han ikkje har mykje til overs for dei som urettmessig kjem seg opp og fram, når han talar om sosiale hierarki.

*Birger: Og det er klart at der er jo...enormt mange som er liksom...som skal klatra heile vegen. Bruka olbogar og alt og...så der er jo stor forskjell på...på det. Men eg for min del har...lite til overs for akkurat det, då. (...) For...mange av dei som klatrar etter mitt syn då, er voldsomme, dei er i grunnen ikkje så...fantastisk gode likevel. Men dei har berre ei eiga evne til å så klara å ...bruka olbogane og koma fram.*

På spørsmål om det er nokre konkrete personar Birger ser opp til, eller synes mykje om, seier han at han hadde stor tru på Arne Rettedal.<sup>40</sup> «Han var frå Stavanger, han var fantastisk god, han var...han *bandla*, han. (...) viss ikkje Rettedal hadde vore der, så hadde vi ikkje hatt olja her». På spørsmål om det er personar han ikkje synes spesielt mykje om, seier Birger at han ikkje har mykje tru på Jens Stoltenberg. Han er blitt høg på pæra, han er ikkje god til å leggja saker fram for folk, og han har fjerna seg frå arbeidarane. «Han kunne jekka seg ned litt...litt ned på jorda. Etter mitt syn», seier Birger. Trekk ved personlegdom og syn på rett åtferd går att.

---

<sup>40</sup> Norsk sivilingeniør og polititar. Ordfører i Stavanger i to periodar på 1960- og 1970-talet. Hadde ei sentral rolle i at Stavanger vart Noregs oljehovudstad.

Blant personar som legg stor vekt på økonomiske forhold i sine forståingar av hierarki, fins alle med låg utdanning i utvalet og nokre få med høgare utdanning. Og som vi har sett vert moral brakt på bane på ulike vis når det er tale om hierarki og sosial ulikskap. Nokre talar om moral som moglege avdemparar på sosioøkonomiske forhold ved at dei koplar moral og økonomisk ulikskap og verdsleg suksess, og er opptekne av korleis folk *bandterer* verdsleg suksess («folk får ha så mykje pengar dei vil, berre dei ikkje snakkar så mykje og det og er hyggelege», «naboen har Porsche Cayenne, men han er veldig grei»). I tillegg er det nokre få som har moralske kvalar med å tala om sosial ulikskap og med å plassera seg sjølv. Moralsk grensedraging knytt til hierarki, skil seg likevel frå dei to andre symbolske grensene på den måten at moralske kvalitetar ikkje vert referert til som utslagsgivande for spesifikke plasseringar i hierarkiet, slik som sosioøkonomiske og kulturelle forskjellar gjer det. Med Van Eijk (2013): moral er underliggjande og overbyggande, men ikkje «conducive to hierarchization» i seg sjølv.

## **7.5 Oppsummering**

Kapittelet har gjennom tre inntak gitt innblikk i korleis informantane oppfattar sosial ulikskap og sosiale hierarki: gjennom 1) heilskapleg grensedraging i tale om hierarki, 2) oppfatningar av dei spesifikke sosiale kjennemerka utdanning og rikdom, og 3) sjølvplassering i samfunnet sin lagdelte struktur. Gjennomgåande har informantane sine oppfatningar blitt sett i samheng med deira objektive sosiale plasseringar.

Vi har sett at sosioøkonomisk grensedraging er spreidd i heile rommet (vert trekt av alle), moralske grenser og skilje er spreidd i rommet, men har størst hyppigheit i nedre delar, og vektlegging av kulturelle grenser fins i øvre del av rommet, spesielt hos dei med overvekt av kulturell kapital. Altså meir moral nede og meir kultur oppe. Desse forskjellige orienteringane vart portrettert gjennom Einar, Inger, Sjur og Lise, - høvesvis handelsmann, reinhaldar, lærar og førskulelærar.

Vi såg vidare at når det gjeld oppfatningar av utdanning så vart ulike tydingar tillagt dette sosiale kjennemerke. Utdanning vart omtala både som eit middel til (å nå høgare) sosial og økonomisk posisjon, som fagkunnskap,

som samfunnsnytte, som eit identitetsskapande personleg og kulturelt dannelsingsprosjekt, og som noko som er meir eller mindre utanfor tolkingsrepertoaret. Vi såg at hos personar i nedre delar av det sosiale rommet, samt nokre i midten og enkelte oppe, verkar ikkje utdanning vera ein sentral sosial markør i det heile (t.d. Lise, Inger, Signe). Hos mange i øvre delar av rommet, vert utdanning tillagt (stor) symbolsk tyngd (t.d. Dag, Sjur og Oda). Dei som legg symbolsk tyding til og oppfattar at utdanning er ein sentral sosial markør, nyttar utdanning som ein av fleire faktorar når dei vurderer andre menneske, deira smak, val, ytringar og haldningar, når dei navigerer i den sosiale verda, og utdanning er ein del av deira definisjon av seg sjølv, av deira identitet. Det faktum at utdanning er framstående og vurdert som ein sentral forskjellsskapande mekanisme i store delar av det øvre rommet, og samstundes ein lite sentral eller ikkje-relevant forskjell for personane med lågt kapitalvolum, syner at det er ei kløft i oppfatningar av kva utdanning er og kva dei gjer med dei som har det. Det er i seg sjølv ei stadfesting av at utdanning *er* ein forskjellsskapar.

Når det gjeld oppfatningar av rikdom er det tydeleg – og ikkje overraskande – at meininga som vert tillagt rikdom, eller fattigdom for den del, heng saman med avstanden enkeltpersonar har til desse fenomena i det sosiale liv. Oppfatningar av rikdom og dei rike kan oppsummerast ved å seia at dei fleste synes å leva greitt med (variasjonar i) personleg rikdom og byen sin rikdom: her er overraskande lite kritikk frå lågt volum-fraksjonen, her er lite kritikk og problematisering frå dei rike sjølv, - bortimot den einaste kritikken som er å spora kjem frå kulturfraksjonen. Kritikken herfrå handlar om materialisme, forbrukarkultur, kapitalisme, pengestyrt byutvikling og oljesektoren som for dominerande.

Utforsking av informantane sine sjølvplasseringar viste at mange relativt tilforlateleg skil mellom oppe, midten og nede. Det vert i denne samanheng referert til både yrkesposisjon, statusar, arbeidslivssektorar, etnisitet og innverknad. Når det gjeld yrke vert olje og finans plassert høgt i det sosiale hierarkiet, og drosjesjåførar, bosstømmarar og reinhaldarar vert plassert langt nede. Når det gjeld plasseringar informantane gir seg sjølv og sin eigen familie, er det mange som tenkjer dei høyrer til midten, og overraskande mange som plasserer seg høgt. Overraskinga skuldast ikkje at deira objektive posisjonar er lågt i hierarkiet (stort sett er det samanfall

mellom subjektive og objektive plasseringar), men snarare fordi forskning på klasse gir grunnlag for å hevda at det i Noreg fins eit normativt krav om å seia at ein høyrer til midten (altså er vanleg). Vidare har vi sett at langt dei fleste ikkje har nemneverdige vanskar med å seia at dei ligg høgt i samfunnshierarkiet (med ref. til anten posisjon, innverknad, nettverk eller nivå av velstand), medan nokre få har moralske kvalar med at dei høyrer til eit øvre lag, primært fordi at dei med dette plasserer ei rekkje personar og grupper under seg.

Her er altså eit vesentleg skilje i kven som tenkjer hierarkiske posisjonar er bestemt av sosioøkonomiske forhold, moralske forhold, og kven som inkluderer kulturelle ressursar og orienteringar i si hierarkiforståing. I neste kapittel skal eg analysere desse forskjellane – denne kløfta i kva forskjellar som vert tenkt å utgjera ein forskjell – og vidare kva sosiale konsekvensar ulik vektlegging av forskjellar, kan ha.

## 8 Distinksjonar og sosiale tydingar

### 8.1 Innleiing

Dei føregåande analysekapitla om kulturelle preferansar og orienteringar (kap. 5), synspunkt på forskjellar i livsstil og smak (kap. 6), og oppfatningar av sosiale hierarki (kap. 7) handlar alle om korleis folk forstår sosial ulikskap og sosial likskap, og slik sett om korleis dei subjektivt konstruerer forskjellar og likskap. Kapitla bidreg til forståing av «(t)he making of differences in daily life» (Savage et al., 2010, s. 62), og identifiserer mønster i korleis folk skapar og oppfattar forskjellar. Eit gjennomgåande og sentralt spørsmål dreier seg om kva ulike folk baserer observasjonar og oppfatningar av likskap og ulikskap på. Kva er det som skil folk og kva er det som foreiner dei?

Eit sentralt funn er difor sjølve mønsteret i informantane sine klassifikasjonar og grenser mellom ulike fenomen, praksisar og folk: dei varierte måtane å forstå biletkunst, heimeinnreing, litteratur og arkitektur, og vidare makt- og rangforskjellar, rikdom og utdanning.

I dette siste kapitlet skal eg røra meg vidare til å diskutera moglege sosiale konsekvensar av variasjonen som har synt seg. Eg skal spekulera rundt kva sosiale konsekvensar som kan følgja av divergens i oppfatningar av kva forskjellar som er sentrale. Kva har det å seia at her er forskjellige oppfatningar? Med andre ord: kva implikasjonar har funna? Kapitlet er perspektiverande på den måten at det set funna inn ein større samanheng, og i nokre høve peiker utover avhandlinga sitt studiefelt (det som er studert). Delar av kapitlet er førekjensler om og drøftingar av i kva grad informantane speler ut oppfatningane og grensene dei føregåande kapitla har synt at dei har, - altså diskusjon av i kva grad og i kva situasjonar dei gjer grensene og forskjellane sosialt tydingsfulle. Her er på sin plass å poengtera at ut frå intervjumateriale åleine, kan ein ikkje vita sikkert *når og korleis* kva type grenser og forskjellar vert gjort relevante i konkrete sosiale situasjonar. Gjennom intervju kan ein ikkje studera folk når dei handlar, men snarare deira handlingar i retrospekt og deira eigne fortolkingar av handlingane. Om ein studerer sosial ekskludering til dømes, kan intervjudata dokumentera *potensiell* ekskludering på tvers av grupper, ikkje



observert ekskludering (Lamont, 1992). Det er likevel god grunn til å anta at folk sine subjektive oppfatningar og tolkingar «pushes action along different tracks» (Murphy, 1988, s. 1). «Boundaries constitute a system of rules that guide interaction» (...) (Lamont, 1992, s. 12). Det er difor sannsynleg at grensene og skiljelinjene informantane i denne studien nyttar (skissert i kap. 5, 6 og 7), ikkje er skild frå deira val og handlingar i deira sosiale liv. Dét gjer det relevant å drøfta sosiale konsekvensar av variasjon i grensedraging som har synt seg.

Lamont & Molnár (2002) omtalar prosessen der symbolske grenser vert gjort sosialt tydingsfulle – der mentale klassifikasjonar og skiljelinjer får reelle sosiale tydingar gjennom praksis – som ein overgang frå symbolske til sosiale grenser. I denne forståinga er sosiale grenser symbolske grenser «sett ut i live». Sagt på ein annan måte er dette eit forhold mellom differensiering og hierarkisering. Diskusjonen i dette siste kapittelet omhandlar nettopp skjeringspunktet mellom symbolske og sosiale grenser, og reflekterer rundt dette forholdet med referanse til eige materiale.

Kapittelet er bygd opp som følgjer: først skal eg diskutera forholdet mellom differensiering og hierarkisering gjennom å gjera greie for ulike teoretiske og empiriske inngangar til dette forholdet. Bourdieu (1984) og Lamont (1992) har noko ulike perspektiv på kor vidt differensiering naudsynleg leier til hierarkisering, og Prieur & Savage (2013) står i ein slags mellomposisjon. Med dette forholdet i bakhovudet, skal eg deretter samanfatta hovudfunna i avhandlinga og diskutera dei i relasjon til problemstillingane reist i introduksjonen. Som ei vidaretolking og syntetisering av hovudfunna, lanserer eg konseptet om eit diskursivt gap. Det diskursive gapet angir ei kløft mellom oppfatningar av kva forskjellar som utgjer ein forskjell i ulike delar av det sosiale rommet. Gapet gjeld forhold som av nokre sosiale grupper *ikkje* vert oppfatta og registrert eller sett på som viktige, på same tid som desse relasjonelt sett er forhold andre grupper legg (stor) tyngd på. Byggesteinar i konseptet om det diskursive gapet er fenomen som sosial gruppedanning (kva formar gruppedanning), utestenging og eksklusjon (kva mekanismar leier til sosial utestenging), fråverande grenser (kva vert ikkje vektlagd) og oppfatningar av forskjellar som sosial stadsans (sosiale navigasjonsreiskapar). Alle desse omhandlar

potensielle sosiale konsekvensar av differensiering (eller av variasjon i oppfatningar).

Sentrale moment i det diskursive gapet er tilsløring gjennom underkommunisering av kulturelle ressursar, «mangel på» agere og anerkjenning av utvalde såkalla legitime kulturelle og sosiale praksisar «nedanfrå», og eit misforhold mellom subjektiv relasjonell røynd og objektiv sosial røynd. Det diskursive gapet peikar på subtile sosiale tilsløringsmekanismar.

## **8.2 Differensiering vs. hierarkisering**

Sjølv om eit av funna i avhandlinga er sjølvaste mønsteret av forskjellar og ein av konklusjonane dermed er at her er stor variasjon i kulturell praksis og verdsettning, med referanse til mellom anna sosial posisjon, så melder eit spørsmål seg: «kva så?». Kva så om folk oppfattar kulturelle forhold og maktforskjellar ulikt? Kva så om dei oppfattar litterær kvalitet på motstridande vis, eller at personar med høgt kapitalvolum i større grad enn personar med lågt kapitalvolum ser hierarki som konstituert av kulturelle forhold og ikkje berre sosioøkonomiske? Slike spørsmål fører meg tilbake til diskusjonen av kor vidt forskjellar kan vera berre sidestilte anleisheiter, altså forskjellar utan sosiale makterelaterte konsekvensar (ref. kap. 6 om smaksmessige og estetiske forskjellar), og om kor vidt forskjellar, altså differensiering, fører til hierarkisering, altså rangering av forskjellar og dominans/undertrykking.

Innan sosiologien er det delte meiningar om korleis vi skal forstå forholdet mellom differensiering og hierarkisering. Om eg konsentrerer meg om dei to teoretiske hovudperspektiva avhandlinga lener seg på, Bourdieu vs. Lamont, så meiner førstnemnde at all kulturell praksis er rangert, at kulturell ulikskap automatisk fører til dominans, at kvar og ein er konfrontert med «objectified possibilities (goods, services, patterns of action etc.) the appropriation of which is one of the stakes in the struggles between classes, and which, because of their probable association with certain classes or class fractions, are automatically classified and classifying, rank-ordered and rank-ordering» (Bourdieu, 1984, s. 223). I denne forståinga leier differensiering i så måte automatisk til hierarkisering.

Lamont på si side meiner vi treng meir kunnskap om «the condition under which cultural differentiation can lead to hierarchization and have political effects, i.e. effects on structures of power relations» (Lamont, 1992, s. 178). Ho ser symbolske grenser som eit naudsynleg, men utilstrekkeleg vilkår for forming av sosioøkonomisk ulikskap. Berre sterke grenser genererer ulikskap, og differensiering leier slik ikkje naudsynleg til hierarki, etter hennar meining. Om Bourdieu sitt syn på dette seier Lamont: «For him, distinction automatically results from differences in the relation that various categories of people have with their body, language, culture, and so forth». Ifølgje ho sjølv: «such mechanisms functions, but only for people who are relatively taste conscious» (Lamont, 1992, s. 276). Gronow & Warde (2001) peikar på at noko av kritikken mot *Distinksjonen* (Bourdieu, 1984) har gått på å stilla spørjeteikn ved forventninga om nettopp eit sterkt smakshierarki. «(I)t is much more problematic to prove that these tastes are hierarchically ordered» (Gronow & Warde, 2001). For at eksklusjon skal vera utfallet av symbolske grenser må det eksistera konsensus omkring «the nature of cultural hierarchies and deviance. Only when boundaries are widely agreed upon, i.e. only when people agree that some traits are better than others, can symbolic boundaries take on a widely constraining (or structural) character and pattern social interaction in an important way» (Lamont, 1992, s. 178). Lamont sitt syn på forholdet mellom differensiering og hierarkisering understreker altså at her må vera brei semje rundt kva som vert verdsett.

Synet til Lamont har moglegvis større parallellar til Bourdieu, enn ho ønskjer å innrømme. Bourdieu sitt omgrep om symbolsk makt, som er makt til å konstruera røynda, eller til å påtvinga den definisjonen av den sosiale verda som svarar best til egne interesser (Bourdieu, 1996b, s. 38-43) – altså ei sosial, kulturell og diskursiv makt – er òg avhengig av ein slags konsensus. Symbolsk makt er ei usynleg makt som berre kan utøvast med delaktigheit frå dei som ikkje veit at dei ligg under for den, hevdar Bourdieu (ibid), altså med «godkjenning nedanfrå». Legitimitet er i så måte eit relevant omgrep. Å legitimera tyder å akseptera, godkjenna, anerkjenna og tillata (gje løyve til/la skje). Legitimitet angir ei makt som vert utøvd med medvit og «rett» og som samstundes vert anerkjend av dei som vert styrt av denne makta, -

styrande vert gitt rett til å utøva makt over dei styrte (O. Korsnes, 2008, s. 170). Det er slik ei rettferdigging av eit system.

Legitimitet i bourdieusk forstand handlar om at distinksjonar treng rettferdigging for å verka, og legitimitet kan sporast gjennom at når noko er legitimt så er alle tvungne til å definera seg gjennom sin avstand til det legitime eller til den herskande kulturen (Bourdieu 1996b, s. 42). Warde & Gronow skriv om legitimitet i bourdieusk forstand at: «to be better – or legitimate – taste it must be recognized as such both by those who presume to have it and by others who aspire to get it» (Gronow & Warde, 2001, epilogue).

Når ein rettar seg mot Bourdieu si smaksforståing handlar forholdet mellom differensiering og hierarkisering òg om kor vidt forskjellar kan nyttast eller omsetjast til noko anna. Eigarskap til ressursar eller kapitalformer kan ha sosiale effektar gjennom at dei vert omsett til noko anna, til fordelar, ved at dei blir konvertert til andre ressursar og kapitalformer. Enkelpersonar og grupper sine «stock of capital is a crucial resource in allowing them to gain advantages within fields, though capital is field specific and does not necessarily allow advantage to be translated into other fields» (Savage, et al., 2005, s. 39). Døme på relevante spørsmål vert i så måte: kan litterær kapital omsetjast til nokre fordelar? Kva fordelar gir det å vera i sentrum av kunstmiljøet i Stavanger til dømes, altså å meistra biletkunst til fingerspissane i nett denne byen? Kva fordelar gir ulike utdanningspapir? Og ikkje minst: korleis endrar desse forholda seg over tid?

I ein artikkel som utforskar «the changing nature of cultural capital» (Priour & Savage, 2013, s. 7), drøftar Priour & Savage korleis kulturell kapital endrar seg, og med dette òg konvertabiliteta til den kulturelle kapitalen. Forfattarane kjem med fem påstandar om korleis kulturell kapital har endra seg dei siste tiåra. Desse fem handlar om ein tilbakegang av tradisjonell høgkultur, om den potensielle framveksten av ein kulturell omnivore, om ei sterkare kunnskapsorientering i tileigning av kultur, om potensiell framvekst av ein kosmopolitisk kulturell kapital, og til slutt, om ei mogleg dreining mot «informasjonskapital». Diskusjonen av påstandane deira viser at konseptet kulturell kapital med tid endrar innhald og karakter, særleg vert dette tydeleg om ein samanliknar konseptet med slik det opphavleg vart forstått og operasjonalisert av Bourdieu i *Distinksjonen* på

1960 og -70-talet (1984). Dei moglege endringane Prieur & Savage skisserer utfordrar likevel ikkje det faktum at den sosiale ulikskapen innan kulturelt konsum fortset å vera djup og utbreidd (2013). Men, relevant for den føreliggjande diskusjonen om kor vidt differensiering leier til hierarkisering, så ytrar Prieur & Savage at: «To be sure, the identification of distinguishing practices and preferences do not necessarily turn these attributes into cultural capital. For an asset to serve as capital in a Bourdieusian sense, it should be linked to legitimacy, convertability and domination, and this link has to be shown (ibid, s. 17). Dei påpeiker med dette at ein eigenskap eller ein eigedom ikkje i seg sjølv er ei kapitalform, - distingverande praksisar og preferansar ein har identifisert må vera knytt saman med legitimitet, omsetjing og dominans. Vidare: «it is not given that the cultural specificities of the highly educated (...) enjoy any wider recognition as good taste, and it is not given that they may be converted to social or economic capital. Neither is it given that they may be experienced as linked to domination» (ibid).

Det ovannemnde understreker at lenka mellom på den eine sida divergerande praksisar og preferansar, og på den andre sida legitimitet og dominans, må studerast kontekstuel og visast empirisk: «the link has to be shown». I så måte kokar det heile ned til spørsmål av metodisk art: korleis finn ein ut kva som har legitimitet? Korleis kjenneteikna age og anerkjenning nedanfrå? Og når veit ein at her er «wider recognition» (ref. Prieur & Savage) eller at grensene rundt kva som er verdsett er «widely agreed upon» (ref. Lamont)?

Jarness (2013) studerer forholdet mellom differensiering og hierarkisering i det han undersøker kor vidt livsstilsforskjellar leier til sosial utestenging. Han har òg som nemnd sine data frå Stavanger, frå nokolunde same tidsrom, og er difor relevant referansemateriale for denne avhandlinga. Han skriv at: «The pressing question is whether, and if so in which ways, differences in tastes and lifestyles amount to relations of legitimate domination (...) (ibid, s. 218). Altså på kva måtar livsstilsforskjellar inneber legitim symbolsk dominans. Igjen: det overhengande metodiske spørsmålet vert korleis ein finn ut at forskjellar leier til legitim dominans. Jarness seier om dette – med bourdieusk forståing – at: kulturelle praksisar kan fungera som symbolsk kapital om meistring av

dei er ujamt fordelt, og om meistring av desse er ettertrakta og/eller produserer ærbødighet/akting («deference») hos dei som ikkje har den (ibid). «The possession of symbolic capital implies esteem and prestige outside the limited circles of the practitioners of the lifestyles in question» (ibid, s. 222). Meistring av kulturell praksis må altså vera ujamn (forskjellig) og meistring av kulturell praksis må vera ettertrakta hos dei som ikkje meistrar. Operasjonalisert i sitt eige materiale refererer Jarness til to måtar symbolsk verdi vert produsert på: 1) gjennom informantane sine syn på folk som har same livsstil som dei sjølve, men der informantane ikkje meistrar denne til fulle, og opplever seg underordna/dårlegare, og 2) livsstilar som vert sett på som framande og til med moralsk suspekte, men som ikkje desto mindre får fram stillteiane eller underforstått age (ibid). Jarness finn sjølv at «the aversions expressed by non-practitioners indirectly entail admiration, and thus the production of symbolic value» (ibid, s. 230). Han finn ei spenning mellom beundring og aversjon overfor enkelte livsstilar/livsstilsgrupper, som går både på at personar i økonomifraksjonen kjenner på ei avstand og tidvis beundring av kulturelle orienteringar og beundring av folk som klarar henta stimuli ut av høgkultur, og personar i kulturfraksjonen som både avviser og misunner «dyre livsstilar» (ibid, s. 229). Dette skal eg koma tilbake til i diskusjonen lenger bak i kapittelet.

Men altså, i bourdieusk forstand kviler den symbolske makta på ei stillteiane godkjenning av makta si legitimitet. Konseptet om «mis-erkjenning» handlar om at dei som ligg under for makta ikkje maktar å sjå eller avdekkja at hierarkia og makta er sosiale konstruksjonar som tener interessene til nokre andre grupper enn dei sjølve (Bourdieu, 1977, 1995). Men *i kva grad* er den symbolske makta eigentleg avhengig av at dei nede anerkjenner for at den skal verka? Eller sagt på ein annan måte: om ein ikkje finn at dei lågare lag anerkjenner eller uttrykker age «oppover», er det då symbolsk makt, eller er det andre former for makt? Og er ein ikkje med dette låst i empirisk-metodisk forstand? Det synes naudsynt å poengtera at om ein ikkje finn implisitt eller eksplisitt age eller anerkjenning frå dei som ligg under for makta, bør ein heller ikkje vera for rask med å konkludera at dei ikkje maktar sjå denne og dermed indirekte støttar den. Openbart kviler makt på at dei som ikkje utøver makt, ikkje evner å opponera og å «bryta ut». Stillteiane samtykke vert på mange vis ei stadfesting, og gjennom å

ikkje opponera støttar ein indirekte det som råder, eller den herskande kulturen. Politisk sett, for bevaring av politisk makt og herredøme, er dette lett å sjå for seg. Makta sit så lenge den ikkje vert rive ned, sagt litt banalt. Men kva når det er tale om «små distinksjonar» og smakshierarki? Bourdieu er mykje sitert på setninga om at smak verkar “without (...) ever having to be formulated other than in the socially innocent language of likes and dislikes» (1984, s. 243), men det å seia at livsstilsforskjellar ikkje er tilfeldige og uskuldige er ikkje det same som å seia at dei har sosiale konsekvensar i alle høve, eller at vi naudsynleg veit kva konsekvensar dei til ein kvar tid har, slik Prieur & Savage og Lamont peiker på. Gronow & Warde (2001, s. epilogue) er nokre av dei som kritiserer Bourdieu sine kultursosiologiske perspektiv for nettopp at legitim smak og sosial makt hovudsakleg vert karakterisert ut frå små distinksjonar. Dei meiner det er vanskelegare å hevda at såkalla små distinksjonar er sterkt hierarkiserande. Forfattarane set ikkje spørjeteikn ved om det er eit smakshierarki som dikterer og favoriserer, og som slik har sosiale tydingar (som Prieur & Savage), men utfordrar tanken om *korleis det legitime verkar*.

Det er framfor dette bakteppe eg skal samanfatta og diskutera hovudfunna i avhandlinga, lansera hypotesen om eit diskursivt gap, samt perspektivera og spekulera kring sosiale konsekvensar av det diskursive gapet.

### **8.3 Hovudfunn**

Problemstillingar som vart reist i introduksjonen var desse:

- Kva verdsetjingsformer og betrakningsmåtar fins innan heimeinteriør, biletkunst, litteratur og arkitektur?
- Korleis vert det trekt grenser mellom eigen og andre sin smak, og korleis varierer dette mellom ulike sosiale grupper?
- Kva sosiale kjennemerke og forskjellar vert vurdert som relevante av kven?
- Kva oppfatningar fins om kva som konstituerer sosiale hierarki?



Nedanfor skal eg gå gjennom hovudfunna frå avhandlinga som svarar på ulike sider ved desse spørsmåla.

### *8.3.1 Variasjon*

Variasjon og mangfald, i både kulturelle preferansar og oppfatningar av kva sosiale forskjellar som er relevante, er eit gjennomgåande trekk ved datamaterialet. Mangfaldet syner seg innan alle områda avhandlinga tek for seg: innan kvardagsleg estetisk verdsetjing, betraktning av biletkunst, sosiologisering omkring smaksforskjellar, oppfatningar av utdanning og rikdom, oppfatningar av kva sosiale konsekvensar forskjellar i smak og livsstil kan ha, og i hierarkiforståingar. Generelt sagt: her er eit mangfald av oppfatningar av *kva* typar sosiale forskjellar som er relevante, og *når* dei er det. Vi har sett at enkelte er meir tilbøyelege til å verdsetja kulturelle og estetiske livsområde enn andre, andre er tilbøyelege til å referera til yrkesmessig og pekuniær suksess, og atter andre legg i relativt stor grad tyngd på moralske forhold, anten som ei oppvurdering av moralske standardar dei set høgt, eller som ei vegring mot å tala om sosial ulikskap og ein opposisjon mot at moral er for lite til stades i vurdering av folk og praksisar. Her er slik referansar til både økonomi, moral, utdanning, livsstil og alder, når det gjeld kva som skil folk sosialt sett. Det kjem tydeleg fram at kva som vert forstått og fortolka som likt og forskjellige, varierer. Funna stadfestar følgjande ytring frå Gullestad: «det er store forskjeller på hva hvert enkelt menneske legger i begreper om likhet og forskjell. Selv om likheter og forskjeller ofte virker ‘naturlige’, er de ‘kulturelle’ i den forstand at de er oppfattet og fortolket ved hjelp av kulturelle kategorier og verdibegreper. Selv om mange mennesker legger en viss vekt på likhet, betrakter de ikke nødvendigvis de samme tingene som like eller forskjellige» (Gullestad, 1996, s. 228). Vi såg mellom anna at når Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærer) og Sjur (35 år, >5, lærar) refererer til «folk som får til alb», legg dei ulike tydingar i kva dei reknar som alt (ref. 7.2.3 og 7.2.4).

*Variasjonen* i preferansar og oppfatningar av kultur og hierarki er inga overrasking, gitt utvalet si spreidde samansetjing, men det er framleis eit funn at dei spesifikke mønstra eg har kartlagt, har den variasjonen dei har. For ein stor del skriv mønstra for kulturell verdsetjing og hierarkiforståingar seg tilbake til sosial posisjon, og til ein viss grad til alder



(generasjon) og til kjønn. Men eg vil seia at kjønn ikkje har synt seg som ein særleg relevant forklaringsfaktor for variasjon i kulturell og estetisk verdsetjing (t.d. for betraktning av biletkunst), ei heller for oppfatningar av sosiale hierarki. Kvantitative undersøkingar av kulturbruk syner i mange høve klare kjønnsforskjellar (sjå t.d. Bergsgard 2015), men det latar til at det ikkje er vidare sentralt i folk sine medvit.

Informantane sine sosialt posisjonerte ståstader (ref. posisjonar i det sosiale rom), vert gjennomgåande diskutert og vert vurdert som ein sentral forklaringsfaktor for variasjonen. Det spesifikke mønsteret eg har kartlagt innan kulturell verdsetjing og oppfatningar av sosiale hierarki, støttar Bourdieu sine premiss om at personar som har posisjonar nær kvarandre i det (objektive) sosiale rommet, liknar kvarandre i det reelle liv (livet som ikkje er på papiret) og har liknande tilbøyelegheiter, preferansar og praksisar, sjølv om ikkje alle forhold i eige datamateriale viser dette like tydeleg.<sup>41</sup> På denne måten kan ein seia at avhandlinga illustrerer på kva måtar posisjon (eller klasse) er med å konstruera forskjellar mellom folk.

Gjennom variasjonen i måtar å oppfatta kultur og hierarki på, skrid det gjennomgåande fram at røynda er relasjonell. Det skrid fram på den måten at personane sine oppfatningar av kva forskjellar dei vurderer som relevante: innan kulturelle uttrykk, når det gjeld spørsmål om kulturell og litterær kvalitet, om samfunnets hierarkiske oppbygging osv., får meining som er avhengig av kva som kjenneteiknar andre sine oppfatningar, og i relasjon til dei sosiale situasjonar dei er relevante for. For gjennom konkrete sosiale relasjonar har forskjellar potensial for å bli gjort tydingsfulle. Mellom anna har vi sett rangeringsvegring innan kulturfeltet (ref. 6.7), at kulturfraksjonen underkommuniserer kulturelle forskjellar (ref. 6.6) og moralsk innramming av økonomiske forskjellar (ref. 7.4.5) – alle desse

---

<sup>41</sup> Frank (30+, 1-4 UH, banktilsett) og Mads (30+, 1-4 UH, finansforvaltar) til dømes er plassert tett ved kvarandre i det sosiale rommet (ref. 9.2) i kraft av at dei har liknande svar på spørsmåla som dannar posisjonen. Dei er i same alder, har 3-årige økonomiutdanningar, er småbarnsforeldre, arbeider i finanssektoren, er fødd og oppvaksne i Stavanger. Likevel har dei forskjellige sosiale bakgrunnar, ulike oppfatningar av hus og heim, av Stavanger, dei har forskjellige sosiale nettverk og interesser. Eg vil seia at dei ligg overraskande nær kvarandre i det sosiale rommet om vi ser på kva intervjuar syner av forskjellar mellom dei. Ei anna plassering i rommet, der subjektiv forteljing, grensedraging og vektlegging av forskjellar som kjem til overflata i intervjuet bryt med den objektive plasseringa, er Lise (30+, 1-4 UH, førskulelærer), som ligg plassert midt i øvre delar av rommet med overvekt kultur. Ho trekk svært få kulturelle grenser, og vert ikkje rekna som ein del av kulturfraksjonen.

handlar om nedtoning av forskjellar, men dei er ikkje «default-nedtoningar», men snarare nedtoningar som verkar verta aktivisert i spesifikke sosiale situasjonar og overfor spesifikke sosiale relasjonar. Det er nærliggjande å tru at i møte med sosial og kulturell annleisheit, vert ei relasjonelt bestemt nedtoning av det som representerer (for) store forskjellar, sett i verk.

I denne avhandlinga står er det spesielt fokus på livsstilsforskjellar og kulturelle forskjellar som ei form for ulikskap. I den samanheng har forholdet mellom sterk og bortimot fråverande kulturell grensedraging vist seg, og dette forholdet er sentralt i det diskursive gapet eg skal drøfta seinare i kapitlet. Men først ei oppsummering av hovudfunn som adresserer kva former for kulturell verdsetjing som syner seg.

### *8.3.2 Kulturell verdsetjing*

Fire kulturelle estetiske case er inkludert i denne studien. Datamaterialet om heimeinnreiing og biletkunst har vore utforska som ein søken etter emiske oppfatningar og betraktningsmåtar, og etter mønster i informantane sine preferansar og orienteringar.

Innan biletkunst synte det seg tre former for betraktning: emosjonell spontan betraktning, kunnskapsbasert betraktning og biletkunst som eigarskap. Betraktningsmåtane varierer etter kunnskapsnivå om og erfaring frå feltet. Kunnskapsdimensjonen vert difor rekna for å vera eit sentralt omdreiingspunkt for å forstå betraktning av biletkunst, - både for å forstå forskjellane mellom dei tre identifiserte betraktningsmåtane, som kan plasserast langs eit kontinuum, men òg for å forstå oppfatningar av såkalla legitim smak og det legitime kunstfeltet. For noko av det som kjenneteiknar samtidskunstfeltet er at det har ei udiskutabel sterk vektlegging av kunnskap og idé. Det fins ei rekkje studiar som stadfestar at kunnskap om og erfaring med biletkunst for ein stor del er bestemt av kulturell kapital (Bourdieu, 1984; Newman, et al., 2013) og sosial klasse (Silva, 2006), og i så måte skriv eigne funn seg inn i denne forståinga, - der forskjellar mellom ulike måtar å betrakta kunst på skriv seg tilbake til mellom anna sosial posisjon og mengd kulturell kapital. Økonomi gir seg utslag på den måten at personar som har høg kulturell kapital og samstundes interesse for kunst, står i posisjon til å kunne skaffa seg kunst, og på denne måten òg nærmar seg biletkunsten noko annleis enn dei som sit på mykje kunnskap om den, men utan

økonomiske middel til å skaffe seg den. Eg har kategorisert desse til å ha eigarorienterte betraktningar av biletkunst. Kjønn og alder gir seg få utslag i måtar å betrakta biletkunst i denne studien.

Når det gjeld heimeinnreiing vart tre former for orienteringar identifisert: orientering mot det biografiske, orientering mot det praktiske og orientering mot estetisk posisjon. Datamaterialet om heimeinnreiing indikerer at orientering mot estetisk posisjon har vekse fram til å ha hegemonisk status. Heimane til intervjupersonane sender forskjellige uttrykk om kven dei er og kven dei vil vera, og her er store forskjellar i kor opptekne informantane er av heimeinteriør og kor medvite dei innreier, nettopp med tanke på senda signal om eigen identitet og gruppetilhøyrse eller ikkje. Både kjønn, alder, utdanning og økonomi verkar å forma deira orienteringar til heimeinnreiing. Kjønn gir seg utslag på den måten at innreiing av heim står fram som kompromiss og framforhandla semje mellom partnarar/familiemedlem. Fleire kvinner blant dei intervjua har interesse for heimeinnreiing, og fleire av informantane gir til uttrykk at interiør er kona sitt ansvar eller kona si interesse (dette gjeld spesielt menna med lågare utdanning i den eldste alderskohorten). Vidare er alder (forskjellar mellom dei to generasjonane) relevant på den måten at den yngste generasjonen ikkje ser ut til å koma utanom å måtte retta seg mot den estetiske orienteringa. Dei relaterer i større grad enn den eldste kohorten til eit estetisk rasjonale innan heimeinnreiing (anten dei omfamnar det estetiske, eller posisjonere seg på ulike vis i relasjon til det). Sett i lys av tidlegare forskning på nordmenn sitt forhold til heimeinnreiing (ref. Garvey sitt praktiske rasjonale, 2003), er forskjellane mellom dei to generasjonane si «tvungenheit», med å angi overgangen til eit estetisk hegemoni innan heimeinnreiingsfeltet. Dette vert òg stadfesta gjennom det veksande fokus heimeestetikk har fått i mediebiletet (magasin, aviser, blogg og TV) dei siste tiåra, og gjennom at heimeinnreiing er vekse fram som eit eige autonomt felt (på linje med litteratur, musikk osv.). Det at alle i den yngste alderskohorten rettar seg mot ei rådande estetikkstyring, indikerer at dei er tvungne til å definera sine egne praksisar gjennom avstand til den herskande kulturen, for å seia det med Bourdieu. Om dei ikkje sjølve har estetikkstyrde innreiingar, posisjonere dei seg i relasjon til desse eller rettferdiggjjer manglande estetisk orientering med referanse til dei.

Estetikkestyrd heimeinnreiing står på denne måten fram som rådande, noko som samstundes impliserer at det følgjer sosial anerkjenning med å meistra den.

Når det gjeld orienteringar til heimeinnreiing og sosial posisjon, viste kapittel 5 at dei tre orienteringane (biografisk, praktisk og estetisk posisjon), fordeler seg ulikt i det sosiale rommet. Orientering mot det biografiske er spreidd i heile rommet og er mest utbreidd blant den eldste alderskohorten. Orientering mot praktiske aspekt ved heimeinnreiing er hyppig i nedre del av det sosiale rommet, og orientering mot estetisk posisjon er hyppigast i øvre og midtre del av rommet, fins blant begge alderskohortar, men eit sentralt funn når det gjeld denne orienteringa altså er at alle i den yngste generasjonen verkar vera tvungne til å retta seg mot og ta stilling til den.

Om eg så går vidare til det eg har kalla sosiologisering omkring smaksforskjellar – altså prosessen der informantane knyt ulike sosiale kjennemerke (utdanning, inntekt, alder, kjønn m.m.) til forskjellige praksisar – syner det seg òg her forskjellar som har å gjera med sosial posisjon. Ein forskjell når det gjeld oppfatningar av og sosiologisering omkring arkitektur, er at dei såkalla dominerande gruppene (dei med høgt kapitalvolum) i langt større grad les den sosiale geografien gjennom arkitektur. Desse refererer til at arkitektur handlar om livsfase og økonomiske sjansar, men òg om smak. Personane med lågt kapitalvolum refererer ikkje til denne, kall det smaksdimensjonen, og dei legg mykje mindre symbolsk mening til arkitektur gjennom at dei primært refererer til økonomisk forhold og livsfase. Utdanningsnivå (og kapitalvolum) vert i så måte ein forskjellsskapar på dette området.

Når det gjeld litteratur og sosiologisering om litteratur såg vi i kapittel 6 at dei som sosiologiserer i lange narrativ, og som har klare kriterier for kvalitet, er relativt få (ikkje alle i kulturfraksjonen). Sentralt er det òg at desse verkar vokta seg for *når* dei uttrykker og gjer til kjenne sine litterære skiljelinjer. Det litteratur- og kvalitetssynet som er mest utbreidd i utvalet i sin heilskap, er det Gujord & Vassenden (2015) kallar eit demokratisk litteratursyn. Litterær kvalitet er i dette synet ei sak for kvar og ein, «det som er ei god bok for deg, er ei god bok». Om eg portretterer kvalitetsoppfatningar i eit kontinuum, finn vi i den eine enden oppfatningar av kulturell kvalitet som noko demokratisk og «individuellt bestemt» (kvar

og ein bestemmer kva kvalitet er etter kva som er bra for dei), og i andre enden oppfatningar av kvalitet som noko objektivt (det er identifiserbart kva som reint faktisk *er* kvalitet). Fleirtalet i utvalet er altså å finna i den førstnemnde enden av kontinuumet, medan 3-4 personar talar om litterær kvalitet som noko objektivt. Sistnemnde har alle relativt høg kulturell kapital. Interessant er det òg at dei 3-4 personane som ser kvalitet som noko nær objektivt, verkar vera tvungne til å relatera til kvalitetsoppfatninga i det demokratiske litteratursynet. Det er synleg i det Sjur seier «dat oss ikkje lata som» at det ikkje fins kvalitetsskilje i litteraturen. Det ovannemnde indikerer slik at litterær kvalitet og kulturell kapital opptrer i eit diskursivt spenningsfelt av forskjellar, og vi skal sjå seinare (under 8.4.) at denne diskursive spenninga ikkje er like relevante for alle.

### *8.3.3 Oppfatningar av sosiale hierarki*

Når det gjeld oppfatningar av sosial ulikskap og sosiale hierarki, fann eg at standardar for hierarkisering kunne organiserast rundt Lamont sine tre symbolske grenser: moralsk karakter, kulturelle forhold, og verdsleg suksess, men at dei tre formene for grensetrekking ikkje er like hyppig i alle delar av det sosiale rommet. Gjennom grensedragingsperspektivet kjem det til overflata på kva måtar og med kva tyngd folk vektlegg yrkesmessig suksess, inntekt, utdanning, kultur og moral, forskjellig. Eg fann at vektlegging av kulturelle grenser og forhold er spesielt sterk i delen med høgt volum og overvekt kulturell kapital, medan den er svak i delen med lågt volum. Sosioøkonomisk grensedraging er spreidd i heile det sosiale rommet, og vektlegging av moralske grenser er spreidd i ulike delar av rommet, men med størst hyppigheit i nedre delar. Dette både samsvarar og skil seg frå andre sosiologiske studiar av grensedraging. Det har parallellar til Lamont sin studie av den amerikanske arbeidarklassa, der ho finn at moral er «at the center of these workers' worlds» (Lamont, 2000, s. 2). Det samsvarar med den relativt sterke kulturelle grensedraginga Lamont finn blant den franske middelklassa (1992). Det står på nokre vis i motsetnad til Saksliind & Skarpenes sine funn om sterke moralske disposisjonar i den norske middelklassa (2014), men her er òg parallellar som vi skal sjå seinare.

Variasjonen i vektlegging av kulturelle forhold i tale om sosiale hierarki representerer eit interessant forhold. Det er ein motsetnad mellom

den relativt sterke kulturelle grensedraginga hos kulturfraksjonen og til ein viss grad hos økonomifraksjonen, og låg vektlegging av kulturelle forhold som standard for hierarkisering hos personane med lågt volum. Sistnemnde ser ikkje utdanning, smak/livsstil, og kunnskap som sentrale forskjellsskapande mekanismar i måten dei vurderer fenomen, praksisar og folk, medan talar om desse som dei er sentrale forskjellsskapande mekanismar.

Gjennom utforsking av informantane sine synspunkt på dei sosiale kjennemerka utdanning og rikdom, fann eg vidare at tydingar som vert tillagd utdanning heng saman med korleis informantane sjølve står i relasjon til fenomenet (og til hyppigheita av utdanning rundt eins posisjon i det sosiale rommet). Sosiale og identitetsmessige konsekvensar av utdanning, i tillegg til samfunnsmessige konsekvensar (som t.d. utdanningstrendar sett i samheng med arbeidslivets etterspurnad etter arbeidskraft), er forhold dei som sjølve har utdanning er opptekne av, medan dei som ikkje har utdanning (og nokre av dei med låg utdanning), i fleire høve har det ein kan kalla instrumentelle oppfatningar, eller refererer til utdanning som fagbrev. Dei to sistnemnde oppfatningane handlar om at utdanning mogleggjer spesifikke yrkesposisjonar og høgare løn, eller gir kompetanse i eit handverk. Hos atter andre med lågt volum verkar ikkje utdanning vera ein relevant sosial markør i det heile. Desse forholda er med å tydeleggjera at utdanning ikkje er ein absolutt kategori, og at kva meining det har for folk ikkje er gitt.

Informantane sine oppfatningar av sosiale hierarki generelt, heng saman med det ovannemnde. Vi såg at nokre høgt utdanna informantar skil eit økonomisk og eit kulturelt hierarki frå kvarandre, og at dei som gjer dette er dei som sjølve ligg lågt økonomisk og høgt kulturelt. Informantar som ikkje skil mellom økonomi og kultur i hierarkisamanheng, refererer til eit oppe, eit midten og eit nede, - ei deling som har parallellar til andre studiar av sjølvtilskriving av posisjonar i samfunnets sosiale lagdeling (t.d. Faber, 2008; Gullestad, 2001a). Langt dei fleste plasserer seg sjølve på relativt tilforlateleg vis. Overraskande mange, gitt utbreiinga av eit normativt krav om å plassera seg i midten, plasserer seg utan moralske kvalar, høgt i hierarkiet.

Dei ovannemnde funna er med og formar konseptet om eit diskursivt gap. For å mogleggjera illustrasjon og drøfting av det diskursive gapet, skal eg diskutera nokre sosiologiske grunnprinsipp med referanse til eige materiale som er relevante for det diskursive gapet. Dette gjeld det at like folk flokkar seg saman, at folk nyttar smaks- og livsstilsforskjellar når dei navigerer i sosiale situasjonar som ledd i å gjera den sosiale verda føreseieleg for seg sjølve, og det eg har kalla fråverande grensdragning som angir skiljelinje som ikkje vert trekt. Alle desse er med og indikerer at variasjon i oppfatningar av forskjellar er tydingsfulle.

## **8.4 Eit diskursivt gap**

### *8.4.1 Fråverande grenser*

Den amerikanske forfattaren Daniel Mendelsohn skriv i boka *Forsvunnet* at:

«(...) vi kan aldri bli annet enn oss selv, fanget av vår egen tid, vårt eget sted, våre egne omstendigheter. Hvor mye vi enn ønsker å lære, å vite, kan vi bare se ting med våre egne øyne og høre med våre egne ører, og hvordan vi tolker det vi ser og hører, avhenger i siste instans av hvem vi er og hva vi allerede tror vi vet, eller hva vi vil vite» (2009, s. 607-608).

Boka handlar om forfattaren si søken etter si jødiske historie, og etter nokre konkrete personar i Europa som har koplingar til hans familie. Han fortel om eit lappeteppe av informasjonsinnhenting, og om kva han trur han forstår til ulike tider i denne jakta. Og om vala han gjer undervegs med basis i det han til ein kvar tid veit. Utdraget indikerer, og boka viser oss, at forfattaren berre veit det han veit på ulike gitte tidspunkt, meir enn det kan han ikkje vita. Med basis i det han veit og har erfart trekk han grenser og skiljelinjer, og handlar og gjer val.

På same måte kan ein tolka folk sine avgrensingar med basis i sosiale posisjonar eller utsiktspunkt (jfr. Bourdieu). Sosial posisjon påverkar måten vi forstår den sosiale og kulturelle verda rundt oss, og vi er til ein kvar tid bundne av den vi er og det vi veit, og av korleis dette står i relasjon til det andre er og det dei veit.



Eg kan eksemplifisera med eit døme frå eit av sosialantropologien sine kjernetema: ritualer. Om eg som ukunnig og utanforståande er til stades under eit ritual blant, lat oss seia, Yanomamöene, ei folkegruppe som lev i grenselandet mellom Brasil og Venezuela, og personane som er deltakarar i rituallet dansar rundt eit tre, alle personane har dekorert og malt seg på spesifikke vis på kroppen og i andletet, nokre av deltakarane har likt mønster, andre skil seg frå kvarandre. Deltakarane dansar etter spesielle rytmiske sekvensar og repetisjonar. Rituallet vil vera noko eg ser, men ikkje forstår. Kanskje har eg situasjonar frå eigen erfaringshorisont eg forsøker å relatera til, eller aspekt eg gjettar meg fram til, men kva symbol som vert nytta, kva dei tyder i relasjon til kvarandre, kven personane som deltar er i relasjon til kvarandre, og kva sider av tilværet dette portretterer, intensiverer, feirar eller liknande, - er alle konseptuelle skilje eg ikkje gjer, grenser eg ikkje trekkjer, og dermed forhold eg ikkje får med deg.

Og det er i denne samanheng sitatet til Mendelsohn er relevant, fordi det synleggjer at vi er avhengige og bundne av avgrensingane. Vi veit berre det vi veit, og ser berre det vi ser, heilt til vi ser noko meir. Og relasjonelt sett er det utruleg mykje vi ikkje veit, ikkje ser, og ikkje oppfattar, som går under radaren vår, som er utanfor vår forståingsrekkevidde. Og det vi ikkje har erfaring med og ikkje har kjennskap til, kan vi heller ikkje nytta som basis for vurdering av og handling i omverda. Det gjeld i alle delar av det sosiale rommet. Avgrensingar og koplingar vi *ikkje* gjer, faktorar vi *ikkje* grip fatt i, forskjellar vi *ikkje* vektlegg, grenser vi *ikkje* trekk, i måten vi legg mening til den sosiale og kulturelle verda, er difor òg sentrale.

#### *8.4.2 Sosial gruppedanning*

Det faktum at «people who resemble each other in matters of both social position and cultural positioning practices will tend to lump together» (Prieur & Savage, 2013, s. 17), delvis av eigne umedvitne val fordi dei søker stadfesting og tilhøyrle gjennom nokre kvalifiserte andre (Gullestad, 1996, s. 35), og delvis med grunn i strukturelle forhold avgjer kva moglegheiter som er opne for kven (Bourdieu, 1984), - indikerer at variasjon i oppfatningar av kva forskjellar som er relevante og ikkje, bortimot uansett har sosiale konsekvensar.



At like folk flokkar seg saman, og at folk trivs saman med sine like, er tydeleg òg i materialet frå Stavanger. Alle informantane seier dei trivs sosialt saman med folk som er like dei sjølve, som likar dei same tinga, som er på deira eigen bøljelengd, eller som dei veit ønskjer å snakka om det same som dei sjølve. Mange talar òg om at vennar dei har, er på same sosioøkonomiske hylla som dei sjølve, eller at dei kjenner det mest behageleg om det er slik. Ideen om at ein må kjenna seg lik for å oppfatta at ein går godt i lag er slik sterkt til stades, og kjem til overflata når informantane talar om kven dei går godt i lag med, kven dei er vennar med, vil vera vennar med, og kvifor, og kven dei ikkje går godt i lag med, og kvifor. Dei refererer til det å ha like interesser, vera på intellektuell bøljelengd, på same frekvens, ha same type bakgrunn, personlegdomar som passar, gjensidig respekt og forståing for livssituasjon, referansefellesskap, same smakspreferansar, same verdisyn, og same haldning til born og oppseding, eller gjennom negasjonar som å ikkje vera på same planet, eller i to forskjellige verder. Dette er alle deira eigne ord. «Folk som er litt sånn i same kulturelle...økonomiske, sosioøkonomiske forhold er jo ofte ein fordel», seier Ola (35 år, 1-4 UH, grafisk designar) til dømes. Dette er likskap forstått som «makenhet».

Når informantane fortel om vennane sine, fortel dei om folk som liknar dei sjølve. Når dei fortel om kva dei aspirerer mot eller folk dei ser opp til, er dette folk som har eigenskapar dei sjølv har litt av, eller ønskjer meir av, ikkje folk som er radikalt annleis frå dei sjølve. Som framandperson og intervjuar, som møtte informantane for første gong, tenkte eg i alle høva det vart nemnd at det er logisk det dei no fortel at dei ser opp til eller aspirerer mot, logisk fordi dette var verdiar dei allereie hadde gitt til kjenne var viktige for dei sjølve eller fordi det implisitt skein igjennom at nettopp desse verdiane var sentrale i deira liv. Eigenskapar dei fortel at dei likar i folk, er slik eigenskapar dei sjølve ønskjer meir av. Sagt med (den stundom så kryptiske) Bourdieu, så plasserer dei den spesifikke kapitalen dei sjølv kan takka sine posisjonar for, på toppen av hierarkiseringsprinsippa i sitt hierarki (Bourdieu, 1996b, s. 43).

Det at alle informantane i studien vektlegg likskap som «makenhet» er i seg sjølv ei stadfesting av at variasjonar i oppfatningar av forskjellig og lik har sosiale konsekvensar. Det er vidare sannsynleg at desse

oppfatningane ligg som grunnlag og utvalskriterium når sosiale grupper og fellesskap vert forma og haldt ved like. Det er overveiande sannsynleg, vil eg seia, at variasjonar i livsstilar, i oppfatningar av livsstilsforskjellar, og i forståingar av sosiale hierarki og maktforskjellar, er med å forma sosiale grupper og fellesskap i Stavanger. Sagt med Lamont & Molnár (2002): variasjonar i symbolsk grensetrekking manifesterer seg som sosiale grenser. Materialet syner systematiske variasjonar i symbolsk grensetrekking i ulike delar av det sosiale rommet, og det er nærliggjande å tru at desse viser att i sosiale relasjonar og i den konkrete sosiale verda i Stavanger.

At smak- og livsstilsforskjellar har danna fråskilde livsstilar og sosiale grupperingar i Stavanger, er noko Rosenlund si forskning gjennom fleire år har synleggjort (1998, 2009, 2015 under arbeid). Analysar av data om bustadmønster og livsstilstrekk frå Stavanger frå 1994 viser til dømes:

«clearly a tendency that respondents who perceive a certain residential area as an attractive one, share lifestyle profile with those who actually live there. They have similar political perceptions, similar ethical orientations and world outlook, they look similar, and their homes are decorated similarly, in short: they have matching tastes and they live under similar conditions of existence. They choose their preferred residential areas where their own kinds are already living in great numbers» (Rosenlund, 2015, *under arbeid*).<sup>42</sup>

Variasjonane i oppfatningar av forskjellar og likskapar som er skissert i avhandlinga, set difor truleg avtrykk i det sosiale liv i form av gruppedanning og inklusjon og eksklusjon. Ifølgje Lamont er oppfatningar av forskjellar og likskapar – eller grenser – ein måte å utvikla gruppedlemskap på, ein skapar sosiale band basert på delte kjensler, delte synspunkt osv. (1992, s. 12). Og så er det ei kjenslgjerning at nokre typar grupper og fellesskap (arbeidsfellesskap, sosiale klassar, etniske grupper, nabolagsfellesskap) meir sannsynleg formar innflytelsesrike

---

<sup>42</sup> Det som utfordrar denne taken er at sjølv om det sosiale bustadmønsteret i Stavanger er segregert, t.d. gjennom at låginntektsgrupper ikkje økonomisk maktar å busetje seg i område som Eiganes, Stokka og Madla t.d., så er det spreing i bustadmønsteret på den måten at her ikkje er særleg opphopning av levekårsproblem i spesifikke bydelar eller område av Stavanger (sjølv om område som Badedammen og Saxemarka ikkje kjem godt ut av Levekårsundersøkingar, t.d. frå 2012, nr.5).

grenser enn andre (Lamont, 1992, s. 10-12). Det er overveiande sannsynleg at det i sosiale grupper informantane i denne studien tek del i, går føre seg «reproduction of advantages» og «reproduction of disadvantages» (Devine 2010, s. 155) som er med å halda ved like ulikskapsstrukturane.

#### *8.4.3 Sosial stadsans og sosial samanlikning*

Eit anna forhold som indikerer at varierte oppfatningar av kultur og hierarki er tydingsfulle, er dei mange døma som fins på at smak og livsstil vert nytta som navigasjonsreiskapar. Smak står fram som både navigasjonsreiskap og som ein form for sosial stadsans, og måtar dette viser seg på skal eg illustrera i dette avsnittet.

Når vi i daglegdagse situasjonar søkjer å forstå kven folk er og korleis vi skal interagera og forholda oss til dei: til dømes foreldra til borna i barnehagen, naboane, leiarteamet på arbeidsplassen, svigerfamilien eller barndomsvennane, - navigerer vi i forskjellar. Vi navigerer sosialt, medvite og umedvite, med referanse til (oppfatningar av) forskjellar. Når Mona (65 år, vidaregåande skule, førstekonsulent) seier at ho «ikkje (er) den typen som går med slips og høghæla sko. Og heller ikkje den som går og subber», då ho talar om eigen plass i ein ulikskapsstruktur, refererer ho til nokre smaks- og stilforskjellar (klede og kroppshaldning) og ho navigerer med grunnlag i desse (høge hælær er opp og subbing er ned).

Bourdieu legg tyngd på at smak og livsstil er forskjellar kvar enkelt *orienterer seg ut frå* i sosiale samanhengar. Smak- og livsstilsforskjellar er noko som er med å gjera det mogleg for kvar enkelt å oppfatta og ana kva det er sannsynleg (og ikkje sannsynleg) kjem til å skje i sosiale situasjonar, og dermed kva ein skal passa seg for, retta seg mot o.l. i møte med andre menneske (Bourdieu, 1984, s. 466). Med hans egne ord:

«It (taste) functions as a sort of social orientation, a ‘sense of one’s place’, guiding the occupants of a given place in social space towards social positions adjusted to their properties, and towards the practices or goods which befit the occupants of that position. It implies a practical anticipation of what the social meaning and value of the chosen practice or thing will probably be, given their distribution in social space and the practical knowledge the other agents have of the correspondence

between goods and groups» (Bourdieu, 1984, s. 466-467) (mi understreking).

Forskjellar i smak (som klede, stil, hårfrisyre, artefaktar ein bærer, språkføring osv.)<sup>43</sup> vert altså sett som ei praktisk forventning av kva for sosial meining og verdi det er sannsynleg at praksisar eller objekt vil få. Smak- og livsstilsforskjellar vert i denne forståinga eit middel til å dekode og leggja meining til den sosiale verda på. I Prieur si norske omsetjing av *Distinksjonen* står det at smaken verkar som ein *sosial stadsans* (Bourdieu, 1995, s. 218) («sense of one's place»). Ein stadsans som i tillegg til å vera med skapa forventningar og aningar om kva som er sannsynlege utfall av situasjonar, òg orienterer folk med spesifikke utsiktspunkt i det sosiale rommet mot sosiale posisjonar som passar deira eigenskapar. Altså som gjer at vi trekk oss saman med folk som liknar oss sjølve. Sagt med Gullestad: «by interpreting signs like dress and manners people categorize each other and construct social relations on the basis of these categories» (2001a, s. 72).

«Vårt rollespill til daglig» av Goffman (1992[1959]) startar med desse orda:

«Når en person kommer sammen med andre, vil de som regel forsøke å skaffe seg opplysninger om ham eller ta i bruk opplysninger om ham som de allerede sitter inne med. De vil være opptatt av hans sosio-økonomiske status i sin almindelighet, hans syn på seg selv, hans holdning til dem, hans kompetanse, hans pålitelighet osv. Det kan nesten virke som enkelte av disse opplysningene søkes som et mål i seg selv, men vanligvis foreligger det rent praktiske grunner til at man gjerne vil innhente dem. Slike opplysninger om personen bidrar til å klargjøre situasjonen, gjør det mulig for andre på forhånd å vite hva han ventet seg av dem og hva de kan vente seg av ham. Når disse opplysningene

---

<sup>43</sup> Hexis er eit omgrep Bourdieu nyttar som viser til den grunnleggjande dimensjonen ved sosial stadsans: det er ein praktisk og kroppsleg måte å erfara og uttrykka kjensla ein har av sin eigen sosiale verdi (1995, s. 229). Kva slags forhold ein har til den sosiale verda og kva plass ein gir seg sjølve i den, viser seg aldri så tydeleg som gjennom kva rom eller kva tid ein syns ein har rett til å ta frå andre, hevdar han.

foreligger, vil de andre vite hva de bør gjøre for å oppnå en tilsiktet reaksjon fra hans side» (Goffman, 1992, s. 11[1959]).

Folk sit med ulike opplysingar, og har i tillegg forskjellige føresetnadar for å skaffa seg nye opplysingar.

Å søkja forståing for og laga praktiske forventningar av kva som kjem til å skje i ulike sosiale situasjonar og i møte med andre menneske, er ein grunnleggjande menneskeleg eigenskap. Dette skjer mellom anna gjennom sosial samanlikning. Fordi ingen kan forstå seg sjølv som person lausrive frå andre personar, vert likskapen med nokre bestemte andre slik den vert etablert kulturelt og sosialt, brukt som ein måte å skapa og stadfesta seg sjølv på (Gullestad, 2001a, s. 35). For å få eigen identitet stadfesta, har kvart menneske behov for andre menneske som er kvalifisert til, i stand til og villige til å støtta dei (ibid). Og for å evna å finna sine like må ein ha noko å navigera etter. «The domain of social life is essentially a domain of differences», skriv Marcel Mauss (i Lamont & Fournier, 1992), og i jakta på likskap med nokre bestemte andre, utvekslar, forhandlar og navigerer folk i forskjellar og liksskapar. Navigering i forskjellar skjer både med motiv og ønskjer om å passa inn (verta integrert, kjenna tilhøyrslar) og å skilja seg ut (markera kven dei er annleis frå, distingvera seg) (ref. Simmel som skriv om moten sine evner til å få folk både til å skilja seg ut og passa inn) (Simmel, 1971).

Ovannemnde resonnement indikerer at sosial samanlikning ikkje skjer vilkårleg. Kvart individ og kvar gruppe har nokon «relevante andre» (Merton & Lazarsfeld, 1950), nokre «significant others» (Mead, 1934), nokre «kvalifiserte andre» (Gullestad, 2001a, s. 35) som dei vurderer seg mot og samanliknar seg med. Både definisjonen av identitet og sjølve konseptet om sjølv er basert på oppfatningar av kven vi er i augo til dei viss meiningar som tyder noko for oss (Mead, 1934). Dette tyder at dei som er kvalifiserte til og relevante for oss å samanlikna oss med, bryr vi oss om kva meiner om oss sjølve. Gitt at sosial samanlikning er eit grunnleggjande menneskeleg trekk, vert interessante spørsmål i forlenginga: kven er det relevant for kven å samanlikna seg med? Kven sine meiningar tyder noko for kven? Kva sosiale grupper er innanfor og utanfor horisonten for sosial samanlikning?

Ei utsegn frå Oda (35 år, 1-4 UH, humanitær organisasjon) kan tena til å illustrera dette. Ved eit høve seier Oda at ho har kjenningar som er såpass forskjellig frå ho sjølv, at ho reknar at dei ikkje kan verta «heile vennar fordi vi er for ulike kvarandre» (mi understreking). Ein av dei relevante forskjellane Oda grip til då ho skal forklara for meg kva ho meiner, handlar om biletkunst. Oda fortel om ein situasjon då ho var saman med ein av desse kjenningane som ho ikkje kan bli «heil venn» med.

*Oda: Vi var på restaurant ein gong, så sa ho: «åh så nydeleg bilete på veggen. Akkurat sånn som eg likar. Sånn abstrakt». (...) Det blir (for meg) litt som å seia: «åh sjå, menneske. Så kjekt. Dei likar jo eg å vera med».*

For Oda, som sjølv er oppteken av kultur, kunst og biletkunst, er det å setja abstrakt kunst i ein stor felles kategori, og å seia at du likar heile denne kategorien a priori, for lite finmaska for korleis ho sjølv tenkjer om skilje innan biletkunsten, og for korleis ho sjølv kjem fram til kva ho likar og ikkje likar. Dei ulike oppfatningane desse to personane har av kultur og biletkunst vert presentert som ein indikator på at her er for lite likskap og bygga si forskjelligheit rundt, for å seia det gullestadsk. Dette er samstundes eit døme på korleis Oda navigerer i forskjellar og likskapar, og set opp skilje for kva som for ho er relevante og ikkje relevante forskjellar, og i kva situasjonar desse vert gjort gjeldande. Det tydeleggjer at for Oda er kulturelle distinksjonar viktige.

Men, sjølv om «stadsansfunksjonen» er aktivt i bruk, treng den derimot ikkje operera på eit medvite nivå (som den for ein stor del gjer hos Oda). Ifølgje Bourdieu er stadsansfunksjonen noko folk for ein stor del tek for gitt (ein del av doxa/det doksiske felt) (1984). “This spontaneous decoding of one habitus by another is the basis of the immediate affinities which orient social encounters, discouraging socially discordant relationships, encouraging well-matched relationships, without these ever having to be formulated other than in the socially innocent language of likes and dislikes» (Bourdieu, 1984, s. 243). Folk tolkar, dechiffreerer og navigerer i forskjellar, og dette er prosessar som for ein stor del vert tatt-for-gitt og står fram som naturlege. Nettopp dette kjem tydeleg fram då Arne (65 år,

vidaregåande skule, elektrikar) fortel om kven han er vennar med og kva eigenskapar han likar i folk:

*Arne: (...) du merker jo veldig fort på andre menneske om...dei har ein personlegdom som...passar inn i ditt mønster, er samanfallande med din eigen personlegdom, på eit vis. (...) Det er vel noko naturen har gitt oss som gjer at du...finn fort ut av det eigentleg altså, trur eg. Ofte er det noko du ser gjerne i dei første samtalan med eit anna menneske. Og det er nok òg ein medverkande årsak til at...vi hadde vel veldig, med dei omgangsvennar eg har, då, så har vi nok mykje samanfallande interesser. (...) vi...ligg nokolunde på same hylla alle saman, samfunnsøkonomisk, og familieøkonomisk, og dei tinga der.*

Arne uttrykker her både at kor vidt ein går i hop med andre menneske er noko ein berre veit, eller kjenner, og samstundes at dei som passar inn i hans omgangskrets og med hans personlegdom er dei som er nokolunde lik han sjølv. Han «finn fort ut av det» seier han, «gjerne i dei første samtalan med eit anna menneske», om dei passar saman eller ei. Dette er døme på navigering i forskjellar, på bruk av den sosiale stadsansen («sense of one's place»), og det illustrerer det tatt-for-gitte. På spørsmål om kven Arne ikkje trivs i lag med eller vil vera vennar med, seier han «krangleverne folk, folk som drikker seg snydens fulle kvar gong du treff dei og sånn (...) som går og ravar og er fulle og...ja folk som snakkar bak ryggen din og sånne ting, dei personane vil du (eg) ikkje ha noko med å gjera. Då held du (eg) avstand». Her trekk Arne opp moralske distinksjonar. Begge døma, med både Oda og Arne, synleggjer at i sosiale nettverk ønskjer ein som regel eit «felles diskursivt univers» (A. Danielsen, 1998, s. 94; Dimaggio & Mohr, 1985), og dette felles diskursive universet må kvar og ein navigera seg fram til.

Bourdieu, Gullestad og Goffman har tilnærma identiske oppfatningar av korleis smak- og livsstilsforskjellar fungerer som sosiale stadsansar og praktiske navigasjonsreiskapar i sosiale møte og det sosiale liv.<sup>44</sup> Det mine funn gir grunn til å understreka, er at ulike personar og grupper søkjer etter ulike type informasjon og navigerer i ulike sett forskjellar

---

<sup>44</sup> «Sense of one's place» er opphavleg Goffman sitt omgrep (Bourdieu, 1990, s. 128).



i desse prosessane. For når alle forskjellar ikkje er like relevante for alle – og nokre sett forskjellar til og med er utanfor førestellingshorisonten til enkelte – så skjer navigasjonen med referansar til ulike forhold (ref. smak og livsstil, utdanning, moralske forhold, verdsleg suksess m.m.). Dette er noko av essensen i det diskursive gapet.

#### *8.4.4 Eit diskursivt gap*

Det syner seg altså at her er ikkje-vilkårleg variasjon i kulturell verdsetjing, i sosiologisering av smaksforskjellar, og i oppfatningar av sosial ulikskap. Kapittel 5, 6 og 7 har alle vist at det er divergerande oppfatningar snarare enn samsvar mellom kva som vert oppfatta som sentrale forskjellsskapande mekanismar. Det vil seia, alle er einige om at økonomi er sentralt, alle refererer til sosioøkonomiske forhold, men her er variasjonar i kva tyngd ulike informantar legg på økonomi, og kva dei koplar økonomi saman med. Desse funna, sett i samanheng med at nokre forskjellar vert underkommunisert, gir grunnlag for å hevda at her eksisterer eit diskursivt gap. Her synes å vera eit gap eller ei kløft, mellom kva sett av forskjellar som vert *oppfatta* og *uttrykt* som relevante og viktige mellom ulike samfunnsgrupper. Forskjellane gjeld mellom anna kor relevant og viktig smak, kultur og livsstil er, kva sosiale tydingar som vert tillagd utdanning og rikdom (økonomisk ulikskap), og oppfatningar av kva som konstituerer sosiale hierarki. Gapet angir at det er forhold eller grenser som av nokre informantar *ikke* vert oppfatta og registrert, på same tid som desse relasjonelt sett er forhold/grenser andre informantar legg tyngd på. Altså eit gap mellom oppfatningar av kva forskjellar *som utgjer ein forskjell* (ref. Bateson).

Gapet peikar både mot det objektive og det subjektive nivået ved at personar med posisjonar objektivt sett langt frå kvarandre i det sosiale rommet, òg tenderer til å vektleggja ulike sett forskjellar som sentrale. Utover dette har vi sett at informantar med kulturelle orienteringar spesielt, tonar ned og underkommunerer sine ressursar, sin kulturelle kapital, i møte annleisheit. Dette fører truleg til ei forsterking av dei same forskjellane.

Omgrepet *eit diskursivt gap* er å forstå som ei omgrepsfesting av variasjonen som syner seg i materialet, samt ei omgrepsfesting av nokre



kommunikative mekanismar som truleg forsterkar denne variasjonen. Det *diskursive* peikar mot at gapet handlar om verbale uttrykte forhold, om kommunisering av forskjellar. *Gapet* leier mot at her er ei kløft, eller ei barriere, mellom noko som ikkje er likt.

Eg skal koma med nokre døme. Om vi til eksempel vender oss mot arkitekturen, og til vurderingar av arkitektur, syner kapittel 6 at personane med lågt volum for ein stor del ikkje ser arkitektur som noko som handlar om preferansar, om kulturelle grenser og om smaksmessige tilbøyelegheiter. Kulturfraksjonen derimot, og i stort monn òg den økonomiske fraksjonen, legg fleire og andre tydingar i kva arkitektur er og kva sosiale effektar arkitektur kan ha. Det er tydeleg at dei med høgt volum nyttar arkitekturmessige skilje som ein av fleire sosiale stadsansar. Dei les og tolkar bileta synt fram for dei i intervju, og den sosiale geografien i byen elles, med referanse til sine forståingar av arkitekturens symbolske sider. For dei som utelukkande trekk sosioøkonomiske (og tidvis moralske) grenser knytt til arkitektur (lågt volum) – handlar det at det fins variasjon innan arkitektur primært om forhold som alder, livssituasjon og økonomiske sjansar. Sistnemnde les ikkje den sosiale bustadgeografien i Stavanger som knytt til smaksmessige preferansar (sjølv om nokre av dei knyt bydelar til eit samfunnsmessig hierarki i tydinga velstående og ikkje velstående bydelar). Ingvild (35 år, 1-4 UH, sjukepleiar) får spørsmål om ho tenkjer at personane som kan bu i eit av husa ho får synt framfor seg, kan ha meningar om personar som kan bu i dei andre husa. Ho seier at nei, ho trur eigentleg ikkje det. Dei tenkjer sikkert: «Mykje pengar. Dyrt hus. Ja.». Liknande samtalar med personar med høg kulturell kapital fekk gjerne fram lange vurderingar og sosiologiseringar.

Det diskursive gapet, og då særleg det forholdet som går på bandlegging av kva grenser ein spelar ut til kven, let seg òg illustrera gjennom betraktning av biletkunst. Oda (35 år, 1-4 UH, humanitær organisasjon), er, som vi har sett, ei av dei som verbaliserer skarpe og sterke kulturelle grenser. Ho er klår på kor hennar eigen smak ligg, og ho har mange og lange oppfatningar om kvifor ulike folk tileignar seg og likar ulike typar kunst. Ho knyt sjølv dette til utdanning. Men ho bandlegg grensedraginga si når det kjem til å kommunisera og verbalisera kulturelle grensedragingar utad, ut over intervjusituasjonen, og i sosiale situasjonar då

ho ikkje er blant sine egne. Då er ho forsiktig, seier ho. Det er viktig for Oda å ikkje bli oppfatta som ein som ser ned på andre menneske, som er det ho opplever skjer om ho talar negativt om andre personar sin smak. Om vi ser for oss Oda et lønsj med kollegaene sine i den humanitære organisasjonen ho er tilsett i, og tema kjem inn på kunst og kultur, kan vi slik sett anta at ho tonar ned sine egne klare grensdragingar, og ikkje kommuniserer sine skilje mellom høgt og lågt. Dette fører truleg til at kollegaene til Oda, ikkje oppfattar ho som snobbete, ho slepp å verta sett på som elitistisk som ho er redd for. Samstundes tyder alt på at kollegaene hennar ikkje vert kjend med hennar kulturelle preferansar og idear om kvalitet i det heile (ref. Marit når ho talar om litteratur under 6.7). Dei vert heller ikkje kjende med at Oda tek biletkunst (i tillegg til mykje anna sjølvsgt) i betraktning når ho formar sine vennskap (ref. 8.3.5).

Kor vidt informantane oppfattar høgare utdanning som ein (relevant) forskjellsmekanisme og ein sosial markør, er òg eit forhold som gjer seg synleg i det diskursive gapet. Vi såg at informantane la ulike meiningar til kva utdanning er og kva det gjer med dei som har det (ref. 7.3.1). Openbart er det slik at ein ikkje berre oppfattar utdanning som éi sak, men snarare som noko fleirfaldig (t.d. kjelde til makt, kjelde til høgare inntekt, som samfunnsnytte m.m.). Illustrerande for det diskursive gapet er likevel at nokre oppfatningar er så langt frå kvarandre at dei ikkje er kompatible eller foreinelege. Tanken om utdanning som eit identitetsskapande prosjekt går til dømes ikkje saman med forståing av utdanning som eit kjenneteikn som ikkje skapar forskjellar mellom folk. Til dømes tolkar eg intervjuet med Birger (65 år, vidaregåande skule, tømrrar) inn i sistnemnde forståing. Birger gir implisitt uttrykk for at han kjenner seg nærare eit av sine to born. Akkurat dét er kan hende mange som kjenner seg att i, og det treng sjølvsgt ikkje ha noko med utdanning å gjera, men interessant er det likevel å reflektera over kva som skapar avstanden.

Birger har ein son og ei dotter, sonen er tømrrar som far sin, og dottera har studert til å bli advokat. Om sonen seier Birger at «meg og han har kome gyselig godt utav det», dei har jobba saman i mange år, eig ein båt saman som dei har annakvar helg, og bur i nærleiken av kvarandre. «Så vi har hatt eit kjempeforhold heile vegen og...det har vi framleis». Om dottera fortel Birger at «ho har vi jo i Oslo, så det blir jo...litt mindre i

saman». Birger fortel at ho har budd lenge vekke og gått lenge på skule, er veldig interessert i fjellet og han kallar dottera og mannen hennar for treningsnarkomane. «Så har dei...alt dette utstyret i kjellaren i eit trimrom der, så viss dei ikkje får...om ikkje været er bra nok, så er det ned der og trena. Så dei må halda seg i form. Sånn er jo ikkje sonen, då». Om heimane til dei to borna, seier Birger at: «sonen har jo litt av det som eg har, at det er det gamle, då. Men...(...) dottera ho er liksom skal ha alt sånne rare greier, ho. (...) Nymoderne greier, det er liksom sånn...masse lamper med strenger og pærer som heng (...) ei streng som heng nokre lamper ned (frå), det er berre sånne rare greier». Det kan vera mange grunnar til at den opplevde avstanden er lengre mellom Birger og dottera enn mellom Birger og sonen, - avstanden geografisk spelar inn på kor mykje kontakt det er mogleg å leggja til rette for, dottera er meir oppteken av trening og friluft enn broren og faren, og ikkje så interessert i båtliv, og det er lettare for Birger å relatera seg til og gjerne kjenna seg heima i heimen til sonen enn til dottera, fordi førstnemnde liknar meir på Birger sin eigen heim. Dette peiker på ulike interesser og til dels levesett, men det kjem ikkje fram i intervjuet at Birger sjølv ser utdanning (i dette tilfellet høgare fullført grad innan jus) som ein relevant forskjell i forståinga for kvifor det er avstand mellom han og dottera. Tvert om, den gongen han nemner utdanning når det er tale om borna, er når han seier at «sidan sonen var ferdig med utdanninga si, så har han og meg jobba saman. Han er jo òg tømmermann». Det er om sonen han seier at «eg er godt fornøyd med at han har fått seg ei utdanning», ikkje om dottera. Birger refererer til utdanning som fagbrev, ikkje som referanse til høgare utdanning etter vidarekolenivå, ei heller kjem det fram at han vurderer lengda på utdanninga mellom dei to borna som relevant. Han er glad for at sonen har lært seg eit handverk, som i tillegg er hans eige handverk. Dottera si utdanning, sine prioriteringar og livsval ser ut til å vera meir framande og mindre forståelege for Birger, når han talar om forskjellane mellom dei kjem dei fram som vage fornemningar av avstand. I Bourdieu sitt perspektiv er dette empiriske avtrykk av habitus.

Om vi spekulerer vidare i om dottera til Birger ikkje frontar forskjellane mellom dei, men heller legg vekt på det som foreiner, i den sosiale omgangen mellom dei (noko det jo er mange grunnar til å gjera), er

deira ulike oppfatningar av kva forskjellar som er sentrale og korleis desse ikkje spelar seg ut, òg illustrerande for det diskursive gapet. Når diskurs handlar om korleis ein tenkjer og snakkar om samfunnet eller eit felt av samfunnet (O. Korsnes, 2008, s. 58), er det sannsynleg at om ein finn indikasjonar på at enkelte forhold vert bandlagt, altså ikkje ytra eller spelt ut, så vil dette skapa ein situasjon der informasjon som kunne vore send, ikkje vert send, og slik heller ikkje motteke. Når det vidare er slik at folk spelar ut sine forskjellar først når dei har etablert at dei er like på sett og vis (Gullestad, 2001) og at sosiale nettverk som regel er avhengig av eit «felles diskursivt univers» (A. Danielsen, 1998, s. 94; Dimaggio & Mohr, 1985), er det mykje som talar for at forskjellane som fins vert reproduisert, - og det paradoksalt nok gjennom at likskap vert vektlagt.

Dette leier over i eit sentralt moment i det diskursive gapet, som handlar om at nokre sett forskjellar vert tona ned.

#### *8.4.5 Underkommunisering av (sterke) kulturelle grenser*

I avhandlinga har eg vist fleire døme på at sterke kulturelle grenser vert tona ned eller underkommunisert i møte med sosial annleisheit (forskjellar som vert vurdert som store). Alle informantane som trekk sterke kulturelle grenser gir til kjenne, eksplisitt eller implisitt, at dei tonar ned sine kulturelle preferansar og skiljelinje i møte med personar som ikkje har dei same preferansane og grensene, som ikkje interesserer seg for dei same praksisane, objekta, - som ikkje er innanfor deira diskursive kulturelle univers, så å seia. Det same finn mellom anna Ljunggren i sin studie av kultureliten i Oslo (2014).

Mange av dei som trekk sterke kulturelle grenser i denne studien, verbaliserer sjølve eit meir eller mindre medvite forhold til underkommuniseringa og bandlegginga. Den vert gjerne sett i samband med moral og tolerante haldningar («eg ønskjer ikkje å snakka dårleg om andre, vera ein som ser ned på andre») eller gjennom ei frykt for å verta sett på som elitistisk og snobbete («eg vil ikkje vera ein sorterar», ref. John [65 år, >5, jurist]). Læraren Liv (65 år, >5, lærar), som har over 5 års utdanning innan humanistiske fag, og som er interessert i og kunnskapsrik om biletkunst og har klare tankar om kva ho sjølve likar og ikkje likar, er ei av dei som vaskar sine kulturelle utsegn i moral, som Skarpenes ville sagt

(2007). Ho får spørsmål om kva typar folk ho tenkjer likar dei ulike (papirkopiane av) maleria ho får synt fram for seg (sjå Appendix 3):

*Liv: (...) no slåss eg mot det derre som er i meg at eg ikkje tileignar folk...altså, fordi eg er negativ til det bildet, så vil eg ikkje tileigna det folk, skjonar du? (...)*

*Merete: Ja, 1 (Aulie), 5 (Nerdrum) og 2 (Weidemann) likar ikkje du?*

*Liv: Mm.*

*Merete: Men er det vanskeleg å seia kven som likar dei? Fordi at du då...*

*Liv: Ja, det syns eg. (...) Ja då seier ein noko stygt om nokon. Og det, det er eg...noko eg vegrar meg for. (...)*

*Merete: Så du har ikkje lyst å seia at bilete nr. 1 heng heime hos folk som har dårlig smak?*

*Liv Nei.*

*Merete: Nei.*

*Liv: Nei nei nei, det vil eg ikkje seia. Tilgi dei, for dei veit ikkje betre.*

Liv har ikkje lyst å gå inn på kven som likar dei bileta ho sjølve ikkje likar, eller sagt på ein annan måte, samtala om kven dei er dei som har anleis smak enn ho sjølve og om kvifor dei har det. Det einaste Liv seier om den saka er «tilgi dei for dei veit ikkje betre», innpakka i latter. Dette er gjengs for kulturfraksjonen og fleire i økonomifraksjonen når dei talar om smak og smaksforskjellar: dei har klare meiningar og ytrar seg lett om kor deira eigne preferansar ligg, men på ulike måtar vegrar dei seg for å gå inn på kvifor andre har andre preferansar enn dei sjølve (kvifor nokre likar det dei sjølve ikkje likar). Slik kan vi seia at informantar med høgt kapitalvolum (middellaga og øvre lag), især kulturfraksjonen, trekk sterke kulturelle grenser, men samstundes ikkje slepp desse fritt ut.

Restriksjonar på kva det er lagleg og passande å seia, opererer innanfor det vi kan kalla det diskursive smaksfeltet. Det Oda (35 år, 1-4 UH, humanitær organisasjon) og Liv (65 år, >5, lærar) og deira like ikkje kommuniserer og signaliserer fritt, men som dei kunne gjort, bidrar truleg til å vedlikehalda forskjellar som allereie fins mellom dei og andre sosiale grupper. Bandlegginga og underkommuniseringa av kulturelle skiljelinje kan forståast som ei form for «inntrykksmanipulering» (jfr. Goffman) sett i verk gjennom ønskjer om å passa inn, om å ikkje stikka seg ut, og å ikkje stå fram

som snobbete (ref. likskapslogikken Gullestad 2001). Underkommuniseringa fører truleg til at «dei andre» - dei som ikkje er kulturfraksjonen (det gjeld i størst grad dei) sine eigne referansegrupper – anten ikkje erkjenner eller ikkje anerkjenner den kulturelle kapitalen, eller dei kulturelle ressursane som er identitetsdefinerande for Oda og hennar like. For kulturfraksjonen sin del er det eit misforhold mellom kva kulturelle forskjellar som fins – som dei reknar som relevante – og kva dei tenkjer det er akseptabelt å seia og ytra om desse forskjellane. Dette varierer noko med kva type kulturelle og estetiske forskjellar det er tale om (t.d litteratur, biletkunst, heimeinnreining, musikk, arkitektur): men det er likevel gjengs at: ein sak er å fella dommar over kva kvalitet og god smak er, ein annan sak er å kommunisera denne dommen til ulike mottakarar. Gitt at ein diskurs handlar om korleis ein tenkjer og snakkar om samfunnet eller eit felt av samfunnet (O. Korsnes, 2008, s. 58), fører bandlegginga til eit diskursivt gap på den måten at forholdet mellom språk og sosial prosess, eller praksis, vert tilslørt.

Den diskursive spenninga er altså ikkje relevant for alle, men den er det for dei som tenkjer dei veit kva god smak og kvalitet *er* (slik har det med posisjon å gjera). Denne diskursive spenninga er relevant for dei som har posisjonar i øvre delar av det sosiale rommet, både med overvekt kultur og overvekt økonomi. Dette har parallellar til Saksind & Skarpenes sine analysar av moralske disposisjonar i den særskilde norske (eller skandinaviske) middelklassa (2014). Med referanse til Lamont (1992) og Sayer (2005) hevdar Saksind & Skarpenes at moral har den verknad at den utliknar eller utøver motstand mot eksisterande hierarki, og vidare bidrar til utdeleggjering av grenser («boundary blurring»). Dei finn sterkt nærvær av moralske aspekt og verdiar i sin studie av status og moralsk grensedraging blant den øvre middelklassa i Noreg (2014). Sjølv om eg ikkje finn like mykje og like sterke moralske disposisjonar hos dei som kan reknast som middelklasserepresentantar i eige utval, er Saksind & Skarpenes sine funn relevante for det diskursive gapet på den måten at dei er med å forklara kvifor den diskursive spenninga kring smaksforskjellar og kulturelle forskjellar primært gjeld informantar med høgt volum, og særleg dei med overvekt kulturell kapital (som er nær dei akademisk utdanna middelklasserepresentantane Saksind & Skarpenes har intervjuja). Saksind

& Skarpenes peikar sjølve mot relevansen av det diskursive nivået for desse forholda i det dei seier: «Our findings from the interviews in the Norwegian context reveals boundary blurring as a widespread (discursive) *cultural practice* in the middle class» (2014:331).<sup>45</sup>

I Jarness sin studie frå Stavanger verkar det for ein stor del vera personar med relativt høg kulturell og/eller økonomisk kapital som kjenner på ulike former for age og mindreverd overfor det dei ikkje meistrar til fulle, eller overfor livsstilar dei ser som framande, og ikkje personar med lågt kapitalvolum (2013a). Kan hende kan ein ta dette til inntekt for at livsstilsforskjellar og den diskursive spenninga refererer meir til kapitalsamansetnad enn til kapitalvolum, altså til opposisjon mellom kulturorienteringar og økonomiske orienteringar. Sistnemnde kan uansett – på same måte som Skarpenes sine funn – setjast i samanheng med eigne funn på den måten at den diskursive spenninga mellom eigen smak og eigne skiljelinje, og på den andre sida kva det vert rekna som akseptabelt å ytra både om eigen og andre sin smak og livsstil utad, i stort monn synes å vera tydingsfullt for mellomlaga eller middelklassa (i denne studien spesielt synleg hos dei med kulturelle orienteringar).

Saman syner både Saksliind & Skarpenes, Jarness og eigne funn at tilbøyelegheita for å leggja sosial mening til «dei små distinksjonane» (ref. Gronow & Warde, 2001) og å vurdera forskjellar i smakspraksisar som eit diskursivt problem, er ujamt fordelt mellom ulike sosiale grupper, og i langt større grad er ei spenning for mellomlaga/middelklassa (kulturfraksjonen). Mogleg hadde dette slått ut noko annleis om det i utvalet hadde vore fleire frå dei dominerande lag av kultureliten (t.d. utøvande jazz-musikar, kulturjournalistar eller professorar innan humanistiske fag) (eller politisk-administrative myndigheitspersonar innan kulturfeltet, ref. Hovden & Knapskog, 2014). Mogleg ikkje.

---

<sup>45</sup> Saksliind & Skarpenes finn at dei moralske repertoara kan systematiserast i ein «dual order of morality» (ibid:324): mellom 1) vektlegging av kristne humanistiske verdiar, der helten er «den gode samaritan» og den minst verdsette er den dømmende personen, og 2) vektlegging av solidaritet, rettferd og likskap, der helten er den sosialt ansvarlege borgaren og den minst verdsette er egoisten. Ifølgje Saksliind & Skarpenes kan ein vidare forklara noko av særdraget til den norske middelklassa gjennom at moderniseringsprosessen i Noreg samanlikna med mange andre vestlege land, ikkje i særleg grad har vore influert av eliten si røyndomsoppfatning, men snarare nedanfrå.



At «boundary blurring» er ein utbreidd kulturell aktivitet blant dei norske mellomlaga (ref. Sakslind & Skarpenes), og at mange med høgt volum og især kulturfraksjonen underkommuniserer sine kulturelle ressursar – forhold vi samstundes veit er viktige for dei og som dei ikkje underkommuniserer når dei er blant sine like – er langt på veg prov på at her går føre seg sosial lukking eller utestenging. Det å kommunisera (sterke) kulturelle grenser verkar krevja at ein er innforstått, ein kan trekkja dei sterke kulturelle grensene i sosiale situasjonar om ein veit at «vi»et veit og er samd om at dei gjer det, og fordi dei har klarert det, så vert det ikkje like umoralsk». Slik kan ein dyrka kulturelle grenser, men i avgrensa lag. Når partar har etablert kulturell og sosial semje om likskapen mellom dei, kan dei sleppa ut forskjelligheita, for å seia det gullestadsk.

Når det så skjer underkommunisering av kor vidt kultur og utdanning gjer folk ulike, og når fleire passar på at desse distinksjonane ikkje vert gjort kjend for dei som ikkje er eins signifikante andre, - så syner dette tilsløringsmekanisamar. Oda (35 år, 1-4 UH, humanitær organisasjon) åleine er prov på dette, ho er både veldig ærlig om korleis utdanning skapar forskjellar og om korleis utdanning er ein relevant forskjell på mange livsområde for ho sjølv, òg ho verkar samstundes leggja ned krefter på å skjula at utdanning og kultur spelar ei rolle. Ein mogleg konsekvens av tilsløringa, er som nemnd at dei det vert trekt grenser mot og underkommunisert ovanfor, truleg ikkje får forståing for at desse forholda er sentrale for andre.

Her er på sin plass å understreka at dei divergerande oppfatningane og variasjonen i kva forskjellar som vert sett som relevante, ikkje skal tolkast som nokon form for absolutt avstand, eller i retning av at folk lever i ulike verder (sjølv om dette kan vera eit fruktbart bilete på ulike livsvilkår i mange høve). Avstanden mellom informantane er relativ og avhenger av kva livsområde og fenomen det er tale om, og kva forskjellar som vert vurdert og aktivisert i ulike sosiale situasjonar. Kulturen som foreiner, er kulturen som skil (Bourdieu, 1996b). Det er sannsynleg at nokre forskjellar vert gjort relevante i nokre situasjonar og ikkje i andre. Felles språk for og smak innan biletkunst er til dømes kanskje ikkje relevante skiljelinjer for godt naboskap, eller for hyggelege og effektive foreldremøte på skulen, men det er det gjerne i jakta på nære vennar for dei som sjølv er interessert i biletkunst.



Det diskursive gapet er heller ikkje «absolutt». Vi hugsar Anna (65 år, vidaregåande skule, butikkmedarbeidar) som uoppmoda nemnde det som kom fram som ei fornemning av at her er årsaksforhold mellom låg utdanning og figurative bilete, og låg utdanning og eigarskap til videomaskiner (ref. 6.3.1), - utan at dette verka setja i gong kjensler av mindreverd knytt til hennar eige smak og preferansar. Informasjonen har kome til ho, ho nemner det i intervjuet, men det er ikkje mogleg å konkludera med at dette er vidare tydingsfullt for ho. Ho har inntrykk av at her er nokre samanhengar som har med utdanning å gjera, men tek ikkje vidare notis av det, kjenner ikkje på mindreverd på grunn av det, eller gir uttrykk for at ho aspirerer mot det. Anna er å finna blant dei med lågt kapitalvolum, og er slik vi kan tenkja oss ei av dei som kulturfraksjonen ikkje ville sleppa ut sine sterke kulturelle grensedragingar overfor. Ho vil vera utanfor den kulturelle lukkinga. Hadde det diskursive gapet vore absolutt, hadde desse forholda vore ignorert av Anna, tenkt sett.

Vidare er det mange døme i materialet på likskapslogikken (ref. Gullestad), på at likskap og likeverd vert framheva i sosial samhandling. Framheving av likskap er slik «widely shared» (ref. Lamont), noko som det er brei semje om, og som kan reknast som del av eit norsk kulturelt repertoar. Men folk vil både passa inn og skilja seg ut, og det sosiale liv er difor både jakt på semje og likskap, og på same tid fråskiljing og ekskludering. «The undercommunication of differences and the idea of fitting in, demonstrate their notion of equality», skriv Gullestad om dei bergenske arbeidarklassekvinnene ho har intervjuar (Gullestad, 2001a, s. 72). Dette peikar for meg fram mot at sjølv om framheving av likskap kan fungera som sosialt lim i mange sosiale situasjonar og møte mellom menneske, fører framheving av det som foreiner og underkommunisering av det som er forskjellig samstundes truleg til at den sosiale ulikskapen som fins vert styrka og ført vidare (t.d. forskjellar i vektlegging av kulturelle forhold som her har synt seg). Det gjer det tydeleg at studiar av ulikskap like gjerne kan rettast inn som studiar av inklusjon, eller likskap, fordi desse to prosessane føreseier kvarandre og skjer simultant (Lamont, 1992, s. 12).

Ein skal heller ikkje undervurdera tydinga av sosiale relasjonar og sosiale band, og det at domfelling er noko som potensielt kan verka tilbake på ein sjølv, altså tenkjast å få sosiale tydingar og konsekvensar for folk

gjennom sosiale relasjonar og nettverk. Folk speler ut ulike kjennemerke i ulike situasjonar, er knytt saman i sosiale relasjonar og band, og søker stort sett å gjera samkvemmet og det sosiale liv positivt for seg og andre. Sosiale relasjonar bind oss saman. Sitatet nedanfor, frå Ola (35 år, 1-4 UH, grafisk designar) er døme på dette.

*Merete: Kan du koma på, eller tenkjer du på...er det situasjonar der du tenkjer at no må eg tona ned sider av meg sjølv for å passa inn?*

*Ola: Ja, det kan godt vera. Eg ser på meg eigentleg som ein litt sånn rund fyr då, eller sånn...klarer å liksom snakka med alle utan å provosera dei. Eg kan provosera dei viss eg vil, men...eg pleier ikkje akkurat gjera det, trur eg.*

*Merete: Men det er situasjonar der du...forsterkar eller tonar ned?*

*Ola: Ja, ...ikkje tenkt så mykje over det, men... (...) det er det heilt sikkert. Alle tilpassar seg vel litt. Kven, alt etter kven du snakkar med. No var vi (i) barnehagefest på laurdag, f. eks., då snakkar du jo med alle slags moglege foreldre, du byrjar jo ikkje å snakka om eit eller anna obskurt. (...) Du snakkar jo meir om dei store tinga. Sånn sett så tilpassar du deg jo...: «kva gjer du, og jobbar du med og kor bur du?» Du byrjar liksom ikkje rett på: «har du sett det siste...» (...) Eller du byrjar ikkje å diskutera politikk, f. eks. med ein fyr du aldri har sett før. Sånne ting. Det er jo ei tilpassing. Det er jo (heller) ikkje sånn at viss nokon seier noko eg er ueinig i at: «ja ja, det har du heilt rett i». (...) Kjem litt an på situasjonen, tenkjer eg.*

Samstundes som at forskjellar er viktige – Ola er sjølv ein som navigerer og sosiologiserer hyppig og med relativt sterke kulturelle grenser – så framforhandlar og søker folk semje i situasjonar som krev det, eller der dei ønskjer det. Gitt kva situasjon det er tale (middag med nære vennar, foreldremøte, butikkø, familieselskap, jobbtur, idrettsforeininga osv.) vurderer kvar enkelt, medvite og umedvite, kva (sett) forskjellar som er relevante, kva som skal spelast ut, tonast ned, få konsekvens osv. Og dette gjer dei med referanse til forskjellar og grenser som er tilgjengelege i deira repertoar.

Når det er sagt, er her teikn på at dei med lågt volum, som altså ikkje vektlegg dei same forskjellane som store delar av høgt volum-fraksjonen, ikkje har kulturfraksjonen nok innanfor horisonten til å distansera seg frå

dei ein gong. Og har det då ei tyding overhovudet, kva grenser kulturfraksjonen trekk, kva dei meiner og kva dei gjer? Med desse spørsmåla går eg vidare til å diskutera eventuell age (ærbødigheit) og anerkjenning nedanfrå.

#### 8.4.6 *Age nedanfrå?*

*Distinksjonen* understreker at livsvilkår formar folk, gjennom mellom anna ekskluderingar og inkluderingar, gjennom ulike sosiale samanslutningar og fråskiljingar (Bourdieu, 1995, s. 224). Objektive grenser vert til ei sans for avgrensing og aning, ei fornemning av sin plass («sense of one's place») som leier ein mot å utelukka seg sjølv frå det ein er utelukka frå, til dømes gode, personar, eller stader, hevdar Bourdieu. Om dei dominerte skriv han at om dei ikkje meistrar konstruksjonane og definisjonane som rådar, finn det stad ein form for mis-kjenning «som medfører den mest absolutte form for anerkjennelse av den samfunnsmessige orden» (ibid, s. 225-226). Dei nektar seg sjølve det som vert nekta dei, og dei definerer seg sjølve slik den etablerte orden definerer dei, dei aksepterer det dei må vera: «beskjedne», «ydmyke» og «uanselige», hevdar Bourdieu. Faktisk hevdar Bourdieu at habitus, og dermed måtane enkeltpersonar klassifiserer, er mest effektiv når den fungerer «below the level of consciousness and language» (Bourdieu, 1984), når dei gir folk ei umedvite fornemning av kor dei høyrer heime («sense of place»).

Analysar av eige materialet gir grunn til å utfordra denne forståinga av korleis personar som har posisjonar i nedre del av det sosiale rommet, definerer seg sjølve, anerkjenner og omfamnar, og forstår og fornemmer deira plass. Det er mange døme i materialet på at informantar som er langt frå den bourdieuske forståinga av definisjonsmakta, viser få teikn til eksplisitt eller implisitt age, akting, anerkjenning og respekt overfor denne. Informantane med lågt kapitalvolum, utan sterke kulturelle orienteringar, bryr seg ikkje naudsynleg med, veit ikkje om, eller dei uttrykker likesæle overfor den kulturelle kapitalen og det faktum at kulturelle grenser er sentrale for nokre.

Under 8.4.5 viste eg at kor vidt ein er tilbøyeleg til å leggja sosial meining til «dei små distinksjonane» og å vurdera forskjellar i smakspraksis som eit diskursivt problem, er ujamt fordelt mellom ulike personar og

sosiale grupper. For dei med lågt volum verkar ikkje det å trekkja grenser vis-a-vis andre personar sin smak, og annleis smak – å sosiologisera – vera særleg problematisk (t.d. for Anna, 65 år, vidaregåande skule, butikkmedarbeidar, eller Birger, 65 år, vidaregåande skule, tømrrar). I mange høve er dei kulturelle grensene fråverande, i tydinga ikkje trekt. Med Lamont (1992) vil eg seia at desse grensene difor ikkje er sentrale i desse personane sine mentale kart, snarare ignorerert. Innan biletkunst såg vi at dei med lågt volum (som har liten kunnskap om, erfaring med, og/eller interesse for) ikkje i like stor grad er opptekne av å skilja seg frå eller kommentera andre sine preferansar, eller dei veit ikkje korleis dei skal gjera det eller bryr seg ikkje med det. Dei skil (som nemnd i 5.3.) gjennom generell avvising (kan ikkje skjona kven som likar dette) og kritikk (dette er tull og ingen tør seia frå) eller likesæle (dei får berre halda på), eller aksept (ja, viss du/dei seier det er kunst, så er det vel så). Og sjølv om nokre av dei erkjenner eller «skjelner» eit smakshierarki, verkar ikkje det naudsynleg henga saman med kjensler av underordning eller respekt. Annleis smak og den potensielle viktigheita av dei distingverande kreftene ved annleis smak, kan ikkje nemnast som sentrale delar av deira repertoar. Så langt som dette materialet kan seia, tek dei ikkje stilling til den kulturelle kapitalen som vi har sett er ein sentral identitetsmarkør for Sjur (35 år, >5, lærar) og hans like.

Om vi vender oss til litteraturresepsjon og lesing til dømes, såg vi at her var ei spenning mellom eit utbreidd demokratisk litteratursyn og på den andre sida nokre få personar med kulturelle orienteringar som opererer med definerbare og absolutte kvalitetskriterier («objektiv kvalitet»). Sjølv om teljing ikkje naudsynleg er ein gangbar framgangsmåte i kvalitativ metode, er det eit poeng at dei som forfektar litterær kvalitet som noko definerbart – nær objektivt – berre tel 3-4 informantar. Slik sett er det det demokratiske litteratursynet som er utbreidd blant informantane. Det er, som nemnd, i tillegg indikasjonar på at dei få som talar for at her fins ein legitim og rådande litteratursmak, må forholde seg til dei som ikkje gjer det. At det ikkje er motsett, er eit funn. Når Sjur (35 år, >5, lærar) seier at «det fins kvalitetsskilje, lat oss ikkje lata som noko anna», er ordvalet «lata som» treffande. Vi kan anta at han seier dette fordi han kjenner på eller meiner at det er andre som faktisk gjer dette, altså som latar som om det ikkje

eksisterer kvalitetskriterier i litteraturen. Ytringa kan tolkast som ei direkte tilvising til det demokratiske litteratursynet, der god litteratur ikkje vert definert med referanse til kva som vert rekna for anerkjend i det litterære feltet, men med referanse til kva som er ei god bok for kvar og ein. Og kva kvalitetssyn og litteratursyn er det i så måte som er legitimt, som har hegemoni? På eit vis er det det demokratiske litteratursynet gjennom at dette er ei oppfatning av litteratur som alle verkar måtte retta seg mot, det er noko ein ikkje kjem utanom. På eit anna vis, om ein måler anerkjenning og legitimitet gjennom kva bøker og sjangrar som får prisar og som vert vurdert i det offentlege litterære miljøet som kvalitetslitteratur (opp mot litteratur som vert utelukka frå «det gode selskap»), er det Sjur, Thomas Espedal og Ane Farsethås sine oppfatningar som har legitimitet.

Vidare innan biletkunsten: når Kenneth (65 år, vidaregåande skule, industriarbeidar) set kunst i hermeteikn når han talar om samtidskunst, fortel om nokre slike kunstverk som han kallar «kunstverk» og avsluttar humrande med setninga: «verda vil bedragast» (ref. 6.3.1), er dette uttrykk for opposisjon, opprør og motmakt? Mindreverd og age? Likesæle? Kven ser ned på kven, så å seia? Kven blir bedratt? I referansen til keisaren sine nye klede ligg det at «heltane» er dei som tør seia frå.

I Jarness sin studie av livsstilsforskjellar, dominans og symbolsk makt blant eit spreidd utval frå Stavanger, er òg ulike grupper sine synspunkt på kvarandre og eventuell anerkjenning av eller kritikk mot andre sine livsstilar, tema. Han finn både klare teikn på age og samstundes ein tendens til at informantar mobiliserer «sense of worthiness or dignity in the face of unattainable lifestyles» (2013a, s. 222-223). Han poengterer at «scrutinising deference is difficult» mellom anna med grunn i at «there might be several pre-reflexive defence mechanisms at work which prevent such self-disparagement» (ibid). Nokre av døma Jarness nyttar for å illustrera eksplisitt age frå låge posisjonar («clear signs of deference») kan derimot synast uklare. Eg undrar meg om dei ikkje handlar meir om ungdommeleg usikkerheit vurdert i retrospekt og om forholdet mellom land og by (personar som ikkje meistra det «velsedde og gjeldande» i sine ungdomsår og då dei flytta til Stavanger frå kringliggjande bygder), enn dei handlar om eksplisitt age og anerkjenning. Interessant er det òg at berre eit par av informantsitata Jarness viser som indikerande for uttrykt eller

underforstått age, har posisjonar frå nedre delar av rommet (altså dei som ligg under for den symbolske makta i Bourdieu sitt perspektiv) (ref. diskusjonen under 8.4.5 om personar frå øvre delar av rommet som uttrykker anerkjenning og age overfor det dei ikkje meistrar til fulle). Vidare, i Jarness si utforsking av grenser dei «nede» trekk mot dei «oppe», kjem det fram at 1) det generelle biletet er at dei med lågt volum ikkje bryr seg om livsstilsforskjellar mellom grupper, 2) dei har ikkje problem med forbruk av kulturelle gode eller dyre materielle gode, så lenge personane som forbruker ikkje ser ned på dei fordi dei ikkje vil tilpassa seg deira livsstil og smak, og 3) «they seldom report feeling inferior or expressing any deference to resourceful people» (2013b, s. 204-207). Dette stadfestar at utforsking av akting og age er utfordrande, men er samstundes meint som ei understreking av at om ein ikkje finn nemneverdig implisitt eller eksplisitt age og akting vis-a-vis det som vert anerkjend av dei dominerande lag, så bør ein vera open for å diskutera teoretiske implikasjonar av det.

Og ein kan spørja seg, om ein har framståande sosioøkonomisk grensedraging, trekk få kulturelle grenser, har stor avstand til dei med sterke kulturelle orienteringar, og den kulturelle kapitalen for ein stor del ikkje er synleg for ein, - kor mykje age, aksept og anerkjenning er det då eigentleg mogleg å uttrykka (både implisitt og eksplisitt)? Og om ein finn vage og få indikasjonar på at såkalla anerkjende kulturelle praksisar er breitt ettertrakta, tolkar ein dette som mis-kjenning, og som stilleiande godkjenning av den herskande kulturen, eller stiller ein spørsmål ved om ikkje praksisane og preferansane kan vera utan tyding? Altså at dette er meir eller mindre fråverande grenser? Kor «sterk» er i så fall den sosiale krafta i den kulturelle kapitalen (ref. Skarpenes om at kulturell kapital er lite konverterbar på marknaden, 2007), når kulturfraksjonen verkar vera utanfor den relasjonelle ramma for sosial samanlikning for dei med lågt volum? Når dei med lågt volum ikkje distanserer seg frå eller aspirerer nemneverdig overfor kulturfraksjonen og deira anerkjende kulturelle praksisar, eller skil mellom ein kulturfraksjon og ein økonomifraksjon i det heile, er kulturfraksjonen i så måte fullstendig legitime eller bortimot irrelevante?

Meir på linje med mine eigne funn, og i kontrast til Jarness (2013a) sine når det gjeld uttrykt age og symbolsk godkjenning nedanfrå, finn Faber i ein studie av eit spreidd utval kvinner frå Aalborg (2008) at kvinnene ikkje

aspirerer oppover og indirekte vurderer dei dominerande lag i positive godkjennande vendingar. Til forskjell frå middelklassa i Bourdieu sine analysar av det franske samfunnet, finn ho ikkje at informantane strever oppover mot ei overklasse som har symbolmakt over dei under (Faber, 2008, s. 234). Ei heller i den mest omfattande undersøkinga som er gjort sidan *Distinksjonen* av rolla kulturell kapital spelar, finn forskarane at arbeidarklassa i England (som utgjer nesten halvparten av befolkninga) er opptekne av høgkultur (Bennett, et al., 2009). Med Bennett og kollegaer sine ord: «it neither likes nor is interested in the items and genres of legitimate culture» (ibid, s. 252). Dei kan kjenna seg krenka om andre personar ser ned på deira ikkje-deltaking, men dei kjenner seg ikkje ekskludert frå den legitime kulturen.

Og kva har slike funn å seia for *korleis det legitime verkar*? Å konkludera at dei i nedre delar av det sosiale rommet implisitt legg verdi til, og slik støttar, øvre lag sine orienteringar og praksisar, vil ikkje det vera å relasjonelt sett tillegga dei i øvre delar av rommet for stor mening, sett frå dei med lågt volum sine perspektiv? Som Bennett og kollegaer uttrykker det: legitim kultur er framleis til stades, den er vesentleg for eliten der den «oils the wheels of social connections», kulturell kapital vert løyst inn som sosial kapital, men verdien av den kulturelle kapitalen «is not so obviously recognized elsewhere» (ibid, s. 252). Dei konkluderer med at sjølv om legitim kultur framleis tyder noko, så har den mindre tyding i England enn det bourdieuske tolkingar gir grunn til å forventa. Forskarane sporar både likesæle hos arbeidarklassa overfor rolla kultur spelar i vurdering av sosiale hierarki, og dei finn at «the composition of cultural capital of the most privileged sections of the population today is different from that of the France, and probably also the Britain, of the 1960s» (ibid, s. 255). Med grunnlag i dette hevdar dei at Bourdieu overtolka samanhengen mellom habitus og legitim kultur.

Til slutt i avsnittet skal eg ta for meg dei sterkaste uttrykka for opposisjon og kritikk innan kulturfeltet, ytra nedanfrå. Som vi såg i kapitlet om biletkunst (5.3), kom forskjellige oppfatningar av den kunstnariske definisjonsmakta til syne frå dei med lågt volum, nokre var likegyldige, nokre akseptierende, og nokre kritiske. Lise (35 år, 1-4 UH, førskulelærer) til dømes seier då ho får vita at bileta til Jan Groth er stilt ut



i anerkjende museum: «det seier berre litt om dei som har makt, dei får endå meir» (ref. 6.3.1). Og Inger (65 år, ungdomsskule, reinhaldar), som sjølve ikkje les mykje bøker, får spørsmål om kva som er god litteratur.

*Inger: Eg trur ikkje du kan sette det i bås, i grunnen. For du ser jo ho ... sant, ho Margit Sandemo der, ho har jo seld noko inn i ...! Så er det jo nokon som seier: «ja, men det er jo bare noko junk». Men altså: Folk las det jo! Og dei må jo få lov til det! Altså, du kan ikkje feia dei vekk som uvesentlege menneske. Dei likte det. (...)*

*Merete: Kven er det som seier at Margit Sandemo ikkje er bra nok?*

*Inger: Ja, det trur eg eg las ein plass. Det er jo sånn, ein eller annan, men mange gonger tenkte eg det: «Ja, kvifor det då?» Det er jo mange som les ho, det må jo vera noko som fenger.*

Sjølv om både Lise og Inger «adresserer makta» gjennom måtane dei ytrar seg om biletkunst og litteratur, gjer dei det utan adressat, så å seia. Kritikken eller motstanden er uadressert. Dei namngjer ikkje grupper eller personar med definisjonsmakt. Andre som ikkje eksplisitt uttrykker former for kritikk (som Birger 65 år, tømrrar, Mona 65 år, konsulent, Erna 65 år, sekretær, og Martin, 35 år tømrrar), synes likegyldige og/eller trygge i sine posisjonar av å ikkje lika, å ikkje vera interessert i, ikkje vita om, og i si avvising. I Birger si verd, der utdanning er eit handverk og ikkje i nemneverdig grad ein forskjell som utgjer ein forskjell, vekkjer ikkje høgare utdanning kjensler av mindreverd eller produserer age i kraft av at han ikkje sjølve har utdanning (ref. 8.4.4). Kan ein så, med referanse til Bourdieu (1995, s. 225-226) seia at fordi desse ikkje meistrar dei rådande og høgt akta konstruksjonane og definisjonane, så fins her stad ei mis-kjenning av den samfunnsmessige orden? Eg finn ikkje belegg for å hevda det.

Dei med lågt volum, som med referanse til kulturell kapital vert ekskludert, kan ikkje seiast å vera vidare ærbødige og aspirerande overfor «makta». Ikkje berre verkar dei vera trygge i sine posisjonar og kulturelle preferansar (eller ikkje-preferansar), anerkjende kulturelle praksisar verkar i mange høve vera utanfor deira horisont, og dei som har desse praksisane utanfor deira relasjonelle samanlikningshorisont. Det leier over i neste avsnitt.



8.4.7 «Sense of one's place»

Sentralt i det diskursive gapet er at ikkje alle forskjellar er like relevante for alle, og nokre sett forskjellar er utanfor den umiddelbare førestellingshorisonten hos nokre. Ei følgje av dette er at sosial navigasjon skjer med referansar til ulike forhold (ref. smak og livsstil, utdanning, moralske forhold, verdsleg suksess m.m.). Eg vil difor seia at den relasjonelle røynda samanlikninga skjer med referanse til, ikkje er det same for Sjur (35 år, >5, lærar) og Oda (35 år, 1-4 UH, humanitær org.), som for Inger (65 år, ungdomsskule, reinhaldar) og Signe (65 år, vidaregåande skule, heimeverande), for å nemna nokre med posisjonar langt frå kvarandre i rommet. Det diskursive gapet indikerer at det er eit misforhold mellom den subjektive opplevinga og fornemminga av sin plass («sense of place») hos ulike personar og grupper, og den objektive referansen til denne. Den subjektive opplevinga refererer hos nokre grupper berre til delar av rommet, og ikkje naudsynleg til dei same ytterkantane eller til «heile rommet». For Sjur og Oda, og for mange i kulturfraksjonen er (hierarkiet i) rommet fleirdimensjonalt og differensiert, og skiljet mellom kulturelle og økonomiske livsorienteringar er relevant. For Inger og Signe til dømes, og for dei med lågt volum, er (hierarkiet i) rommet «udifferensiert» og refererer for ein stor del til sosioøkonomiske og moralske forhold. Kulturfraksjonen og utdanning som ein forskjellsskapande (identitetsdannande) mekanisme, er delvis ignorert i nedre delar av det sosiale rommet, og som ein konsekvens av dette vert heller ikkje desse personane, gruppene og praksisane nytta når dei med lågt volum driv relasjonell sosial samanlikning. For som nemnd, det kvar og ein ikkje har erfaring med og ikkje har kjennskap til, kan dei heller ikkje nytta som basis for vurdering av og handling i omverda (ref. fråverande grenser, 8.4.1).

For gitt at røynda er relasjonell og at identitet vert skapt relasjonelt gjennom samanlikning, er det av tyding kor grensene går for kven ein samanliknar seg med. Kva sosiale grupper er innanfor den sosiale verda slik kvar og ein førestiller seg den? Og, - om nokre sosiale grupper er utanfor samanlikningshorisonten til enkelte, kan dei då vera medspelarar i deira identitetskonstruksjon? Om den subjektive opplevinga av «one's place» har ei snevrare eller annleis horisont enn den objektive? Eller som funna i

avhandlinga indikerer: opererer ein med fleirdimensjonale eller differensierte hierarkiforståingar blir «one's place» i langt større grad definert relasjonelt med referanse til kulturelle og økonomiske orienteringar, enn om ein opererer med meir udifferensierte hierarkiforståingar.

«Sense of one's place» og habitus er konsept som omhandlar kor kvar og ein kjenner seg heime, og kor kvar og ein ikkje kjenner seg heime, sosialt sett. Relevant er det då kven som er kvar enkelt sine relevante, signifikante og kvalifiserte andre. Men, som eg understreker i dette kapitlet, relevant er det òg kven som ikkje er innanfor desse kategoriane, altså kven som er utanfor. Materialet mitt<sup>46</sup> indikerer at såkalla anerkjende kulturelle praksisar i stort monn er utanfor dei med lågt volum sin sosiale samanlikningshorisont. Dette er eit funn som, om det er utbreidd, har implikasjonar for konseptet om «sense of one's place», i alle høve det subjektive nivået. Subjektive konstruksjonar kan ikkje inkludera og ta utgangspunkt i det ein ikkje kjenner til, veit om, eller har erfart – det som er utanfor den subjektive konstruksjonen eller førestellingshorisonten. Difor indikerer funnet om at dei anerkjende kulturelle praksisane både kulturfraksjonen og øvre delar av økonomifraksjonen praktiserer og aspirerer mot – og som er noko dei med lågt volum ikkje kjenner til, er interessert i eller veit om – eit misforhold mellom den subjektive konstruksjonen av rommet og den objektive konstruksjonen av rommet. Eit misforhold på den måten at det subjektive ikkje refererer til det objektive, eller snarare: det diskursive gapet synleggjer at dei subjektive konstruksjonane refererer til ulike variantar av det objektive rommet.

## **8.5 Konklusjon**

Når eg no er kome til konklusjonen, er det tre funn eg vil diskutera spesielt og vurdera teoretiske implikasjonar av. Dei angår konseptet «sense of place» og relasjonelle tilnærmingar til røynda (1), det diskursive gapet

---

<sup>46</sup> Frå delane av intervjuet som omhandlar kven informantane kjenner seg lik, ulik, tankar om kvifor det er slik, kven som er deira vennar, kven dei kjenner seg framand frå, kven dei ser opp til, og kven dei tenkjer burde fått meir anerkjening i samfunnet.

(2), og forholdet mellom ulikskap, dominans, kulturell kapital og legitimitet (3).

Det latur til at ulike sosiale grupper sin «sense of place» (1) viser til forskjellige samanlikningshorisontar (relasjonelle horisontar). Sagt på ein annan måte: Dei sosiale romma som ulike grupper samanliknar seg i og refererer til, er ikkje dei same. For kulturfraksjonen er rommet (samfunnsstrukturen) fleirdimensjonalt (både eit kulturelt og eit økonomisk hierarki), og dei verkar løfta fram og spesifisera sine kulturelle ressursar i sosiale situasjonar der dei er blant sine egne (likskap), samstundes som dei tonar ned sine kulturelle ressursar i møte med sosiale grupper som ikkje er deira referansegrupper (ulikskap). Dette gjeld òg til ein viss grad for økonomifraksjonen. For dei med lågt volum er rommet (samfunnsstrukturen) «udifferensiert» samanlikna med den ovannemnde, og dei viser hovudsakeleg til sosioøkonomiske og moralske vilkår når dei talar om «opp» og «ned». Slik kan ein seia at ulike grupper sine subjektive konstruksjonar av det objektive rommet, ikkje er dei same, at ulike grupper opererer med forskjellige samanlikningshorisontar. Funna mine indikerer at folk i øvre delar av det sosiale rommet, i sterkare grad enn dei i nedre delar, definerer objekt, fenomen, praksisar og folk relasjonelt.

Trass i at dette på overflata er ei relativt enkel innsikt – det at ikkje alle driv like mykje og sterk sosial samanlikning, og at folk nyttar ulike horisontar når dei samanliknar – har innsikta implikasjonar for konseptar om den relasjonelle røynda og «sense of place» (jfr. Bourdieu). Premissen om den relasjonelle røynda er ei fruktbar presisering og erkjenning som understreker at fenomen, personar og objekt får sin verdi gjennom korleis dei står til andre fenomen, personar og objekt. Det at noko ikkje eksisterer i og for seg sjølv, lausrive frå alt anna, er vesentleg. Vi har til dømes sett at eit sentralt poeng i avhandlinga – framkome nettopp gjennom at grensedraging vert sett i eit relasjonelt perspektiv – har vore at medan nokre typar forskjellar og grenser *ikkje* vert oppfatta og registrert av enkelte personar og grupper, er desse grensene og forskjellane på same tid relasjonelt sett noko som andre grupper legg (stor) tyngd på. Likevel er ikkje den relasjonelle tilnærminga eit fullgodt svar, i alle høve ikkje om ein konsentrerer seg om det subjektive nivået (folk sine opplevingar). Sjølv om eg gjennomgåande argumenterer for «the value of keeping to the spirit of a

relational sociology» (Bennett, et al., 2009, s. 39), vil eg seia med Lamont & Lareau at: «(T)he relational answer is empirically insufficient – although analytically appealing (...)» (1988, s. 158). Lamont & Lareau går rett nok så langt som å hevda at kulturelle praksisar *ikkje* vert definert relasjonelt, noko eg ikkje finn grunn til å støtta. Eit vesentleg poeng i avhandlinga har vore å synleggjera at når alle typar forskjellar ikkje er like relevante for alle, så skjer sosial navigasjon med referanse til ulike forhold. Dei med lågt volum verkar ikkje i like stor grad definerer seg i relasjon til dei dominerande gruppene, som dei med høgt volum definerer seg i relasjon til andre sosiale grupper. Sagt litt banalt, er dei nede viktigare for dei oppe enn omvendt. Desse funna gir grunnlag for å støtta kritikken Lamont & Lareau fremjar i ein artikkel frå slutten av 1980-talet (1988): «Bourdieu's theoretical framework implicitly presumes that lower class standards are not autonomous, and that dominated groups have been eliminated from the competition for the definition of the legitimate culture» (ibid, s. 158).

Når vi samstundes veit at folk stort sett flokkar seg saman med sine egne, og at livsstilsforskjellar er ein sentral navigasjonsreiskap i prosessen med å finna fram til sine like, er det sannsynleg at oppfatningar av forskjellar, verkar til å forma og oppretthalda sosiale fellesskap og grupper. Når det samstundes ser ut som at folk ikkje slepp fram si forskjelligheit utan at ein relativ stor grad av sosial likskap er etablert (ref. Gullestad), - er det truleg at nokre vert sosialt ekskludert i desse prosessane, utan at dei naudsynleg veit om at dei blir det. Sannsynlegvis er det heller ikkje tilfeldig at det er i skandinaviske land ein finn desse mekanismane, her ein vennleg likskapsideologi er sterkt til stades, og der vi trur og håpar vi er likare kvarandre enn det vi faktisk er. Gjennom at kulturfraksjonen og delar av økonomifraksjonen held tilbake og tonar ned sine egne kulturelle ressursar, er det sannsynleg at nokon blir utestengd gjennom at dei ikkje vert involvert. Forskjellige oppfatningar av kva forskjellar som er relevante og ikkje, og i kva situasjonar, kan på desse måtane fungera ekskluderande og inkluderande og vera med å skilja og foreina sosiale grupper.

Eg har vidare vist at ulike sosiale grupper er forskjellig disponert for å oppfatta at det ligg restriksjonar på kva det er sosialt akseptabelt å ytra om smaksmessige og kulturelle forskjellar (2). Sagt med andre ord: her er ei diskursiv spenning knytt til *kommunikasjon* av smak og livsstilsforskjellar, ei

diskursiv spenning som ikkje er like relevant for alle. I den grad ein må vokta sine ord knytt til livsstilsforskjellar er det dei øvre lag – dei med mykje ressursar – som ser det som naudsynt. Vi har sett at kulturfraksjonen spesielt, men òg delar av økonomifraksjonen, gir uttrykk for at dei kjenner på ei diskursiv spenning rundt smak- og livsstilsforskjellar, ikkje minst når det gjeld korleis slike forskjellar potensielt knyt seg til makt og hierarki. Det er sannsynleg at denne diskursive spenninga – som er knytt til både det å ikkje ville stå fram som snobbete og elitistisk, til kulturen si relativt sett låge stilling lokalt og nasjonalt (Langeland, 2015; Rosenlund, 2009), og til den ulikskapsfornektande likskapsideologien i Skandinavia (Gullestad, 2001b) – bidrar til at kulturfraksjonen underkommuniserer og tonar ned sine kulturelle ressursar i møte med folk dei ser som annleis enn seg sjølve. Med referanse til Goffman (1992[1959]), er her både «sign given» (intensjonale verbale og ikkje-verbale sendingar) og «sign given off» (sendte uttrykk som kvar og ein ikkje har kontroll over, men som andre like fullt les og tolkar). Utover desse er her òg grenser som vert haldne tilbake og som difor heller ikkje vert motteke, noko eg freistar kalla «sign restrained». Goffman sine omgrep peikar mest mot at det er eitt tolkande publikum. Det diskursive gapet tydeleggjer at det er fleire publikum, eller rettare at ulike typar publikum opererer med forskjellige tolkingsrammer. Både teikn som vert sendt og teikn som vert haldne tilbake er med å forma folk sine oppfatningar av forskjellar. På denne måten er det sannsynleg at allereie etablerte forskjellar mellom ulike samfunnsgrupper, vert haldt ved like gjennom det diskursive gapet. Det diskursive gapet er slik ei omgrepsfesting av både (i) den ujamt fordelte spenninga knytt til korleis det er greitt å kommunisera om smaks- og livsstilsforskjellar, av (ii) divergerande oppfatningar av kulturelle praksisar og sosial ulikskap, og av (iii) tilsløringa av forskjellar som er ein sannsynleg konsekvens av gapet og underkommuniseringa.

Vi har til dømes sett at Sjur (35 år, >5, lærar) (ref. 7.2.3) seier at eigenskapar han leiter etter og set pris på hos vennar, er intelligens, høg utdanning, ei eller anna form for kulturell interesse, i tillegg til snillheit og venstresideorientering i politikken. Når vi samstundes har sett at Sjur, og Ola (35 år, 1-4 UH, grafisk designar), Liv (65 år, >5, lærar), Marit (65 år, 1-4 UH, dagleg leiar i kultursektoren) og Oda (35 år, 1-4- UH, humanitær

org.) seier dei held tilbake særtrekk, meiningar, kulturelle preferansar og ressursar i møte med personar dei oppfattar som annleis, så kan vi tenkja oss at konsekvensen av dette vert at, til dømes Birger (65 år, vidaregåande skule, tømrrar) og Inger (65 år, ungdomsskule, reinhaldar), ikkje får med seg, er mottakelege for eller vert kommunisert til, at nettopp dette er viktige verdiar for Sjur, Ola, Marit, Liv og Oda. Under temaet rangeringsvegring (ref. 6.8) i tale om biletkunst, såg vi at rangeringsvegring innan kulturfeltet fins hos dei som i utgangspunktet trekk sterke kulturelle grenser og som har høgt volum (spesielt høg kulturell kapital, men òg høg økonomisk kapital). Vi såg at Oda (35 år, 1-4 UH, humanitær org.) til dømes har mange og klare meiningar om biletkunst, og om kven som likar og avvisar kva typar kunst, men samstundes seier ho at det ikkje ville falla ho inn å spela ut alle desse grensene i situasjonar der ho er med folk som oppfattar det annleis (t.d. på jobb), eller som ikkje er interessert i biletkunst. Så sjølv om det «berre» er tale om biletkunstmak, er dette eit av mange døme på at forskjellar vert tona ned i møte med annleisheit. Summen av desse vert tilsløring av forskjellar.

Utover tilsløring, er ein annan sannsynleg konsekvens at livsstilsmarkørar og kulturelle ressursar som er sentrale for – men vert tona ned av – folk med høgt volum, mistar verdi i denne prosessen. Når dei kulturelle ressursane ikkje naudsynleg (eller i mindre grad enn tidlegare, ref. nedgang i omfamning av tradisjonell høgkultur) haustar anerkjenning, vert truleg verdien av desse devaluert på sikt. Slik indikerer det diskursive gapet på sett og vis òg mindre kulturell makt til dei dominerande lag.

Når det gjeld det tredje punktet eg vil diskutera avslutningsvis, nemleg forholdet mellom ulikskap, dominans, kulturell kapital og legitimitet (3), er det først på sin plass å konkludera med at, med utgangspunkt i det kvalitative materialet eg baserer meg på, så er det grunn til å hevda at sosial ulikskap når det gjeld kulturelle preferansar og praksis, er djupe. Det er tydeleg at forskjellar i kulturelle preferansar og praksis er kopla til sosiale hierarki. Forskjellar i kulturelle preferansar skriv seg tilbake til mellom anna posisjon i det sosiale rom, eller klasse om ein vil, og alder/livsfase og kjønn.

Men, som problematisert innleiingsvis i kapittelet: Forholdet mellom ulikskap og dominans er ikkje gitt på førehand. Det er ikkje gitt at vi kan slutta frå variasjon, mangfald og ulikskap, til at her er dominans og

undertrykking, eller at smaks- og livsstilsforskjellar leier til hierarkisering og dominans. Tidlegare i kapitlet såg vi at i Bourdieu si forståing av dominans, så leier differensiering automatisk til hierarkisering (1984). Lamont på si side presiserer at forholdet mellom desse er og bør vera empirisk, og hevdar med grunnlag i eigen empiri at kun sterk grensedraging leier til dominans (1992). Prieur & Savage understreker òg at dette er eit empirisk forhold, og dei presiserer at for at ressursar skal tena som kapitalformer i bourdieusk forstand, - så må det kunne visast til at dei er lenka til legitimitet, omsetjing og dominans (2013). Friedman & Kuipers – som støttar seg på alle dei ovannemnde – seier om dette forholdet at, kor vidt smaksdifferensiering leier til hierarki og dominans, avhenger av 1) om smaks- og livsstilsforskjellar vert sett på som symbolsk meningsfulle, og 2) om det er samfunnsmessig semje kring kva som har kulturell legitimitet (2013, s. 180). Kva gjeld det første punktet, har studien min vist at ikkje alle sosiale grupper er like tilbøyelege til å vurdere smaks- og livsstilsforskjellar som sosialt tydingsfulle. Om vi set informantar med høg kulturell og/eller økonomisk kapital (høgt volum) opp mot dei med lågt volum, har vi sett at kulturfraksjonen og delar av økonomifraksjonen legg fleire symbolske og sosiale tydingar til utdanning, dei navigerer og les den sosiale geografien med referanse til livsstilsmarkørar og – forskjellar, og dei legg vekt på at dei trivst sosialt med personar som er på same intellektuelle bølgelengd og som har nokolunde same interesser som dei sjølve. Dei med lågt volum har anten instrumentelle oppfatningar av utdanning, eller så er utdanning utanfor repertoaret deira for kva som er relevante forskjellar (altså ikkje ein sosial markør). Dei vurderer hierarki ut frå sosioøkonomiske og moralske målestokkar, og kulturell grensedraging når det gjeld både skilje mellom objekt, personar og praksisar, er lite til stades eller fråverande. Det er difor råd å hevda at hos dei med lågt volum er smaks- og livsstilsforskjellar langt mindre sosiale tydingsfulle (derav dei små distinksjonane, ref. Gronow & Warde, 2001). Til liks med kulturfraksjonen seier òg dei med lågt volum at dei trivst sosialt med folk som har same interesser og som er på same «hylla» som dei sjølve.

Det andre punktet Friedman & Kuipers nemner som eit naudsynt vilkår for at smaks- og livsstilsforskjellar skal verta transformert til dominans, eit vilkår ein finn att hos både Bourdieu og Lamont, er



samfunnsmessig semje omkring kulturell legitimitet. Ifølgje Friedman & Kuipers «it requires the public to accept the value of certain people's cultural judgements» for at smaksforskjellar skal leia til dominans (2013, s. 180). Om dette skriv Lamont at «(o)nly when people agree that some traits are better than others, can symbolic boundaries take on a widely constraining (or structural) character and pattern social interaction in important ways» (Lamont, 1992, s. 178). I Bourdieu sitt perspektiv anerkjenner dei underordna klassane dei rådande verdiar gjennom nedvurdering av seg sjølve, og gjennom kjensler av inkompetanse og kulturell verdiløyse (Bourdieu, 1995). I så måte tolkar eg at i hans perspektiv er det indirekte og direkte full aksept om dei rådande verdiar. Men *når* veit vi at vi står overfor brei semje? Når veit vi at «the public accept the value of certain people's cultural judgements» (Friedman & Kuipers)? Ikkje berre er desse premissane om at det må vera semje og konsensus kring kva som vert verdsett og som difor har legitimitet, vanskeleg å operasjonalisera ut frå, - funna mine utfordrar kor vidt brei semje i det heile teke er ein naudsynt premiss. Så langt dette materialet strekkjer seg, er kulturell kapital *ikkje* avhengig av full aksept og brei semje for å bidra til hierarkisering og dominansforhold.

Funna mine gjev grunnlag for å hevda at det i ein norsk kontekst ikkje naudsynleg er ein *allmenn* distinksjonslogikk som gjeld, men at distinksjonslogikken likevel absolutt er til stades. Eg vil hevda at den kulturelle kapitalen her ikkje er legitim i den forstand Bourdieu fann at den er – og då meiner eg ikkje i tydinga at innhaldet i omgrepet med sine referansar til tradisjonell høgkultur skil seg frå ein fransk kontekst (det er etter kvart blitt veldig opplagt) – men at den kulturelle kapitalen ikkje er legitim på den måten at alle er tvungne til å definera seg sjølve i relasjon til det dominerande. Funna utfordrar som sagt Bourdieu si forståing av korleis personar som har posisjonar i nedre delar av det sosiale rommet definerer seg sjølve og fornemmer sin plass (jfr. «sense of place»). Eg finn ikkje mykje age, aspirering og kjensler av mindreverd *frå* dei som er å plassera i nedre delar av rommet *overfor* personar, praksisar og preferansar som er å plassera i øvre delar av rommet.

Funna om lite implisitt og eksplisitt age nedanfrå, samt at sjølvforståinga er mindre relasjonell (altså at dei dominerande lag ikkje er



sentrale i identitetskonstruksjonen til dei lågare lag), reiser spørsmål til Bourdieu si forståing av dominans. Liknande spørsmål har vore reist frå fleire hald. Eg vil her omtala to tidlegare nemnde studiar av klasse, ulikskap og kulturell kapital, den eine frå Danmark, og den andre frå England.<sup>47</sup> I studien frå Danmark konkluderer forskarane med at klasseforskjellar gjer seg gjeldande som fordelingsstrukturar (økonomisk ulikskap), som symbolske grensemarkeringar (avstandstaking og omfamning av preferansar, objekt og praksisar), og som habitusformer (kjensler av framandheit i sosiale miljø basert på klassekriterier) (Faber, et al., 2012, s. 232-238). Klasse gjer seg ikkje gjeldande som identitet (som sentralt omdreingspunkt i folk sine forteljingar om eige liv), men til ein viss grad som dominansstrukturar. Når det gjeld sistnemnde, finn forskarane at relasjonane mellom klassar i ein dansk kontekst står fram som langt mindre lada med dominans og underordning enn i litteraturen frå USA, Frankrike og England. Dei ser ikkje mange spor etter symbolsk vald slik Bourdieu definerer denne, som skjulte maktforhold der arbeidarklassa sin livsstil er forma av naudsynthet og nedvurdering av eigen livsstil, og av direkte eller indirekte oppvurdering av det dei høgare klassane står for.

I Bennett og kollegaer sin studie frå England, finn forskarane at arbeidarklassa ikkje er opptekne av høgkultur, og at sjølv om dei kan kjenna seg krenka om personar ser ned på deira kulturelle ikkje-deltaking, så kjenner dei seg ikkje ekskludert frå den legitime kulturen (Bennett, et al., 2009, s. 251-259). Her er ikkje mykje anerkjenning av eller mindreverdskjensler overfor praksisane til dei som har mest økonomisk og kulturell kapital.<sup>48</sup>

Konklusjonen til Bennett og kollegaer vert likevel ikkje at legitim kultur ikkje fins. For som dei skriv:

---

<sup>47</sup> Dette er studiane som dannar det empiriske grunnlaget for Prieur & Savage, 2013.

<sup>48</sup> Sjølv om desse studiane, inkludert eigen studie frå Stavanger, ikkje finn særlege kjensler av mindreverd, age og anerkjenning hos den såkalla arbeidarklassa overfor kulturelle praksisar og ressursar hos dominerande lag, vil ikkje det seia at arbeidarklassa kjenner det likt på alle livsområde. Katrine Skoland har til dømes funne at verkstadtilsette i oljeindustrien i Stavanger ikkje kjenner seg verdsett i bedriften dei arbeider i, ho finn fornemning av utanforskap blant dei mindre privilegerte i bedrifta, medan dei som driv med ikkje-manuelt arbeid på same arbeidsplass opplever stor grad av sjølvstyring, kjenner seg verdsett og har positive haldningar til leiing og bedrift (2014a, s. 117).

«(i)n one particular sense this legitimate culture has primarily local value. True, here, it is local to the powerful, and the implication is that absorption in, or familiarity with, aspects of legitimate culture is instrumental in achieving integration into such circles. Cultural capital is being exchanged for social capital and, ultimately, on occasion, for economic advantage. But its value is not so obviously recognized elsewhere» (Bennett, et al., 2009, s. 253).

I likskap med desse studiane, set funna mine fingeren på at sjølv om dei lågare lag heller står fram som kjenneteikna av autonomi enn av å vera utsett for symbolsk makt (dei anerkjenner ikkje finkulturen sin legitimitet, snarare kan ein seia at dei ikkje bryr seg), ei heller oppvurderer eller kritiserer dei øvre lag sine praksisar og preferansar – så latar det til at dei vert utestengd frå ulike sosiale grupper og nettverk likevel. Det er likevel viktig å presisera: utestengd frå symbolske og konkrete fellesskap som dei ikkje er opptekne av, aspirerer mot eller naudsynleg kjenner til.

I så måte kan det vera freistande å konkludera med at utestenginga ikkje har vidare tyding, og at ulike folk lever – om ikkje heilt side om side, så nesten side om side i byen Stavanger – og at dei representerer eit mangfald i preferansar, hierarkioppfatningar og livsåskodingar. Men når vi samstundes veit at miljø med makt og innverknad samlar seg i dei øvre delane av rommet, og det viser seg at her er lite samhandling mellom grupper med lågt og høgt volum, samt at kulturell kapital verkar gjennom sosial kapital, så vert desse forskjellane ikkje utan tyding likevel. Då vert det ikkje berre uproblematisk at sosiale grupper med låg utdanning og relativt sett låg inntekt, ikkje kjenner til eller bryr seg med at mellomlaga og eliten nedvurderer preferansane deira, fordi desse samstundes vert gjort krav på for å få innpass i desse miljøa. Så sjølv om det er slik at dei med lågt kapitalvolum ikkje uttrykker age, anerkjening, godkjening eller særlege mindreverdskjensler vis-a-vis dei med høgt kapitalvolum – noko som i utgangspunktet gjer det vanskeleg å konkludera med at dei rettar seg til symbolmakta på anna vis enn at dei ikkje gjer opprør – så tyder materialet på at her likevel er ekskluderingsmekanismer i sving. Ekskluderingsmekanismane fungerer, som vi har sett, mellom anna

gjennom at symbolske grensemarkeringar vert gitt sosial tyding.<sup>49</sup> Ikkje som tilsikta og intensjonell ekskludering naudsynleg, men like fullt ekskludering.

Dette inneber at sjølv om den kulturelle kapitalen ikkje gjeld som allmenn distinksjonslogikk og dermed ikkje kan kallast legitim, i den forstand at alle definerer seg i relasjon til den, har den likefullt sosiale konsekvensar og er med og formar sosial interaksjon og gruppedanning. Sjølv om vi ser ein generell nedgang i omfamning av tradisjonell høgkultur (sjå t.d. Gripsrud, et al., 2011; Prieur & Savage, 2013, s. 7), så verkar kulturelle ressursar og kulturell kapital framleis ekskluderande. Funna i denne studien tyder på at, sjølv om kulturell kapital er avhengig av at andre personar let den få verdi for å verka, så er den ikkje avhengig av konsensus og aksept (ref. Bourdieu), brei semje (Lamont) eller «public agreement» (Friedman & Kuipers) for å verka ekskluderande og for å prega sosial interaksjon. Det diskursive gapet peikar på denne måten på meir subtile verkemåtar for kulturell dominans og for vedlikehald av ulikskap. Desse mekanismane må sosiologien ta høgde for i studiar av dominans og ulikskap.

---

<sup>49</sup> Som Faber og kollegaer, vil eg understreka at prosessane det er tale om langt på veg er usynlege for folk sjølve, og at det krev eit distansert blikk for å få auge på strukturerande mønster og sosiale hierarki (Faber, et al., 2012). I tillegg er materiell og økonomisk ulikskap langt meir synlege og opp i dagen for folk, enn ulikskap av meir symbolsk karakter (t.d. når kulturelle preferansar vert gitt høgare verdi enn andre).

## **9 English summary**

### **People on differences between people**

This thesis is about how different people perceive, construct and communicate social differences. By way of qualitative interviews, home visits and photo elicitation, I explore variations in cultural preferences, boundary drawings between own taste and other people's tastes, and perceptions of social hierarchies. I also discuss possible social implications of people's divergent perceptions of differences.

The study is based on 39 in-depth interviews in a dispersed sample, consisting of both women and men, from two age cohorts (b. 1945-50 and 1975-80), everyone from the city of Stavanger, Norway.

Referring to Pierre Bourdieu's and Michèle Lamont's theoretical frameworks – notably the concepts of social space, capital volume and composition, forms of capital, and symbolic boundaries – I describe and analyze the interviewees' manners of appropriation and their relation to four aesthetic fields: architecture, home interior, literature and visual art. Thereafter, I discuss their perceptions of social hierarchies. A recurring theme in the thesis is diversity. The diversity applies to appropriation of visual art, relations to home interior, architecture and literature, perceptions of education and affluence, and to perceptions of social hierarchies in general. Concluding from the material, cultural preferences and perceptions of inequality clearly vary with social position, or class if you like, and to some extent with age and gender. This is in line with Bourdieu's claim that taste is intimately tied to positions in the social space (1984).

As regards visual art, I detect various manners of appropriation: 'emotional-spontaneous', 'knowledge-based', and 'art as ownership'. Level of knowledge about art emerge as pivotal. Knowledge is essential both to the experience of art and to understand differences between manners of appropriation. In home interior, there is in addition an age difference in the sense that people in the youngest generation interviewed (b. 1975-80), to a much larger degree relate to home interior in aesthetic manners. This is one

of the reasons why I conclude that an aesthetic rationale has acquired a hegemonic position within the field of home interior in Norway.

Within literature, I discuss the concept of literary quality. If we portray the interviewees' perceptions of good literature on a continuum, we find at one end views about good literature as something that is "democratically" individually defined (Gujord & Vassenden, 2015) (everyone is entitled to define what good literature is). At the other end, there is the idea that literary quality is defined by distinct criteria, as something near objective. The "democratic" individual notion is the most widespread among the interviewees. In Bourdieu's terminology: I find it in all the quadrants of the social space. Only 3-4 individuals share the idea that literary quality is something distinct, near objective. It is worth noticing that these individuals also relate their own literary opinions to the widespread "democratic" notion. The latter gives reason to question whose viewpoints that enjoy legitimacy.

Within architecture, I detect both socioeconomic, moral and cultural boundary drawing (cf. Lamont, 1992). Socioeconomic references point to different conditions that render architectural spending (im)possible, i.e. income level, work position, inheritance, age and phase of life. In terms of moral boundaries, these are drawn on the basis of condemnations of «conspicuous architecture» and of what is considered proper behavior. People's cultural boundary drawing within architecture engage with aspects of taste and preferences, such as style epochs and various architectural expressions, and with architecture as one of several ways of communicating identity. Added up: all interviewees consider that residential architecture and people's choice of residence are influenced by socioeconomic aspects, some interviewees – both with and without higher education – relate architecture to moral aspects, and interviewees with high cultural and/or economic capital, view architecture in addition to the above mentioned as related to lifestyle elements, taste and identity.

This pattern resembles the pattern of boundary drawing related to perceptions of social hierarchies in general. All interviewees refer to work life and pecuniary success as defining of people's positions. However, interviewees with low capital volume are more inclined to emphasize moral

aspects, while their high capital counterparts are more likely to value cultural and aesthetic aspects in questions of inequality and hierarchy.

When synthesizing these findings, and elaborating on their possible social consequences, I introduce the concept of *a discursive gap*. The discursive gap indicates a cleavage in perceptions of what differences between various social groups that ‘make a difference’. The discursive gap also points to a cleft in the way different social groups communicate these differences. I detect a discursive tension related to the communication of differences, i.e. to the divergent perceptions of cultural objects, practices and phenomenon. Noteworthy, this tension is not equally relevant to all social groups. The inclination to attach social meaning to «the small distinctions» (cf. Gronow & Warde, 2001) (small variations of lifestyle and cultural differences), and to consider differences in taste preferences and practices as a potential problem, varies with localization in the social space. Interviewees with low capital volume do not seem to find it problematic to draw boundaries towards other people’s taste and towards taste *differences*. They are indifferent to or do not know about the cultural capital and cultural boundaries that are important to both the cultural fraction and parts of the economic fraction. These interviewees show few signs of explicit or implicit recognition of, or deference towards, what is considered legitimate cultural preferences and practices (cf. a Bourdieusian framework). In addition, they point out that they feel socially comfortable with people that are similar to themselves. Interviewees with high capital volume, on the other hand, ascribe symbolic and social significance to education, navigate and read the social geography with reference to markers of lifestyle, and relate to – and for the most aspire to – acknowledged cultural practices. They too state that they feel socially comfortable with people that are similar to themselves.

Thus, the findings presented in the thesis give ample reason to claim that, in the Norwegian context, there is not a *common* logic of distinction, but the logic of distinction is nevertheless present and important. Following this, I make the argument that cultural capital is not legitimate in the sense that Bourdieu found it to be. By this, I do not simply mean that the concept of legitimate culture has a different content in Norway compared to the French context, or that traditional forms of highbrow culture experience a

general decline in interest (see f.i. Gripsrud, et al., 2011; Prieur & Savage, 2013). Rather, my study, unlike Bourdieu's analysis, indicates that cultural capital does not appear to be legitimate in the way that everyone is constrained to define their own practices in relation to the dominating ones. On the contrary, I find little deference, aspiration or feelings of inferiority among people in the lower ends of the social space. This challenges Bourdieu's understanding of dominance, his portrayal of people in the lower ends of the social space, and his concept of legitimacy, - and instead supports recent findings in two major contributions on inequality, class and cultural capital, namely Bennett et al. from Britain and Faber et al. from Denmark (Bennett, et al., 2009; Faber, et al., 2012).

At the end, I discuss some theoretical implications on the concepts of cultural capital and sense of place, and possible social consequences of the discursive gap. These consequences refer, inter alia, to group formation and thus to mechanisms of inclusion and exclusion. Systematic variations in symbolic boundary drawing in different parts of the social space are likely to set footprints in people's social relations and their interaction in the local social world of Stavanger. Since all interviewees emphasize the importance of sameness (as in being of the same kind) when they talk of likes and dislikes in other people, and of what they value in social relations and friendship, it is highly likely that the perceptions of hierarchies and cultural valuations that have emerged in this study, are used as points of social orientation and as criteria of selection when social groups and networks are constructed and sustained. Knowing that power is concentrated in social environments in the upper parts of the social space, and that there is little interaction between groups with high and low volume (see f.i. Faber, et al., 2012), together with the fact that cultural capital works through social capital, these differences have social significance. Then, it is not necessarily unproblematic that social groups with a low level of education and relatively speaking low income, do not know of or care about the dominating or intermediate groups' disparagement of their preferences and practices, because these are claimed to gain entry into these social groups. Therefore, although people with low capital volume do not express deference, acceptance, critique or feelings of inferiority towards the dominating or

*English summary*

---

intermediate groups, the material indicates that mechanisms of exclusion are still active.



## **Appendix**



## 10 Appendix

### 10.1 Appendix 1: Tabelloversikt sosiale kjennemerke

Namn	Kohort	Kjønn	Utdanningsnivå	Utdanningstype	Bydel	Yrke
Erna	f.1945-50	K	Ungdomsskule	-	Tasta	Sekretær
Mona	f.1945-50	K	Vidaregåande	-	Tasta	Administrativt tilsett i offentlig verksemd
Signe	f.1945-50	K	Vidaregåande	-	Storhaug	Heimeverande
Liv	f.1945-50	K	UH 5 år el meir	Samf.vitskapleg	Våland	Lærer
Turid	f.1945-50	K	UH 1-4 år	Lærarskule	Stokka	HR i privat verksemd
Jenny	f.1945-50	K	UH 1-4 år	Samf.vitskapleg	Hinna	Dagleg leiar
Anna	f.1945-50	K	Vidaregåande	-	Sunde	Butikk-medarbeidar
Marit	f.1945-50	K	UH 1-4 år	Samf.vitskapleg	Eiganes	Dagleg leiar i kultursektoren
Inger	f.1945-50	K	Ungdomsskule	-	Kvernevik	Reinhaldar
Lene	f.1945-50	K	UH 5 år el meir	Humaniora	Eiganes	Utovande i ein kulturprofesjon
John	f.1945-50	M	UH 5 år el meir	Jus	Sentrum	Jurist
Sverre	f.1945-50	M	UH 5 år el meir	Tekn.nat.vitskapleg	Sentrum	Sivilingeniør
Tom	f.1945-50	M	UH 1-4 år	Tekn.nat.vitskapleg	Byhaugen	Pensjonist
Einar	f.1945-50	M	Vidaregåande	-	Mariero	Dagleg leiar i handelsnæringa
Birger	f.1945-50	M	Vidaregåande (fagbrev)	-	Buøy	Tømrar
Peter	f.1945-50	M	UH 5 år el meir	Økonomi	Madla	Siviløkonom
Jan	f.1945-50	M	UH 5 år el meir	Lærarskule	Våland	Journalist
Arne	f.1945-50	M	Vidaregåande	-	Byøyene	Elektrikar
Helge	f.1945-50	M	UH 1-4 år	Tekn.nat.vitskapleg	Vaulen	Ingeniør
Dag	f.1945-50	M	UH 5 år el meir	Tekn.nat.vitskapleg	Våland	Pensjonert sivilingeniør
Kenneth	f.1945-50	M	Vidaregåande (fagbrev)	-	Sunde	Industri-arbeidar
---						
Ellinor	f.1975-80	K	UH 1-4 år	Samf.vitskapleg	Grødem	Kulturarbeidar
Gry	f.1975-80	K	UH 1-4 år	Tekn.nat.vitskapleg	Tjensvoll	Student
Lise	f.1975-80	K	UH 1-4 år	Profesjon	Vaulen	Førskulelærer
Nora	f.1975-80	K	UH 1-4 år	Humaniora	Buøy	Grafisk designar
Oda	f.1975-80	K	UH 1-4 år	Humaniora	Byhaugen	Tilsett i humanitær organisasjon
Sara	f.1975-80	K	UH 5 år el meir	Lærarskule	Vestre Platå	Lærer
Ine	f.1975-80	K	UH 5 år el meir	Jus	Stokka	Jurist
Marie	f.1975-80	K	UH 1-4 år	Profesjon	Kvernevik	Sjukepleiar
Ingvild	f.1975-80	K	UH 1-4 år	Profesjon	Mariero	Sjukepleiar
Tore	f.1975-80	M	UH 5 år el meir	Tekn.nat.vitskapleg	Stokka	Sivilingeniør
Mads	f.1975-80	M	UH 1-4 år	Økonomi	Hinna	Finansforvaltar
Ola	f.1975-80	M	UH 1-4 år	Humaniora	Byøyene	Grafisk designar


*Appendix*

---

Truls	f.1975-80	M	Vidaregåande (fagbrev)	-	Byhaugen	Administrativt tilsett i oljenæringa
Sjur	f.1975-80	M	UH 5 år el meir	Samf.vitskapleg	Bekkefaret	Lærar
Aksel	f.1975-80	M	UH 5 år el meir	Humaniora	Storhaug	Omsorgs- arbeidar
Martin	f.1975-80	M	Vidaregåande (fagbrev)	-	Storhaug	Tømrar
Jesper	f.1975-80	M	UH 1-4 år	Kunstfagleg retning	Sentrum	Utvande kunstnar
Frank	f.1975-80	M	UH 1-4 år	Økonomi	Tjensvoll	Banktilsett

## 10.2 Appendix 2: Informantane i det sosiale rommet


Høgt volum mot høgre, lågt volum mot venstre. Overvekt kulturell kapital opp, overvekt økonomisk kapital ned.



\*For Ine, Lene og Peter manglar vi same data som for vi har for dei andre. Desse tre er blitt omtrentleg plasserte på basis av generell frå intervju, generell informasjon om utdanning, yrkesposisjonar og yrkessektor, eigedomar, formue og utdanning hos familie og vennar.

### 10.3 Appendix 3: Bilete brukt i intervju

#### 10.3.1 Litteratur



Tore Renberg, Kompani Orheim (2005)

Foto: Oktober forlag, Omslag: Egil Haraldsen & Ellen Lindeberg / EXIL DESIGN

I tillegg til denne vart bokomslaga til desse bøkene vist: *Kjarlighet* av Hanne Ørstavik, *Solaris korrigert* av Øyvind Rimbereid, *Gjenferd* av Jo Nesbø, *Genanse og verdighet* av Dag Solstad, og *Berlinerpoblene* av Anne B. Ragde.

10.3.2 *Biletkunst*



Jan Groth, Komposisjon (1980)  
Foto: Grev Wedels Plass Auksjoner AS (omtalt som nr. 4 i intervju)



Edvard Munch, Løsrivelse (1896)  
Foto: Edvard Munchs Tekster Digitalt Arkiv, [www.emunch.no](http://www.emunch.no) (omtalt som nr. 3 i intervju)



Marianne Aulie, Mormor er best (før 2007)  
Foto: Fineart AS (omtalt som nr. 1 i intervju)



Odd Nerdrum, Mor og Datter  
Foto: © Odd Nerdrum / BONO 2015 (omtalt som nr. 5 i intervju)





Jacob Weidemann, Skogbunn (1960)  
Foto: Grev Wedels Plass Auksjoner AS (omtalt som nr 2 i intervju)

### *10.3.3 Arkitektur*

Eg har vald å ikkje publisera alle dei konkrete bileta av bustadhus som er vist fram og diskutert i intervju, og i plassen inkludera nokre illustrasjonsbilete. Illustrasjonsfotoa femnar ikkje om alle dei same assosiasjonane som dei opphavlege fotoa som vart nytta i intervju. Kor vidt bileta av bustadhus skulle publiserast eller ikkje vaks fram som eit etisk dilemma undervegs. Fordi intervju inneheld utsegn om ikkje berre utsjånaden på bustadane, men òg synspunkt på kven som kan bu i dei, samt tankar om kor vidt ulike typar bebuarar har meiningar om kvarandre, vart det etter kvart vurdert slik at med omsyn til etiske forhold som angår både dei som bur i dei konkrete husa som er synt fram og informantane som har ytra seg om desse, så publiserer eg ikkje bileta. Vurderinga er gjort spesielt med tanke på at korkje bebuarar eller informantar som har delteke i denne studien, skal bli sett i posisjonar dei ikkje har bedt om eller ønskjer. Det er ikkje sikkert informantane ville uttalt seg likt som dei har gjort, om dei skulle visa seg å få kontakt med dei som faktisk bur der til dømes.

Bustadane vert nedanfor omtalt med ord og med nummereringa dei hadde i intervju. Arkitekt og deltakar i Prisme-prosjektet Nils Jacobsen har gitt omtalane (ref. Jacobsen & Vassenden, 2015).

*Appendix*

---



Nr. 1: Bilete nr. 1 er av ei funksjonalistisk lågblokk i tre etasjar. Ein seriebustad i pussa betong og fuga tegl. Bygd i byrjinga av 1950-åra. Foto: Nils Jacobsen.



Nr. 2: Bilete nr. 2 er av ei modernistisk minimalistisk høgblokk, med 12 etasjar. Bygd i eit ombygd industriområde. Høgblokkene er i betong, glas og aluminium, frå ca. 2008. Høg prisklasse. Foto: Nils Jacobsen.



Nr. 3: Bilete nr. 3 er ein frittliggjande bustad i funksjonalistisk stil, bygd i byrjinga av 1960-åra. Bustaden har ein etasje, flatt tak og er elles i ubehandla/beisa tre, med slemma tegl. Internasjonal stil, danskinspirert. Kjelde: Contemporary Danish Architecture, Arkitektens Forlag, København 1958.



Nr. 4: Bilete nr. 4 er ein frittliggjande bustad med 2 ½ etasje samt underetasje. Bustaden er i modernistisk stil, har ei dekonstruert form, og er i betong, glas og aluminium. Høg prisklasse. Bygd i byrjinga av 2000-talet. Kjelde: Arkitekturguide for Sør-Rogaland 1975 – 2010. Stavanger Arkitektforening.





Nr. 5: Bilete nr. 5 er ein frittliggjande bustad, eit typehus med ekstrahus som karnapp, vindaugssprossar, dreidde søylar, dekordører og takark. Bustaden er i tre. Frå ca. 1980. Kjelde: Husboken, Block Watne, 1993.



Nr. 6: Hus nr. 6 er ein frittliggjande bustad i tradisjonalistisk stil. Huset har 1 ½ etasje. Stilkopierende bruk av bygningsform, takark, karnapp og balkong. I tre med teglpanner. Frå ca. 2000. Kjelde: [www.hellvikhus.no](http://www.hellvikhus.no)



Nr.7: Bilete nr. 7 er eit rekkjehus i funksjonalistisk stil, seriebustadar i 2 etasjar. Boligbyggelaget si hovudform på 1950 og 1960-talet. Lokal funksjonalisme. Tre og teglpanner. Foto: Nils Jacobsen.



Nr. 8: Bilete nr. 8 er av einebustadar i rekkje. 2 etasjar samt underetasje. Seriebustad i dekonstruert form. Nyskapande trearkitektur. Tre og malt betong. Frå ca. 2008. Foto: Nils Jacobsen.

## 10.4 Appendix 4: Intervjuguide

### Introduksjon:

«Intervjuet skal handla om kva endringar som har funne stad i Stavanger dei siste tiåra, og korleis du har opplevd desse, - endringar i forhold til måtar å leva på, måtar å tenkja på, og når det gjeld korleis ein har det heime, kva ein les o.l. Eg har med meg ei huskeliste av spørsmål, men eg vil helst at det er det du vil fortelje som styrer samtalen. Eg kjem òg til å visa nokre bilete undervegs der eg er interessert i dine assosiasjonar til dei. Eg er ikkje ute etter nokon spesielle svar, men om dine tankar og erfaringar omkring temaa eg tar opp».

### Yrke, utdanning, fritid:

Kan du fortelja litt om deg sjølv; kor du er vakse opp, om du har søsken, gift/sambuar, born, osv.

- Kor er foreldra dine frå?
- Har du budd i Stavanger/omegn heile livet?
- Kva jobbar du med? Borna dine (evt.)? Foreldra dine? Besteforeldra dine?
- Har du utdanning? Kva type utdanning? (Borna dine (evt.)? Foreldra dine?)
- Kva brukar du fritida di til?

### Stavanger:

- Forhold til byen Stavanger?
- Budd her heile livet? Evt kor andre stader?
- Tenkjer du at det fins noko som er ”stavangersk”? Særtrekk. Kultur. Verdjar.
- Kva kjenneteiknar Stavanger samanlikna med andre byar?
- Har du inntrykk av kva folk som ikkje er frå Stavanger meiner om byen?
- Noko ved Stavanger du er stolt over? Ikkje er særskilt stolt over?

### Kristendom, olje, kultur:

Vi har ein tanke i prosjektet om at Stavanger har tre «hovudstadsformasjonar» gjennom at byen har vore kjend for – på ulike måtar – kristendom, olje og kultur. Eg ønskjer å snakka om dine forhold til alle desse.

E:	Y:
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis opplever du at oljen har påverka Stavanger? Levemåtar. Tenkjemåtar. Velstand. Den fysiske byen.</li> <li>- Opplever du at <u>oljetida</u> har ført til endringar i ditt liv? Kvardag, arbeid, inntekt, velstand, forbruk, nabolag.</li> <li>- Kan du seia litt om kva du tenkjer er forskjellar mellom tidleg og sein oljetid? 70-talet samanlikna med i dag?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis opplever du at oljen har påverka Stavanger? (Liva til folk som bur her? Korleis ein tenkjer? Velstand? Andre ting?</li> <li>- Har du nokre tankar om korleis Stavanger var før ein byrja med oljeutvinning her?</li> <li>- Kva som prega denne tida?</li> <li>- Kva har du fått fortalt? T.d. dine foreldres oppvekst og barndom?</li> </ul>

*Appendix*

<ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis vil du samanlikna Stavanger før olja kom, med Stavanger i dag?</li> <li>- Din oppvekst og barndom var på 50-talet og i byrjinga av 60-talet i eit Stavanger som var noko anna enn ein oljeby. Kan du fortelja om den byen du veks opp i til meg som ikkje kjenner til den.</li> <li>- Barndom? Kor og korleis budde du? Korleis såg nabolaget ut? Kva gjorde du på ettermiddagane? Økonomi? Kyrkja/religion/bedehus?</li> <li>- På kva måtar har dine born hatt ein annan oppvekst enn din?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis tenkjer du at din oppvekst har vore annleis enn t.d. foreldra dine si oppvekst?</li> <li>- Tenkjer du at det at Stavanger er ein oljeby påverkar ditt liv på nokon måte?</li> <li>- Tenkjer du at olja kjem til å prega dine born sin oppvekst på nokon måte?</li> </ul>
---	---

**Religion:**

- Kva slags forhold vil du seia du har hatt/har til religion gjennom ditt liv? Er ein del av ditt liv?
- Korleis vil du seia at religion/kristendom er ein del av ditt liv?
- Kva er din religiøse ståstad?
- Korleis prega religion dine foreldre og besteforeldre sine liv då dei var yngre, trur du? (vennar, familie, skule, nabolag)
- Kva med Stavanger i det heile tatt den gongen, lat oss seia på 1960-talet samanlikna med no, når det gjeld religion?
- Korleis trur du religion vil prega dine born/barnebarn sine liv?
- Stavanger har jo òg ein misjonshistorie, har du noko forhold til den? Korleis opplever du at misjonen og misjonsorganisasjonar påverka byen?
- Forfattaren Arne Garborg brukte omgrepet ”det mørke fastland” om sørvestlandet. Legg du noko i dette omgrepet?

**Kultur:**

- Så var jo Stavanger kulturhovudstad i 2008, av mange blir dette brukt som eit slags nytt «bystempel». Kva var di oppleving av kulturhovudstadsåret?
- Vil du seia at du er kulturinteressert? Kva er du interessert i?
- Kva er grunnar til at du likar dette/Kvifor trur du at du er interessert i dette?
- Har kulturinteressene dine forandra seg vil du seia?
- Er det noko du kunne tenkja deg å bruka meir tid på?
- Kva vil du seia at du ikkje er interessert i/misliker?

**Syn på egne born sine liv (E: notid, Y: framtid):**

Så vil eg gjerne at vi snakkar litt om borna og foreldra dine.

<b>E:</b>	<b>Y:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Har du born? Kor mange? Kor gamle?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Har du born? Kor mange? Kor gamle?</li> <li>- Kva er dei viktigaste tinga du kan læra dine born tenkjer du?</li> </ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>- Er det noko du er spesielt nøgd med at borna dine har fått til/i borna dine sine liv?</li> <li>- Kva gjer at du er nøgd med det?</li> <li>- Er det noko du skulle ønskje var annleis? Kvifor?</li> <li>- Kva tenkjer du er dei viktigaste tinga du har lært dine born?</li> <li>- Viss du kunne gje dei noko meir som forelder, kva ville det vore?</li> <li>- Opplever du at det er skilnader i måten ein oppdrar born i dag samanlikna med då du hadde små born? Kva er likskapane?</li> <li>- Kva tenkjer du om dine born sine livssjansar og moglegheiter, samanlikna med dine? Dine foreldre sine? (ulikt og likt)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kan du sei litt om kva du ønskjer for dine born sine vaksne liv? Har du nokon ønskjer på deira vegne?</li> <li>- Har du nokre tankar om kva du håper dei kjem til å arbeida med? Kva hadde du blitt glad for om dei kom og fortalde at dei hadde vald, studiemessig eller yrkesmessig?</li> <li>- Er det nokre yrker du ville vorte skuffa om dei enda opp med?</li> <li>- Tenkjer du at det er skilnader i måten du vart oppdradd på og måten du sjølv driv barneoppsetting? Kva er likskapane?</li> </ul>
---	--

**Foreldre sine syn på eige liv:**

- På kva måtar tenkjer du at livet ditt i dag er forskjellig frå då foreldra dine var like gamle? Interesser, politikk, inntekt, religion, kultur, verdiar.
- Opplever du at de tenkjer/tenkte forskjellig?
- Kva trur du foreldra dine tenkjer/ville tenkje om ditt liv i dag? Jobb. Utdanning. Bustad. Interesser.
- Er det ting i ditt liv som du trur dine foreldre skulle ønskja var annleis? Kva tenkjer du om det?
- Korleis lever foreldra dine i dag? Kva pregar deira liv?
- Vil du seia at du ser/såg opp til foreldra dine? På kva måtar? Kvifor? Kvifor ikkje?

**Venner, relasjonar, eigenskapar:**

- Kan du seia nokre ord om dei du reknar som dine næraste vener?
- Har dei noko felles, eigenskapar, trekk (positivt, negativt)?
- Kva slags eigenskapar i folk beundrar du/likar du generelt? Er det menneskelege eigenskapar du ikkje set høgt?
- Kva folk tiltrekker deg?
- Kva folk vil du helst unngå?
- Har du nokre konkrete personar du ser opp til? Kva er det ved denne/desse du beundrar?
- Kven føler du sympati ovanfor?
- Er det nokon typar folk føler du deg framand frå/misliker?
- Kan du koma på situasjonar der du føler du må tona ned sider ved deg sjølv, i samkvem med andre folk? Noko du tenkjer du ikkje kan snakka med alle om?
- Korleis vil du vennane dine skal oppleve deg?

**Forskjellar/hierarki:**

Anten vi likar det eller ikkje er vi jo alle ein del av ulike hierarki, kan ein seia, i samfunnet.



- Kva tenkjer du om din eigen plass?
- Kven tenkjer du er under deg i ein slik samanheng?
- Kven tenkjer du er over?
- Kva ser du oppover?
- Kva ser du nedover?
- Er det situasjonar i det daglege der dette kjem til uttrykk?
- Noreg er jo eit rikt land i verdssamanheng, og Stavanger er ein av dei rikaste byane i Noreg. Kva tenkjer du om dette?
- Korleis trur du det er å vera fattig i Stavanger?
- Tenkjer du at det er personar eller grupper i samfunnet som ikkje får den anerkjenninga dei fortener?

Vi skal no skifta fokus litt i intervjuet, og snakke meir om ting du omringar deg med, huset ditt, møblar, bøker, kunst.

#### Heimeinnreiing:

Først vil eg gjerne at vi snakkar om leilegheita di/huset ditt.

- Kan du fortelja om rommet vi sit i (stova, tinga)? Møblar, bilete, rommet, bruk.
- Noko du er spesielt nøgd med her? Misnøgd med?
- Er det viktig for deg korleis det ser ut heime hos deg?
- Er det noko du ville hatt annleis, noko du ønskjer å endra på?
- Kva trur du foreldra dine syns om stova di/måten du har det heime? Vennar?
- Vil du seia at du er oppteken av interiør?
- **Y:** Korleis ser det ut i stova til foreldra dine (samanlikning med eige heim)?
- Kva syns du om stilen til foreldra dine?
- Har det forandra seg hos dei dei siste tiåra?
- **E:** Korleis ser det ut i stova til borna dine?
- Kva syns du om stilen til borna dine?

#### Biletkunst:

- Kan du fortelja meg kva som heng på veggane dine?
- Når du kjem heim til folk, tenkjer du over kva dei har på veggane?
- Kva forhold har du til kunst, eller biletkunst? (interesse, kjøp, galleri, museum)
- Er det noko du skulle ønskje du hadde på veggane? Kvifor? Noko du ikkje vil ha på veggen?
- Er du medlem i ei bedriftskunstforening?
- Er det viktig for deg kva som heng på veggen hos deg?
- Korleis var det heime hos deg då du veks opp, kva hang på veggane? Snakka de om det?

No skal eg visa deg nokre bilete av ulike maleri (1–5).

- Tenkjer du noko når du ser desse? Nokre av bileta du likar?
- Nokre du føler avstand til/misliker?
- Kunne du hatt nokre av desse på veggen heime hos deg?
- Kan du tenkja deg kven som likar desse ulike bileta? Kven har dei på veggen? I kva heim kan vi finne t.d. nr. ...?
- Trur du dei som likar dette (ref nr) har oppfatningar om dei som likar dette (ref nr)? Osb.

**Litteratur:**

- Likar du å lesa bøker?
  - o Likar:
    - Kva likar du? Kvifor?
    - Fortel meg om ei bok du likar/som har gjort inntrykk på deg. Kva er det ved denne du likar?
    - Er det bøker/sjangerar du ikkje les?
    - Er det nokre bøker du tenkjer du burde ha lese?
    - Kva er god litteratur?
  - o Likar ikkje:
    - Klarar du å forklara kvifor du ikkje likar å lese?
    - Vert det snakka om bøker/litteratur i omkrinsen din (venner, familie)? Kva/korleis?
    - Er det nokre bøker du tenkjer du burde ha lese?

No skal eg vise deg nokre bokomslag (bøker) (1–6):

- Kjenner du til nokre av desse bøkene?
- Har du lese nokre av dei? Kva syns du om den/dei?
- Nokre du føler avstand til?
- Er det nokre av desse du kunne tenkje deg å lese? Nokre du tenkjer du burde lese? Kvifor?
- Kven lesar desse bøkene?
- Trur du dei som likar til dømes denne (ref nr), har oppfatningar om dei som likar denne (ref nr)?

**Bustadarkitektur:**

- Vil du seia at du er opptatt av bustadarkitektur/arkitektur?
- Kva type bustadarkitektur likar du? Kvifor trur du?
- I barndommen din, kva bustad(ar) budde du i då?
- Kva tenkjer du om din eigen bustad? (mtp. korleis den er utforma arkitektonisk) Nøgd med/misnøgd med?
- Korleis bur borna dine/foreldra dine? (kva type bustad/hus, eige, leige)
- Er det delar av Stavanger du likar godt pga. bygningane/arkitekturen der? Område du ikkje likar så godt?

No skal eg visa deg nokre bilete (1–3, så 4-5, så 6-8).

- Kva tenkjer du når du ser desse? Nokre bustadar du vert dratt mot (likar)? Nokre du føler avstand til (ikkje likar)?
- Kor ville du helst budd av desse? Og desse? Kvifor? Kva gjer at du vel dette?
- Kven bur i desse husa?
- Trur du dei som likar dette (ref nr) har oppfatningar om dei som likar dette (ref nr)? Osb.

### **10.5 Appendix 5: Informasjonsbrev og samtykkeerklæring**

#### **Intervju til forskingsprosjekt om Stavanger**

Viser til telefonsamtale om mogleg intervju til forskingsprosjekt. Eg sender som avtalt litt meir informasjon om prosjektet. Mitt namn er altså Merete Jonvik, og eg er tilsett som stipendiat ved IRIS (International Research Institute of Stavanger).

Forskningsprosjektet det er tale om skal skaffa fram kunnskap om korleis endringar som har funne stad i Stavanger dei siste tiåra har påverka innbyggjarane sine verdiar og sin smak. Stavanger har ei interessant sosiologisk historie gjennom at byen i løpet av eit kort tidsrom har vore religionshovudstad, oljehovudstad og kulturhovudstad. I prosjektet er vi opptatt av skilnadar og likskapar mellom generasjonar, i tankemåtar og når det gjeld smak.

Intervjuet skal handla om ditt forhold til Stavanger si historie, di oppleving av og syn på endringar byen har vore gjennom. Vi er interessert i kven du føler deg lik og kven du føler deg mindre lik, og når det gjeld smak er vi særleg interessert i di oppleving av heimeinnreiing, litteratur, kunst og arkitektur.

Prosjektet er finansiert av Noregs Forskingsråd og er eit samarbeid mellom IRIS og Universitetet i Stavanger. Det vert leia av Nils Asle Bergsgard (IRIS). Prosjektet skal basera seg på personlege intervju med personar oppvaksne i Stavanger, med ulike utdanning, arbeidsstad, alder og kjønn. **Du vert med dette invitert til å vera blant dei som vert intervjuet.** Intervjuet vil vara i overkant av 2 timar, og vi ber om at det kan gå føre seg heime hos deg.

Deltaking i prosjektet er heilt frivillig, og du kan på kva tidspunkt som helst trekka deg, dersom du skulle ønskja det. All innsamla informasjon vert handsama konfidensielt, og ingen informantar vil kunne verta identifisert i den endelege avhandlinga. Det vil sei at ingen personnamn vert oppgitt, og at ingen utsegn vert gjengjevne på måtar som gjer det mogleg å identifisera enkeltpersonar. Det er berre prosjektmedarbeidarar som vil ha tilgang til intervjudata. Når prosjektet er over vert alle data lagra anonymisert. Studien

*Appendix*

---

følgjer vanlege forskingsetiske retningslinjer, og er meldt til Personvernombodet v/ Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste (NSD). Prosjektet er rekna til å vera ferdig sommaren 2014.

Eg vil kontakta deg igjen om kort tid og, om du framleis er interessert, avtala ei tid for intervjuet. I så fall følgjer ein samtykkeerklæring nedanfor. Dersom du har fleire spørsmål, ta gjerne kontakt med meg (tlf. 51 87 51 58; e-post [mehj@iris.no](mailto:mehj@iris.no)) eller Anders Vassenden (51 87 52 12; [ava@iris.no](mailto:ava@iris.no)) eller Nils Asle Bergsgard (982 32 538; [nab@iris.no](mailto:nab@iris.no)).

Beste helsing Merete Jonvik

«Eg har motteke skriftleg og munnleg informasjon og er villig til å delta i studien».

Signatur: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

## 11 Kjelder

- Aakvaag, G. C. (2005). Konsumsamfunnet - en kommunikasjonsteoretisk kritikk. *Sosiologisk Årbok*, 1, 35.
- Aase, T. H. & Fossåskaret, E. (2007). *Skapte virkeligheter: Kvalitativt orientert metode*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Andersen, G. & Mangset, M. (2012). Er forestillingen om det egalitære Norge resultatet av en målefeil? – om falske og ekte motsetninger mellom sosiologiske analyser av klasse og kultur. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 53, 02 (159-188).
- Andreassen, T. (2006). *Bok-Norge: En litteratursosiologisk oversikt*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Appadurai, A. (1986). *The social life of things: Commodities in cultural perspective*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Avisartikkel. (2012). Ja, jeg er en åndssnobb, Intervju, *Bergens Tidende*.
- Bale, K. (2009). *Estetik: En innføring*. Oslo: Pax.
- Bandlien, C. B. (2007). Den store retrobølgen som har hjemsokt vårt land (s. S. 80-93). I Pedersen, K-A., Telste, K. & Bing, M. (red.) *Bruk, kast – og bruk igjen*. Oslo: Norsk folkemuseum.
- Bateson, G. (2000). *Steps to an ecology of mind*. Chicago: University of Chicago Press.
- Bennett, Savage, M., Silva, E. W., Warde, A., Gayo-Cal, M. & Wright, D. (2009). *Culture, class, distinction*. London: Routledge.
- Berlin, I. (1961). *Fribetens grenser*. Oslo: Cappelen.
- Bjurström, E. (1997). *Högt & lågt: Smak och stil i ungdomskulturen*. Boréa Bokförlag.
- Bourdieu, P. (1977). *Outline of a theory of practice*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Bourdieu, P. (1984). *Distinction: A social critique of the judgement of taste*. London: Routledge & Kegan Paul.
- Bourdieu, P. (1990). *In other words: Essays towards a reflexive sociology*. Cambridge: Polity Press.
- Bourdieu, P. (1993). *The field of cultural production: Essays on art and literature*. Cambridge: Polity Press.
- Bourdieu, P. (1995). *Distinksjonen: En sosiologisk kritikk av dommekraften*. Oslo: Pax.
- Bourdieu, P. (1996a). *The rules of art: Genesis and structure of the literary field*. Cambridge: Polity Press.
- Bourdieu, P. (1996b). *Symbolisk makt: Artikler i utvalg*. Oslo: Pax.
- Bourdieu, P. (2011 [1986]). The forms of capital. I I. Szeman & T. Kaposy (red.), *Cultural theory. An anthology*. (s. 81-94): Wiley-Blackwell.
- Bourdieu, P. & Darbel, A. (1991). *The love of art: European art museums and their public*. Oxford: Polity Press.
- Bourdieu, P. & Passeron, J.-C. (1990). *Reproduction in education, society and culture*. London: Sage.

- Bourdieu, P. & Wacquant, L. J. D. (1992). *An invitation to reflexive sociology*. Cambridge: Polity Press.
- Bryant, A. & Charmaz, K. (2007). *The Sage handbook of grounded theory*. Los Angeles, Calif.: Sage.
- Collins, J. (2002). *High-pop: Making culture into popular entertainment*. Malden, Mass.: Blackwell.
- Dahlgren, K. & Ljunggren, J. (2010). *Klassebilder: Ulikebet og sosial mobilitet i norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Daloz, J.-P. (2007). Political elites and conspicuous modesty: Norway, sweden, finland in comparative perspective *Comparative studies of social and political elites* (s. 171-210).
- Danielsen, A. (1998). Kulturell kapital i Norge. *Sosiologisk tidsskrift*, 6(1-2), 75-107.
- Danielsen, K. (2013). Fortellinger om fortiden. *Norsk antropologisk tidsskrift*, 24(03-04).
- Devine, F. (2010). Habitus and classifications. I E. Silva & A. Warde (red.), *Cultural analysis and Bourdieu's legacy. Settling accounts and developing alternatives*. (s. 181). London and New York: Routledge
- Dimaggio, P. (1987). Classification in art. [Article]. *American Sociological Review*, 52(4), 440-455.
- Dimaggio, P. & Mohr, J. (1985). Cultural capital, educational attainment, and marital selection. *American Journal of Sociology*, 90(6), 1231-1261. doi: 10.2307/2779635
- Døving, R. (2003). *Rype med lettøl: En antropologi fra Norge*. Oslo: Pax.
- Eneroth, B. (1987). *Hur mäter man "vackert"?: Grundbok i kvalitativ metod*. [Stockholm]: Natur och kultur.
- Eriksen, T. H. (1998). *Små steder - store spørsmål: Innføring i sosialantropologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Faber, S. T. (2008). *På jakt etter klasse*. Ph.D., University of Aalborg.
- Faber, S. T., Prieur, A., Rosenlund, L. & Skjøtt-Larsen, J. (2012). *Det skjulte klasesamfund*. Århus: Aarhus universitetsforlag.
- Flemmen, M. (2009). Den økonomiske overklassens sosiale lukning. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 50 ER(04).
- Flemmen, M. (2013). *Class analysis and social differentiation: An approach to contemporary class divisions* (vol. no. 424). Oslo: Unipub.
- Fog, J. (2004). *Med samtalen som utgangspunkt: Det kvalitative forskningsinterview*. København: Akademisk Forlag.
- Fraser, N. (2001). Recognition without ethics? *Theory, Culture & Society*, 18(2-3), 21-42. doi: 10.1177/02632760122051760
- Friedman, S. & Kuipers, G. (2013). The divisive power of humour: Comedy, taste and symbolic boundaries. *Cultural Sociology*, 7(2), 179-195. doi: 10.1177/1749975513477405
- Gans, H. J. (1974). *Popular culture and high culture: An analysis and evaluation of taste*. New York: Basic Books.
- Garborg, A. (1998). *Fred : Roman*. [Oslo]: Aschehoug.

- Garvey, P. (2003). How to have a 'good home': The practical aesthetic and normativity in Norway. *Journal of Design History*, 16(3), 241-251. doi: 10.1093/jdh/16.3.241
- Geertz, C. (1973). *The interpretation of cultures: Selected essays*. New York: Basic Books.
- Giddens, A. (1991). *Modernity and self-identity: Self and society in the late modern age*. Cambridge: Polity Press.
- Gilje, N. & Grimen, H. (1993). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger: Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Goffman, E. (1992). *Vårt rollespill til daglig: En studie i hverdagslivets dramatikke*. Oslo: Pax.
- Gripsrud, J., Hovden, J. F. & Moe, H. (2011). Changing relations: Class, education and cultural capital. *Poetics*, 39(6), 507-529. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.poetic.2011.09.007>
- Gronow, J. & Warde, A. (2001) (ed.). *Ordinary consumption*. London: Routledge.
- Gujord, H. & Vassenden, A. (2015). Litterære distinksjoners bryksomhet. I N. A. Bergsgard & A. Vassenden (red.), *Hva har oljen gjort med oss? Økonomisk vekst og kulturell endring*. Oslo: Cappelen Damm.
- Gullestad, M. (1992). *The art of social relations: Essays on culture, social action and everyday life in modern Norway*. Oslo: Scandinavian University Press.
- Gullestad, M. (1993). Home decoration as popular culture. Constructing homes, genders and classes in Norway. I T. Del Valle (red.), *Gendered anthropology* (s. 128-162). London and New York: Routledge.
- Gullestad, M. (1996). *Hverdagsfilosof: Verdier, selvforståelse og samfunnsyn i det moderne Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gullestad, M. (2001a). *Kitchen-table society: A case study of the family life and friendships of young working-class mothers in urban Norway*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gullestad, M. (2001b). Likhetens grenser. I M. Lien, H. Lidén & H. Vike (red.), *Likhetens paradokser. Antropologiske undersøkelser i det moderne Norge*. (s. 32-62). Oslo: Universitetsforlaget.
- Gullestad, M. (2002). *Det norske sett med nye øyne: Kritisk analyse av norsk innvandringsdebatt*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Halle, D. (1992). The audience for abstract art: Class, culture, and power. I M. Lamont & M. Fournier (red.), *Cultivating differences. Symbolic boundaries and the making of inequality* (s. 131-152). Chicago and London: The University of Chicago Press.
- Harper, D. (2002). Talking about pictures: A case for photo elicitation. [Article]. *Visual Studies*, 17(1), 13-26. doi: 10.1080/14725860220137345
- Harper, D. (2012). *Visual sociology*. London: Routledge.
- Harrits, G. S. (2005). *Hvad betyder klasse? En rekonstruktion af klassebegrepet med henblik på en analyse af sammenhængen mellem klasser og politisk deltagelse i Danmark*. Ph.D., Aarhus Universitet.
- Harrits, G. S. (2014). *Klasse: En introduktion*. [København]: Hans Reitzel.
- Haug, M. R. (1977). Measurement in social stratification. *Annual Review of Sociology*, 3(1), 51-77. doi: doi:10.1146/annurev.so.03.080177.000411



- Hjellbrekke, J. & Korsnes, O. (2012). *Sosial mobilitet*. Oslo: Samlaget.
- Holt, D. B. (1997). Distinction in America? Recovering bourdieu's theory of tastes from its critics. *Poetics*, 25(2-3), 93-120. doi: [http://dx.doi.org/10.1016/S0304-422X\(97\)00010-7](http://dx.doi.org/10.1016/S0304-422X(97)00010-7)
- Hovden, J. F. & Knapskog, K. (2014). Høgt og lågt i stortinget og departementa - kulturbruk og kulturorientering hjå dei norske politisk-administrative elitane. *Sosiologisk tidsskrift*, 22(03).
- Inglehart, R. (1997). *Modernization and postmodernization: Cultural, economic, and political change in 43 societies*. Princeton, N.J.: Princeton University Press.
- Jackson, T. (2009). Prosperity without growth? Economics for a finite planet. London: Earthscan/Sustainable Development Commission.
- Jacobsen, N. & Vassenden, A. (2015). Symbolske skiller i oljehovedstadens arkitektur. I N. A. Bergsgard & A. Vassenden (red.), *Hva har oljen gjort med oss? Økonomisk vekst og kulturell endring*. Oslo: Cappelen Damm.
- Jarness, V. (2013). *Class, status, closure: The petropolis and cultural life*. PhD, Sosiologisk institutt, Det samfunnsvitenskapelige fakultet, University of Bergen.
- Jarness, V. (2014). Symbolske skillelinjer. I O. Korsnes, M. Nordli Hansen & J. Hjellbrekke (red.), *Elite og klasse i et eglitært samfunn* (s. 229-247): Universitetsforlaget.
- Jonvik, M. (2015a). Betraktingar av biletkunst. I N. A. Bergsgard & A. Vassenden (red.), *Hva har oljen gjort med oss? Økonomisk vekst og kulturell endring*. Oslo: Cappelen Damm.
- Jonvik, M. (2015b). Frå trøngt til travelt – to generasjonar frå stavanger fortel. I N. A. Bergsgard & A. Vassenden (red.), *Hva har oljen gjort med oss? Økonomisk vekst og kulturell endring*. Oslo: Cappelen Damm.
- Jonvik, M. (2015c). Vegen mot eit estetisk hegemoni – nordmenns forhold til heimeinnreiing. I N. A. Bergsgard & A. Vassenden (red.), *Hva har oljen gjort med oss? Økonomisk vekst og kulturell endring*. Oslo: Cappelen Damm.
- Järvinen, M. & Mik-Meyer, N. (2005). *Kvalitative metoder i et interaksjonistisk perspektiv: Intervjuer, observationer og dokumenter*. København: Reitzel.
- Kingston, P. W. (2000). *The classless society*. Stanford, California: Stanford University Press.
- Knudsen Haarr, T. & Krogstad, A. (2011). Myten om den norske kultureliten. *Sosiologisk tidsskrift*, 19(01).
- Korsnes, Nordli Hansen, M. & Hjellbrekke, J. (2014). *Elite og klasse i et egalitært samfunn*. Oslo: Universitetsforl.
- Korsnes, O. (2008). *Sosiologisk leksikon*: Universitetsforlaget.
- Lamont, M. (1992). *Money, morals, and manners - the culture of the french and american upper-middle class*: The University of Chicago Press.
- Lamont, M. (2000). *The dignity of working men: Morality and the boundaries of race, class, and immigration*. New York: Russell Sage Foundation ; Harvard University Press.
- Lamont, M. (2010). Looking back at Bourdieu. I E. Silva & A. Warde (red.), (s. 128-142). London and New York: Routledge.

- Lamont, M. (2012). How has Bourdieu been good to think with? The case of the united states. [Article]. *Sociological Forum*, 27(1), 228-237. doi: 10.1111/j.1573-7861.2011.01309.x
- Lamont, M. & Fournier, M. (1992). *Cultivating differences - symbolic boundaries and the making of inequality*: The University of Chicago Press.
- Lamont, M. & Lareau, A. (1988). Cultural capital: Allusions, gaps and glissandos in recent theoretical developments\*. [Article]. *Sociological Theory*, 6(2), 153-168.
- Lamont, M. & Molnár, V. (2002). The study of boundaries in the social sciences. *Annual Review of Sociology*, 28(ArticleType: research-article / Full publication date: 2002 / Copyright © 2002 Annual Reviews), 167-195. doi: 10.2307/3069239
- Langeland, N. R. (2015). Den illiterære borgaren. I N. A. Bergsgard & A. Vassenden (red.), *Hva har oljen gjort med oss? Økonomisk vekst og kulturell endring*. Oslo: Cappelen Damm.
- Larsen, H. (2011). Bred kultursosiologi. *Sosiologisk tidskrift*, 19(04).
- Larsen, H. (2013). *Den nye kultursosiologien: Kultur som perspektiv og forskningsobjekt*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Larsson, S. (2014). *Når du kjenner at det begynner å ta slutt : Roman*. Stavanger: Pelikanen.
- Lawler, S. (2005). Introduction: Class, culture and identity. *Sociology*, 39(5), 797-806. doi: 10.1177/0038038505058365
- Linton, R. (1936). *The study of man: An introduction*. New York: Appleton-Century-Crofts.
- Ljunggren. (2014). Finnes det en norsk kulturelite? I O. Korsnes, M. Nordli Hansen & J. Hjellbrekke (red.), *Elite og klasse i et egalitært samfunn* (s. 193-210): Universitetsforlaget.
- Louis, É. (2015). *Farvel til Eddy Bellegueule : Roman*. Oslo: Aschehoug.
- Lundberg, K. (2011). *Yarden: En fortelling : Roman*. [Oslo]: Flamme forlag.
- Lundberg, K. (2012). *Og alt skal være kjærlighet: Roman*. Oslo: Flamme forlag.
- Lundberg, K. (2013). *En hjemby: Fortellingen om å bevege seg gjennom klassemørket : Roman*. Oslo: Flamme forlag.
- Mallett, S. (2004). Understanding home: A critical review of the literature. *The Sociological Review*, 52(1), 62-89. doi: 10.1111/j.1467-954X.2004.00442.x
- Martela, F. (2011). *Abductive mode of inquiry - a pragmatic alternative for conducting organizational research*. Paper presentert på 27th EGOS Colloquium, Gothenburg, Sweden.
- Marx, K. (1983). *Kapitalen: Kritikk av den politiske økonomien*. Oslo: Oktober.
- Mead, G. H. (1934). *Mind, self, and society: From the standpoint of a social behaviorist*. Chicago: University of Chicago Press.
- Mendelsohn, D. (2009). *Forsvunnet: En fortelling om seks av seks millioner : Roman*. Oslo: Forl. Press.
- Miller, D. (2008). *The comfort of things*: Polity Press.

- Murphy, R. (1988). *Social closure: The theory of monopolization and exclusion*. Oxford: Clarendon Press.
- Newman, A., Goulding, A. & Whitehead, C. (2013). How cultural capital, habitus and class influence the responses of older adults to the field of contemporary visual art. *Poetics*, 41(5), 456-480. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.poetic.2013.07.001>
- Nielsen, H. B. & Rudberg, M. (2006). *Moderne jenter: Tre generasjoner på vei*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nyström, L. (2007). Boligens arkitektur. I E. Brodtkorp & M. Rugkåsa (red.), *Under tak – mellom vegger. Perspektiver på boligens betydning i velferdsstaten*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Pakulski, J. & Waters, M. (1996). *The death of class*. London: Sage.
- Paulgaard, G. (1997). Feltarbeid i egen kultur: Innenfra, utefra eller begge deler? (s. s. 70-93). Oslo: Universitetsforlaget.
- Peterson, R. A. (1997). Changing representation of status through taste displays: An introduction. *Poetics*, 25(2-3), 71-73. doi: [http://dx.doi.org/10.1016/S0304-422X\(97\)00012-0](http://dx.doi.org/10.1016/S0304-422X(97)00012-0)
- Peterson, R. A. & Kern, R. M. (1996). Changing highbrow taste: From snob to omnivore. *American Sociological Review*, 61(5), 900.
- Pike, K. L. (1990). *Emics and etics: The insider/outsider debate*. Thousand Oaks, CA, US: Sage Publications, Inc.
- Priour, A. (1998). Forholdet mellom kjønn og klasse med utgangspunkt i bourdieus sosiologi. *Sosiologisk tidsskrift*, 6(1-2), 131-147.
- Priour, A. & Savage, M. (2013). Emerging forms of cultural capital. [Article]. *European Societies*, 15(2), 246-267. doi: 10.1080/14616696.2012.748930
- Priour, A. & Sestoft, C. (2006). *Pierre Bourdieu: En introduktion*. København: Reitzel.
- Renberg, T. (2003). *Mannen som elsket Yngve: Roman*. [Oslo]: Oktober.
- Roaldkvam, G. & Gjerde, K. Ø. (2012). *Oljebyen 1965-2010* (vol. 4). Stavanger: Wigstrand.
- Rolness, K. (1995). *Med smak skal hjemmet bygges: Innredning av det moderne Norge*. Oslo: Aschehoug.
- Rosenlund, L. (1998). Sosiale strukturer og dets metamorfoser. *Sosiologisk tidsskrift*, 6(1-2), 45-75.
- Rosenlund, L. (2009). *Exploring the city with Bourdieu: Applying Pierre Bourdieu's theories and methods to study the community*. Saarbrücken: VDM Verlag Dr. Müller.
- Rosenlund, L. (2015, under arbeid). Class conditions and urban differentiation. *International Journal of Urban and Regional Research*.
- Rødne, T. (2009). *Kriterier for det vitenskaplege ved kvalitativt orientert samfunnsforskning: Ein studie med grunnlag i kvalitativt orienterte hovudfagsoppgåver og doktorgradsavhandlingar ved norske universitet*. Ph.D. Universitetet i Tromsø, Det samfunnsvitenskaplege fakultet, Institutt for sosiologi.
- Røed, K. (2013). Kunstkritikk og det gode liv. *Samtiden* (02), 114-124.

- Sakslind, R. & Skarpenes, O. (2014). Morality and the middle class: The European pattern and the Norwegian singularity. *Journal of Social History*, 48(2), 313-340.
- Savage, M. (2000). *Class analysis and social transformation*. Buckingham: Open University.
- Savage, M., Silva, E. & Warde, A. (2010). Dis-identification and class identity. I E. Silva & A. Warde (red.), *Cultural analysis and Bourdieu's legacy. Settling accounts and developing alternatives*. (s. 60-75). London and New York Routledge
- Savage, M., Warde, A. & Devine, F. (2005). Capitals, assets, and resources: Some critical issues1. *The British Journal of Sociology*, 56(1), 31-47. doi: 10.1111/j.1468-4446.2005.00045.x
- Sayer, R. A. (2005). *The moral significance of class*. Cambridge ; New York: Cambridge University Press.
- Scott Sørensen, A., Høystad, O. M., Bjurström, E., Vike, H. & Nordgård, Y. (2008). *Nye kulturstudier: En innføring*. Oslo: SAP.
- Sejersted, F. (2013). *Sosialdemokratiets tidsalder: Norge og Sverige i det 20. Århundre*. Oslo: Pax.
- Sennett, R. & Cobb, J. (1977). *The hidden injuries of class*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Silva, E.B. (2006). Distinction through visual art. [Article]. *Cultural Trends*, 15(2/3), 141-158. doi: 10.1080/09548960600712942
- Simmel, G. (1971). *On individuality and social forms: Selected writings*. Chicago: University of Chicago Press.
- Skarpenes, O. (2007). Den «legitime kulturens» moralske forankring. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 48(04).
- Skeggs, B. (1997). *Formations of class and gender: Becoming respectable*. London: Sage.
- Skilbrei, M.-L. (2003). "Dette er jo bare en husmorjobb": Ufaglarte kvinner i arbeidslivet (vol. 17/2003). Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Skjøtt-Larsen, J. (2012). Cultural and moral class boundaries in a Nordic context. *European Societies*, 14(5), 660-683. doi: 10.1080/14616696.2012.720271
- Skogen, K., Stefansen, K., Krange, O. & Strandbu, Å. (2008). En pussig utlegning av middelklassens selvforståelse. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 49(02).
- Skogen, K., Strandbu, Å., Krange, O. & Stefansen, K. (2008). Sluttreplikk til skarpenes og sakslind. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 49 ER(03).
- Skoland, K. (2014a). Klasseforskjeller på arbeidsplassen - en studie av en oljeservicebedrift i norge. *Tidsskrift for Arbeidsliv*, 16(4), 103-126.
- Skoland, K. (2014b). *Klasser i arbeidslivet: En studie av arbeidsforhold i oljeserviceindustrien*. PhD, Sosiologisk institutt, Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Bergen.
- Slater, D. (1997). *Consumer culture and modernity*. Cambridge: Polity.
- Solhjell, D. (1995). *Kunst-Norge: En sosiologisk studie av den norske kunstinstitusjonen*. Oslo: Universitetsforl.

- Solhjell, D. & Øien, J. (2012). *Det norske kunstfeltet: En sosiologisk innføring*. Oslo: Universitetsforl.
- Swidler, A. (1986). Culture in action: Symbols and strategies. [Article]. *American Sociological Review*, 51(2), 273-286.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforl.
- Van Eijk, G. (2013). Hostile to hierarchy? Individuality, equality and moral boundaries in dutch class talk. *Sociology*, 47(3), 526-541. doi: 10.1177/0038038512453788
- Vassenden, A. (2008). *Flerkulturelle forståelsesformer: En studie av majoritetsnordmenn i multietniske boligområder*. PhD, Universitetet i Oslo.
- Vassenden, A. (2014). Homeownership and symbolic boundaries: Exclusion of disadvantaged non-homeowners in the homeowner nation of norway. *Housing Studies*, 29(6), 760-780. doi: 10.1080/02673037.2014.898249
- Vassenden, A. (2015). Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsestap? I N. A. Bergsgard & A. Vassenden (red.), *Hva har oljen gjort med oss? Økonomisk vekst og kulturell endring*. Oslo: Cappelen Damm.
- Vassenden, A. & Andersson, M. (2010). When an image becomes sacred: Photo-elicitation with images of holy books. [Article]. *Visual Studies*, 25(2), 149-161. doi: 10.1080/1472586x.2010.502672
- Vassenden, A. & Bergsgard, N. A. (2011). *"Et skritt tilbake?": En sosiologisk studie av unge norske kunstnere med innvandrerbakgrunn*. [Oslo]: Norsk kulturråd.
- Vassenden, A. & Bergsgard, N. A. (2015). Sømløse og friksjonsfrie klassereiser. I N. A. Bergsgard & A. Vassenden (red.), *Hva har oljen gjort med oss? Økonomisk vekst og kulturell endring*. Oslo: Cappelen Damm.
- Vassenden, A. & Jonvik, M. (2015). Synet på de rike og rikdommen. I N. A. Bergsgard & A. Vassenden (red.), *Hva har oljen gjort med oss? Økonomisk vekst og kulturell endring*. Oslo: Cappelen Damm.
- Vassenden, A., Lie, T. & Skoland, K. (2012). *"Man må ha en plass å bo": En sosiologisk studie av vanskeligstilte i et boligeierland* (vol. 2012/029). Stavanger: IRIS, International Research Institute of Stavanger.
- Vassnes, B. (2013). *Det store kunstranet: Trenger vi egentlig kunst og kultur?* Tromsø: Margbok.
- Veblen, T. (2014). *Den uproduktive klasse*. [Oslo]: Res publica.
- Vike, H., Lidén, H. & Lien, M. (2001). Likhetens virkeligheter IM. Lien, H. Lidén & H. Vike (red.), *Likhetens paradokser. Antropologiske undersøkelser i det moderne Norge*. (s. 11-26). Oslo: Universitetsforlaget.
- Wadel, C. (1991). *Feltarbeid i egen kultur: En innføring i kvalitativt orientert samfunnsforskning*. Flekkefjord: SEEK.
- Weber, M. (1971). *Makt og byråkrati: Essays om politikk og klasse, samfunnsforskning og verdier*. Oslo: Gyldendal.
- Widerberg, K. (1992). Teoretisk verktøykasse - angrepsmåter og metoder. I A. Taksdal & K. Widerberg (red.), *Forståelser for kjønn i samfunnsvitenskapenes fag og kvinneforskning*. Oslo: Ad Notam Gyldendahl A/S.

- Wright, E. O. (2010). Logics of class analysis. I A. Lareau & D. Conley (red.), *Social class. How does it work?* (s. 388). New York: Russell Sage Foundation.
- Wright, E. O. & Rogers, J. (2011). *American society: How it really works*. New York: Norton.
- Zolberg, V. L. (1992). Barrier or leveler? The case of the art museum. I M. Lamont & M. Fournier (red.), *Cultivating differences. Symbolic boundaries and the making of inequality*. (s. 187-213). Chicago and London: The University of Chicago Press.
- Zolberg, V. L. (2000). Richard Peterson and the sociology of art and literature. *Poetics*, 28(2-3), 157-171. doi: [http://dx.doi.org/10.1016/S0304-422X\(00\)00019-X](http://dx.doi.org/10.1016/S0304-422X(00)00019-X)
- Østerberg, D. (1998). *Arkitektur og sosiologi i Oslo: En sosio-materiell fortolkning*. Oslo: Pax.